



Fotnote eller tekst?

Arkiv og arkivarar i det 21. hundreåret

Gudmund Valderhaug

Fotnote eller tekst?

Arkiv og arkivarar i det 21. hundreåret

Gudmund Valderhaug

© CC-BY-SA-4.0

ISBN 978-82-997932-4-7

Design: FBU, prosjekt ABM omslag

Manus er vitenskapelig vurdert og godkjent av forskere utenfor redaksjonen.

Innhald

Kapittel 1 Arkivets makt	11
Kapittel 2 Frå fag til vitskap.....	36
Kapittel 3 Arkiv og samfunnsminne	72
Kapittel 4 Arkivdanning og arkivsystem.....	101
Kapittel 5 Arkivbeskriving.....	131
Kapittel 6 Arkiva til alle?.....	158
Kapittel 7 Mellom borken og veden.....	184
Kapittel 8 Demokratisering av arkivet	206
Litteratur	231

Til Verne og Terry

... the question of the archive is not ... a question of the past. It is not the question of a concept dealing with the past that might already be at our disposal, an archivable concept of the archive. It is a question of the future, the question of the future itself, the question of a response, of a promise, and of a responsibility for tomorrow. The archive: if we want to know what that will have meant, we will only know in times to come. Perhaps. Not tomorrow, but in times to come. Later on, or perhaps never.

Jacques Derrida: *Archive Fever*, s. 36

Forord

Formålet til denne boka er å stimulere til debatt om dei teoretiske og metodologiske føresetnadene for arkivarbeid i vid forstand. Ein slik debatt er nødvendig, fordi den samfunnsmessige og teknologiske utviklinga har gjort arkiv viktigare enn nokosinne. For samfunnet og for arkivarane, som er stilt overfor utfordringar som ikkje kan handterast med dei tradisjonelle faglege tilnærmingane. Det trengst nye grep, som må byggje på teoretisk innsikt og metodisk kunnskap. Eg skal ikkje grunngi desse påstandane her i forordet, for det er dette boka handlar om.

Boka gir ingen nøytral, objektiv framstilling av arkivfagleg teori og metodologi. Forfattaren har blitt sterkt påverka av den samfunnsorienterte og maktkritiske arkivfaglege diskursen som oppstod på 1990-talet, og framstillinga er ber preg av dette. Det er mange sitat i boka, kanskje for mange. Det har sine grunnar. Dei engelskspråklege sitata er gjengitt fordi engelsk arkivterminologi har ein del omgrep der vi manglar tilsvarende ord på norsk. Når andre forfattarar er sitert, er det fordi sitatet gjengir noko betre og meir presist enn ei omskriving av meg ville ha gjort.

Utkast til dei fleste kapitla i boka har vore publisert på bloggen depotdrenge.wordpress.com. Eg vil takke dei som har kommentert og gitt innspel til desse. Ein særleg takk til Oskar Vistdal og Leiv Bjelland for svært nyttige bidrag. Og stor takk til Norsk Arkivråd for stipendmidlar som har gjort det mogleg for meg å skrive denne boka.

Bergen i oktober 2011

Gudmund Valderhaug

1 Arkivets makt

Mitt første møte med arkivet hadde eg i studietida. Eg skreiv hovudfagsoppgåve i historie om økonomi og politikk i Bergen etter den tyske okkupasjonen i 1940 og oppsøkte Bergen byarkiv for å leite etter kjelder. Byarkivaren forsynte meg med ein bunke svære protokollar som han meinte eg burde gå igjennom. Han forklarte at dette var brevjournalane som hadde blitt ført i Bergen kommunes administrasjon i 1940; her ville eg finne opplysningar om alle brev som var mottatt: kven som hadde skrive dei, kva dei handla om, og viktigast: ein referanse til kor i arkivet dei originale breva var å finne. Og etter eit par dagars arbeid sat eg med dei autentiske originalane i hendene: brev som var skrivne og underteikna av lokale bedriftsleiarar, representantar frå den tyske okkupasjonsmakta, og kopiar av svarbrev fra kommunen. Lesinga av desse breva gav meg ei merkeleg kjensle av samtidighet; det var som om eg hadde gjennomført ei reise tilbake til tida etter det tyske åttaket 9. april. Dette var ikkje historie skrive i etterpåklokskapens lys, men *the real thing*: ekte og uforfalska vitnesbyrd om korleis menneske hadde tenkt og handla ut frå føresetnader som var skapt i ei anna tid. Eg vart overvelda, og eg har hatt denne opplevinga mange gongar seinare. Arkiv kan ha nær sagt magiske eigenskapar; det kan ta deg ut av di eiga samtid og tilbake til tida dokumentet vart skapt og la deg få oppleve «verklige människor, verklige händelser och värklige miljöer» og i nokre tilfelle også skape «empati i tid och rum», for å låne formuleringane til Eva Sjögren og Katarina Lundström (2001:15).

Eit par år seinare var eg tilbake ved byarkivet, men no som tilsett i eit mellombels engasjement. Jobben min var å ordne og katalogisere eit kommunalt arkiv frå 1930-åra, dvs å fjerne stiftar og binders og legge dokumenta i mapper, legge mappene i arkivboksar og føre lister over innhaldet. Eg oppdaga snøgt at majoriteten av arkivdokumenta ikkje var særleg spennande; dei handla i stor grad om byråkratar som kommuniserte med andre byråkratar

om saker som var til behandling. Eg opplevde ikkje arbeidet som veldig intellektuelt utfordrande; for å vere ærleg var det temmeleg kjedeleg. Så då byarkivaren ein dag bad meg om å leite etter dokumentasjon av pensjonsrettane til ei pensjonert lærarinne, greip eg sjansen til å kunne gjere noko anna enn å flytte papir.

Den pensjonerte lærarinna hevda at ho hadde to år lengre tenestetid enn det pensjonskassa ville godta. Ho hadde arbeida i tidlegare Fana kommune, som vart ein del av Bergen i 1972, og etterlyste dokumentasjon av to arbeidsår på slutten av 1960-talet. Arkivet etter Fana skolestyre sto framleis på sin opphavlege plass i kjellaren i det gamle rådhuset, støvete og ein smule kaotisk. Det var ein del hyllemeter med dokument å leite igjennom, og eg leita i tre dagar. Eg sjekka i møtebøkene til skolestyret, bladde igjennom fleire årgangar med kopiar av utgåande brev, undersøkte eit kaotisk saksarkiv og leita forgjeves etter eit personalarkiv for lærarane. Til ingen nytte. Men til slutt fann eg ein slags dokumentasjon blant bilaga til rekneskapen: datautskrifter over utbetaling av lærarlønningar frå dei siste åra i kommunens eksistens. Dei viste at den pensjonerte lærarinna hadde fått utbetalt lønn i den omstridde perioden. Så ho fekk sin pensjon, og eg fekk ei ny forståing av at arkiv ikkje berre er kjelder til fortida, men også inneheld dokumentasjon som kan vere viktig for menneske i samtida.

Dette var mitt første møte med arkiv som dokumentasjon av personlege rettar, og det i ei nesten klassisk setting: På den eine sida hadde vi ein person som på grunnlag av sitt eige minne kravde det ho meinte var hennar rett; på den andre sida ein offentleg instans som hevda at ho tok feil; – og inn kom arkivaren, samfunnets nøytrale representant, for å løyse tvisten med å finne bevis i dei originale og autentiske arkivdokumenta. Denne «klassiske settinga» byggjer på visse føresetnader som kan seiast å vere typiske for den vestlege verda på 1900-talet: førestillingane om den nøytrale arkivaren og det originale og autentiske arkivdokumentet som uhilda bevis. I denne verda var det skrivne dokumentet, som var på papir, rekna som meir påliteleg enn det menneskelege minnet, og offentlege arkiv vart gitt større bevisverdi enn private, personlege arkiv.

Men dette dømet illustrerer samtidig eit forhold som problematiserer desse oppfatningane: arkiva er ikkje så pålitelege som vi kanskje likar å tru. I dette tilfellet var arkivet mangelfullt;

personalappene til lærarane mangla, dei var sannsynlegvis overførte til skolekontoret i Bergen kommune. (Dette var fullt forståeleg; den nye kommunen overtok personalansvaret for desse lærarane og hadde behov for dokumentasjonen. Men det var ingenting i eller ved arkivet som kunne opplyse meg om noko slikt hadde skjedd). Og det må seiast å vere eit slumpetreff at eg fann dokumentasjonen blant rekneskapsbilaga, utanfor det «eigentlege» arkivet. Desse rekneskapsbilaga burde eigentleg ikkje ha eksistert då eg fann dei; under normale forhold ville dei ha vore kasserte fordi dei var meir enn ti år gamle og dermed ikkje bevaringsverdige etter rekneskapslova. Den einaste grunnen til at dei framleis eksisterte, var at Fana kommune var nedlagt og arkivet etter skolestyret hadde blitt overlata til seg sjølv. Samtidig mangla desse datautskriftene dei fleste formelle kjenneteikna som eit arkivdokument bør ha. Dei var ikkje mottaksstempla eller journalførte og heller ikkje underteikna; dei inneheldt ingen opplysningar om den administrative konteksten dei hadde blitt skapt og brukt i. Likevel var denne mangelfulle dokumentasjonen tilstrekkeleg til å snu saka for den pensjonerte lærarinna.

Dokumentasjon og minne

Bevisfunksjonen – det å kunne dokumentere bestemte forhold – er ein av dei opphavlege funksjonane til det skriftlege arkivet. Nokre av dei første dokumenta vi kjenner til, dei sumeriske leirtavlene, er arkivdokument som inneheld informasjon om eigedomsrett til jord og kjøp og sal av kveg og andre handelsvarer. Om lag 90% av dei leirtavlene som framleis eksisterer dokumenterer økonomiske transaksjonar (Jimerson 2009:30). I norsk samanheng er denne funksjonen omtala i Magnus Lagabøtes landslov frå 1274, som fastsette krav til skriftleg dokumentasjon av eigedomskjøp. I kap. 11 i kjøpebolken i lova heiter det at

naar folk kjøper jorder eller bygaarder og for hvert 10-markskjøp eller mere, da skal begge parter gjøre brev efter sit kjøp og avtale og nævne de vidner som var tilstede, stund og sted og ha derfor lagmands indsegl eller sysselmands eller andre skjelrike mænds, som overvar

1

deres kjøp. Men om de ikke faar indsegl, da gjøre de cirographum , og da bærer det vidnesbyrd om deres kjøp om vidner ikke er til... (Magnus Lagabøter 1979:170).

Som vi ser, krev ikkje lovbestemmelsen berre at slike transaksjonar blir dokumenterte skriftleg, den seier også noko om korleis dokumentasjonen skal vere utforma for å vere rettskraftig. Tidlegare lovgiving hadde reglar for korleis avtalar og andre rettslege forhold kunne dokumenterast gjennom oppnemning av vitne, noko som er karakteristisk for samfunn utan dokumentarisk skriftkultur. Landslova innførte nye reglar med utgangspunkt i den framveksande skriftkulturen og vi kan rekne dette som den første arkivbestemmelsen i norsk lovgiving, ein tidleg forløpar for dagens arkivlov. Både landslova og dagens regelverk for elektroniske arkiv stiller formelle krav om korleis arkivdokument skal utformast for å framstå som autentiske; den gongen skulle autentisiteten godtgjerast med segl eller cirographum; i dag skal bestemte typar metadata skapast og bevarast saman med dokumenta. Det er interessant å merke seg at begge desse regelverka vart formulerte ved teknologiske tidsskilje, landslova ved overgangen frå orale til skriftlege arkiv, dagens regelverk ved overgang frå analoge til elektroniske arkiv. Begge desse teknologiskilja endra fleire av føresetnadene for arkivering og førte til endra forståingar av kva som krevst for å rekne arkivdokument som autentiske og pålitelege.

Orale arkiv levde vidare etter Magnus Lagabøte, men dei fekk andre funksjonar enn å dokumentere rettslege forhold. Hausten 1856 besøkte samfunnsforskaren Eilert Sundt Haram prestegjeld på Sunnmøre, og der vart han vitne til korleis fiskarane navigerte båtane etter *med*:

Alt fra den tid sønnen er 10 år gammel og får lov at følge med fader ud på havet, er det hans lyst og iver at lægge vel mærke til alt, hvad han ser og hører af de ældre. Først gjælder det at lære de sikre løb mellem de *fald* og *skiær* (klipper, som fra havbunden hæve sig tæt op under eller lidt over vandskorpen), som i stor mangfoldighed opfyldte havet udenfor alle Harhams-øerne til en halv eller en hel mil ud for det yderste land. Hvert fald og skjær har sit navn, således omkring løbene ud for Lepsøen og Harhamsøen: Grautefluda, Stavnæsfluda,

1

Cirographum er to likelydande tekstar som er skrivne på eit ark, som blir delt to på ein slik måte at ein skal kunne kontrollere autentisiteten med å undersøke om delane passar saman.

Klauvningje, Daudingje, Skalmen, Skalmenskallen, Skreia o.s.v. o.s.v., og da faldene (fluderne, boderne) kun ere bemærkbare, når havet i kortere eller længere mellemrum bryder på dem, så må deres beliggenhed kjendes ved at tage sigte på bekjendte gjenstande på land. Sådant sigte er den såkaldte mid (udtalt med åbent e, næsten som med eller me). Til enhver mid høre tvende gjenstande, en fjernere og en nærmere, som sees lige for hverandre eller i en linie, og for at et sted på havet skal være kjendt, udkræves to mid, en i en retning og en i en anden, så de to linier mødes i et punkt. De gjenstande, der bruges som mid-mærker, ere store stene, odder og fjeldpynter nærmest ude imod kysten og forskjellige tinder og skard på de højere fjelde længer inde i landet, hvilke tinder og skard vise sig som knuder og indhugg i fjeldlinien mod himmelen (fjeldgarden). Og alle disse mærker have atter sine navne. Der er f.ex. et fjeld på en af Harhamsøerne, som hedder *Skulen*, og når man er på en vis strækning på havet, så skjuler dette fjeld et længere inde på fastlandet, som kaldes *Hildre-hesten*; reiser man så langs landet mod nord, så kommer Hesten lidt frem for Skulen, og da hedder det: Hesten fin (når hovedet af hesten netop kommer tilsyne), Hesten grov, første hogget på Hesten, andre hogget, sadlen på Hesten er undan Skulen o.s.v., og ved hvert af disse mærker veed man, hvor man er i retningen mellem nord og syd; har man så til samme tid en anden mid på en anden kant, så veed man tillige, hvor man er i retningen ud fra land eller mellem øst og vest, og nu kan den kjendte mand vide, at for at undgå dette eller hint fald må han ikke seile stort længer i den retning, men bøie af i en anden. En styremand kan altså føre sin båd således mellem brændinger og farer, at han ikke stort ser sig om efter de faretruende gjenstande i nærheden, men desto vissere og stadigere fæster blikket på landet og det på de fjerneste fjeldhøider langt inde. - End når nu disse mærker ikke kunne sees formedelst snedrev, tåge, nattemulm? Da er der jo altid fare på færde; men så gjælder det at bruge ørene; thi mange af disse fald og skjær ere kjendelige på brændingens klang og bulder, forskjellig efter klippernes mere langstrakte eller bratte form, en forskjel, som dog tillige må bedømmes efter vindens eller rettere bølgegangens retning. (Sundt 1859:kap. 2).

Sundt fortel her om eit «oralt sjøkart» over farvatna i Haram prestegjeld. Dette kartet representerte ein felles akkumulert kunnskap hos fiskarane der, eit kollektivt minne som må ha bygd på spora etter tallause hendingar som hadde lært folk kor ein burde og ikkje burde segle, og som hadde blitt overført frå generasjon til generasjon.

Å rekne denne typen kunnskap som arkiv bryt kanskje med tilvande førestillingar om kva arkiv er. Nettleksikonet Caplex gir uttrykk for ei slik førestilling når arkiv blir definert som

«samling av dokumenter, brev og annet skriftlig materiale; sted hvor slike dokumenter oppbevares». Den norske arkivlova legg ein annan definisjon til grunn: i § 2 blir arkiv definert som «dokument som vert til som lekk i ei verksemd», og dokument er definert som «ei logisk avgrensa informasjonsmengd som er lagra på eit medium for seinare lesing, lydning, framsyning eller overføring». Denne definisjonen opnar for at arkivdokument kan innehalde meir enn tekst; lyd, bilete og levande bilete kan også vere arkiv. Eigenskapen som arkiv er ikkje knytt til informasjonens form eller innhald, men til korleis dokumentet har blitt skapt og formålet for arkiveringa.

Den franske filosofen Jacques Derrida (2002:42) går eit steg vidare i si arkivforståing. For han er arkiv spor etter hendingar som er overførte frå det individuelle minnet til eit ein stad utanfor, «the archive doesn't consist simply in remembering, in living memory, in anamnesis; but in consigning, in inscribing a trace in some external location – there is no archive without some location, that is, some space outside». Og denne «staden utanfor» kan også vere ein kollektiv munnleg tradisjon, fordi slike tradisjonar er sosialt kontrollerte; det er ikkje nokon gitt å leggje til eller trekkje frå informasjon utan at det vert akseptert av det kollektivet som deler og brukar denne tradisjonen.

Etter begge desse definisjonane kan vi forsvare å rekne det orale sjøkartet frå Haram som arkiv. Informasjonen er spor etter hendingar, og representerer også ei «logisk avgrensa informasjonsmengde» som vart skapt som ledd i verksemda til fiskarane. Den vart overført til frå dei individuelle minna til ein felles, sosialt kontrollert munnleg tradisjon, som heldt informasjonen ved like gjennom «lytting og overføring»; tradisjonen var mediet som informasjonen var «lagra på». Det orale sjøkartet dokumenterte geografiske og naturmessige tilhøve på same måten som eit sjøkart gjer i dag, og var skapt for å fylle liknande funksjonar dagens kart.

Eksistensen av arkiv, både i munnleg eller skriftleg form, føreset at samfunnsborgarane aksepterer at arkiva kan ha ein særleg verdi i ulike samanhengar. Dokumentasjon må vere påliteleg; borgarane må både godta og ha tillit til at arkiva kan dokumentere bestemte forhold. Men denne aksepten og tilliten er samstundes relativ; eit arkivs verdi som dokumentasjon av geografiske eller historiske forhold eller som rettslege bevis er avhengig av

bestemte kontekstuelle føresetnader. Når fiskarane i Haram på 1850-talet festa lit til dei munnlege overleveringane om seglingsleier og fiskeplassar, føresette det ein grunnleggjande tillit til nettopp denne tradisjonsborne kunnskapen som ein del av samfunnets kunnskapssystem. I dette tilfellet har openbart den sosialt kontrollerte kunnskapsoverføringa og den daglege bruken av informasjonen vore vesentlege kontekstuelle faktorar for tilliten til arkivet. Andre dokumentasjonsformål kravde andre typar arkiv; ingen av fiskarbøndene i Haram ville ha basert eigedomsretten til jorda på tilsvarande munnleg tradisjon. I slike tilfelle var berre skriftlege tinglyste dokument gode nok. Ulike samfunnsmessige bruksformål føreset altså ulike typar arkiv.

Orale kollektive minne spelar framleis ei rolle, kanskje særleg for grupper utanfor samfunnsmajoriteten, og for å ta vare på forteljingar i opposisjon til etablerte versjonar av historiske hendingar. Informasjonen i slike orale arkiv er kontrollert av eit kollektiv som oppfattar minnet som «sant», men kollektivet kan påverkast av samfunnet til å endre innhaldet slike forteljingar.

Allesandro Portelli (2006) har analysert eit tilfelle der eit kollektivt minne gav eit falskt bilete av ei historisk hending. I mars 1944 vart 32 tyske politimenn drepne og mange såra i eit bombeåtak utført av den kommunistiske motstandsørsla i Roma. Som hemn avretta tyskarane utan forvarsel 335 menneske, politiske fangar og jødar som venta på deportasjon. Denne massakren festa seg i det kollektive minnet på ein spesiell måte. ifølgje den folkelege tradisjonen vart ikkje represaliane gjennomført utan forvarsel: dagen etter åtaket vart det sett opp plakatar over heile Roma med oppfordring til dei som hadde utført åtaket om å overgi seg. Dersom dei ikkje gjorde det, ville det bli gjennomført represaliar. Men partisanane overgav seg ikkje og tyskarane hemna seg med å avrette ti gislar for kvar drepne politimann. Denne versjonen gjorde partisanane til ansvarlege for represaliane; det folk har hugsa er dei feige kommunistane som gøymde seg og let uskuldige gissel bli drepne.

Historia om plakatan og forvarselet er oppdikta. Hendingane rundt massakren vart undersøkt som eit ledd i rettsoppgjeret mot dei tyske ansvarlege, og arkiva viser at det ikkje vart gitt noko forvarsel og heller ikkje sett opp plakatar med oppfordring om overgiving. Arkivdokumenta frå rettsoppgjeret har vore allment tilgjengelege sidan 1946, men dei har

ikkje hindra eit usant kollektiv minne å slå rot og spreie seg. ifølgje Portelli er hovudkjelda til dette minnet ein leiarartikkel i *Osservatore Romano*, hovudorganet til den katolske kyrkja, nokre dagar etter massakren. Og, framleis ifølgje Portelli, når denne avisa skriv noko på leiarplass, blir det gjentatt av prestar over heile Italia. Denne versjonen høvde også perfekt for den katolske kyrkjas politiske allierte, det kristelegdemokratiske partiet (som styrte Italia i 50 år fram til 1990-talet) i kampen mot kommunismen i den kalde krigen. Det usanne minnet om desse hendingane var altså eit produkt av politiske forhold i Italia i etterkrigstida. Enkelt uttrykt kan vi seie at den politiske forteljinga har hatt sterkare gjennomslagskraft enn arkivdokumenta. Men dømet viser også at slike politiserte minne kan utfordrast når det finst tilgjengeleg arkivdokumentasjon med større autentisitet.

Styrken til skriftlege arkiv er i denne samanhengen at autentisiteten til ei historie kan etterprøvast, fordi det er mogleg å undersøke om eit dokument er det det gir seg ut for å vere, om dokumentet er skapt på eit gitt tidspunkt av ein bestemt person og i ein bestemt samanheng. Dette inneber ikkje nødvendigvis at dokumentet gir ei «objektiv sann» framstilling av ei historisk hending, men det vil vere ei samtidig kjelde til hendinga som ikkje er påverka av historisk etterpåklokskap.

«A sworn foe of oblivion»

Overgangen til skriftlege arkiv førte til djuptgripande endringar i makta over arkiva. Det nye skriftmediet gjorde arkivet uavhengig av det menneskelege minnet, informasjonen vart festa til eit underlag som kunne oppbevarast over tid og hentast fram når det var bruk for den. Samtidig vart desse arkiva skapt og oppbevart utanfor den sosiale kontrollen som dei orale arkiva bygde på. ifølgje den franske historikaren Jacques Le Goff førte framveksten av skriftera til ei grunnleggjande endring av samfunnsminnet fordi den opna for to nye minneformer. Den eine var minnemonumenta, som vart laga for å feire eller minnast viktige hendingar. På slike monument fekk minnet form av ein inskripsjon om noko som skulle hugsast. Slike monument var ofte reiste av makthavarar som hadde ressursar til å få laga monumenta og makt til å få dei plasserte på offentlege plassar der dei kunne påverke samfunnsminnet. Den

andre minneforma var det skrivne dokumentet, der skrifta vart festa på eit underlag som var framstilt spesielt for skrivning. Her fekk skrifta to viktige funksjonar. På den eine sida skapte den ein type informasjonslagring som gjorde kommunikasjon i tid og rom mogleg, og som gav menneska ein reiskap for å dokumentere, registrere og hugse. På den andre sida overførte skrifta minnet frå det høyrlege til det synlege domenet, noko som gjorde det mogleg å undersøkje, redigere og rette det som var skrivne ned (Le Goff 1992:58-60).

I kulturar som primært var orale, representerte skrifta i seg sjølv ei form for makt. Berre eit mindretal beherska skrift, og endå færre hadde tilgang til underlag som var framstilt for skrivning, dvs. papyrus, pergament og seinare papir. Samanlikna med tidlegare skriftunderlag som leirtavler eller trepinningar, var desse enklare å bruke, hadde plass til større mengder med informasjon samstundes som dei tok mindre plass å oppbevare. Den romerske byråkraten Flavius Magnus Arelius Cassidorius uttrykte ein gong på 500-talet si begeistring på denne måten:

Papyrus, so smooth and continuous, the snowy entrails of a green herb; papyrus that can be spread out to such a vast extent, and yet be folded up into so little space; papyrus, on whose white expanse the black characters look beautiful; papyrus which keep the sweet harvest of the mind and restores it to the reader whenever he choses to consult it; papyrus which is the faithful witness of all human action, eloquent of past, a sworn foe of oblivion (sitert etter Jimerson 2009:42).

I ein slik kontekst kunne skriftfestinga i seg sjølv vere ei maktytring. Vi har sett at Magnus Lagabøtes landslov stilte krav om skriftleg dokumentasjon av handel med eigedom, men i denne samanhengen var det kanskje viktigare at landslova vart skriven ned og arkivert; som arkivdokument, ein skriven tekst utanfor det menneskelege minnet, vart den ein viktig del av det kongelege maktgrunnlaget. Den amerikanske historikaren og arkivvitaren James O'Toole (2002:51) meiner at arkivskaping oftare enn vi er klar over først og fremst handlar om makt:

those who have power confirm it, and perhaps salve their consciences about its exercise, by the making of records. We know, for example, that the Domesday Book, one of the most famous written records in the West in the last millennium, was not so much about the practical administration of the Norman kingdom in Britain as it was about establishing the

legitimacy of the realm's new rulers. When William the Conqueror sent his agents out to compile this massive inventory of land, property, and feudal obligation, his primary intention was to make a point rather than to make a record.

O'Toole viser til at *The Domesday Book* sjeldan vart brukt som bevis i rettslege og administrative samanhengar, m.a. fordi dei eigedomstilhøva som var registrert raskt vart forelda. Det som vart avgjerande for dei framtidige maktforholda var at innsamlinga og arkiveringa av opplysningane vart akseptert av samfunnet og dermed stadfesta den nye herskarens posisjon.

O'Toole gjengir også historia om Hernan Cortes' notarius som ein illustrasjon på korleis arkivfesting kan vere grunnlag for makt. Våren 1519 vart Mexico invadert av ein spansk hærstyrke under leiing av Cortes. Feltoget starta med eit åtak på byen Tabasco, men før spanjolane gjekk til åtak, vart det gjennomført eit merkeleg ritual. Ein tolk steig fram frå den spanske hæren og oppmoda innbyggjarane i byen om å overgi seg, motstand ville vere nyttelaus og dei måtte bere ansvaret dersom blod vart spilt. Så skjedde noko endå merkelegare: Cortes sytte for at tolkens tale vart skriven ned og at ein notarius attesterte at fienden hadde blitt åtvara og at teksten i dokumentet samsvarde med ordlyden i åtvaringa. Først etter dette starta slaget, og innbyggjarane i Tabasco vart slakta ned. Etter sigeren erklærte Cortes at det erobra området no var ein del av det spanske riket, og notarius sette opp eit nytt dokument som bekrefta dette.

Seinare under feltoget skal desse prosedyrane ha blitt gjentatt før og etter kvart einaste slag (O'Toole 2002:45-46). Cortes' notarius, Diego de Godoy, var faktisk med i feltoget med ei einaste oppgåve: å dokumentere at desse prosedyrane vart følgde. I dag kan det verke merkeleg at ein hærførar leigde ein notarius og sytte for kost og utstyr til ein ikkje-stridande mann, i tillegg til dei 500 soldatane han hadde med seg. Årsakene kan vere fleire, og O'Toole peikar på funksjonen til notarius i det spanske samfunnet på denne tida. I romarretten, som det spanske rettssystemet bygde på, var notarius den instansen som kunne skape rettskraftig dokumentasjon. Eit dokument underteikna av notarius hadde beviskraft. Cortes, som sjølv var utdanna notarius, visste dette.

de Godoy hadde altså som oppgåve å skape rettskraftig dokumentasjon av erobringane i Mexico, eller sagt på ein annan måte: Han skulle skape arkiv som Cortes kunne bruke for å dokumentere sine handlingar overfor guvernøren på Cuba og den spanske kongen. På den andre sida la dei same arkivdokumenta eit juridisk grunnlag for Spanias makt i Mexico. Arkivet skulle også – langt seinare – bli brukt som kjelde til historieskriving om erobringa av Mexico, men på Cortes' tid var slike bruksformål lite aktuelle. Bruk av arkiv som grunnlag for historieskriving, eit tema vi skal kome tilbake til seinare i dette kapitlet, vart først vanleg på 1700-talet. Men, som denne forteljinga også viser, vil eit arkiv vere prega av formålet det er skapt for; dokumenta fortel arkivskaparens versjonar av det som hende. I Cortes' arkiv er aztekaranes versjon fråverande, men deira forteljingar har overlevd som munnleg tradisjon som seinare har vore kjelder for ei meir balansert framstilling av erobringa av Mexico.

Arkivering som maktuttrykk handlar om fleire forhold. Dels dreier det seg om kva som kan bli arkivert. Kaisa Maliniemi (2005:4) konstaterer at «[a]rkiveringsprosessen er ikke en objektiv handling, den tjener noens interesser», når ho oppsummerer korleis kvenar og samar har blitt dokumenterte i offentlege arkiv i Finnmark. Michel Foucault (1992:129) er inne på noko av det same, men på eit meir overordna nivå, når han skriv at arkivet er «the law of what can be said, the system that governs the appearance of statements as unique events»; alle samfunn har eit overordna «arkivsystem» som favoriserer visse typar utsegner – og dermed minne – framfor andre. Og makta påverkar ikkje berre kva som blir arkivert, men også kva som blir bevart og gjort tilgjengeleg for samfunnsborgarane. Arkivet som maktgrunnlag dreier seg både om innhaldet i dokumenta og om oppbevaringa av dokumenta. Dei skriftlege arkivdokumenta gjorde det mogleg å oppbevare viktige dokument for ettertida, på ein eigen stad. Etableringa av eigne arkivsamlingar, og seinare av spesialiserte arkivinstitusjonar, kan forståast i eit slikt maktperspektiv.

Arkivsamlingar og arkivinstitusjonar

Framveksten av eigne arkivsamlingar må ha bygd på ei erkjenning av at visse arkivdokument kunne ha langvaring verdi og difor må bevarast for ettertida, fordi dei inneheldt

dokumentasjon som var viktig for arkiveigaren og hans etterkomarar. Ifølgje Michel Duchein (1983:2) har bevaring av arkiv alltid vore knytt til utøving av makt, fordi herredømme over minnet er avgjerande for å kunne styre og administrere. Historikaren David Lowenthal skriv at

[m]ost archives [i tydinga arkivsamlingar eller institusjonar, min merknad] originated as instruments of landowners' and lawgivers' control. They were the private property of seigneurs and statesmen, conceived and preserved to entrench power and privilege. Archives confirmed and certified rights to land, labor, rents, and produce. Entry to archives was confined to princely, priestly, and scribal elites (Lowenthal 2005:194).

Spesialiserte arkivsamlingar vart etablerte før vår tidsrekning i statsdanningar i Mesopotamia, Egypt, Hellas og Romarriket. Eigne tenestemenn hadde ansvar for for å halde orden på kongelege eller statlege arkiv som kunne omfatte fleire ti tusen enkeltdokument, hovudsakleg på leirtavler eller treplater, ordna etter relativt avanserte system. Etter oppløysinga av det romerske imperiet vart slike høgt utvikla administrative tradisjonar førte vidare i dei muslimske statane, men gjekk tapt i Europa (Jimerson 2009: 28-45).

Ein viktig grunn til dette var at statsdanningane i den vesteuropeiske middelalderen var prega av dynastiske formål. Slik også her til lands; utvidinga av den norske kongemakta frå midten av 1200-talet førte til etableringa av eit kanselli som hadde ansvar for administrative oppgåver som brevskriving og arkivhald (Nagel 1980:180-81). Desse funksjonane var nødvendige for å kontrollere den regionale og lokale statsforvaltninga som vart bygd ut og for å sikre dokumentasjon av kongemaktas rettar, men

Dei kongelege arkiva fekk visst aldri den kontinuitet eller støleik over seg som dei kyrkjelege arkiva. Det er truleg at evna til å skilja mellom det institusjonelle og det private aldri vart utvikla til same høgd av verdslege arkivskaparar som av geistlege, som hadde ei sterkare rommarrettsleg orientering. Kongearkiva vert aldri riksarkiv i moderne meining, vert aldri arkiv for riket. Dei er ikkje bygde opp etter eit nasjonalt prinsipp, men har gjerne ei dynastisk og privatøkonomisk motivering. Det er dokumenta om arkiv og arvefølgje, pengetransaksjonar og gods- og regaliepolitikk som dominerer (Sandaaker 1980:11, opphavleg kursiv).

Dei kyrkjelege arkiva hadde også som formål å dokumentere rettar til makt og eigedom, men var prega av større kontinuitet enn dei kongelege. Ei av dei viktigaste primærkjeldene til norsk middelalder, Bergens kalvskinn, er eit register over kyrkjelege eigedomar under Bergen bispesete på 1300-talet. Utarbeidinga av dette registeret må openbart ha bygd på detaljert dokumentasjon av dei kyrkjelege eigedomane.

I Danmark-Noreg endra dette seg etter reformasjonen i 1536. Oppløysinga av kyrkja som sjølvstendig samfunnsmakt og styrkinga av kongemakta fram mot etableringa av eineveldet i 1660, gjorde dei dynastiske behova mindre viktige. Det vart etablert eit kongeleg embetsverk i regional- og lokalstyringa og ein sterkare statleg sentraladministrasjon. Formåla med arkiva vart i veksande grad vart knytte til administrative og rettslege oppgåver og dei vart viktigare som grunnlag for administrativ kontinuitet i statsforvaltninga, nasjonalt, regionalt og lokalt. Frå 1500-talet og framover kan ein også sjå at arkiva vart meir systematisk oppbygde; arkivdelar som kopiboka og seinare brevjournalen etablerte ein systematikk for dokumentasjon av transaksjonar og saksbehandling som framleis er eit grunnelement i det norske offentleg arkivsystemet.

For makthavaranes undersattar kunne arkiva representere noko heilt anna. Den amerikanske historikaren Richard Brown (1997) fortel om ein folkeleg oppstand i det norditalienske fyrstedømmet Ferrara i 1385: Seint på kvelden 3. mai storma fleire tusen menneske inn i *Pallao della Ragione* medan dei ropte «Lenge leve markien!» og «Død over sekretær Tomasso!» Målet for oppstanden var ein Tomasso da Tortona, som hadde blitt oppnemnd som førstesekretær i fyrstedømmets statskanselli av marki Niccolo II eit par år tidlegare. Oppgåvene hans var m.a. å vere arkivar og vedlikehalde registra over dokumenta i markiens arkiv: privilegiebrev, leiglendingskontraktar, notarieskriv og skattelister. I dette tilfellet var det funksjonen som skattearkivar som førte til at Tomasso møtte ein tidleg og brutal død.

Også under den franske revolusjonen vart arkivsamlingane i Bastillen eit mål for opprørarane. Årsaka til dette var at arkiva dokumenterte det gamle regimets politiske og økonomiske rettsystem: privilegie, eigedom og makt. Men den franske revolusjonen skulle samstundes føre til viktige endringar for arkivas samfunnsfunksjonar. «The concept of archives prior to the French Revolution referred almost exclusively to documents providing legal or economic

privileges to the state, the church, the nobility, or the merchant class”, skriv Jimerson (2009:66-67), og held fram:

The French Revolution overturned this understanding of archives and their purposes. Under the banner of democratic rights and the slogan “liberty, equality, fraternity”, the revolutionary leaders redefined archives as a bulwark of citizens' rights rather than a bastion of privileges for the elites.

Jimerson viser til arkivhistorikaren Ernst Posner som meiner at revolusjonen endra tilhøvet mellom borgarane og arkiva på tre måtar. For det første vart det etablert eit nasjonalarkiv som erstatta den gamle desentraliserte arkivstrukturen. For det andre tok staten ansvaret for å bevare den historiske dokumentarven frå fortida, samtidig som den erkjente at arkivdokument skulle bevarast på grunn av sin historiske verdi og ikkje berre fordi inneheldt viktig rettsleg eller økonomisk dokumentasjon. Og endeleg innførte revolusjonen offentlegprinsippet, som gav alle borgarar rett til tilgang til arkiva for å sikre sine rettar og fridom.

Opprettinga av det franske Nasjonalarkivet som eit arkiv for nasjonen, og ikkje for herskaren, representerte eit grunnleggjande brot med omsyn til arkivinstitusjonens karakter og formål. Moderne historieskriving, som byggjer på systematisk og kritisk bruk av arkivdokument som kjeldemateriale, vart utvikla frå det 18. hundreåret og framover. I Europa kan vi observere ein nær samanheng mellom etableringa av nasjonalstatar, nasjonale arkivinstitusjonar og nasjonsbyggjande historieskriving. Historismen, den dominerande fagretninga på denne tida, hadde som mål å beskrive fortida «som den eigentleg var». Ein måtte difor «arbeide med de originale overleveringene fra epoken, ikke med seinere tiders framstilling av den. Og i så fall trengtes det en framgangsmåte for å skille det originale fra det som kom til seinere, kort sagt kildekritiske prinsipper» (Kjeldstadli 1999:59). Den kjeldebaserte historieskrivinga føresette institusjonar der forskarane kunne få tilgang til primærkjelder.

Etableringa av det norske Riksarkivet var også prega av eit slikt funksjonsskifte, frå administrative og rettslege formål til forskingsformål. Omgrepet «riksarkiv» var blitt tatt i bruk frå midten av 1700-talet om dei arkivsamingane, hovudsakleg etter sentrale statsorgan,

som var oppbevart på Akershus slott. Riksarkivet som institusjon vart oppretta i 1817, og den nye institusjonen vart underlagt Finansdepartementet og sett under leiing av ein styrar med hovudstilling i departementet.

I sum skulle det nye Riksarkivet være Regjeringens arkiv og først og fremst ivareta behovet for opplysninger i forvaltningsmessig sammenheng. Forskningens tarv og andre hensyn hadde man ikke tanke for i denne omgang (Herstad 2008:20).

Vendinga til dei historiske formåla slo ikkje igjennom før etter 1846, då institusjonen vart overført til Kyrkjedepartementet og «[h]ensynet til forskningens tarv ble utslagsgivende Riksarkivet skulle bli noe annet og noe mer enn den rent praktisk innrettede institusjon som Finansdepartementet så lenge hadde forsøkt å skape,» konkluderer Herstad (ibid:230). Her representerte Finansdepartementet med andre ord fortidas syn på arkiva, at dei først og fremst skulle tene administrative og juridiske formål, og vere ein meir eller mindre eksklusiv ressurs for statsmakta. Det synet som etter kvart vann fram, representerte ei begynnande opning av arkiva for samfunnet. Men denne opninga omfatta berre i første omgang berre forskarar; tilgangen til arkiva var difor eit privilegium, ingen rett (Duchein 1983).

Arkiv og demokrati

Oppfatninga om at arkiva skal fungere som eit grunnlag for borgaranes kontroll av maktthavarane har sitt opphav hos opplysningstidas filosofar, i første rekkje Rousseau og Voltaire. Rousseau meinte at statsmakta var utgått frå folket, og difor måtte folket ha rett til velje sine leiarar og kontrollere handlingane deira. For Voltaire var det viktig at retten til å kritisere maktthavarane føresette ein rett til kunnskap om makta sine handlingar. Samtidig oppsto ideen om at rettsvesenet skulle vere transparent, slik at dommar skulle vere grunngitte og dei tiltalte ha tilgang til påtalemakts bevis (ibid). Desse tankane innebar eit grunnleggjande brot med arkivas og arkivinstitusjonanes funksjon som eksklusive reiskap for maktthavarane. Det første uttrykket for denne endringa var som vi har sett borgarane sin frie tilgang til dokumenta i det franske Nasjonalarkivet etter revolusjonen i 1789. «The abrupt sweep from principle of secrecy to the principle of total freedom was but short-lived, as it

had occurred prematurely», skriv Duchein, som gir denne skildringa av situasjon i Europa i mellomkrigstida:

Nowhere, with the sole exception of Sweden, was the right of access to archives explicitly linked to the exercise of democratic rights. In other words, laws and regulations were formulated exclusively to facilitate historical and scholarly research using documents from the past, but never to provide the public with information on recent or current governmental or administrative procedures. (Duchein 1983:4-5).

Det svenske offentlegprinsippet, at alle borgarar har rett til å sjå offentlege saksdokument, har røter tilbake til *Tryckfrihetsförordningen* frå 1766. I Noreg vart eit framlegg om alminneleg offentlegheit i forvaltninga tatt opp i Stortinget i 1845, men det skulle ta 125 år før dette vart lovfesta i offentlegheitslova av 19.06.1970. Saman med forvaltningslova frå 1967 etablerte den eit system for innsyn i forvaltninga som utvida den demokratiske kontrollen av styresmaktene (Jahren og Strand Østtveiten 2000). Prosessen som førte fram til desse lovene starta formelt med oppnemninga av Forvaltningskomiteen i 1951 for å greie ut meir betryggjande former for den offentlege forvaltninga. Komiteens gav si innstilling i 1958 med to lovforslag, eitt om saksbehandlingsmåten i forvaltninga og eitt om Stortingets ombodsmann for forvaltninga. Forslaget til forvaltningslov inneheldt eit kapittel om offentlegheit som ikkje kom med i den lova som vart vedtatt. Dette var også det einaste spørsmålet som det var dissens om i komiteen. Motstanden mot offentlegheit kom frå forvaltningsrepresentantane, som meinte at dette ville bli kostbart og dessutan forsinke saksbehandlinga (Tafjord 1994). Dette synet vann også fram hos den politiske makta. I 2010 brukte Kulturdepartementet ein liknande argumentasjon mot journalføring av innsynskrav og sms-meldingar i eit framlegg til endringar i forskrift om offentlege arkiv, som vi skal kome tilbake til seinare kapittel.

Offentlegprinsippet har særleg blitt grunnleggjande med omsynet til rettstryggleik og demokrati. Forvaltningskomiteen viste m.a. til at «[d]en enkeltes rettsstilling trygges derved at kjennskap til andre sakers behandling fremmer likhet i avgjørelsene, motvirker og vanskeliggjør vilkårlighet og korrupsjon» (1958:119). På same måte er allmenn tilgang til informasjon om saksbehandling og vedtak i offentleg forvaltning eit viktig grunnlag for eit demokrati som

også involverer den vanlege borgaren. Jacques Derrida (1996:4) ser dette som eit grunnleggjande demokratisk spørsmål:

there is no political power without control of the archive, if not of memory. Effective democratization can always be measured by this criterion: the participation in and the access to the archive, its constitution and its interpretation.

Offentlegprinsippet har, saman med retten til partsinnsyn i forvaltningslova, bidratt til ei grunnleggjande demokratisering av norske offentlege arkiv. Denne demokratiseringa har kome på grunn av, og vore ein del av, den politiske kampen for utvida demokrati. Når offentlege organ i dag publiserer postjournalar på Internett, ofte med direkte lenke til dei enkelte saksdokumenta, bidrar dette til ei meir gjennomsiiktig forvaltning. Borgarane kan gjere seg kjent med sakene, og dersom dei finn det nødvendig leggje fram sine synspunkt i brev til organa eller i debattinnlegg i pressa. Regelen om partsinnsyn gir enkeltmennesket rett til å bli informert og få innsyn når offentleg forvaltning behandlar saker der vedkommande er part, noko som gir oss høve til å vareta våre interesser og kontrollere at opplysningar om oss er korrekte og blir brukt på lovleg vis. Og endeleg gjer eksistensen av spesialiserte arkivinstitusjonar, med oppgåve å bevare og formidle avslutta arkiv til alle, det mogleg for oss å bruke historiske kjelder til å få kunnskap om fortida. Dersom vi ønskjer å undersøke ei bestemt historisk hending, kan vi få tilgang til autentiske arkivdokument som vart skapt av aktørar som opplevde eller deltok i desse hendingane. Dette gjer det mogleg for oss å kontrollere, nyansere og utfordre dei etablerte historieforteljingane.

Samtidig hender det at makthavarar, både sentralt og lokalt, bryt med desse prinsippa. Nettstaden *offentlighet.no* publiserer jamleg døme på at offentlege organ har latt vere å journalføre saksdokument eller på andre måtar hindra innsyn. Når slikt skjer, er det ofte for å hindre at offentlegheita får kjennskap til «vanskelege» saker som er under behandling. Og liknande omsyn synest å vere motivasjonen for Kulturdepartementets forslag hausten 2010 om å unnta innsynskrav og sms frå journalføringsplikta.

Arkivets mangfaldige makt

Det er i dag vanleg blant arkivarar å hevde at eksistensen av tilgjengelege arkiv er eit nødvendig vilkår for demokratisk kontroll av makthavarane, for enkeltmenneskets rettstryggleik og for å ha tilgang til etterprøveleg kunnskap om fortida. Denne utsegna peikar på tre grunnleggjande samfunnsmessige funksjonar som arkiv har i dagens norske samfunn, men den kan likevel kritiseras for å fokusere einsidig på dei positive funksjonane til arkiva, dei som bidrar til demokrati og rettferd.

Arkivet har sjølvsagt også andre funksjonar; det kan vere ein effektiv reiskap for overvaking av samfunnsborgarane. Eit kjent døme på dette er arkivet til etterretningstenesta i det tidlegare Aust-Tyskland, Stasi, som ved Murens fall i 1989 omfatta meir enn 130 hyllekilometer med informasjon om enkeltpersonar. Dette arkivet var eit nødvendig vilkår for det gamle regimets kontroll med innbyggjarane; på den eine sida fungerte det disiplinerande fordi folk visste at systemkritiske utsegner vart registrert og arkivert, på den andre sida som kunne det bli grunnlag for forfølging og straff. Etter Murens fall fekk desse arkiva nye funksjonar; i Tyskland og elles i Aust-Europa vart dei grunnlag for oppgjer og oppreising. Tilsvarande prosessar har funne stad i andre land som har gått frå totalitære til demokratiske system, t.d. Spania etter Franco-regimet. Dei same arkiva som hadde blitt bygde opp og brukte for å undertrykke samfunnsborgarar, vart etter demokratiseringa viktige reiskapar for å etablere nye sosiale relasjonar (Quintana 1998).

Arkivas potensiale som reiskap for overvaking og kontroll har blitt større på grunn av den teknologiske utviklinga. Samfunnet er i dag meir avhengig av arkiv enn nokon sinne, og ei rekkje ulike arkiv er integrerte i folks daglegliv. Det blir dagleg arkivert ei mengde elektroniske spor etter praktisk tala alle menneske i vårt samfunn: ved bruk av mobiltelefonar eller kredittkort, ved passering av bomstasjonar, gjennom overvakingkamera i butikksenter og på offentlege kommunikasjonsmiddel, ved overvaking av kommunikasjon på internett og i ei rekkje andre samanhenger. Om vi tar EUs datalagringsdirektiv som døme, føreset dette registrering og arkivering i minst eit halvt år av all kommunikasjon mellom telefonar og datamaskinar. Samla sett utgjer dei nye elektroniske registra ei

informasjonsmengde om kvart enkelt menneske som truleg overstig det som Stasi var i stand til å samle om borgarane i Aust-Tyskland. Lukkelegvis finst ikkje denne informasjonen samla ein stad, og i vårt land er den underlagt regelverk som gjer at den heller ikkje er direkte tilgjengeleg for noko enkelt myndigheitsorgan. Men det at informasjonen finst, representerer i seg sjølv ei moglegheit for at den i ein gitt situasjon kan bli brukt. Datatilsynets direktør Georg Apenes formulerte situasjonen slik i eit essay i avisa Klassekampen 16. mai 2009:

Når PC finnes i hvert hjem og mobiltelefon i de flestes lomme, innebærer dette at muligheten til å kontrollere brukerne er formidable.

Når jakten på personopplysninger som kan sette myndigheter i stand til å forebygge anslag mot liv, helse og eiendom først er i gang, blir det etter hvert klart at

1. Ingen personopplysning vil per definisjon være så triviell eller unnselig at den kan overses, og
2. Det kan ikke settes opp grenser for hvor og når opplysningssankerne kan lete, snuse eller hente med seg data «hjem».

Bakgrunnen for Apenes' innlegg var den skjerpde overvakinga i dei fleste vestlege land etter terroråttaka 11. september 2001. I USA førte åttaka til at Bush-administrasjon fekk vedtatt lover som gav styremaktene tilgang til ulike former for «uskuldig» personleg informasjon – t.d. folks boklån på bibliotek og bokkjøp i butikkar – utan at det låg føre rettsleg godkjenning eller mistanke om lovbrøt (Connors 2006:58). Grunngivinga for desse lovbestemmelsane var at samfunnets tryggleiksbehov var viktigare enn enkeltmenneskets rett til å halde personlege opplysningar hemmelege.

Denne motsetninga mellom samfunnets behov for informasjon om enkeltindivid og personvernet vart våren 2009 aktualisert av forslag om endringar i helseregisterlova og helsepersonellova. Regjeringa foreslo i Ot.prp. 51 2008-2009 at helsepersonell kunne få tilgang til helseopplysningar om pasientar på tvers av institusjonsgrenser, og grunngav dette med behovet for betre pasientbehandling. Motstandarar av lovforslaget hevda på si side at dei eksisterande elektroniske pasientjournalssystema ikkje er gode nok til å sikre personvernet, og at helsevesenet heller ikkje har makta å etablere tilfredsstillande rutinar for

å sikre pasientopplysningar mot ulovleg tilgang. Likande synspunkt vart fremja av Personvernkommissjonen (NOU 2009:1).

Arkivets makt handlar også om kva som blir arkivert om enkeltmennesket i møtet med samfunnet. I barnehagen, skolen, helsevesenet, sosialsektoren og rettsvesenet blir fører slike møte til at det blir arkivert opplysningar om den enkelte; «[k]ring var och en person upprättas – för att låna ett uttryck av Michel Foucault – ett litet petigt arkiv, färdigt att plocka fram när så behövs», konstaterer Michael Eivergård (2006:33), og held fram:

(---) den skötsamme medborgarens akt är tunn medan den som på ett eller annat sätt kommit på kant med tillvaron, dess regler och normer får räkna med en fylligare akt. I dessa akter – de kan vara författade av en socialtjänsteman likväl som en läkare på ett mentalsjukhus – så handlar det om att skapa ett slags biografier. Självfallet kommer det i stor utsträckning att bli biografier där händelser och handlingar av negativt slag får en framskjutande plats. Här finns ett sökande efter sådant som kan förklara att just denna person befinner sig i situationen som klient eller patient. På vilket sätt har det gått fel, när och hur och vilka kan orsakerna vara? Alla dessa undersökningar har egentligen en gemensam grundfråga – vem är den undersökte?

Eivergårds artikkel handlar om svensk steriliseringspolitikk; korleis denne utvikla seg frå tvang til frivillighet og korleis denne utviklinga manifesterte seg i arkiva som dokumenterer sakene om dei kvinnene som vart sterilisert. Han observerer at det på 1950-talet, samtidig som talet på frivillige steriliseringar auka, skjer endringar i arkiva. Tvangssakene handla stort sett om å stadfeste eit bilete av kvinna som alt var etablert (t.d. av psykiatrien, rettsvesenet), men når ei kvinne frivillig søkte om sterilisering måtte utredninga skje frå grunnen av. Ho vart kalla inn til fleire samtalar med ein kurator som skulle førebu saka,

ett slags examinationer där kvinnans ansvarskänsla, karaktär, hennes karaktär, duglighet och lämplighet som moder prövades. Dessa samtal bokfördes av kuratorn. Samtalet kompletterades också med den visuella kunskap som mötet gav – hur såg den sökande ut? Rådde samstämmighet mellan hennes ord och vad hon visade? Med kvinnans kropp framför sig skulle kuratorn söka uttyda vem hon var. Frågor kring redbarhet, skötsel och pålitlighet i stod fokus, helst skulle kuratorn kunna sammanfatta sina intryck genom att nagla fast den

sökande vid en typ; den skötsamma, den slarviga, den vulgära och så vidare. Inte sällan redovisar akterna detaljrika mönstringar av klädedräkt och stil. Överdriven elegans, lite för mycket make-up, lite för rött nagellack var sådant som blev till noteringar i akten. Om en kvinnaheter att hon var «elegant klädd, rätt starkt målade naglar, lite sjaskig i sin elegans, smuts under de röda naglarna, solkig jumper – hårdkokt typ» (ibid:34).

Samtalane vart supplert med heimebesøk, der materiell standard, orden og hygiene vart vurdert: «Rådde så kalla "god anda", var barnen hela och rena – var det välstädat, var disken undanplockad och sängarna bäddade?». Ifølgje Eivergård innebar dette at heimen ikkje lenger var ein privat sfære, men ein stad for myndighetene si maktutøving, ei maktutøving «basert på det skrivne ordet, på retten att producera biografier, på retten att definiera skötsamhet, det goda och önskvärda och så vidare» (ibid).

Denne typen personsaker, der offentlege instansar trengjer inn i privatlivet til enkeltindivid, er ikkje uvanlege i arkiva frå sosialsektoren og barnevernet også i Norge. Grunngivinga kan i prinsippet vere god; vedtak skal fattast på grunnlag av ei grundig og relevant saksutgreiing, men slike utredningar vil alltid vere prega av saksbehandlarens ståstad og verdiar og gir aldri eit objektivt og uheldig bilete av personane saka gjaldt. I dag kan nok retten til partsinnsyn bidra til at klientopplysningar i offentlege arkiv er mindre prega av saksbehandlarens subjektivitet enn tidlegare, men rammene for kva som kan – og bør – bli arkivert vil likevel i stor grad vere gitt av politiske føringar og dominerande verdisyn – det er t.d. ikkje usannsynleg at dagens «arbeidsline» set sine spor i arkiva i NAV.

Men det er samtidig mogleg å snu arkivets makt. Dei svenske steriliseringsarkiva har blitt brukte til å gi oppreisning og erstatning til kvinner som vart sterilisert med tvang. I ei rekkje norske kommunar har barnevernsarkiv fått same funksjonen for tidlegare barneverns klientar. Slike arkiv kan innehalde dokumentasjon av forhold og tiltak som var i samsvar med rådande politiske og moralske haldningar då materialet vart skapt, men som i dag kan framstå som uakseptable – t.d. synet på krigsbarna det første tiåret etter 1945 (sjå t.d. Olsen 2004). Vår interesse for slike arkiv handlar ikkje om «huruvida kvinnan hos kuratoren verkleigen hade målade naglar eller om hon tuggade tuggummi, utan om det faktum att dessa saker

interesserte kuratoren og at de inngikk som underlag i myndigheternas bedømming av hennes karakter» (Eivergård 2006:35).

Disse endringane i interessa for arkivet handlar i stor grad om arkivets doble funksjon som dokumentasjon og minne. Arkiv blir vanlegvis skapt for arkivskaparens eigne dokumentasjonsformål. Dette er den primære funksjonen til arkiva (norske offentlege arkiv har også ein annan primærfunksjon: å gi grunnlag for demokratisk kontroll gjennom innsynsretten). Når arkiva blir brukt som kjelder til kunnskap om forhold og hendingar i fortida, fungerer dei som «frosne minne» for andre formål enn det dei vart skapt for. Disse formåla kan vere forskjellige; historisk forskning, oppreising for opplev urett, eller kunnskap om sine forfedre og formødre er alle i utgangspunktet avhengig av at det finst arkivdokument som kan fortelje noko om det er ute etter. Men dei fleste arkiv vart – og vert – aldri bevart. Arkivet er eit selektivt minne.

Arkiv, minne og gløymse

I filmen *Star Wars, Episode II. Attack of the Clones* er det ei scene der jedi-meisteren Obi-Wan Kenobi oppsøker arkivet for å finne opplysningar om et fjernt planetsystem som han ikkje kan finne på noko kart. Arkivaren, madame Jocasta Nu, søker i katalogane, men må resignere: «Eg beklagar, men det systemet du leitar etter eksisterer ikkje.» «Det er umogleg», seier Obi-Wan, «kanskje arkivet er ufullstendig?» «Arkivet er altomfattande og fullstendig komplett, min unge Jedi», svarar arkivaren. «Ein ting kan du vere absolutt trygg på: Dersom noko ikkje finst i våre arkiv, så eksisterer det ikkje!»

Madame Jocasta Nu gjengir her det romerske ordtalet «qued non est in actis, non est in mundo», og for henne gjeld dette absolutt: arkivet er perfekt, det inneheld alt som det er nødvendig å arkivere (men vi må likevel gå ut frå at ho vil vere samd i at det finst mengder av informasjon som ikkje er viktig nok til å hamne i arkivet). Førstillinga om det perfekte arkivet finst, både hos lekfolk og hos arkivarar. Den er utgangspunktet for t.d. standardar for arkivdanning og elektroniske arkiv; både ISO 15489 og Noark 5 har som mål at alle

transaksjonar og aktivitetar i ei arkivskapande verksemd skal dokumenterast i arkivet. Dette er eit sjølvstøtt mål; ingen ansvarleg arkivar vil kunne godta ei mindre ambisiøs målsetjing.

Samtidig vil dei fleste arkivarar erkjenne at målsetjinga i praksis er uoppnåeleg; i dei fleste verksemdar finst det medarbeidarar som bryt dei fastsette arkivrutinane og t.d. ikkje vidaresender saksdokument som dei har mottatt (i dag via e-post, tidlegare i personleg adresserte brev) til arkivtenesta. Konsekvensen av slike forsømmingar er at nokre saksdokument ikkje blir fanga opp i arkivdanningsprosessen; dei blir verken journalførte eller arkiverte og arkivet blir mangelfullt. Dei fleste arkiv vil ha slike manglar. Årsakene til dette kan vere mange: manglande forståing for arkivet si rolle som dokumentasjon av verksemda, ein hektisk arbeidssituasjon prega av mange oppgåver og dårleg tid, men det kan også ha noko å seie at arkivering inneber at dokumenta blir fjerne frå den enkelte medarbeidarens kontroll og at nokre – bevisst eller ubevisst – prøver å motverke dette.

Fordi eit arkiv ofte er samla ein stad, kan det vere sårbart. Jacques Derrida har peika på at arkivering inneber overføringa til ein ytre lokalitet, og

because of this exteriority, what is kept in the archive, of course can be erased, can be lost, and the very gesture of which consists in keeping safe – in a safe, so to speak – is always, and from the beginning, threatened by the possibility of destruction (Derrida 2002:42).

Slike lokalitetar – t.d. arkivinstitusjonar, men også arkiv i verksemdar – har generelt begrensa ressursar og plass, og utøver difor «the social and political power of the archive, which consists in selecting the traces in memory, in marginalising, censoring, destroying, such and such traces through precisely a selection...». Men denne «economy of the accumulation ... does not account for another kind of destruction, which is the death drive ... the radical desire for destruction of the archive» (ibid:44). Derrida brukar her psykoanalytikaren Sigmund Freuds begrep «dødsdrift» for å illustrere det han meiner er ein menneskeleg lengsel etter – i nokre situasjonar – å kunne slette alle spor etter visse hendingar.

Kor mange arkiv som kan ha gått tapt på grunn av dette er uråd å vite, fordi dei som øydelegg arkiv som oftast ikkje gjer greie for sine motiv. Eit unntak som eg personleg har opplevd, var

då eg som tilsett i Interkommunalt arkiv i Hordaland var på besøk i ein av dei mindre kommunane i fylket og vart fortalt av sosialsjefen at han eigenhendig hadde brent dei gamle barnevernsmappene fordi «den elendigheita skal vi berre gløyme». Andre tilfelle av arkivødelegging kan ha vore motiverte av ønske om å slette spor etter ulovlege eller tvilsame aktivitetar, eller av politiske omsyn. Slike omsyn kan også føre til manipuleringar eller forfalsking av arkivdokumentasjon. I romanen *Latterens og glemseleens bok* fortel den tsjekkiske forfattaren Milan Kundera historia om Clementis skinnlue:

I februar 1948 steg kommunistførerer Klement Gottwald ut på balkongen på et barokkpalass i Praha for å tale til hundretusener av borgere som fylte Det gamle bytorget. Det var et historisk øyeblikk i Bøhmens historie. En skjebnetime av den art som kommer bare en à to ganger i løpet av tusen år.

Gottwald var omgitt av kamerater, og Clementis stod tett ved hans side. Det var lett snefokk, det var kaldt, og Gottwald var barhodet. Den omsorgsfulle Clementis tok skinnlue av og satte den på Gottwalds hode. Propaganda-apparatet mangfoldiggjorde i hundretusener av eksemplarer fotografiet av balkongen der Gottwald stod i skinnlue, omgitt av sine kamerater, og talte til folket. Det kommunistiske Bøhmens historie var begynt på denne balkongen. Hvert barn kjente fotografiet fra plakater, skolebøker og museer.

Fire år senere ble Clementis anklaget som forræder og hengt. Propaganda-apparatet raderte ham øyeblikkelig ut fra historien og selvfølgelig fra alle fotografiene også. Siden da står Gottwald alene på balkongen. Der hvor Clementis stod, ser man palassets nakne mur. Det som ble igjen av Clementis, var bare lue på Gottwalds hode (Kundera 2002:9).

Manipulering og øydelegging av arkiv handlar som i dette eksempelet ofte om makt, fordi makt over minnet om fortida kan styrke makta over notida og framtida. Forsøket på å fjerne Clementis frå den tsjekkiske historia var likevel mislukka; skinnlua på Gottwalds hovud vart eit dokument som som minna om kven som hadde plassert den der og hans skjebne.

Arkiv kan gi makt. Dei kan gi enkeltmenneske rettferd og oppreising for opplevd urett, dei kan dokumentere rettar og plikter, hjelpe oss til å kontrollere makthavarane og gi oss historisk kunnskap og identitet. Samtidig kan arkiva uttrykkje gløymsle; dei kan gjere menneske rettslause eller historielause. Og dei dei vere reiskap for overvaking, kontroll og forfølgjing. Men kva eigenskapar ved arkiva er det som gjer at dei kan ha slik makt? Kva er eigentleg

arkiv, og korleis kan vi vere sikre på at dei inneheld autentisk dokumentasjon? Desse spørsmåla blir behandla av den fagdisiplinen som stundom blir kalla *arkivistikk* og andre gonger *arkivvitskap*. Dei følgjande kapitla vil gi ein kritisk gjennomgang og analyse av den arkivfaglege teoretiske og metodiske utviklinga frå slutten av 1800-talet og fram til i dag, av norsk arkivfagleg praksis og av dei utfordringane faget og arkivarane står overfor.

2 Frå fag til vitskap

Når vi tar ut pengar i ein minibank eller betaler med kort i butikk, gjer vi dette utan å reflektere over korleis transaksjonane blir dokumenterte. Vi stolar på at banken, butikken og kredittkortselskapet belastar kontoane våre for korrekt beløp, og at dokumentasjonen blir bevart så lenge det er behov for den. Det same er tilfellet når to bønder i Sogn kjem i krangel om eigedomsgrensene og kontaktar Statsarkivet i Bergen for å få tak i dokumentasjon som kan løyse tvisten; dei tar det for gitt at opplysningane frå Statsarkivet er korrekte. Likeeins vil ein slektsgranskar som leitar i digitaliserte kyrkjebøker på Digitalarkivet, ha tillit til at dei opplysningane som kjem fram om tippoldemoras fødsel, giftarmål og død er sanne.

Arkiva spelar ei viktig rolle med å regulere samfunnsmessige relasjonar. Dei dokumenterer eigedomsforhold, rettar og plikter, gjer det mogleg å kontrollere maktavarane og få kunnskap om fortida. Men dersom arkiva skal kunne ha slike funksjonar, er det ein føresetnad at samfunnsborgarane har tillit til arkiva, at dokumenta er det dei gir seg ut for å vere, at dei ikkje er forfalska, men autentiske og pålitelege. Vi har sett i forrige kapittel korleis dei orale arkivas verdi bygde på ein direkte sosial kontroll; dei var kollektive minne som ikkje kunne endrast utan at kollektivet godtok det. Overgangen til skriftlege dokument flytta arkiva ut av dette felles, offentlege rommet og samla dei hos fyrstar og landeigarar som dokumentasjon av deira makt og eigedom. Dette gjorde det mogleg for den enkelte fyrste eller landeigar å forfalske arkivdokument for å styrkje si makt eller utvide sine eigedomar, men han var samtidig avhengig av at samfunnet – i første rekkje representert ved hans likemenn – kunne feste lit til at dokumenta var ekte. Det vart difor behov for allment aksepterte metodar for å kunne kontrollere autentisiteten til dokumenta. Då den franske benediktinarmunken Jean Mabillon i 1681 gav ut boka *De re diplomatica*, var formålet

nettopp å presentere metodar som kunne undersøkje autentisiteten til middelalderdokument og avsløre eventuelle forfalskingar (Le Goff 1992:193-194). Ved å undersøke skrifttype, språk, segl, materiale og andre kjenneteikn ved eit dokument skulle ein kunne avgjere om det var ekte eller ei forfalsking. Diplomatiikken vart eit spesialisert fagområde som kan reknast som ein forløpar for arkivfaget.

Arkivfagleg teori og metodologi

Framveksten av diplomatiikken, og seinare arkivistikken, som eigne fagdisiplinar kan forståast som uttrykk for samfunnets behov for å kunne kontrollere informasjonen i arkiva og gjere bruk av den til bestemte formål. Den administrativt-juridiske bruken av arkiv på 17- og 1800-talet føresette system for framfinning av etterspurte dokument, dvs. intellektuell og fysisk kontroll over arkiva. Dette førte til at arkiva – eller dei mest brukte delane av dei – vart ordna etter pertinens: viktige dokument vart tatt ut av sine opphavlege samanhengar og samla etter emne. Seinare, då auka bruk av arkiv som historiske kjelder viste at denne praksisen hadde skada arkivas kjeldeverdi, vart det utvikla ein metodologi som varetok historiefagets behov: den klassiske arkivistikken, som bevarte og beskrev arkivet slik som det opphavleg hadde blitt skapt etter sin proveniens og opprinnelege orden.

Den arkivvitskaplege utviklinga dei siste tiåra kan også forståast på bakgrunn av samfunnsmessige behov. Utviklinga av teori og -metodologi for bevaringsvurdering var eit svar på den kritiske situasjonen som utvikla seg etter kvart som forvaltninga skapte arkiv som i volum vart så store at arkivinstusjonane korkje hadde ressursar eller plass til å bevare dei. Vidare kan erkjenninga av at arkivvitskapen ikkje berre omfattar bevaring og beskriving av avslutta historiske arkiv, men også arkivdanningsprosessen, forståast som eit resultat av teknologiske og samfunnsmessige endringar i siste del av 1900-talet: Datateknologien gjorde det nødvendig å leggje arkivfaglege krav til grunn for utarbeidinga av elektroniske arkivsystem før arkivdokumenta vart skapte, men samtidig er det openbart at vektlegginga av arkivdanninga også var eit resultat av at dei offentlege arkiva fekk nye funksjonar som grunnlag for innsyn og gjennomskytting i forvaltninga.

Arkivvitskapen har utvikla seg i takt med samfunnsmessige behov og er ingen nøytral, eksakt vitskap. Faget har i all hovudsak avgrensa seg til å behandle skriftlege arkiv, i første rekkje dei som har blitt skapt av offentlege styresmakter. Andre typar arkiv, orale minne, fotografi, men også arkiva til privatpersonar, organisasjonar og bedrifter, har i stor grad blitt neglisjert. Ein openbar grunn til dette er dei sentrale arkivitarane på 1900-talet – så å seie utan unntak – har arbeida i offentlege arkivinstitusjonar og dette har naturleg nok prega deira faglege interesser og prioriteringar.

«Ein bibel for arkivarar»

Arkivbehandlinga i dei nasjonale arkivinstitusjonane fram til slutten av 1800-talet var som nemnt ovanfor i stor grad basert på ordning etter pertinens: Arkivdokumenta vart gjerne ordna etter type eller innhald, ofte uavhengig av opphav, for å lette tilgangen for brukarane. Dette var også vanleg i det norske Riksarkivet (jf Svalestuen 1985). Ifølgje Duchein (1992:19) var denne metoden inspirert av opplysningstidas hang til klassifikasjon; «[a]rchivists of that school conceived of the arrangement of archives as distributing the documents into "classes" or "series" corresponding to legal or administrative concepts» med «deplorable results from the point of view of the integrity of archives». Denne praksisen gjorde arkiva tilgjengelege for samtidas bruksbehov, først og fremst administrative og rettslege formål, men utviklinga av historiefagleg metode synte at denne måten å ordne arkiva på var problematisk.

Den historiske kjeldekritikken som vart utvikla hadde to hovudmål, det eine å undersøkje dokumentets autentisitet, det andre å tolke innhaldet i dokumentet (jf. Le Goff 1999, Kjeldstadli 1999). Når arkivdokument var tatt ut av sine samanhengar og oppbevart som enkeltobjekt, førte dette til at informasjonen om den opphavlege konteksten til dokumenta gjekk tapt. Kjeldekritikk vart vanskeleg, om ikkje umogleg. Ut over 1800-talet voks det difor fram ei erkjenning blant historikarar og arkivarar om at arkiv måtte bevarast i si opphavlege form, fordi arkivinformatjon ikkje berre finst i dokumenta, men også i relasjonane mellom dei, dvs. i arkivstrukturar og arkivsystem.

Den nederlandske arkivvitaren Theo Thomassen (1999a) har karakterisert den arkivfaglege praksisen på 1800-talet som eit «før-paradigme», dvs. ein situasjon der det enno ikkje var etablert vitenskaplege prinsipp i arkivfaget. Dette vart ifølgje Thomassen endra med utgivinga av Muller, Feith og Fruins *Handleiding voor het ordenen en beschrijven van archieven* i 1898. Denne «nederlandske manualen» samanfatta og standardiserte arkivfagleg metodologi og innleia det Thomassen kallar det klassiske paradigmet i arkivistikken.

Manualen var resultat av ei utvikling som hadde gått føre seg i det nederlandske arkivmiljøet over eit par tiår. Det fanst ei rekkje by- og provinsarkiv i landet som saman med riksarkivet utgjorde eit sterkt fagleg miljø. Den nederlandske arkivarforeininga, som vart stifta i så tidleg som i 1892, initierte – med aktiv støtte frå statsråden med ansvar for arkivfeltet – ein prosess for å kome fram til felles metodar for ordning og beskriving av arkiv, og Muller, Feith og Fruin vart peika ut til å skrive manualen på vegne av foreininga. Dei faglege prinsippa som vart lagt inn i manualen hadde vore diskutert foreininga i fleire år før publiseringa. Tankegodset som vart presentert var ikkje nytt. Ein kan spore påverking frå både fransk og prøyssisk arkivpraksis. «Respect des fonds», regelen om at arkivet etter ein arkivskapar skal haldast samla, har fransk opphav. Likeeins viser regelen om eit arkiv skal bevarast i si opphavlege ordning påverking frå prøyssiske arkivpraksis (Duchain 1992). Men sjølv om desse faglege prinsippa ikkje var nye i seg sjølv, var kombinasjonen av prinsippa ei nyvinning. Det nyskapande ved manualen

lies in defining the archival fonds, in the formulation of the connection between the archive and the functions of those who create it, and in making archivists aware that the boundaries and structure of an archive need to be respected and that the components of which an archive consists can only be comprehended within their original context (Horsman et al 2003:258).

Internasjonalt kom manualen til å bli rekna som «"a bible for modern archivists", a bible that preached the principles of structure and of provenance and that prescribed a methodology based on the archive's own features (and not drawn from library methods)» (ibid:268-269).

Formålet med manualen var altså å formulere felles prinsipp og praksis for behandlinga av avslutta historiske arkiv i Nederland. Den er delt inn i seks kapittel som behandlar arkivets opphav og bevaring i depot, ordning av arkivdokument, beskriving av arkivdokument, utarbeiding av arkivkatalogar, «vidare retningslinjer» for beskriving av arkiv, og om «use of terms and signs». Kapitla inneheld til saman 100 reglar («seksjonar») med til dels detaljerte utfyllande kommentarar. Relativt få av desse reglane er det vi kan rekne som prinsipielle; dei fleste har ein meir praktisk eller operativ karakter.

Den første regelen inneheld sjølve arkivdefinisjonen: Eit arkiv er heilskapen av dei skriftlege dokumenta, teikningane og trykksakene som offisielt er mottatt eller produsert av eit administrativt organ eller ein av organets tenestemenn, så langt desse dokumenta var meint å vere i organets eller tenestemannens varetakt (Muller et al 2003:13). Regel 2 inneheld grunngevinga for dette prinsippet. Den slår fast at eit arkiv blir skapt som resultat av aktivitetane til ei administrativ eining eller ein tenestemann, og at det difor er ein refleksjon av funksjonane til arkivskaparen. Forfattarane av manualen forstår arkiv som

an organic whole, a living organism, which grows, takes shape, and undergoes changes in accordance with fixed rules. If the functions of the body change, the nature of the [archive]² changes likewise. The rules which governs the composition, the arrangement and the formation of an archive, therefore, cannot be fixed by the archivist in advance; he can only study the organism and ascertain the rules under which it was formed (ibid:19).

Regel 3 slår fast at også private administrasjonar og deira tenestemenn kan skape arkiv, fordi dei inngår kontraktar, mottok brev og fører møtebøker o.l. i utøvinga av sine funksjonar. For forfattarane er det altså den arkivskapande aktiviteten som er avgjerande; arkivet må bli skapt som ei følge av utøvinga av funksjonar som høyrer til den ordinære verksemda til arkivskaparen. Difor reknar dei ikkje «såkalla familiearkiv» som egentlege arkiv, fordi slike

2

Den amerikanske oversetjinga brukar omgrepet «archival collection», ei tilpassing til amerikansk fagterminologi. I sitata frå manualen har eg erstatta dette med «[archive]», som samsvarar med den nederlandske originalen.

ofte vil vere eit konglomerat av dokument som er samla inn med ulike formål og av ulike personar, og som difor ikkje utgjer nokon organisk heilskap (ibid:20, 22).

Arkivdefinisjonen i regel 1 er i dag kjent som proveniensprinsippet, i norsk arkivterminologi ofte omtala som «ytre proveniens». I 1898 representerte dette som vi har sett eit brot med praksis i mange europeiske arkivinstitusjonar. Manualen argumenterer sterkt mot den tradisjonelle oppstykinga av arkiva, fordi dei ulike dokumenta i eit arkiv kastar lys over kvarandre og møtebøker, korrespondanse og rekneskap dokumenterer ulike sider ved verksemda. Oppstyking av arkiv ville gjere det umogleg å studere heile historia til t.d. ei verksemd eller ein eigedom (ibid:36). Fordi arkivet er skapt som ein «organisk heilskap» må det aldri delast opp, men bevarast som ein heilskap.

Denne argumentasjonen blir ført vidare i kapittel 2, som behandlar den indre ordninga av arkiva. Her blir det i regel 16 slått fast at systemet for ordninga av eit arkiv må byggje på den opphavlege ordenen til arkivet, som i all hovudsak samsvarer med organisasjonen til arkivskaparen. Denne regelen, skriv forfattarane, er den viktigaste av alle fordi den formulerer det grunnleggjande prinsippet som alle dei andre reglane byggjer på (ibid:52). Prinsippet blir grunnleggjande både praktisk og vitskapleg; på den eine sida vil det løyse dei problema som den tradisjonelle, «kunstige» ordningsmåten skapte og gi arkivbrukaren samla tilgang til alle dokumenta som vart skapt i ein saksamanheng. Sjølv om praksisen med å stykke opp arkiva og ordne dokumenta tematisk kunne gjere det lettare for brukaren å finne det han leita etter, var dette berre tilsynelatande, fordi han ville bli «ført på villspor» og berre finne fragment av dei opphavlege saksprosessane. Denne regelen formulerer dermed prinsippet om bevaring av den opprinnelege orden, ofte omtala som «indre proveniens», som saman med «ytre proveniens» har vore retningsgivande for ordninga av avslutta arkiv i Noreg og internasjonalt dei siste hundre åra.

Kapittel 3 behandlar prinsipp for arkivbeskriving. Hovudprinsippet her er at beskrivinga skal avgrense seg til å gi oversyn over innhaldet i arkivet og ikkje dei einskilde arkivdokumenta . Dette representerte også eit brot med rådande praksis; mange arkivinstitusjonar på denne tida hadde gitt ut publikasjonar med avskrifter eller samandrag av innhaldet i enkelt-dokumenta. «The guide to an archive must not seek to make the consultation of the archive

superfluous», slår forfattarane lakonisk fast (ibid:100). Den arkivaren som har slike mål vil utan grunn gjere livet sitt til eit slit og dessutan «always turn out a poor piece of work». Målet for arkivbeskrivinga måtte vere å produsere verktøy som skulle gi oversyn over innhaldet i arkiva.

Handleiding voor het ordenen en beschrijven van archieven er eit grundig og gjennomarbeida verk. Det definerer arkiv som dei dokumenta som er skapt eller mottatt som følgje av verksemda til ein arkivskapar, slår fast at eit arkiv må bevarast som ein heilskap, at dei indre strukturane i arkivet reflekterer arkivskaparens funksjonar og arbeidsmåtar og difor må bevarast, og at arkivbeskrivinga skal avgrense seg til å gi oversyn over innhaldet i arkivet. Desse prinsippa vart retningsgivande for arbeidet i offentlege arkivinstitusjonar verda over i løpet av eit par tiår. I 1903 vart proveniensprinsippet regelfesta i dei danske og svenske riksarkiva; i Noreg skjedde dette om lag eit tiår seinare (Svalestuen 1985). Ein som har arbeidd med ordning av eldre papirarkiv i norske arkivinstitusjonar vil kjenne att beskrivinga av prosedyrar og teknikkar som framleis er i bruk; som metodologisk verk gir manualen svar på dei fleste prinsipielle, metodiske og praktiske spørsmål som kan melde seg i arbeidet med ordning og beskriving av papirbaserte arkiv.

Det organiske arkivet

Den nederlandske manualen er først og fremst ein metodisk og praktisk rettleiar utan ei teoretisk formulert forankring. «The Dutch *Manual* of 1898 codified and standardized archival methodology before archival theory could develop», hevdar Eric Ketelaar (2000:324). Forfattarane sitt ærend var heller ikkje å drive teoretiske spekulasjonar kring arkivets generelle eigenskapar, men formulere praktiske reglar som kunne bidra til at dei nederlandske arkiva følgde ein felles standard for ordning og beskriving (Muller et al 2003:9). Prinsippa og metodologien blir ofte grunnleggjande med praktiske omsyn. Dersom det er ei felles grunnleggjande arkivforståing som ligg til grunn for manualen, er det synet på arkivet som ein organisk heilskap som har vakse fram som ein organisme i samsvar med bestemte reglar, lover, prosessar og sær eigenheiter utanfor arkivarens kontroll (Horsman et al 2003:260-61).

Forståinga av arkivet som organisk heilskap kan seiast å vere tidstypisk for tida rundt 1900. Vi kan finne påverking frå såvel historisme som darwinisme, særleg i oppfatninga av at arkivskapinga var styrt av lover som arkivaren ikkje kunne – eller skulle – påverke. Og så lenge som 50 år etter publiseringa av manualen gav Sir Hilary Jenkinson, den fremste britiske arkivvitaren på 1900-talet, uttrykk for det same synet då han i artikkelen *The English Archivist: A New Profession* frå 1947 skreiv at arkiv

came together, and reached their final arrangement, by a natural process: are a growth; almost, you might say, as much an organism as a tree or an animal. They have consequently a structure, an articulation and a natural relationship between parts, which are essential to their significance: a single document out of a Group of Archives³ is no more to be taken as expressing in and by itself all it has to tell us than would a single bone separated from the skeleton of an extinct or unknown animal. Archive quality only survives unimpaired so long as this natural form and relationship is maintained (Jenkinson 2003:238-39).

Jenkinson understrekar her arkivets «naturlege» karakter. I motsetning til Muller, Feith og Fruin utvikla han også ei teoretisk grunngiving for si arkivforståing. Han gav i 1922 ut *A Manual of Archive Administration*, ei framstilling av «the ordinary rules governing the administration of ordinary Archives». Her definerte han arkiv som dei dokumenta som

was drawn up or used in the course of an administrative or executive transaction (whether public or private) of which itself formed a part ; and subsequently preserved in their own custody for their own information by the person or persons responsible for that transaction and their legitimate successors (Jenkinson 1922:11).

Den første delen av denne definisjonen samsvarer – med unntak av formuleringa «ved ein naturleg prosess» - med § 2b i den norske arkivlova: «dokument som vert til som lekk i ei verksemd». Men Jenkinson går lenger enn arkivlova; han formulerer også eit nødvendig vilkår knytt til sjølve forvaringa av arkivet etter at det er skapt: for å kvalifisere som arkiv må materialet vere bevart i arkivskaparens eller ein ansvarleg etterfølgjars forvaring. Berre når arkiv er skapt og bevart på denne måten, i ubrotten forvaring og upåverka av ytre aktørar, kan

3

«Group of Archives» tilsvarar det norske begrepet «enkeltarkiv», dvs arkivet etter ein arkivskapar

arkivet ha arkivkvalitet og framstå som upartisk og autentisk dokumentasjon av arkivskaparens verksemd.

I artikkelen *The Classification and Survey of English Archives* frå 1943 peikar Jenkinson på fem grunnleggjande vilkår for at arkiv kan denne autentiske kvaliteten. Det første er at arkiva må vere akkumulerte gjennom ein «naturleg prosess», og ikkje samla eller valt ut «on account of their believed value for aesthetic, historical or literary purposes by the more or less fallible judgement of an expert» (2003:197). Jenkinson følgjer her argumentasjonen til Muller, Feith og Fruin og skil skarpt mellom arkiv som er skapt som følgje av verksemda til ein arkivskapar, og samlingar som har blitt til gjennom innsamling av materiale av ulik proveniens for å dokumentere eit spesielt emne eller objekt. Dette har nær samanheng med Jenkinsons vilkår nummer to: arkiv blir ikkje skapt med tanke på ettertida, men for å dokumentere arkivskaparens verksemd. Ettetida brukar arkivet til heilt andre formål enn dei som førte til at det vart skapt.

Og i denne samanhengen blir forvaringa av arkivet viktig. Det tredje vilkåret, som er «all-important for Archives», handlar nettopp om ubrotne forvaring. For Jenkinson var dette eit hovudvilkår for at dokumentasjonen kunne framstå som upartisk og autentisk. Han grunngrir dette med at arkivskaparane ville ta vare på arkiva av grunnar som er heilt uavhengige av framtidige arkivbrukarars interesser. Arkivskaparane vil vere ukjende med desse interessene. Når dette vilkåret er til stades, kan vi trygt gå ut frå at «there can be no intention on the part of the document to mislead us» (ibid:198); dokument som er bevart på denne måten fortel sanninga om det som har hendt. Den ubrotne forvaringa skal sikre at arkivet vert overført til arkivdepot slik det vart skapt og bevart av arkivskaparen (eller ein ansvarleg etterfølgjar). Dette vil ta vare på dei eigenskapane ved arkiva «which give them a value possessed by no other form of written evidence» (ibid, Jenkinsons kursiv). På dette punktet skil Jenkinson seg frå Muller, Feith og Fruin. Den nederlandske manualen stiller ikkje noko slikt krav; tvert i mot drøfter fleire av reglane i kapittel 1 prosedyrar for korleis arkiv kan rekonstruerast som «heilskap» på grunnlag av delar som har blitt lausrivne frå sine opphavlege samanhengar (Muller et al 2003:38-43). For Jenkinson ville slike rekonstruerte arkiv mangle arkivkvalitet.

Det fjerde vilkåret er at arkivet hadde vore ein verkeleg del av administrasjonen. For å forstå eit arkiv rett er det nødvendig «to know something of the Office routine which lies behind it.[...] Knowledge of the History and Machinery of Administration is essential for the intelligent use of Archives» (ibid:198, 199). Det femte vilkåret er at dei gjensidige relasjonane mellom dokumenta må bevarast fordi dette er avgjerande for deira verdi; «documents intrinsically dull or unimportant may be of the greatest value as a essential part of the whole organism». Difor må «*the first approach to any accumulation of Archives be an investigation of them as a whole*» (Jenkinsons kursiv). Men slike gjensidige relasjonar gjeld også tilhøvet mellom fleire arkiv: «any Group of Archives, of any kind, Public or Private, must be regarded as potentially related to any other Group belonging to the same period» (ibid:199).

Jenkinsons arkivteori forstår arkiv som autentisk og upartisk dokumentasjon av arkivskaparens handlingar. Men for å ha denne kvaliteten, som ingen andre skriftlege kjelder kan ha, må arkivet bevarast i sin opphavlege tilstand og struktur i ei ubroten forvaring hos arkivskaparen og ansvarlege etterfølgjarar. Ein kunne heller ikkje gjere inngrep i arkivet etter at det mottatt av ein arkivinstitusjon. Jenkinson prinsipielle avvising av kassasjon som arkivfagleg metode, som vi skal kome tilbake til i eit seinare kapittel, er såleis ein logisk konsekvens av hans arkivteori.

Klassisk arkivistikk – ei oppsummering

Muller, Feith og Fruin var saman med Jenkinson sentrale aktørar i utforminga av den klassiske arkivistikken. Deira store fortjeneste var utviklinga av ein fagleg teori og metodikk som såg arkivet som ein heilskap, der både enkeltdokumenta og relasjonane mellom dokumenta har verdi som dokumentasjon. Theo Thomassen (1999a) har karakterisert den klassiske arkivistikken som eit eige arkivvitskapleg paradigme. Han grunngrir dette med at den fokuserte på eit nytt fagleg objekt, arkivet etter ein arkivskapar, og brukte ein ny metodikk, dvs proveniensprinsippet og prinsippet om den opphavlege orden. Formålet var å oppnå fysisk og intellektuell kontroll over dokumenta gjennom å ordne og beskrive arkiva i samsvar med desse prinsippa.

Hovudpunkta i den klassiske arkivistikken kan oppsummerast i desse punkta:

Eit arkiv omfattar den dokumentbestanden som veks fram hos ein arkivskapar som følgje av arkivskaparens verksemd. Dei enkelte arkivdokumenta blir mottatte eller skapte som ledd i arkivskaparens aktivitetar; dei dokumenterer transaksjonar, handlingar, vedtak o.l. og inngår som integrerte delar av ein større organisk heilskap, altså arkivet. Relasjonane mellom arkivdokumenta er uttrykk for dei funksjonelle samanhengane dei vart mottatte eller skapte i. Arkivets system og struktur er produkt av arkivskaparens arbeidsmåtar.

Synet på arkivet som ein integrert, organisk heilskap av enkeltdokument er grunnivinga for både proveniensprinsippet og prinsippet om den opphavlege orden. Arkivets verdi som informasjon eller dokumentasjon finst ikkje berre i dokumenta sjølve, men også i relasjonane mellom dei: tolkinga av innhaldet i eit brev vil ofte vere avhengig av kunnskap om samanhengen det vart til i, t.d. om det var svar på eit anna brev og kva dette brevet inneheldt. Bevaringa av arkivets ytre og indre samanhengar er samtidig viktig for arkivets integritet, fordi det gjer det mogleg å finne ut om dokumenta er autentiske eller om dokument har blitt borte frå arkivet.

Relasjonen mellom arkivet og arkivskaparen er grunnleggjande fordi det er arkivskaparens aktivitetar som genererer arkivdokumenta og relasjonane mellom dei. Arkivskaparar kan vere offentlege eller private verksemdar, organisasjonar eller enkeltpersonar. Den organiske karakteren til arkivet gav det ein særleg kvalitet som upartisk og autentisk dokumentasjon av arkivskaparens verksemd. Arkivarens rolle var, ifølgje Jenkinson, å bevare og beskrive arkivet slik det var mottatt etter ei ubrotten forvaring hos arkivskaparen og hans offisielle etterfølgjarar. Arkivaren skulle vere ein upartisk vaktar av arkiva:

His Creed, The Sanctity of Evidence; his Task, the Conservation of every scrap of Evidence attaching to the Documents committed to his charge; his Aim, to provide, without prejudice or afterthought, for all who wish to know the Means of Knowledge (Jenkinson 2003:258).

Den klassiske arkivistikken vart utvikla for å behandle arkiv der det fysiske, skriftlege dokumentet var grunnelementet. Relasjonane mellom dokumenta skulle ein ta vare på

gjennom å bevare og beskrive dei opphavlege fysiske strukturane. I praksis kunne dette vere problematisk, fordi arkiva som arkivinstitusjonane mottok ofte ikkje tilfredsstilte Jenkinsons krav til ubrotten forvaring. Arkiv kunne ha blitt splitta opp, oppbevart utan tilsyn eller brakt i uorden, slik at opphavlege system var øydelagt. ifølgje Jenkinson mangla slike arkiv arkivkvalitet; det ville vere brot mot dei faglege prinsippa å rekonstruere heilskapen i fragmenterte arkiv, og dette synet vart retningsgivande for praksisen i engelske arkiv gjennom heile 1900-talet (Prescott 2008a). I andre land, m.a. dei skandinaviske, var det vanleg at arkivarane prøvde å gjenskape opphavlege system når dette var mogleg, ofte med arkiv frå same type arkivskapar som mønster (Nilson 1973). Desse ulike praksisane speglar ulike syn på arkivas verdi. For Jenkinson var arkivets bevisfunksjon den viktigaste og denne eigenskapen som «impartial evidence of administration» var avhengig av «unbroken custody». Andre la større vekt på arkivas kulturelle verdi. Felles for dei ulike retningane innanfor klassisk arkivistikk var at arbeidsfeltet var avgrensa til avslutta historiske arkiv for å gjere desse tilgjengelege for forskning. Arkivistikken var ein historisk hjelpevitenskap og arkivarane var «handmaidens of historians» (Cook 2005b:170).

Amerikansk mellomspel

Den klassiske arkivistikken var europeisk. Den var prega av utfordringane i europeiske arkiv, der nasjonalarkiva i stor grad hadde blitt etablert som ledd i nasjonsbygginga på 1800-talet og måtte ta hand om ein arkivbestand som strekte seg tilbake til middelalderen. I USA vart nasjonalarkivet etablert så seint som i 1934 og fekk då ansvaret for eit enormt etterslep av relativt nytt uordna arkivmateriale. Dette fekk ifølgje Terry Cook

two principal results: the first was the emergence of the North American records management profession to help agencies cope with this paper avalanche; and the second was a fundamental reorientation of the archival profession in North America, and wherever its influential ideas were read and translated (Cook 1997:26)

Grunnleggjande i denne nyorienteringa var førestillinga om arkivets livssyklus, der arkivmaterialet gjennomlever tre fasar: først ein aktiv fase mens dokumenta er i bruk hos

arkivskaparen, deretter ein mellomfase der dokumenta er i sporadisk administrativ bruk, før dei tilslutt anten blir kasserte eller overførte til arkivdepot. Bakgrunnen for livssyklustenkinga var dels praktisk; arkivinstitusjonane var ikkje i stand til å bevare alle dei arkiva som vart skapt, det var nødvendig å velje ut delar av arkiva for bevaring og kassere resten. Men den vart også grunnlagt med ei ny forståing av arkivets verdi, formulert slik av Theodore Schellenberg:

The values that inhere in modern public records are of two kinds: primary values for the originating agency itself and secondary values for other agencies and private users. Public records are created to accomplish the purposes for which an agency has been created -- administrative, fiscal, legal, and operating. These uses are of course of first importance. But public records are preserved in an archival institution because they have values that will exist long after they cease to be of current use, and because their values will be for others than the current users (Schellenberg 1956).

Schellenbergs forståing av arkivets verdi og dei følgjane dette får for oppgåvene til arkivinstitusjonane og arkivarane, står i skarp motsetning til Jenkinsons syn. Arkiv skulle bevarast på grunn av andre verdiar enn «impartial evidence of administration» og arkivarane måtte difor velje ut dei delane av arkiva som hadde slike verdiar. Permanent bevaring vart reservert for dei arkivdelane som hadde «historisk verdi», materiale som berre hadde administrativ verdi skulle kasserast. Vi skal behandle Schellenbergs verditeori og bevaringsmetodikk meir utførlig i neste kapittel; i denne samanhengen er poenget at verditeorien hans var ein del av grunnlaget for ein eigen amerikansk arkivmetodologi som på nokre område tok andre vegar enn den europeiske arkivistikken.

Medan klassisk arkivistikk rekna alle dokument som var skapt som følgje av arkivskaparens aktivitetar som arkiv, avgrensa Schellenberg begrepet «archives» til å omfatte berre materiale med kulturell eller forskingsmessig verdi, som vart valt ut frå eit arkiv for å bli bevart for ettertida. Det opphavlege arkivet, slik det framstod hos arkivskaparen før bevaringsvurdering og kassasjon var gjennomført, vart definert som «records». Schellenberg introduserte også begrepet «record group» som ein kategori i arkivbeskrivinga. I motsetning til begrepet «enkeltarkiv» i klassisk arkivistikk, som er proveniensbasert og viser til arkivet

etter ein arkivskapar, vart ei «record group» avgrensa av både proveniens og mengde. Det omfatta difor ein meir eller mindre homogen del av eit større enkeltarkiv. Dette vart grunnlagt med behovet for å skape handterlege einingar for ordning og beskriving av arkiva (Cook 1997).

Ein annan konsekvens var også at arkivarane – til ein viss grad – måtte involvere seg i arkivdanningsprosessane i forvaltninga for å unngå at «too many records would be badly handled and even lost before archivists took custody of them» (Philip Brooks, sitert etter Cook 1997:26). Så tidleg som i 1941 initierte det amerikanske nasjonalarkivet eit eige «records administration»-program for å leggje til rette for at bevaringsverdige arkivdokument frå sentraladministrasjonen vart bevart og overført til depot (Atherton 1986:45). Ein konsekvens av dette var framveksten av ein eigen profesjon for «records managers», arkivfagleg personale som arbeidde med aktive arkiv i forvaltninga og som hadde spesialisert kompetanse på dette feltet.

Delar av den amerikanske tilnærminga har fått stor innverknad internasjonalt, særleg livssyklustenkinga og forståinga av behovet for å kassere delar av arkiva etter at ei arkivfagleg bevaringsvurdering er gjennomført. I dei fleste engelskspråklege land har også skiljet mellom «records» og «archives» blitt etablert, men ikkje tilfelle i land som manglar eigne begrep som tilsvarar «records», som t.d. Nederland og dei skandinaviske landa. Begrepet «record group» har derimot fått liten utbreiing utanfor USA, og har også blitt kritisert av amerikanske arkivarar for å tilsløre proveniensen til arkiva (Bearman 1989, Cook 1997).

I profesjonshistorisk samanheng kan Schellenberg og hans kollegaer seiast å representere ein overgang mellom klassisk arkivistikk og nyare arkivvitskap, som har vidareført og utvikla arkivfaget. Dette gjeld særleg opninga av faget mot arkivdanningsprosessen og erkjenninga av behovet for å kassere delar av arkiva. Men dagens arkivvitskap har andre teoretiske grunnvingingar og føreskriv andre metodar enn den amerikanske retninga gjorde, og det faglege perspektivet har blitt grunnleggjande endra. For Schellenberg og hans kollegaer var det faglege formålet, også for involveringa i arkivdanninga, å sikre bevaring av kulturell og forskingsmessig dokumentasjon. Arkivfaget vart framleis sett på som ein hjelpevitskap for historiefaget, ikkje som ein sjølvstendig vitskap.

Mot ein ny arkivvitskap

Den klassiske arkivistikken var praktisk orientert. Den nederlandske manualen er, som tittelen seier, ei vegleiing i ordning og beskriving av arkiv. Jenkinsons *Manual of Archives Administration* er langt på veg det same. Begge bøkene gir god og detaljert rettleiing for ein depotarkivarar som arbeider med eldre papirarkiv. Men den arkivforståinga som den klassiske arkivistikken bygde på, gav lite rom for teoretisk spekulasjon. Faglitteraturen gav svar på dei fleste prinsipielle, metodiske og praktiske spørsmål som kunne melde seg i samband med ordning og beskriving av papirbaserte arkiv. Dermed oppstod det som Eric Ketelaar har karakterisert som eit

paradox of professional quality. Their early professionalism constrained Dutch archivists to ask “what” and “how,” instead of “why.” It led them to focus on the procedures, methods, and technologies of archival work and to put matter over mind (Ketelaar 2000:234-35).

Fokuset på fysiske dokument og dei fysiske strukturane i arkivet førte også til at sentrale omgrep ofte kunne bli tolka som fysiske forhold eller objekt: Proveniens kunne bli oppfatta som det konkrete opphavet til eit arkiv i eit fysisk kontor, medan dokumentet vart betrakta som ein fysisk gjenstand. Dei funksjonelle og kontekstuelle relasjonane som låg bak dei fysiske strukturane og objekta vart ofte oversett, og analysen av arkivet som uttrykk for arkivskaparens samfunnsposisjon og verksemd vart ofte forsømd. Dette førte til at arkivistikken kunne bli redusert til normative prosedyrar, metodar og teknikkar i arbeidet med å ordne og katalogisere arkiv som fysiske gjenstandar.

På 1980-talet vart den klassiske arkivistikken utfordra på fleire frontar. Den eine utfordringa var den nye digitale teknologien. Framveksten av elektroniske system for informasjons- og dokumenthandtering kom til å rokke ved fleire av dei faglege grunnprinsippa i arkivistikken: Korleis skulle proveniensprinsippet forståast i ein digital samanheng? Kunne prinsippet om den opphavlege orden brukast på elektroniske arkiv? Korleis skulle ein forstå begrep som original, dokument og autentisitet?

Behovet for begrepsutvikling var openbart. Eit døme på dette er endringa i den norske arkivlovas dokumentdefinisjon. Då lova vart vedtatt i 1992 var dokument definert som «medium som lagrar informasjon for seinare lesing, lyding, framsyning eller overføring», ein definisjon som i realiteten var avleggs då lova trådde i kraft i 1999. Ivar Fønnes erkjente dette i 2000:

En slik oppfatning av begrepet dokument vil avvike radikalt fra vanlig bruk av dokumentbegrepet for eksempel i elektronisk sammenheng... I praktisk forvaltning av elektroniske dokumenter bygger man ... på at et medium (for eksempel en diskett) kan inneholde en rekke dokumenter, og at bevaring av dokumenter ikke kan oppnås ved å bevare mediet, men å overføre informasjonen til andre medier (Fønnes 2000:41-42).

Fønnes foreslår ein alternativ definisjon: «en logisk avgrenset informasjonsmengde som er lagret på et (hvilket som helst) medium», som er identisk med formuleringa som kom inn i arkivlova i 2002 og som først vart brukt i arkivinstruksen for Oslo kommune (Oslo byarkiv 1999). Eit anna eksempel er den tradisjonelle oppfatninga av arkivdokument som unika. «Is a record unique because there is only one written document?» spør Eric Ketelaar (1997), og svarar:

The uniqueness of a record is not caused by the unique character of the document or the information it contains. What makes archives intrinsically unique is their nature as the sediment of a specific and unique activity or transaction. Consequently we do not consider the record on its own, but the business process which created the document. This context gives each record its specific meaning. A double context: the transaction itself, but also the link between all the records created and received in the course of the transaction.

Desse døma representerer ei tilnærming der fokuset er flytta frå arkivet som objekt til handlingane som skaper arkivet. Den inneber ei abstrahering av klassiske arkivfaglege begrep og er karakteristiske for den nye arkivteoretiske utviklinga, som på fleire område bryt med klassisk arkivistikk. Etablerte arkivfaglege begrep vart utdjupa eller erstatta med nye, og nye teoretiske forståingar av arkivets karakter og funksjonar problematiserte oppfatningane av arkiv som nøytral dokumentasjon og av arkivarens upartiskheit. Det vart utvikla nye teoriar, nye metodar og teknikkar for arkivfaget, og sjølve arkivbegrepet vart gjenstand for debatt.

Ei viktig årsak til denne utviklinga var den nye digitale teknologien. Denne utfordra den etablerte forståinga av dei arkivfaglege grunnprinsippa, men dei mest akutte utfordringane var likevel av meir praktisk art: korleis skulle ein handtere den elektroniske dokumentasjonen? Arkivarane var vane med at arkivdokument var fysiske objekt, der brevhovud, tekst og underskrifter og ulike arkivreferansar var festa på papir. Dersom papiret var av god kvalitet, kunne det under gode oppbevaringsforhold ha ei levetid på mange hundre år. Og dersom arkiva var ordna og beskrivne etter proveniens og opphavleg orden, ville arkivkvaliteten haldast ved like.

Datateknologien endra alt dette. For det første vart det skapt nye informasjonsberarar – harddiskar, diskettar, magnetband, o.l. – som i eit arkivfagleg perspektiv har svært begrensa levetid. For det andre vart informasjonen skapt, lagra og henta fram att med hjelp av programvarer som viste seg å vere endå mindre stabile; nye system- og programversjonar førte til at dokumenta måtte konverterast med korte mellomrom. For det tredje var mange av dei kommersielt utvikla informasjonsbehandling- og kontorstøttesystema utan historisk arkivfunksjon; data vart overskrivne ved oppdateringar slik at informasjon om kva som var gjort og registrert tidlegare vart sletta.

Alle desse endringane fjerna dei tidlegare stabile banda mellom dokumentets innhald, struktur og kontekst på den eine sida og lagringsmediet på den andre. Dette såg i liten grad ut til å bekymre private og offentlege verksemder som tok i bruk den nye teknologien utan særleg tanke på at arkivdokumenta skulle ha kvalitetar som gav dei verdi som bevis eller autentisk historisk dokumentasjon. Dette kunne få skremmande følgjer, særleg at forretningstransaksjonar, saksbehandling og vedtak ikkje vart dokumenterte på nokon stabil og varig måte. Var det i det heile tatt mogleg å skape elektroniske arkiv med tilsvarende kvalitetar som papirarkiva? Og korleis kunne elektroniske arkiv bevarast for ettertida? Var det eit alternativ å skrive ut og bevare arkivinformasjonen på papir? Eller skulle ein bevare dei elektroniske arkiva slik dei var skapt, i den opphavlege program- og maskinvarene? Eller fanst det andre løysingar?

Over heile verda greip arkivarar tak i desse utfordringane. Mange – som det norske Riksarkivet – gjorde dette på pragmatisk vis:

Både fra forvaltningen og etaten selv ble det krevet at Arkivverket måtte settes i stand til å motta elektroniske arkiver fra forvaltningen på linje med tradisjonelt arkivmateriale. For å få det elektroniske arkivmaterialet tilrettelagt for avlevering og fortsatt bruk, måtte Arkivverket også i nødvendig grad innvirke på utformingen av forvaltningens edb-systemer

skriv Trond Sirevåg (2002:303) om situasjonen tidleg på 1980-talet. Målet var å utvikle metodar og teknikkar som kunne løyse dei akutte problema som den digitale teknologien hadde skapt, og ein la mindre vekt på eventuelle arkivteoretiske konsekvensar av dette.

Då det internasjonale arkivmiljøet på slutten av 1990-talet samla seg om ein hovudstrategi som innebar fastsetting av standardar for elektroniske arkivsystem, representerte dette eit grunnleggjande brot med den klassiske arkivistikkens syn på fagets formål. For Muller, Feith og Fruin og for Jenkinson handla arkivvitskapen om bevaring og beskriving av avslutta arkiv. Jenkinson hadde kategorisk slått fast at

[t]he Controller of Registry is not an Archivist and is not even tied by the Archivist's Rules. Though it is part of his work to preserve he is really creating; while the Archivist preserves only and is not in the least concerned with what Archives are made (1922:161).

Jenkinson oppfatta dette skiljet mellom arkivdanning og arkivbevaring som absolutt, fordi inngrep i arkivdanningsprosessen frå arkivaren ville øydeleggje arkivets kvalitet som upartisk og autentisk dokumentasjon. Den digitale utviklinga snudde dette på hovudet: Klare føringar for arkivdanninga vart ein føresetnad for at det kunne bli skapt pålitelege elektroniske arkiv som kunne bevarast som autentisk dokumentasjon for ettertida. Arkivarane kunne ikkje lenger arbeide med berre eldre og avslutta arkiv, dei måtte ta ansvar for arkiva også før dei vart skapt.

Eit digitalt arkivvitskapleg paradigme?

Fleire arkivvitarar har hevda at den faglege utviklinga dei siste tiåra av 1900-talet har ført til eit nytt arkivfagleg paradigme. Terry Cook argumenterer for dette i artikkelen *What is Past is*

Prologue (1997) og Theo Thomassen gjer det same i konferanseinnlegget *The Development of Archival Science and its European Dimension* (1999a), men forfattarane gir uttrykk for ulike oppfatningar av årsakene til og innhaldet i paradigmeskiftet. Vi skal kome tilbake til Cooks syn nedanfor. Theo Thomassens vidareutvikla sine oppfatningar i artikkelen *A First Introduction to Archival Science* (2001), som vart skriven som ein grunntekst for undervisninga ved den nederlandske arkivskolen og kan lesast som eit kollektivt produkt frå lærarstaben (Thomassen 2001:373).

Denne artikkelen representerer eit å svært få forsøk på ei systematisk og samanfattande framstilling av det nye paradigmet. Årsaka til paradigmeskiftet er ifølgje Thomassen den digitale teknologien, som har ført til at arkivarar treng nye begrep for å forstå, beskrive og kommunisere om arkiv i den digitale æraen. Paradigmet inneber samstundes eit nytt formål for arkivvitskapen, nemleg å etablere og vedlikehalde arkivkvalitet (ibid:382). Dette formålet er ein direkte konsekvens av den nye teknologien, fordi det berre er gjennom utvikling av faglege standardar for elektroniske arkiv at ein kan sikre at det blir skapt og bevart dokumentasjon med arkivkvalitet og som framstår som autentisk og påliteleg over tid. Dette er samtidig grunngevinga for at arkivarane må involvere seg i både arkivdanning og arkivbevaring. Thomassen arkivdefinisjon knyter an til dette formålet. Arkiv er prosessbunden informasjon (process-bound information), dvs. «information generated by coherent work processes and structured and recorded by these work processes in such a way that it can be retrieved from the context of those work processes» (ibid:374). Definisjonen understrekar at både arkivdokumenta og samanhengane mellom desse og arbeidsprosessane som skapte dei må dokumenterast som ein del av arkivet. I eit elektronisk arkivsystem må dette bli registrert og bevart som metadata, informasjon som fortel kva dokument som høyrer saman fordi dei dokumenterer den same arbeidsprosessen.

Thomassen reknar relasjonen mellom dei arkivskapande prosessane og arkivdokumenta som den grunnleggjande relasjonen i eit arkiv. Han hevdar at banda mellom dei prosessane som inngår i utøvinga av ein funksjon og arkivdokumenta som dokumenterer desse, er tettare og meir stabile enn banda mellom arkivskaparen og arkivet. «Records follow function»: utøvinga av arkivskaparens funksjonar er grunnleggjande for arkivdanninga og skaper ein logisk-funksjonell arkivstruktur. Dette kjem ikkje berre til uttrykk i elektroniske arkiv;

seriestrukturen i papirbaserte arkiv har også ofte opphav i utøvinga av ulike funksjonar. Når det er samsvar mellom den logisk-funksjonelle arkivstrukturen og den fysiske ordninga, er denne «a reflection, or a representation of the logical, functional relationships between the records of which these archives consist» (ibid:378).

Arkivstrukturane er uttrykk for den arkivskapande konteksten, og Thomassen skil mellom tre ulike kontekstar. For det første opererer han med ein grunnleggjande funksjonell kontekst, som er bestemt av formålet til ein organisasjon, dei oppgåvene som følger av dette formålet og dei aktivitetane som inngår i dei ulike oppgåvene. For det andre har arkivet ein organisatorisk kontekst, «the structure of the organisation, the actors and their interactions and the arrangement of the work processes that determine the manner in which their activities are performed» (ibid:378-379). Og for det tredje kan fysisk eller materiell kontekst spele ei rolle, t.d. når oppbevaringsforholda har påverka strukturen i papirbaserte arkiv. For Thomassen er kunnskap om desse arkivskapande kontekstane heilt nødvendig for å kunne forstå arkivdokumenta, og dei må difor dokumenterast saman med relasjonane mellom arbeidsprosessar og arkivdokument.

Arkivet er i utgangspunktet skapt for arkivskaparens administrative og operasjonelle formål, men kan samtidig ha viktige funksjonar som grunnlag for «accountability and evidence. Trustworthy records contain reliable evidence of decisions taken, rights acquired and commitments made» (ibid:374). Dette er arkivdokumentas primære funksjonar. Arkivets kulturhistoriske funksjonar, som kjelde for historisk forskning og kunnskap om fortida, vert i denne samanhengen sett på som sekundære.

Thomassens oppsummerer den nye arkivvitskapens objekt, formål og metodologi på denne måten:

Its object is process-bound information, which is to say: both the information itself and the processes that have generated and structured that information. Its aims are the establishment and maintenance of archival quality, that is to say: of the optimal visibility and durability of the records, the generating work processes and their mutual bond. Its methodology is the analysis, recording and maintenance of the links between the function of

the information recorded on the one hand and its form, structure and provenancial context on the other (ibid:382).

Thomassen brukar omgrepet prosessbunden informasjon for å tydeleggjere arkivdokumentas band til den arkivskapande arbeidsprosessen. Bevaring av informasjon om desse samanhengane er avgjerande for at arkivdokumenta skal ha verdi som bevis. Sjølv om uttrykket «prosessbunden informasjon» ikkje har vunne oppslutning internasjonalt, er innhaldet i begrepet identisk med omgrepet «records» i ISO 15489 (ISO 2001a).

Samanlikna med Jenkinson, som rekna arkivets ubrotne forvaring hos arkivskaparen som eit nødvendig vilkår for at arkivet kunne vere autentisk, inneber Thomassens tilnærming to grunnleggjande endringar: Vilkåret for autentisitet er ikkje knytta til forvaringa av arkivet, men til at arkivsystema inneheld ein integrert dokumentasjon av den arkivskapande konteksten som blir bevart saman med arkivdokumenta. For å oppnå dette må arkivarane gripe inn i arkivdanninga, stikk i strid med Jenkinsons føresetnader. Arkivvitskapen har dermed utvikla seg frå å vere «custodial» til å bli «post-custodial». Vektlegginga av funksjonell proveniens inneber også eit klart brot med klassisk arkivistikk. Sjølv om forfattarane av den nederlandske manualen erkjente at det fanst samanhengar med arkivskaparens funksjonar og arkivets struktur, var desse klart underordna hovudrelasjonen mellom arkivskaparen og arkivet. Thomassen stiller dette på hovudet med si påpeiking av at banda mellom funksjon og arkiv kan vere sterkare enn relasjonen arkivskapar – arkiv. Ein forløpar for den funksjonelle proveniensforståinga kan finnast i det australske seriesystemet, som vart utvikla av Peter Scott rundt 1960. Han argumenterer i artikkelen *The Record Group Concept: A Case for Abandonment* (Scott 1966) for at arkivserien – ein del av eit arkiv som skil seg frå andre arkivdelar på grunn av system eller innhald, og som ofte dokumenterer utøvinga av ein funksjon – bør vere det primære nivået i arkivordning og arkivbeskriving. Dette inneber at den opphavlege ordenen i seriane blir bevart og at beskrivinga av seriane blir kopla direkte til beskrivinga av den eller dei arkivskaparane som har ansvaret for serien, utan gå via arkivnivået slik den klassiske arkivistikken føreset. Scott grunnngir denne tilnærminga med sine observasjonar av korleis arkiva i den australske forvaltninga vart skapt. Desse var ikkje stabile einingar, men prega av at arkivdelar vart flytta mellom ulike forvaltningsorgan når ansvaret for ulike saksområde vart overført mellom dei.

Resultatet var at arkiv ofte vart fragmenterte, og det vart vanskeleg å ha fysisk og intellektuell kontroll over materialet.

Innanfor rammene av den klassiske arkivistikken vart slike endringar – også i norske arkivinstitusjonar – beskrivne som sekundære proveniensforhold. Ein arkivdel hadde sin primære proveniens hos den arkivskaparen for først hadde ansvaret for det arbeidsfeltet (eller funksjonen) som denne arkivdelen dokumenterte, som ein integrert del av denne arkivskaparens arkiv. Når ansvaret for funksjonen vart overført til eit anna forvaltningsorgan, fekk dei dokumenta som vart overført til det nye organets arkiv ein sekundær proveniens som ein integrert del av dette organets arkiv. Scotts løysing var enkel: ved å fjerne arkivnivået i beskrivinga kunne ein beskrive arkivserien som ei sjølvstendig eining og knyte den til nye arkivskaparar i tilfelle forvaltningsansvaret vart overført, og ein kunne dessutan halde serien samla over tid.

Vi skal sjå nærare på kva metodologiske konsekvensar ei funksjonell forståing av proveniens kan ha for arkivdanning og arkivbeskriving i seinare kapittel; her skal eg nøye meg med å konstatere at dette kan løyse vesentlege faglege problem i arkivbevaring og -beskriving. Dette kan gjelde arkiv som dokumenterer funksjonar som historisk har blitt flytta mellom ulike arkivskaparar, og som har blitt fragmentert fordi den er delt mellom fleire arkiv. Ei funksjonell tilnærming kan her innebere at arkivmateriale som dokumenterer ein og same funksjon blir bevart og beskrive samla, uavhengig av skiftande organisatorisk forankringar. Ei funksjonell tilnærming kan også løyse opp i problema med såkalla «multi-proveniens» eller «systemproveniens» for elektroniske arkiv som blir skapt i samhandling mellom fleire arkivskaparar. Ei erkjenning av at det er dokumentasjon av funksjonen som er formålet med slike arkiv, vil innebere at slike arkiv blir bevart og beskrive som ei eining med fleire (og kanskje skiftande) arkivskaparrelasjonar. Ein vi dermed kunne bevare dokumentasjonen samla og med utfyllande informasjon om den arkivskapande konteksten.

I Thomassens framstilling av det «nye paradigmet i arkivvitskapen» kan vi spore påverking frå amerikansk og australsk arkivtenking. Dette gjeld forståinga av funksjonell proveniens, men også vektlegginga av arkivets funksjon som bevis – «evidence» – og som grunnlag for kontroll

av arkivskaparane - «accountability». Denne tenkinga voks fram i fagmiljø som arbeidde med problemstillingar kring bevaring av elektroniske arkiv.

Transaksjonar, evidens og «records continuum»

Den amerikanske påverkinga er særleg knytt til David Bearman, ein pioner i arbeidet for å utvikle metodar for bevaring av elektroniske arkiv. Bearman (1994) definerer arkivdokument som transaksjonsbevis. Når eit arkivdokument er skapt som følgje av ein transaksjon, og er knytt til denne transaksjonen med dokumenterte og stabile metadata, har det ein særleg kvalitet («recordness») som gjer at det kan fungere som autentisk og påliteleg transaksjonsbevis i samtid og ettertid. For å halde ved like denne kvaliteten er det ikkje berre nødvendig å dokumentere korleis eit elektronisk arkiv vart skapt, men også kva som blir gjort med det i ettertid. Dette inneber at alle endringar som blir utført av arkivskarar eller depotinstitusjon; kassasjonar, konverteringar og migrering til nye format og datasystem eller andre operasjonar må dokumenterast med metadata i systemet. Arkivet har «no value in reconstructing evidence if we cannot demonstrate what records were present in the files at that time and which were missing at a specific later time» (ibid).

Bearman utvikla sin arkivteori i opposisjon til eit amerikansk arkivmiljø som var sterkt påverka av Schellenbergs idear, og som i stor grad hadde avgrensa sitt arbeid til å bevare arkiv som dei rekna med ville ha historisk og kulturell forskingsverdi. Dette utgangspunktet, saman med erfaringane med elektroniske arkiv, gjorde at Bearman og hans kollegaer fokuserte på arkivets funksjon som transaksjonsbevis. Bearman hevda at arkivarane måtte

justify their activity as ensuring evidence. The justification of archives as evidence required by people to establish their identities and fulfil their social obligations address fundamental human needs and rights. They locate archives not only as a means to these ends but as the only means. Evidence is the source of social and legal identity and significance (ibid).

Dette innebar at arkivaren si primære oppgåve måtte vere å sikre skaping og bevaring av «records», arkivdokument med evidenskvalitet. Andre typar dokumentasjon låg utanfor arkivarens domene.

Ifølgje Richard J. Cox, som samarbeidde med Bearman i eit større forskingsprosjekt om elektroniske arkiv ved University of Pittsburgh på 1990-talet, har den digitale utviklinga ført til «the rediscovery of records as evidence rather than information sources» (Cox 2001:6). Han tar på den eine sida eit oppgjær med amerikanske forvaltningsarkivarar som marknadsfører arbeidet sitt som informasjonsforvaltning og dermed har bidratt til at «some essential dimensions of the record and its purpose have been lost or confused in the maze of computer and hi-tech wizardry, and this leaves society and its institutions in a vulnerable position» (ibid:4). På den andre sida kritiserer han det etablerte amerikanske arkivmiljøet for å ha la lagt einsidig vekt på arkivet som historisk informasjonskjelde og oversett arkivets evidensfunksjonar. Han etterlyser difor nye strategiar som fokuserer på evidens, og ikkje på informasjon. Utfordringa frå dei elektroniske arkiva krev at både depot- og forvaltningsarkivarar finn tilbake til sine opphavlege roller, men den inneber også eit nytt oppdrag: å utvikle funksjonelle krav til arkivsystem som kan «ensure evidence» krev at arkivarane

shift their attention from looking through old closets for old files to becoming the experts on why records should be managed by any institution and for society. This focus also moves records managers away from running records warehouses to advocating throughout their institution (and society) why records need to be carefully managed... Archivists and records managers need to be experts in records and recordkeeping systems (ibid:34)

Sjølv om Bearmans og Cox' kritikk av den etablerte amerikanske arkivpraksisen er prinsipiell, er den også motivert av eit ønske om å «selje» arkivfaget. Den nye teknologien har skapt ein «virtual social sphere in which action takes place through communication and is represented as a communication», skriv Bearman (1994). Den nye virtuelle verda kan berre fungere om det blir skapt og bevart dokumentasjon som tilfredsstiller dei funksjonelle krava til arkiv:

The virtual society, and its virtual social institutions, require the virtual transactions that comprise them to be as "real" and provable as are the records of our current social environment. Archivists who realize the immense significance of the social role they will be assigned, and who articulate the goals, develop the strategies, employ the mechanisms and exploit the techniques of the communications based society of the twenty first century, will command a position of respect. If archivists do not assume this role, the transition to a communications based society will be quite painful. And some other profession will inherit responsibility for ensuring evidence.

For Bearman og Cox er hovudoppgøret for arkivarprofesjonen å sikre skapinga av bevis. Denne bevisfunksjonen kunne knytast til ulike formål, som dokumentasjon av rettar eller som grunnlag for «accountability», dvs kontroll av at aktivitetane til ein arkivskapar er i samsvar med interne og samfunnsmessige føresetnader som vedtak, lovverk o.l. Ein slik kontroll kan vere intern og utøvd av arkivskaparens eigne organ, men også samfunnsmessig og gjennomført som offentleg kontroll av private verksemdar eller offentleg innsyn i forvaltninga. Denne tilnærminga er også del av ein strategi for å styrke profesjonens posisjon i samfunnet. Dette kan også vere ein grunn til at Bearman og Cox legg mindre vekt på dei kulturhistoriske funksjonane til arkiva; det var kanskje lettare å selje ein profesjon som jobba med «evidence» og «accountability», spørsmål som hadde vore svært aktuelle i USA sidan Watergate-skandalen og Richard Nixons avgang som president i 1974. Vi kan difor forstå framveksten av denne retninga ikkje berre på bakgrunn av den digitale revolusjonen, men også som følge av endringar i arkivas funksjonar i det amerikanske samfunnet.

Oppfatninga av arkivet som evidens som eit middel for å oppnå «accountability», står sentralt i den australske «records continuum»-tenkinga. Denne tilnærminga inneber, som omgrepet «arkivkontinuitet» viser, også ei prinsipiell forkasting av Schellenbergs skilje mellom «records» og «archives». Den byggjer på

[a] concept of 'records' which is inclusive of records of continuing value (= archives), which stresses their uses for transactional, evidentiary and memory purposes, and which unifies approaches to archiving/recordkeeping whether records are kept for a split second or a millennium (Upward 1996).

I «records continuum»-tenkinga har arkivet ein hovudfunksjon som dokumentasjon av dei transaksjonane og aktivitetane som arkivskaparen er involvert i. Tidsaspektet for bruk av dokumentasjonen inneber ingen endringar når det gjeld karakteren til dokumenta; om formålet er samtidig kontroll eller historisk forskning vil arkivet uansett vere transaksjonsdokumentasjon:

Records are both current and historical from the moment of their creation. By definition they are 'frozen' in time, fixed in a documentary form and linked to their context of creation. They are thus time and space bound, perpetually connected to events in the past. Yet they are also disembedded, carried forward through time and space, and re-presented in the contexts of their use (McKemmish 1997).

Den australske retninga har fått ei omfattande teoretisk grunngeving i Frank Upwards «records continuum model», som freistar å sameine dei ulike dimensjonane og funksjonane til arkivdokumenta i ein overordna holistisk modell. Vi skal ikkje gå nærare inn på modellen her, men avgrense oss til det australske oppfatninga av grunnleggjande arkivfaglege prinsipp, slik dei er formulert av McKemmish og Upward (1994):

The new discourse has a new language, and is grounded in a new provenance theory. Structure no longer means only organisational structure; it can now mean the structures in which transactions are captured as records, including documentary forms and recordkeeping systems. Context no longer means only record creators; it can now mean the agents of transactions operating in the context of their functions and activities. Functions and activities are no longer defined simply in terms of organisational charts; jurisdictions, competencies and operational realities must be considered. The goal is accountability, as it should always have been, but at the front end this can take on a fierce political dimension, while at the historical end it relaxes into an attempt to get the story as straight as the archival documents can tell it.

Som hos Thomassen, blir proveniens knytt til arkivskaparens utøving av funksjonar. Denne tilnærminga står sentralt i australsk arkivdanningsmetodologi. Omsynet til ekstern og intern, samtidig og historisk «accountability» for ei verksemd, krev at alle transaksjonar blir fanga opp og bevart i arkivsystem som sikrar autentisitet, integritet og pålitelegheit. For å oppnå dette, må det gjennomførast ei funksjonsanalyse som identifiserer dokumentasjonsbehova

som følger av arkivskaparens funksjonar, aktivitetar og transaksjonar. Dette inneber at Jenkinsons krav til arkivarens passivitet må forkastast; arkivarane – eller «recordkeepers», det australske omgrepet som omfattar både forvaltnings- og depotarkivarar – må vere aktive i heile arkiveringsprosessen. Å sikre kvalitet i arkivdanninga blir eit hovudmål for arkivfaget. Konsekvensen av denne tilnærminga har vore at det australske arkivmiljøet har blitt verdslende i utviklinga av standardar for arkivdanning og -bevaring; den internasjonale ISO 15489-standarden for arkivdanning byggjer såleis i all hovudsak på den tilsvarande australske. Det som skil standardane frå kvarandre er at den australske dekkjer heile arkivkontinuiteten, både danning og bevaring, mens den internasjonale avgrensar seg til å behandle arkivdanninga.

Problematisering av arkivet

«[T]he concept of "archive" is today a site of wide-ranging and fierce contestation» hevdar den sørafrikanske arkivaren og arkivvitaren Verne Harris, og illustrerer dette med følgjande episode frå eit besøk David Bearman gjorde i det sørafrikanske Nasjonalarkivet i 1998:

«Bearman ... horrified us by responding to our painstakingly secured snapshot of a government-wide human resources management database with the words: "But it isn't a record. It shouldn't even be here"» (Harris 2007:28-29).

For Harris representerer Bearmans definisjon av arkiv som transaksjonsevidens ei innsnevring av både arkivomgrepet og arkivarbeidet som ekskluderer andre arkivuttrykk og arkiveringsformål, og dermed kan få skadelege konsekvensar. Harris opererer med eit anna og mykje breiare arkivomgrep som er inspirert av Jacques Derridas arkivforståing,

of recording, of archiving, as involving a trace (text, information) being consigned to a substrate, a place (and it can be a virtual place) of consignment. So that for Derrida the archive is a conjoining of trace and substrate – writing on paper, painting on rock, cut on skin, even a configuring of brain particles in the psychic apparatus. Does the latter mean that "archive" and "memory" are conflated? No. The need for exteriority (ultimately) separates "archive" from "memory" (Harris 2001).

Denne arkivforståinga inkluderer i prinsippet alle former for minne som har blitt skilt ut frå det personlege, individuelle minnet og overførte til ein annan «stad». Arkiv kan dermed vere skriftlege nedteikningar, fotografi og lydvestingar, men også kollektiv munnleg tradisjon. Harris erkjenner behovet for standardar som kan sikre at elektroniske arkiv framstår som uendra dokumentasjon over tid, men understrekar at dette berre er ei av mange arkivformer. I eit innlegg på ICA-kongressen i Sevilla i 2000 kritiserte han den evidensfokuserete retninga for å gjere sine definisjon av «recordness» allmenngyldig og gløyme at krava til evidens er avhengige av tid og stad. Dei fornektar dermed moglegheita for at menneske skaper og bevarer arkiv av andre grunnar enn å skape evidensdokumentasjon, og at andre kvalitetar, attributtar eller dynamikkar enn «evidens» kan ha like legitime krav på «record»-omgrepet

– for instance, remembering, forgetting, imagining, falsifying, constructing, translating, fictionalising, narrating. It strains against accommodating modes of understanding which embrace orality – ever shifting outside of a material trace – and other more or less informal forms of the trace as "record". It forgets that there are no hard boundaries between text and context, data and metadata, form and content, evidence and memory, "the event" and "the event's recording". It seeks to avoid the unavoidable – outside of pragmatic formulations, "context" has no beginning and no ending; "recording" has as much to do with forgetting and imagining as it does with remembering; "the event", no matter how well recorded, ultimately is irrecoverable; a "good" – reliable, valid, authentic and so on – record can tell a lie, a "poor" record a truth; and the absence of a "record" can tell as much as its presence. (Harris 2007:121-122)

Harris problematiserer her årsakene til at noko blir arkivert. Eric Ketelaar (2000:133) har introdusert begrepet arkivalisering – «archivalisation» – for å beskrive det medvitne eller umedvitne valet som blir gjort når ein vurderer om noko er verd å arkivere. Slike val vil ifølgje Ketelaar alltid vere påverka av sosiale og kulturelle faktorar. Arkivaliseringsbegrepet er inspirert av Derridas begrep «archivisation» – arkivisering – som viser til sjølve nedteikninga og overføringa av informasjon frå det subjektive medvitte til ein eigen informasjonsberar. ifølgje Ketelaar (2006:188) inneheld arkiveringsprosessen såleis tre ledd: *arkivaliseringa* (dvs valet om å nedteikne), *arkiviseringa* (sjølve nedteikninga av informasjonen), og *arkiveringa* (innlemminga av nedteikninga i arkivet). Arkiveringsprosessen kan difor ikkje forståast som ei objektiv handling, den er tvert om subjektiv og betinga av samfunnsmessige maktrelasjonar,

byråkratiske, juridiske, kulturelle og teknologiske vilkår og av arkivskaparens sosiale posisjon, behov og formål.

Verne Harris gir uttrykk for eit liknande syn når han peikar på at arkivdokumentet aldri talar for seg sjølv, men gjennom mange mellomledd: funksjonæren som skapte det, forvaltningsarkivaren som registrerte og arkiverte det, depotarkivaren som valde det ut for bevaring og gjorde det tilgjengeleg og forskaren som brukte det til å konstruere forteljingar om fortida.

Far from enjoying an exteriority in relation to the record, all these intermediaries participate in the complex processes through which the record feeds into social memory. The view that the record lies inert from its creation until it is used by researchers is patently not supportable. While researchers release energies – and generate new energies – through usage, the record is always already a space in which energies dance. And these energies are best understood not as the “natural” or “organic” ones favoured by Muller, Feith and Fruin – records are constructed, interpreted and mediated by numerous human interventions. They are, in short, cultured. They express culture, not nature (Harris 2004).

Arkivet er dessutan selektivt; det er berre ein ørliten del av dei opphavlege spora som vert bevart og gjort tilgjengelege for ettertida. For det første fordi spora etter ei hending aldri vil gi eit fullstendig bilete av det som skjedde; den vil vere tolka og beskrive av personar med verdiar og haldingar som vil ha påverka deira vitnesbyrd. Så

[e]ven if archivists in a particular country were to preserve every record generated throughout the land, they would still have only a sliver of a window into that country's experience. But of course in practice, this record universum is substantially reduced through deliberate and inadvertent destruction by records creators and managers, leaving a sliver of a sliver from which archivists select what they will preserve. And they do not preserve much. Moreover, no record, no matter how well protected and cared for by archivists, enjoys an unlimited life span. Preservation strategies can, at best, aim to save *versions of most* archival records. So archives offer researchers a sliver of a sliver of a sliver. If, as many archivists are wont to argue, the repositories of archives are the world's central memory institutions, then we are in deep, amnesic trouble. (Harris 2002:64-65)

Dette inneber at arkivarane må erkjenne at dei er samfunnsaktørar. Den nøytrale, tilbaketrente posisjon som vart føreskriven av Jenkinson er ikkje mogleg. Arkivarane må ifølgje Verne Harris ta stilling til det maktspelet dei uansett deltar i og som vil setje preg på arkivet:

the archive can never be a quiet retreat for professionals and scholars and craftspersons. It is a crucible of human experience, a battleground for meaning and significance, a babel of stories, a place and a space of complex and ever-shifting power-plays. Here one cannot keep one's hands clean. Any attempt to be impartial, to stand above the power-plays, constitutes a choice, whether conscious or not, to replicate if not to reinforce prevailing relations of power. In contrast, archivists who hear the calling of justice, who understand and work with the archival record as an enchanted sliver, will always be troubling the prevailing relations of power (ibid:85).

Denne rolleforståinga dannar også grunnlaget for Harris' syn på arkivetikk, som vi skal behandle nærare i kapittel 7. I denne samanhengen er hovudpoenget at også depotarkivaren er deltakar i arkivskapinga og gjennom bevaringsvurdering, arkivordning og -beskriving, tilgjengeleggjering og formidling påverkar dei arkivale narrativa. Fordi eit arkiv alltid vil vere partisk, eit uttrykk for arkivskaparens synsmåtar, vil ei «nøytral» ordning og beskriving vidareføre arkivskaparens verdsbilete.

Ei anna paradigmeforståing

Theo Thomassen er som nemnt ikkje den einaste som har forsøkt å gi ei framstilling av eit nytt paradigme i arkivvitskapen. Terry Cook gir ei anna framstilling av paradigmet; det handlar først og fremst om eit brot med det positivistiske grunnlaget for den klassiske arkivistikken. Dette brotet er nødvendig fordi dei tradisjonelle vitskaplege tilnærmingane ikkje lenger er haldbare, og denne situasjon samsvarer med vitskapsteoretikaren Thomas Kuhns beskriving av eit paradigmeskifte:

when answers to the research questions no longer explain sufficiently the phenomena being observed (in the archival case, recorded information and its creators) or when the practical methodologies based on the theory from such observation no longer work (as they certainly do not for many archival activities, and not only coping with electronic records) (Cook 2001a:5).

Cook avviser ikkje dei etablerte faglege kjerneprinsippa, men hevdar at dei må fyllast med nytt innhald dersom dei framleis skal gi mening. Årsaka til dette er først og fremst å finne i dei nye innsiktene som postmodernismen har tilført samfunnsfaga og humaniora.

Publiseringa av Jacques Derridas *Archive Fever*, som «addresses explicitly the archive and its significance in society», gjorde desse innsiktene særleg relevante for arkivfaget.

Paradigmeskiftet er såleis ikkje ein konsekvens av den digitale revolusjonen, sjølv om også denne har påverka arkivvitskapen. Cook meiner at dei nye innsiktene gjeld både analoge og digitale arkiv:

[T]he more radical questions now being asked about “the archive” under the stimulus of electronic records and virtual environments [are] equally applicable to the entire tradition of Western writing and record-making: the instability of text and of text-author relations, or the ghostly shadow of the trace of past activity, is perhaps more apparent with electronic media, but in fact has been a persistent reality since language and writing came into use (ibid:6).

Den postmoderne tilnærminga dreier seg difor om å sjå bak teksten og forstå den arkivskapande konteksten fullt ut. Arkivdokumenta er ikkje nøytrale produkt av arkivskaparens verksemd, men bevisst konstruerte produkt. Denne bevisstheita kan vere «underbevisst», dvs. at den kan ha blitt «transformed into semi- or even unconscious patterns of social behaviour, organization process, and information presentation». Teksten, innhaldet i arkivdokumenta, må forståast som ei form for narrativ som er meir innretta på «building consistency and harmony for the author, enhancing position and ego, conforming to organization norms and rhetorical discourse patterns, than they are evidence of acts and facts, or juridical or legal frameworks» (ibid:7).

Dette inneber ifølgje Cook at arkivarar må stille spørsmål ved fleire av profesjonens grunnleggjande førestillingar: at arkivarens rolle er å vere ein nøytral og upartisk forvararar

av arkiv som er eit uskuldig og nøytralt biprodukt av administrasjonen, at proveniens handlar om det fysiske opphavet til eit arkiv, eller at den opphavlege ordninga av eit arkiv er verdinøytral. Svara på desse spørsmåla inneber to grunnleggjande endringar i det arkivale tenkjemåtane.

Den første endringa dreier seg om arkivinstitusjonanes formål. Slike institusjonar vart først oppretta av staten, som ein integrert del av statsapparatet, for å bevare statens arkiv. Dette prega også den arkivvitskapen, som «not surprisingly found its early legitimization in statist theories and models and from the study of the character and properties of older state records». Ved inngangen til det 21. hundreåret har institusjonane har fått ei utvida samfunnsrolle. Dei kan ikkje lenger avgrense verksemda til å bevare statens arkiv; «[s]imply stated, it is no longer acceptable to limit the definition of society's memory solely to the documentary residue left over (or chosen) by powerful record creators» (ibid:18). Oppgåva til arkiva må tvert i mot vere å bevare dokumentasjon av «governance», dvs den samfunnsmessige samhandlinga mellom stat, kommunar og private aktørar. Denne oppgåva omfattar også å «bringe arkiva ut til folket», dvs eit aktiv formidlingsarbeid:

Archives are not a private playground where professional staff can indulge their interest in history or their personal interaction with historians and other scholars or, equally, their inclinations to be part of the public policy and information infrastructures of their jurisdictions; archives are a sacred public trust of preserving society's memories that must be widely shared (ibid:19).

Den andre grunnleggjande endringa handlar om korleis arkivarane bevarer arkiv som autentisk og påliteleg dokumentasjon. Tidlegare vart dette gjort ved å bevare arkiva i sine opphavlege (eller rekonstruerte) strukturar, men no har fokuset «switched from preservation of evidence to its creation and appraisal». Føresetnaden for bevaring er at arkivdokumenta blir skapt «according to acceptable standards for evidence, and, going further, to ensure that all important acts and ideas are adequately documented by such reliable evidence, rather than wait, passively, for a natural residue to emerge» (ibid). Dersom pålitelege arkiv i det heile tatt skal kunne bevarast, må arkivarane aktivt intervernere i arkivdanningsprosessen, men slik intervensjon vil ikkje berre få konsekvensar for arkivet. Den vil også

affect organizational behaviour, work cultures, record-keeping policies, and system design strategies, and will actively choose (i.e., appraise) which functions, processes, and tasks are significant and thus which related records are worthy of being preserved indefinitely as society's archives – all this done preferably even before the record is actually created (ibid:20).

Den arkivale intervensjonen er såleis på ingen måte verdinøytral. Den må byggje på ein metodologi som gjer det mogleg å etterprøve dei vala som er gjort. Dette krev ei ny, funksjonell tilnærming for arkivvitskapen; Cook hevdar at funksjonsanalyse difor må vere ein grunnleggjande metode både for arkivdanning, bevaringsvurdering og arkivbeskriving, og foreslår åtte omformuleringar av grunnleggjande faglege begrep (ibid:21-22):

For det første må proveniensprinsippet omformulerast; proveniens kan ikkje berre forståast som uttrykk for fysiske relasjonar mellom arkivskapar og arkiv, men heller som eit virtuelt uttrykk for dei funksjonane og aktivitetane som førte til at arkivet vart skapt: «Provenance, in short, is linked to function and activity rather than structure and place». Prinsippet om den opphavlege orden må endrast tilsvarende; bevaring av opphavlege fysiske strukturar gir inga meining i eit elektronisk arkiv, arkivets orden «reflect multiple uses in work processes rather than physical arrangement of recorded objects».

Arkivdokumentet kan likeeins ikkje lenger forståast som innhald, struktur og kontekst som er festa til ein fysisk informasjonsberar. Det blir eit «conceptual data “object,” controlled by metadata, that virtually combines content, context, and structure to provide evidence of some creator activity or function». Men arkivdokumentets kontekst er ikkje eintydig:

as a record's context and uses change over time (including archival uses), the metadata changes, and the record and its context is continually being renewed. Records are no longer fixed, but dynamic. The record is no longer a passive object, a “record” of evidence, but an active agent playing an on-going role in lives of individuals, organizations, and society.

Eit arkiv kan heller ikkje lenger forståast som eit statisk fysisk uttrykk for verksemda til ein arkivskapar. Det vil i staden bli skapt som følge av samhandlinga mellom ein eller fleire

aktørar i utøvinga av funksjonar og aktivitetar. Følgjeleg må ordning og beskriving av arkiva flytte fokus frå fysiske einingar og strukturar, til å utvikle «contextual understandings of the multiple interrelationships and uses of the records creation milieu, as well as incorporating related system documentation and functional metadata from the records' creator into archival descriptive tools».

Det sjette punktet handlar om bevaringsvurdering; bevaring og kassasjon ikkje lenger kan avgjerast ut frå ei vurdering av arkivdokumentets potensielle forskingsverdi. Vurderinga må i staden byggje på «a macroappraisal analysis of the creator's societal functions, programmes, and activities, and citizen interaction with them». Dei arkivdelane som speglar desse funksjonane best skal bevarast, saman med «private-sector or oral and visual sources to complement official institutional records» som skal samlast inn eller skapast med det same funksjonelle utgangspunktet. Cook understrekar at det må vere eit like viktig mål å bevare dokumentasjon av marginaliserte som mektige i samfunnet. Bevaring vil i mindre grad handle om fysisk konservering og sikring av fysiske dokument (sjølv om denne aktiviteten vil halde fram), men meir om migrering av data og metadata til nye elektroniske systemplattformer. Endeleg må arkivinstitusjonane endre seg frå å vere fysiske oppbevaringsstader for arkiv som brukarane må oppsøkje, til å bli «virtual “archives without walls,” existing on the Internet to facilitate access by the public to thousands of interlinked record-keeping systems».

Cook oppsummerer desse endringane som ei teoretisk og praktisk vending i arkivvitskapen der vekta blir flytta frå arkivdokumentet til funksjonane, prosessane og handlingane som skaper og formar arkivet. Dette inneber også at arkivaren blir ein aktiv formidlar som påverkar kollektive minne gjennom arkiva.

Eit nytt arkivfagleg paradigme?

Den arkivteoretiske utviklinga sidan 1980 har vore formidabel. På den eine sida har ein teori som i utgangspunktet berre behandla beskrivinga av avslutta arkiv, blitt utvida til også å omfatte arkivdanninga: kva faglege prinsipp må leggjast til grunn for utforminga av standardar og system som kan sikre at elektroniske arkiv kan skapast og bevarast som

autentisk dokumentasjon, som «evidence of transactions» og grunnlag for «accountability». Denne utviklinga, som vart tvungen fram av den digitale revolusjonen, har utvida arkivteorien til å omfatte heile arkivkontinuiteten og endra arkivvitskapen frå å vere ein historisk hjelpevitskap til å bli ein sjølvstendig vitskapleg disiplin.

På den andre sida har teorien blitt utvida i djupna. Mens klassisk arkivteori behandla relasjonane mellom arkivskapar og arkiv, har ny teori utvida perspektivet til å omfatte dei ulike samfunnsmessige føresetnadene for arkivskapinga: korleis og kvifor ulike samfunn og sosiale grupper skaper, bevarer og brukar arkiv, korleis arkiva vert påverka av maktforhold som kan føre til privilegeringar og marginaliseringar av sosiale minne og korleis arkiva igjen påverkar samfunnet. Desse teoriane behandlar også heile arkivkontinuiteten, inkludert den teoretiske utviklinga rundt elektroniske arkiv som må forståast som eit uttrykk for samfunnsmessige og teknologiske føresetnader ved inngangen til det 21. hundreåret.

Thomassens og Cook gir to svært ulike framstillingar av innhaldet i og årsakene til det arkivfaglege «paradigmeskiftet». Artiklane er samtidige, begge vart publisert i 2001-årgangen av tidsskriftet *Archival Science*, og kan – med ein viss fare for å forenkla – representere to hovuddiskursar i dagens arkivvitskap. Den eine diskursen – som Thomassen, Bearman og «records continuum»-retninga kan stå som representantar for – er mest opptatt av arkivet som system. Den andre diskursen – her representert ved Cook og Harris – er meir opptatt av å forstå arkiv som samfunnsfenomen.

Denne konstruksjonen av to hovuddiskursar er ei forenkling. Det er ikkje skarpe grenser mellom dei; enkeltpersonar kan kjenne seg heime i begge, og vi kan finne aktørar som hevdar å vere inspirert av så vel «postmoderne» som andre teoriar i begge. Det som likevel forsvarer ei inndeling i to diskursar er dei ulike forståingane av dei overordna rammene for arkivvitskapen, av kva arkiv er og kva som er arkivarane og arkivinstitusjonane sine oppgåver.

Trass i ulikskapane, må det kunne seiast at begge diskursane er uttrykk for ei samfunnsmessig vending i arkivfaget. Denne vendinga har fleire uttrykk. For det første har den generelle samfunnsutviklinga i ei rekkje land styrka arkivas funksjonar som grunnlag for innsyn, demokratisk kontroll og rettsdokumentasjon for den enkelte. Dette er openbart ein

del av bakgrunnen for vektlegginga av arkivets funksjon grunnlag for «accountability».

Samtidig er det ei kjensgjerning at den digitale revolusjonen ikkje berre har ført med seg vanskeleg handterbare elektroniske arkiv; den har også skapt nye kommunikasjonskanalar. Internett er ein global arena der arkiv kan gjerast tilgjengelege for nye brukargrupper. Dette har bidratt til å opne arkiva for nye menneske og nye bruksmåtar, og har ført til ei større vektlegging av publikumsrelasjonar både i forvaltninga og arkivinstitusjonane. Denne utviklinga er openbart ein del av bakgrunnen for at oppgåver som formidling og tilrettelegging for nye brukargrupper har fått større plass i den arkivfaglege praksisen – sjølv om teoriutviklinga på dette feltet førebels har vore sparsam. Eit tredje forhold som har bidratt til den samfunnsmessige vendinga er den påverkinga som postmoderne tenkjarar har hatt på samfunnsdebatten, særleg når det gjeld kritikken av dei dominerande metanarrativa og insisteringa på å synleggjere det marginaliserte og usynleggjorde. St.meld. 22 (1999-2000) om arkiv, bibliotek og museum var prega av dette tankegodset; det same var tilfelle med fleire av dei tiltaka som vart sett i verk av ABM-utvikling i det første tiåret etter tusenårsskiftet. Dei initiativa som fleire arkivinstitusjonar nasjonalt og internasjonalt har sett i verk for å samle inn dokumentasjon av marginaliserte sosiale grupper kan også forståast som eit resultat av denne påverkinga (Flinn 2008; Prescott 2008).

På tvers av diskursane i den nye arkivvitskapen synest det å vere semje om nokre viktige faglege prinsipp. Dette gjeld forståinga av at arkivvitskapen må omfatte heile arkivkontinuiteten, dvs. både danning, bevaring og bruk av arkiva, behovet for standardar for elektroniske arkiv, og ei ny, funksjonell forståing av arkivproveniensen. Denne semja er vesentleg, fordi den kan signalisere ein framtidig konsensus om nokre faglege hovudprinsipp som kan etablere eit nytt arkivfagleg paradigme. Den faglege utviklinga dei siste tretti åra, usemjene som har oppstått og dei mange debattane om faglege prinsipp, er likevel klare teikn på at arkivvitskapen er inne i eit paradigmeskifte.

3 Arkiv og samfunnsminne

In the year Ten Million, according to Koradubian, there would be a tremendous housecleaning. All records relating to the period between the death of Christ and the year One Million A.D. would be hauled to the dumps and burned. This would be done, said Koradubian, because museums and archives would be crowding the living right off the earth. The million-year period to which the burned junk related would be summed up in the history books in one sentence, according to Koradubian: *Following the death of Jesus Christ, there was a period of readjustment that lasted for approximately one million years,*

skriv den amerikanske forfatteren Kurt Vonnegut i science fiction-romanen *The Sirens of Titan*. Koradubian er ein sjølvopnemnd profet med ei heller marginal rolle i forteljinga, men spådommen hans illustrerer eit viktig poeng: kunnskap om fortida er avhengig av tilgangen til pålitelege kjelder.

Fortida eksisterer ikkje. Den har forsvunne bak tidshorisonen og vi kan aldri vende tilbake. Den kan berre rekonstruerast som historie med utgangspunkt i personlege minne eller overleverte kjelder. Dei personlege minna omfattar berre våre eigne opplevingar; for å få kunnskap om ting som har hendt der vi ikkje var til stades, eller hendingar før vår tid, er vi avhengige av andre kjelder. Desse eksisterer i ulike former, slik som munnlege tradisjonsoverleveringar, fotografi, arkivdokument, litteratur, lydfestingar, gjenstandar, minnesmerke, bygningar, visuell kunst, musikk, osb.; alt dette som vi gjerne omtalar som kulturarv. Og blant desse kulturarvsformene har arkiv fått ein spesiell status, fordi arkivdokument som er bevarte og beskrivne i samsvar med arkivfagleg teori og metodologi har ein særleg kvalitet som autentisk dokumentasjon.

Arkivet er eit selektivt minne. Dei arkivdokumenta som er bevarte og tilgjengelege for oss i dag representerer berre ein ørliten del av alle dei arkiva som ein gong vart skapt. Dei fleste av våre formødrer og forfedrar fekk sine spor viska ut før dei rakk å bli historiske. Arkiv har gått tapt av mange årsaker; fordi ingen tok vare på dei då arkivskaparen var borte, på grunn av brann, oversvømmelse eller medvitne øydeleggingar utførte av menneske som ville slette eigne eller andre sine spor. Men arkiv har også blitt øydelagt av arkivarar, som etter meir eller mindre grunngitte bevaringsvurderingar har bestemt at nokre arkivdokument er utan historisk verdi og skal kasserast.

Øydelegging av arkiv har konsekvensar. Som arkivar har eg mange gonger opplevd at menneske har tatt kontakt for å få tak i arkivmateriale som ikkje lenger eksisterer. Nokre gonger har det handla om viktig personleg dokumentasjon, t.d. utredningar frå den pedagogisk-psykologiske tenesta i kommunane. Desse vart i si tid laga for å tilpasse spesialundervisning for enkeltelevar, og nokre av desse elevane har i ettertid bede om innsyn for å bruke dokumentasjonen som grunnlag for krav om erstatning for mangelfull opplæring. Men mykje av denne dokumentasjonen har blitt kassert – på grunn av Datatilsynet.

Årsaka til dette er følgjande: Etter at personregisterlova av 1978 trådde i kraft, vart Datatilsynet oppretta som kontrollorgan for personvernet. Ei av oppgåvene til det nye tilsynet var å føre kontroll med arkivering av sensitive personopplysningar, og i juni 1982 vart det gitt særskilte konsesjonar for oppretting av personregister i kommunale verksemdar som barnehagar, barnevern, grunnskole og sosialkontor. Eit av vilkåra for å opprette slike register, t.d. klient- eller elevmapper, var at sensitive opplysningar skulle slettast når verksemda ikkje lenger hadde bruk for dei. I praksis varierte desse slettingsfristane mellom nokre månader og ti år. Datatilsynets konsesjonar for personregister vart sendt ut til kommunane i løpet av 1982 og fleire stader vart dei følgd opp med at elev- og klientmapper vart makulerte.

Slettingspåboda i konsesjonane stod i skarp motsetning til regelverket i Riksarkivarens kassasjonsreglar for kommunane, som – ironisk nok – vart fastsett tre månader seinare, i september 1982. Her vart det gitt andre reglar, t.d. skulle elevmapper i skolen og PP-tenesta bevarast i minst 25 år. Desse motstridande regelverka førte til ein langvarig kompetansestrid mellom Riksarkivaren og Datatilsynet. Nokre av stridsspørsmåla vart løyst med at

Datatilsynet utarbeidde nye konsesjonar der slettingspåbodet var erstatta med formuleringa «overføring til godkjent arkiv regnes som jevngodt med makulering». For mange elevar og klientar var likevel skaden skjedd. Striden mellom Riksarkivaren og Datatilsynet slutta ikkje med dette. Den varte ved inn i det nye tusenåret, og handla djupast sett om motstridande syn på funksjonen til personopplysningar i arkiva. Mens sjølve eksistensen av slike opplysningar for Datatilsynet representerte ein fare for misbruk og difor eit trugsmål mot personvernet, såg Riksarkivaren dette som dokumentasjon med potensielle historiske og rettslege funksjonar: Bevaring av personopplysningar kan vere viktig for forskinga, men dei har også verdi for enkeltmenneske som har vore utsett for overgrep og for å kunne stille makthavarar til ansvar for sine handlingar (Engen 2002).

Bevaring og kassasjon som praksis og teori

Den norske arkivlova er ei lov om arkivbevaring. Dei kriteria som skal styre arkivbevaringa er gitt i formålparagrafen, som slår fast at formålet med lova er å «tryggja arkiv som har monaleg kulturelt eller forskingsmessig verdi eller som inneheld rettsleg eller viktig forvaltningsmessig dokumentasjon, slik at desse kan verta tekne vare på og gjorde tilgjengelege for ettertida». For å tene dette formålet etablerer lova eit system der offentlege organ blir pålagt arkivplikt og Riksarkivaren blir gitt bestemte fullmakter som skal sikre at desse arkiva blir bevart. Hovudregelen i lova er at offentlege arkiv skal bevarast dersom ikkje Riksarkivaren har gitt løyve til kassasjon. Systemet i arkivlova har likevel ein vesentleg mangel: verkemidla gjeld berre for offentlege arkiv. Riksarkivaren er ikkje gitt reelle fullmakter når det gjeld bevaring av private arkiv.

Denne avgrensinga gjeld også i stor grad for internasjonal bevaringsteori. Sjølv om bevaring eller kassasjon er aktuelt for alle arkiv, har den systematiske tilnærminga til spørsmålet som oftast vore knytt til offentlege arkiv. Dette har samanheng med at det var offentlege arkivinstitusjonar – hovudsakleg på nasjonalt nivå – som vart konfrontert med eit raskt aukande arkivvolum på grunn av den sterke veksten i offentleg administrasjon på 1900-talet.

Denne gjorde det nødvendig å kassere arkiv, og arkivarane vart stilt overfor utfordringa om korleis dette skulle skje og kva kriterier som skulle bestemme kva som var bevaringsverdig. Implisitt i denne utfordringa låg spørsmålet om bevaringsverdi: kva eigenskapar ved arkivdokumenta er det som gjer nokre dokument bevaringsverdige og andre ikkje?

Kassasjon av arkiv var ikkje noko nytt i seg sjølv, men det hadde tradisjonelt vore rekna som ei sak for dei arkivskapande administrasjonane. I norsk statsforvaltning vart kassasjon bestemt ved departementale vedtak til langt inn på 1900-talet. Ein teoretikar som Hilary Jenkinson meinte prinsipielt at spørsmålet låg utanfor arkivarens domene, fordi eit kvart inngrep frå arkivarens side ville undergrave arkivets kvalitet som upartisk dokumentasjon av arkivskaparens verksemd. Dei bevaringsvurderingane som måtte gjerast ville dessutan bryte grunnleggjande med arkivarens rolle som upartisk vaktar av arkiva. Eventuell kassasjon måtte difor gjennomførast av arkivskaparen sjølv, basert på arkivskaparens eigen vurdering av arkivdokumentas verdi.

Klassisk arkivistikk behandlar ikkje arkivets bevaringsverdi. Dei klassiske tekstane fokuserer som vi har sett på arkivets organiske karakter og behovet for å beskrive og bevare arkiv i samsvar med proveniensprinsippet og prinsippet om den opphavlege orden. Formålet er å vedlikehalde arkivets verdi som autentisk dokumentasjon, ikkje å vurdere den innbyrdes verdien til dei ulike arkivdokumenta. Ei systematisk tilnærming til bevaring og kassasjon føresette difor utvikling av ny teori og metodologi.

I motsetning til Jenkinson argumenterte som vi har sett Theodore Schellenberg for at bevaringsformålet for arkiva måtte vere den potensielle forskingsbruken av materialet, og at det var arkivarane som måtte velje ut kva som skulle bevarast. Han utvikla ein teori om at arkiv kan ha to typar verdiar: Primærverdi for den arkivskapande verksemda sjølv og sekundærverdi for andre brukarar. Bevaring av arkivdokument måtte grunnjevast med at dei hadde sekundærverdi; anten som dokumentasjon av arkivskaparens organisasjon, formål, oppgåver og funksjonar eller som informasjon om personar, ting eller fenomen i samfunnet (Schellenberg 1956).

Mens Schellenberg definerte bevaringsverdi med utgangspunkt i innhaldet i dokumenta, argumenterte den tyske arkivaren Hans Booms eit par tiår seinare for ei anna tilnærming til verdispørsmålet. Han hevda at bevaringsverdi ikkje kunne vere noko som var ibuande i arkivdokumenta sjølve, fordi tolkinga av eit dokument ville kunne variere i tid og rom. Bevaringsverdien kunne difor berre finnast i den konteksten arkivet vart skapt i. Bevaring måtte grunngjevast med at arkiva dokumenterte forhold som var viktige for samfunnet då arkiva vart skapt. For Booms var det altså ikkje potensielle framtidige forskingsinteresser som skulle avgjere bevaring, men omsynet til ein breiast mogleg samfunnsdokumentasjon (Booms 1991).

Ei liknande tilnærming ligg til grunn for den funksjonsbaserte bevaringsmetodikken som vart utvikla i Canada rundt 1990, og som seinare har blitt tatt i bruk i ei rekkje andre land. Bevaringsverdien til offentlege arkiv blir her gjort avhengig av den relative verdien til dei samfunnsmessige og institusjonelle funksjonane som arkiva dokumenterer: Ein offentleg arkivskapar vil vanlegvis ha fått tildelt visse lovbestemte funksjonar av samfunnet, men kan også ha utvikla andre funksjonar som samfunnet indirekte har akseptert. I begge tilfelle vil desse funksjonane vere uttrykk for sosiale verdiar, trendar, behov og ønskje, dvs. for tenester, aktivitetar og andre ting som samfunnet verdset. Dette gjeld også internt i dei arkivskapande einingane, der ulike administrative strukturar blir gitt ansvar for å gjennomføre ulike interne funksjonar og oppgåver (Library and Archives Canada 2001).

Kvifor skal vi bevare arkiv? Svaret på dette spørsmålet vil vere avgjerande for tilnærminga til verdispørsmålet og til dei metodane vi nyttar for å velje ut arkiv for bevaring. Jenkinson, Schellenberg og Booms (saman med kanadisk funksjonsbasert bevaringstenking) representerer tre hovudtilnærmingar som gir tre ulike svar: For Jenkinson var bevaring av autentisk dokumentasjonen av arkivskaparens verksemd det viktigaste formålet, Schellenberg såg den forskingsmessige verdien som avgjerande, medan Booms og den kanadiske modellen la hovudvekta på å bevare ein brei og allsidig samfunnsdokumentasjon.

Arkivet som forskingskjelde

Schellenberg bygde sin verditeori på arkivets bruksverdiar. Han meinte at moderne offentlege arkiv har to typar verdiar. Den administrative bruken av arkiva er den primær fordi offentlege arkiv nettopp vert skapt for å mogleggjere arkivskaparane sine formål og oppgåver. Bevaring av arkiv i depotinstitusjonar må derimot grunngjevast med at arkiva har ein sekundær verdi for andre bruksformål enn dei opphavlege. Schellenberg skilde vidare mellom to sekundærverdiar, «evidential value» og «informational value». «Evidential value» var den dokumentasjonen dei inneheld om organisasjonen og arbeidsmåten til offentlege organet som skapte arkivet, og «informational value» omfatta informasjonen om «persons, corporate bodies, things, problems, conditions, and the like» som det arkivskapande organet samhandla med (Schellenberg 1956).

Schellenbergs «evidential value», ofte omsett til norsk som dokumentasjonsverdi, er knytt til av arkiva som kjelde til kunnskap om arkivskaparens formål, funksjonar, oppgåver eller organisasjon. Dette omgrepet har ofte blitt forveksla med Jenkinsons understreking av behovet for å bevare arkiv som autentisk dokumentasjon – «evidence» – av arkivskaparens aktivitetar. Schellenberg understrekar sjølv at hans omgrep ikkje viser til den verdien arkiv kan ha

because of any special quality or merit they have as documentary evidence. I do not refer, in the sense of the English archivist Sir Hilary Jenkinson, to the sanctity of the evidence in archives that is derived from "unbroken custody"... The quality of the evidence *per se* is thus not the issue here, but the character of the matter evidenced (Schellenberg 1956).

Arkivets «informational value», eller informasjonsverdi, er knytt til den informasjonen eit arkiv måtte innehalde om forhold utanfor arkivskaparen om «persons, or things, or phenomena». «Persons» omfattar i denne samanhengen både enkeltindivid og korporative einingar, «things» omfattar stader, bygningar, fysiske objekt og andre materielle ting, mens «phenomena» dreier seg om det som skjer med personar og ting: tilhøve, problem, aktivitetar, hendingar, episodar o.l. Schellenberg understrekar at dokumentasjons- og

informasjonsverdiane ikkje utelukkar kvarandre; eit dokument kan såleis ha både dokumentasjons- og informasjonsverdi.

Formålet med å bevare arkiv er å halde tilgjengeleg historiske kjelder. Bevaring av arkiv med dokumentasjonsverdi er dels grunnlagt med å gi historikaren tilgang til kunnskap om korleis offentlege organ har vore organisert og har utført sine oppgåver, dels å tilfredsstille forvaltningas behov for «a storehouse of administrative wisdom and experience», eller for å kunne dokumentere og grunngi sine handlingar overfor samfunnet. Bevaring av arkiv med informasjonsverdi er derimot grunnlagt med berre eitt formål, nemleg å fungere som forskingsmateriale.

Schellenberg foreslår ulike metodar for å identifisere dokumentasjonsverdi og informasjonsverdi. Metoden for å identifisere arkiv med dokumentasjonsverdi er kontekstuell og tar utgangspunkt i arkivets administrative proveniens. Arkivaren må ha kjennskap til heile arkivet som er skapt av eit organ, og særleg viktig er det å få oversyn over innhaldet i dei arkivdelane som er skapt av ulike administrative einingar i organet og korleis desse utfyller kvarandre. For å få denne kunnskapen må arkivaren analysere korleis arkivskaparen har fungert, klargjere den organisatoriske plasseringa av ansvaret for å gjere vedtak, kva funksjonar dei ulike einingane i organet utfører og korleis desse blir administrert, utført og dokumentert. Hovudmålet med denne analysen er å identifisere kor dokumentasjon av ulike aktivitetar er arkivert. Med denne kunnskapen som utgangspunkt, kan arkivaren velje ut dei delane av arkivet som bør bevarast: dokumentasjon av organets opphav, mandat, formål og hovudoppgåver.

Om tilnærminga til bevaring av arkiv med dokumentasjonsverdi er kontekstuell, er det motsette tilfelle for vurderinga av informasjonsverdi. «In appraising the value of information in public records», skriv Schellenberg, «the archivist is not greatly concerned with the source of the records -- what agency created them, or what activities resulted in their creation. The concern here is with the information that is in them» (ibid). Arkivets proveniens, og arkivskaparens mandat og oppgåver, er i denne samanhengen irrelevant. Det er dokumentas innhald som må vurderast, og «[t]here are a number of tests by which informational values

of public records may be judged. These are (1) uniqueness, (2) form, and (3) importance» (ibid).

Vurderinga av unikheit kan dreie seg om to forhold: informasjonen i dokumentet eller sjølve dokumentet. Når det gjeld vurderinga av informasjonen må arkivaren «bring into review all other sources of information on the matter under consideration». Dette omfattar andre offentlege arkiv, men også materiale som er utanfor forvaltninga slik som private arkiv, aviser, bøker eller andre former for dokumentasjon. Vurderinga av om ein bestemt informasjon er unik skal med andre ord skje i ein kontekst som omfattar heile dokumentarven innanfor eit gitt emne. Kriteria for vurderinga er om informasjonen finst andre stader, og dersom dette er tilfelle, om den er meir utfyllande eller lettare tilgjengeleg den eine eller andre staden. Det må vere eit hovudmål å unngå bevaring av dupliserte dokument, men samtidig understekar Schellenberg at høg alder kan vere eit argument for bevaring fordi dess eldre dokumentasjonen er, dess sjeldnare er den.

Vurderinga av form handlar om to forhold, «(1) the form of the information in records and (2) the form of the records». Forma til informasjonen dreier seg om graden av konsentrasjon av data. Arkivdokument kan t.d. innehalde få opplysningar om mange personar, ting eller fenomen, mange opplysningar om få slike objekt, eller mange opplysningar om mange objekt. Arkiv som inneheld stor konsentrasjon av informasjon er «most suitable for archival preservation, for archival institutions are almost always pressed for space to house records».

Men formkriteriet kan også knytast til sjølve dokumenta. Fysisk tilstand er viktig; det må vere ein føresetnad at dokumenta kan brukast og er forstålege for andre enn arkivskaparen. Ordninga av arkivet er likeeins viktig; dersom valet står mellom arkiv eller arkivseriar som inneheld same informasjonen bør arkivaren alltid velje det arkivet eller serien der informasjonen er lettast tilgjengeleg.

Den vanskelegaste vurderinga er likevel å ta stilling til, er kor viktig informasjonen er. «In applying the test of importance», skriv Schellenberg, «the archivist is in the realm of the imponderable, for who can say definitely if a given body of records is important, and for what purpose, and to whom?». Dei bevarte arkiva skal dels tilfredsstillje behova til forvaltninga –

noko som i stor grad vil vere varetatt med å bevare arkiv med dokumentasjonsverdi – , men også «however undefinable these needs may be, private scholars and the public generally». Bevaringsavgjerdene må i første rekkje ta omsyn til behova til historikaren og andre samfunnsforskarar, men også bevare arkiv av «vital interest to the genealogist, the student of local history, and the antiquarian. He should not, however, preserve records for very unlikely users... » (ibid). Arkiv som skal vurderast i høve til viktighet skal ha først ha vore vurdert etter kriteria for unikheit og form. Dette er nødvendig fordi ei vurdering av viktighet aldri kan vere sikker; den vil vere avhengig av arkivarens kunnskapar om eit bestemt emne og om den potensielle etterspørselen etter materialet.

Schellenberg understrekar at dei kriteria som skal brukast for å vurdere informasjonsverdi aldri kan reduserast til eksakte standardar. Dei må kunne tilpassast etter behov og brukast med moderasjon og «common sense». Samtidig åtvarar han mot å gjere overflatisk arbeid; vurdering av dokumentasjonsverdi må byggje på ein grundig analyse av det arkivet det er tale om. Bevaringsvurderingar må vere systematiske og arkivaren må kunne dokumentere og grunngi sine val. Dersom arkivaren ikkje har tilstrekkeleg oversyn over eit emneområde bør ho søkje råd hos fagspesialistar. Schellenberg åtvarar likevel mot å la slike råd vege for tungt, han peikar på at forskar vil kunne finne gode grunnar til å bevare nesten alle dokument som nokosinne har blitt skapt.

Schellenbergs store fortjeneste var at han utvikla ein verditeori og metodar som gjorde det mogleg å nærme seg bevaringsproblemet på prinsipielt grunnlag. I motsetning til Jenkinson, som overlet dette til arkivskaparens meir eller mindre tilfeldige skjøn (og eventuelle ønske om å skjule sine spor), flytta han både det faglege og praktiske ansvaret oppgåva over til arkivarens domene. Dette innebar ein grunnleggjande endring i bevaringsformåla for arkiva: frå å dokumentere arkivskaparens verksemd til å bevare kjelder for historisk forskning. For Schellenberg var arkivas kulturelle verdi hovudargumentet for bevaring.

Samtidig har Schellenbergs system vesentlege veikskapar. Ein av dei viktigaste – og truleg den mest kritiserte – er at bevaringsformålet er så fokusert på den forskingsmessige bruksverdien til arkivet. Den skarpaste kritikken vart kanskje formulert av den amerikanske arkivaren Gerald Ham i artikkelen *The Archival Egde* (1975). Ham meinte at ein slik bruksorientert

bevaringsmetodologi måtte resultere i ein tilfeldig, fragmentert og ukoordinert utvalsprosess, som kunne føre til at dei bevarte arkiva spegla snevre forskingsinteresser og ikkje eit breitt spekter av menneskelege erfaringar. Schellenberg har også blitt kritisert for å gjere verdivurderingane for mykje avhengige av arkivarens personlege skjønn. Sjølv om verditeorien kan seiast å avgrense rommet for dette skjønnet, byggjer metoden til sjuande og sist på arkivarens vurdering av kva som kan få forskingsmessig verdi i framtida. I tillegg har metoden blitt kritisert for å vere praktisk ugjennomførleg, fordi ein innhaldsmessig gjennomgang av alle dei enkeltdokumenta som blir skapt i moderne offentleg forvaltning er praktisk umogleg.

Ein grunnleggjande veikskap i Schellenbergs system er at vurderinga av informasjonsverdi skal gjennomførast utan ei kontekstuell tilnærming. Som sitert ovanfor understreka Schellenberg at arkivaren berre skal bry seg om innhaldet, og ikkje om opphavet til dokumenta, når informasjonsverdien skal vurderast. Dette kan lett føre til at innhaldet blir lausrive frå proveniensen til arkivet, noko som er problematisk både når ein skal vurdere arkivmaterialets kjeldeverdi og tolke innhaldet i dokumentet. Kunnskap om arkivskaparens samfunnsroller og oppgåver vil, saman med kunnskap om kvifor eit dokument vart skapt, ofte vere grunnleggjande for ei kjeldekritisk forståing av dokumentet.

Arkiv som samfunnsdokumentasjon

Om den samfunnsmessige konteksten til arkiva synest fråverande hos Schellenberg, er den grunnleggjande i Hans Booms' verditeori. For Booms var det ikkje potensielle forskingsinteresser som skulle avgjere om arkiv skulle bevarast, men arkivets verdi som dokumentasjon av det samfunnet det var skapt i. Han utvikla sin verditeori gjennom ein kritisk analyse av tysk bevaringstenking og praksis i det 20. hundreåret, der han observerte at tyske arkivarar gjennom dei skiftande regima på 1900-talet hadde freista å løyse problemet med bevaring og kassasjon på ulike måtar, men utan å lukkast. Den dominerande tenkinga hadde bygd på oppfatninga av at staten representerte samfunnet på ein dekkjande måte, og at bevaringsverdien difor kunne knytast til arkivskaparens plassering i statshierarkiet. Booms

meinte at dette perspektivet ville vere altfor snevert når ein skulle velje ut ein felles dokumentarv for eit samfunn. I staden måtte arkivarane ta utgangspunkt i samfunnet som arkiva vart skapt i og for, og velje ut arkiv som var representativt for dette samfunnets verdier og haldningar. «We believe», skreiv han, «that only the society from which the material originated and for whose sake it is to be preserved can provide archivists with the necessary tools to assess the conceptions by which they bring the past into the present» (Booms 1987:104).

Booms argumenterer for det vi kan kalle ei «demokratisk» tilnærming til bevaringsproblemet. Han meiner at eit samfunn skal ha rett til å bli hugsa på sine eige premisser; difor må arkivbevaringa ta utgangspunkt i forhold og verdier som var viktige i det samfunnet som arkiva vart skapt i og for. Opphavleg foreslo Booms at bevaringsvurderingar skulle bli sett under offentleg debatt, slik at dei kunne sanksjonerast av samfunnet (Booms 1987). I ein artikkel frå 1991, der han utvikla synspunkta sine, gjekk han tilbake på akkurat dette punktet. Han heldt likevel fast på si oppfatning av at bevaringsverdi «could not be found in the records themselves, for archival value is not intrinsic to the record, and generally cannot be established there» (Booms 1991: 25). Fordi tolkinga av innhaldet i eit dokument vil variere i tid og rom, må ein i staden knytte bevaringsverdien til arkivets opphavlege kontekst:

Archival appraisal, as a practical method, can only be completed according to and in the context of the provenance of records. If this does not happen, archival appraisal inevitably risks becoming unstructured and amorphous. Records may become divorced from the context of their creation, and the result will be a useless collection of sources... (Booms 1991:32).

Denne tilnærminga er også nødvendig fordi bruksformåla til arkiva alltid vil kunne endre seg og likeeins dei spørsmåla som historikarane vil kunne stille; «... provenance must remain the immutable foundation of the appraisal process» (ibid).

Metodikken til Boom har som utgangspunkt er at arkivarar – som andre menneske – alltid vil vere prega av si eiga samtid. Dei vil difor ha vanskeleg for å orientere seg i dei verdiane som var viktige då eit arkiv vart skapt, og han foreslår ein metode som skal kunne løyse dette

problemet. Når ein arkivar skal gjennomføre ei bevaringsvurdering av eit eldre arkiv, bør ho bygge denne på eit historisk oversyn over viktige hendingar i den perioden som arkiva stammar frå. Dette oversynet vil kunne friske opp minnet til eldre arkivarar og gjere yngre arkivarar betre kjent med den aktuelle tida, kva som vart debattert, kva som kontroversielt eller provoserte samfunnet og kva som bevega det. Arkivarane har ikkje noko anna val enn å gjennomføre bevaringsvurderinga i samsvar med «the emphasis and weight placed on events of the time by contemporaries» dersom dei skal kunne frigjere seg frå dei sosiale verdiane i si eiga tid. Det historiske oversynet som var retningsgivande for bevaringsvurderinga skulle dessutan trykt i arkivbeskrivinga som ein «account of how the documentary heritage was formed» (Booms 1991:31).

Booms ser for seg at slike historiske oversyn skal utarbeidast i samband med behandling av enkeltarkiv. Deretter skal arkivarane analysere dei administrative strukturane som fanst hos arkivskaparen då arkivet vart skapt og utarbeide eit administrasjonshistorisk oversyn over lovbestemte og sjølvpålagte interne arkivskapande funksjonar. Dette oversynet skal fungere som eit bindeledd mellom det historiske oversynet og arkivet, slik at arkivaren kan få ei oppfatning av kva slags dokumentasjon som normalt ville ha blitt skapt på det gitte tidspunktet. Desse to ledda i utvalsprosessen vil ifølgje Booms gi svar på spørsmåla «kva skal vi dokumentere?» og «kvar i arkiva finn vi dokumentasjonen?». Neste steg blir då å undersøkje dei aktuelle arkiva for å identifisere dei delane som inneheld denne dokumentasjonen.

Utgangspunktet for Booms tilnærming er at arkivarane spelar ei hovudrolle i forminga av samfunnets dokumentar, i den grad dette omgrepet omfattar tekstar lagra i «written, printed, photographic, mechanical or automated forms and generated by the total social and – in the broadest sense of the term – political process». Bevaringsvurderinga er såleis «the constitutive act by which societal data are converted into "historical sources"» (Booms 1987:76). Han karakteriserer denne forminga av den dokumentariske kulturarven som arkivarens «arketypiske aktivitet». Opphavleg handla dette om å bevare meir eller mindre sparsame og tilfeldige «restar», men etter kvart som arkivvolumet auka endra oppgåva karakter til å velje ut kva som skulle bevarast. I det moderne informasjonssamfunnet inneber denne rolla at arkivarane får monopol på ein aktivitet bestemmer kva slags kulturell

representasjon av samfunnet som skal overføres til kommande generasjoner. Dei arkivarane som bestemmer kva hendingar i samfunnslivet som skal overføres til etterkommarane gjennom arkiva og dermed blir bevart som ein del av samfunnets minne, handlar difor på vegne av samfunnet. Booms stiller spørsmål om utøvinga av ein slik funksjon ikkje burde vere underlagt ei form for samfunnsmessig kontroll, men svarar sjølv at dette har «failed to attract societal concern» (ibid:78). Når dette ikkje synest å vere mogleg, må ein i det minste kunne krevje at arkivaranes praksis byggjer på ei teoretisk avklaring av omgrepet bevaringsverdi, og at dei bevaringsvurderingane som blir gjennomført er grunngitte og tilgjengelege for samfunnet.

Booms verditeori har blitt vidareført i den kanadiske «macro-appraisal»-modellen. Hovudpersonen bak denne, Terry Cook, meiner at «archives [dvs. den bevarte arkivbestanden] should reflect as far as possible the values of the society contemporary to the records creation» (Cook 1999a). Men sjølv om Booms og Cook deler verdisyn og bevaringsformål, har dei noko ulike perspektiv på bevaringsvurderingane. Booms utgangspunkt var vurdering av eldre papirarkiv i ettertid. Cooks modell er også retta inn mot å vurdere bevaringsverdien til samtidige (elektroniske) arkiv, noko som må gjennomførast i forkant av sjølve arkivskapinga. Dette har difor ført til ei anna metodisk løysing enn Booms.

Den kanadiske modellen blir ofte omtala som «functional appraisal», funksjonsbasert bevaringsvurdering, fordi den tar utgangspunkt i ei verdsetjing av arkivskaparens samfunnsfunksjonar. Bevaringsverdien til offentlege arkiv er avhengig av den relative verdien til dei samfunnsmessige og institusjonelle funksjonane dei dokumenterer. Dette byggjer på følgjande tankegang: Offentlege institusjonar har bestemte funksjonar som følgje av sine mandat eller som er godtatt av demokratiske samfunn, og dei er såleis eit «filter» for sosiale trendar, aktivitetar, behov og ønske, for «things and concepts» som samfunnet verdset. For å utøve sine funksjonar utviklar institusjonane ulike underfunksjonar, som blir knytte til forskjellige administrative strukturar (t.d. avdelingar eller kontor) med oppgåve å utøve ein eller fleire slike funksjonar eller oppgåver. For å løyse sine funksjonelle oppgåver, må desse avdelingane eller kontora utarbeide planar og gjennomføre aktivitetar som i sin tur gir opphav til spesielle handlingar og transaksjonar, som blir handterte med hjelp av tilpassa saksbehandlingsverktøy og informasjons- og arkivsystem. Når institusjonane utøver desse

funksjonane, oppgåvene og aktivitetane vil dei på ulike vis samhandle med borgarar, klientar, organisasjonar og verksemdar som på ulikt vis utfordrar, påverkar og bidrar til å forme desse planane. Funksjonane, planane, aktivitetane, transaksjonane og samhandlinga mellom borgarane og institusjonar blir til sjuande og sist dokumentert i informasjons- og arkivsystema (jf. Cook 1999a).

Metoden blir også omtala som «macro-appraisal», fordi den metodisk analyserer arkivskapinga ovanfrå og nedetter på tre hierarkiske nivå: først dei ulike institusjonane, arkivskaparane eller funksjonane som ligg innanfor ansvarsområdet til ein arkivinstitusjon, deretter dei ulike funksjonelle oppgåvene til ein enkelt arkivskapar, og endeleg dei forskjellige underfunksjonane eller aktivitetane som er knytte til ei utøvinga av oppgåver og funksjonar hos ein arkivskapar. Det første steget inneber ein analyse av dei samfunnsfunksjonane som arkivskaparane under ein arkivinstitusjon er knytt til. Målet er å kome fram til ei rangering av kor viktige desse funksjonane er for samfunnet, og i neste omgang ei tilsvarende rangering av arkivskaparane etter dei rollene desse har i å utøve desse funksjonane. Målet med vurderinga er å identifisere dei arkiva som må bevarast dersom ein skal sikre ein brei arkivmessig representasjon av den samla verksemda til arkivskaparane.

Neste steget i prosessen er å vurdere kva delar av desse arkiva som må bevarast. For å kunne gjere dette, må arkivaren ha kunnskap om historia til arkivskaparen og dei mandata og oppgåvene den har hatt over tid, om skiftande organisasjonsstrukturar, avgjerdsprosessar, saksbehandlingsmåtar og arkivsystem. Denne kunnskapen må byggje på grundige studiar av arkivskaparen og skal dokumenterast skriftleg, slik at dei bevaringsvurderingane som blir gjort er grunnjevne og kan vere gjenstand for fagleg evaluering. Formålet med slike studiar er å forstå kvifor arkiv vart skapt heller enn kva dei inneheld, og korleis dei vart brukt heller enn korleis dei kan brukast i framtida. I denne prosessen er det essensielt å undersøkje korleis arkivskaparen samhandlar med klientar, kundar og borgarar og finne ut kva funksjonar og administrative strukturar som står for denne samhandlinga, fordi det er på desse områda med tettast samhandling mellom struktur, funksjon og klient at den beste dokumentasjonen kan finnast (Cook 1992b, 1999a).

Når makrovurderinga er gjennomført skal ein ha identifisert dei delane av arkivet som dokumenterer dei viktigaste eksterne og interne funksjonane best, med særleg vekt på samhandlinga mellom arkivskaparen og samfunnet. Neste steg er då å gjennomføre ei såkalla «mikrovurdering» av dei aktuelle arkivdelane, der ein legg vekt på bestemte eigenskapar ved arkivdokumentasjonen. Ifølgje Cook skal ein her leggje vekt på kriterier som arkivmaterialets alder, autentisitet, tilstand, kor langt tidsrom materialet dekkjer og kor fullstendig det er.

Vi ser at dei metodiske skilnadane mellom Booms og Cook er vesentlege; mens Booms metodikk kan kanskje best kan karakteriserast som humanistisk i si tilnærming, kan den kanadiske kanskje verke meir inspirert av samfunnsvitskapeleg tenking. Cook åtvarar likevel mot å forstå makrobevaring som ein metode som favoriserer arkiv som er skapt høgt oppe i dei statlege hierarkia, tvert om:

Macroappraisal focuses on governance rather than the structures and functions of government per se. Governance emphasizes the dialogue and interaction of citizens and groups with the state as much as the state's own policies and procedures; focuses as well on documenting the impact of the state on society, and the functions of society itself; encompasses all media rather than privileging written text; searches for multiple narratives and hot spots of contested discourse between citizen and state, rather than accepting the official policy line; and deliberately seeks to give voice to the marginalized, to the "Other," to losers as well as winners, to the disadvantaged and underprivileged as well as the powerful and articulate, which is accomplished through new ways of looking at case files and electronic data and then choosing the most succinct record in the best medium for documenting these diverse voices (2001b:37).

Booms og Cook sine tilnærmingar legg opp til at det blir valt ut og bevart eit breitt og allsidig kjeldegrunnlag som kan opne for mange og ulike bruksmåtar og tolkingar i framtida. Dei føreset også grundige studiar av dei arkivskaparane og arkiva som skal bevaringsvurderast, noko som tilsynelatande kan stå i skarp motsetning til den norske praksisen med kassasjon etter reglar fastsette av Riksarkivaren.

Norsk bevaringstenking

I arkivlovgivinga er fullmakta til å fastsetje bevarings- og kassasjonsreglar for offentlege arkiv lagt til Riksarkivaren, men denne fullmakta er relativt ny. Frå etableringa av Riksarkivet i 1817 til tidleg på 1900-talet vart avgjerder om bevaring eller kassasjon av statlege arkiv tatt i det overordna departementet. «Departementets avgjørelsesmyndighet bestod formelt helt fram til 1961. Men praksis endret seg gradvis utover 1900-tallet», skriv Bringslid et al (2009:46), som har gjennomført ein studie av bevaring og kassasjon i statleg lokalforvaltning på 1800- og 1900-talet. Sjølv om den formelle myndigheita låg i departementet, vart vedtaka om bevaring og kassasjon i aukande grad gjort i Riksarkivet. Det kan vere freistande å sjå denne utviklinga som uttrykk for ei fagleggjering av kassasjonsspørsmålet, frå administrative vurderingar i departementet til arkivfaglege vurderingar i Arkivverket. Men fordi berre halvparten av dei kassasjonsforslaga og vedtaka som studien omfattar er begrunna, er det «vanskelig overhodet å vite noe sikkert om hvilke bevaringsvurderinger og resonnementer som er gjort» (ibid:74). Ein gjennomgang av dei grunngevingane som Riksarkivaren faktisk har gitt i sine vedtak, viser at «synet på arkivenes bevaringsverdi har gjennomgått betydelige endringer i perioden. Et bevaringskriterium som var mye benyttet i 1960-årene, var nærmest borte 20 år senere...» (ibid:85). Mens forskingsverdi dominerte før 1960, vart plassmangel det mest brukte kriteriet i perioden 1960-1979. Etter 1980 dominerer rettsleg verdi, redundans og administrative behov.

Forfattarane ser denne utviklinga i samanheng med endringar i det statlege Arkivverkets samfunnsrolle i løpet av 1900-talet. Fram til midten av 1900-talet var Arkivverket først og fremst arkivdepot for den sentrale statsforvaltninga og bruken av arkiva i stor grad knytt til «den norgeshistorien som skulle skrives , og som skulle brukes i byggingen av nasjonen». Og i denne perioden var «"forskning" stort sett den eneste bevaringskriteriet som forkom i Riksarkivarens bevaringsvedtak» (ibid:104). Frå slutten av 1950-talet endra dette seg. Riksarkivaren vart etter kvart ein viktig aktør i høve til arkivskaparane i statsforvaltninga og involverte seg i aukande grad i arkivdanninga og «[s]amtidig ble plassmangel det mest brukte bevaringskriteriet» (ibid). Denne utviklinga skaut for alvor fart på 1980-talet med framveksten av dei elektroniske arkiva, den første Noark-standarden og det store prosjektet

Statsforvaltningens arkiver (sjå neste kapittel). Dette førte til at «[r]edundans og "administrative behov" ble hyppig brukt som begrunnelse for bevaring eller kassasjon», noko som forfattarane ser som uttrykk for aukande innsikt i arkivdanninga og arkivskaparane sine behov. Vidare har utviklinga av «rettighetssamfunnet» og innføringa av forvaltnings- og offentleglovene ført til auka fokus på arkivas funksjon som rettsdokumentasjon. Dei siste tiåra kan også arkivas rolle som «ressurs for kunnskapsutviklingen i samfunnet» og aukande vektlegging av formidlingsoppgåvene, vere ein av grunnane til at forskning igjen har fått ein meir framskoten plass som bevaringskriterium, men no med eit utvida forskingsomgrep som inkluderer ulike former for ikkje-akademisk forskning.

Forfattarane konkluderer med at

[d]en samtidige arkivteoretiske debatten i Norden og Europa synes ikke å ha hatt noen særlig betydning for [bevarings- og kassasjons]arbeidet. Det er vanskelig å se spor av en slik debatt i de forslag og vedtak som vi har gjennomgått. ... Utviklingen har skjedd gradvis og utenfor arkivaktørens kontroll, trolig også uten at disse har vært seg denne utviklingen helt bevisst (ibid:106).

Denne forklaringsmodellen kan ha mykje for seg. Når bevaringsvurderingane har blitt gjennomført utan støtte i nokon etablert verditeori, har dei lettare blitt påverka av endringane i dei samfunnsmessige funksjonane til arkiv og arkivinstitusjonar det siste hundreåret. Det rammeverket ein har hatt – det generelle kassasjonsregelverket som har eksistert – har hatt lite å seie. «Til det har regelverket blant annet vært alt for løst formulert, og selv Riksarkivaren har ikke alltid tatt utgangspunkt i rammeverket da enkeltvedtak om bevaring og kassasjon ble fattet» (ibid).

Bringslid og hennar medforfattarar har undersøkt praksis i den statlege lokalforvaltninga. Det finst ikkje nokon tilsvarende undersøking av praksis i sentralforvaltninga eller i kommunal sektor. Men det var dei kommunale arkivinstitusjonane som midt på 1990-talet tok initiativet til den første prinsipielle debatten om bevaringsteori og metode i Noreg. Bakgrunnen var at Riksarkivarens kassasjonsreglar for kommunale arkiv vart for gjenstand kritikk frå det framveksande kommunale institusjonsmiljøet på 1990-talet. Kritikken handla om fleire

forhold, dels at regelverket var lagt opp etter emneinndelinga i ein kommunal arkivnøkkel som ikkje lenger var i bruk i dei fleste kommunane, og dels at bevaring av personsaker bygde på statistiske utval, ein metode som teoretisk og metodisk vart karakterisert som uholdbar. Det vart også kritisert at regelverket var utarbeida utan å hente inn erfaringar frå det kommunale arkivmiljøet. «I tillegg var verdivurderingar og metodikk som lå til grunn for retningslinjene, i liten grad forsøkt synleggjort» (Bering u.å.). Denne kritikken vart også reist i det dåverande samarbeidsutvalet mellom Riksarkivaren og dei kommunale arkivinstitusjonane. Som ei følge av dette utnemnde Riksarkivaren i 1997 eit utval som skulle leggje fram forslag til nye prinsipp og metodar for bevaring og kassasjon i kommunale arkiv. Dette utvalet – kalla Bering-utvalet etter leiaren Bjørn Bering, dåverande byarkivar i Oslo – la fram sitt forslag i januar 1998.

Bering-utvalets forslag var i norsk samanheng epokegjerande, særleg på tre område. For det første la utvalet – i motsetning til eksisterande regelverk – hovudvekta på bevaring:

Det overordnede siktemålet med retningslinjene vil være å sikre for samtid og ettertid bred dokumentasjon av norske kommuners virksomhet – og kildemateriale til kunnskap om forhold i den enkelte kommune. Det er behov for retningslinjer som er konsentrert om *bevaring* av kommunale arkiver i stedet for kassasjon. Innsats og oppmerksomhet bør legges på det viktigste; det som *skal* bevaras og ikke på det som *kan* kasseres (Bering 1998:2, opphavleg kursiv).

For det andre bygde utvalet på ei prinsipiell tilnærming til bevaringsvurderingane. Innstillinga identifiserte fem bevaringsformål: dokumentasjon av enkeltmenneskets rettar og interesser, kommunens juridiske rettar og plikter, verksemda og utviklinga til den enkelte kommunen og norske kommunar generelt, den politiske og administrative avgjerdsprosessen i kommunen, og forskning om sosiale, kulturelle, økonomiske og andre forhold i den enkelte kommunen. Med dette utgangspunktet tilrådte utvalet ein metodikk for «funksjonell bevaring» som tok utgangspunkt i dei kommunale verksemdene sine mandat og saksbehandling:

Det vil være nødvendig å flytte oppmerksomheten fra kassasjon av arkivserier og dokumenttyper over til sikring og bevaring av dokumentasjon (eller spor) av saksbehandling og beslutningsprosesser. Arkivmaterialet er et speilbilde av de funksjoner og arbeidsprosesser

som utøves hos vedkommende arkivskaper. Arkivmaterialet kan bare forstås og gis bevaringsverdi /vurderes i lys av de arbeidsprosesser som vedkommende arkivskaper utøver. Bevaringsverdien for et gitt arkivmateriale springer ut av behovet for å sikre dokumentasjon av de transaksjoner, prosesser og beslutninger som en arkivskaper utøver (ibid:6).

Bevaringsverdien til materialet ville vere avhengig av arkivskaparens mandat, som kunne vere lovbestemt eller heimla i kommunale vedtak, og saksbehandlingas karakter (som kan vere besluttande, ekspederande eller orienterande) og omfang og hyppigheit. Ut frå desse kriteria ville ei lovheimla, besluttande saksbehandling skape arkiv med størst bevaringsverdi.

For det tredje meinte utvalet at konkrete bevaringsplanar kunne utarbeidast som del av arkivplanarbeidet i kommunane. Ein arkivplan som også omfatta bevaringsreglar, ville ha fleire fordelar: bevaringsreglane kunne knytast til ei beskriving av den saksbehandlinga som skaper arkiv og integrerast i rutinebeskrivingar for langtidsbevaring. Denne tilnærminga ville dessutan gjere det lettare å sjå papirbaserte og elektroniske system i samanheng og la dei nødvendige metadata inngå i beskrivinga av av materialet. Men ein slik framgangmåte føresette at «den enkelte kommune har myndighet til å utarbeide bevaringsregler basert på egne behov. Denne myndigheten vil forvaltes av kommunens fagorgan (fylkesarkiv, byarkiv, interkommunale arkiver)» (ibid:9).

Bering-utvalets innstilling var ikkje samrøystes. Eit mindretal frå Riksarkivet ønska generelt eit meir detaljert regelverk og var skeptiske til forslag som innebar at kommunar og kommunale arkivinstitusjonar fekk større fullmakter til å utarbeide bevaringsplanar. Utvalet var likevel samrøystes om forslaget om å opprette eit nytt utval med mandat å foreslå overordna retningslinjer for bevaring og kassasjon av kommunale arkiv og koordinere det vidare arbeidet med arbeidet med kommunale bevaringsplanar. Denne tilrådinga vart følgd opp då Riksarkivaren i februar 1998 oppnemnde eit nytt utval med Torkel Thime frå Statsarkivet i Stavanger som leiar og medlemmer frå det statlege Arkivverket og kommunale arkivinstitusjonar.

Thime-utvalets innstilling var utforma som eit framlegg til overordna regelverk for bevaring av kommunale og fylkeskommunale arkiv, med eit sett bestemmelsar med utfyllande

kommentarar. Bevaringsformåla og metodikken bygde i hovudsak på Bering-utvalet. Regelverket skulle synleggjere dei verdikriteria som låg til grunn. Desse var primært knytt til saksbehandlinga som skapte arkiva, men føresette også vurderingar av arkivas innhald og unikheit. Dei konkrete bevaringsbestemmelsane skulle lagast i den einskilde kommune eller fylkeskommune (Thime 1999).

Bevaringsverdi skulle fastsetjast etter vurderingar av saksbehandlingas heimel, konsekvensar, åtferdstype, saksbehandlingsledd, saksbehandlingsstad, og omfang og hyppigheit. Innanfor kvar av desse kategoriane vart ulike typar saksbehandling verdsett etter ein poengskala som m.a. gav høge poengverdiar når saksbehandlinga var heimla i lov eller kommunestyrevedtak og når den var besluttande. Saksbehandling med langvarige konsekvensar partar gav høgare poengverdi enn den med kortvarig, tilsvarende skåra saksbehandling i sentrale organ høgare enn i etatar og ytre einingar og institusjonar. Når vurderingane var gjennomført, skulle poenga summerast og materialet bevarast i høve til den samla poengverdien. Denne metoden vart grunnlagt med at arkiv berre kan

forstås og gis bevaringsverdi i lys av de arbeidsprosesser som vedkommende arkiv er et resultat av. Arkivene er et naturlig produkt av den saksbehandling som utøves. Derfor er det også et grunnprinsipp for alt arkivarbeid at arkivene skal være ordnet, bevart og tilgjengeliggjort slik at sammenhengen mellom selve saksbehandlingen (kontekst) og arkivet er ivaretatt. På samme måte som det er nødvendig å kjenne arkivets kontekst for å tolke det korrekt, er det nødvendig å kjenne den samme kontekst for å kunne si noe fornuftig om bevaringsverdi (ibid:9).

Resultatet skulle deretter justerast med vurderingar av arkivets innhald og unikheit. Den innhaldsbaserte vurderinga kunne «knyttas til identitetsverdi (arkivene som identitetsskapende element for lokalbefolkningen), historisk kildeverdi, representativitet – sjeldenhet, pedagogisk verdi (evne til å illustrere fortiden spesielt tydelig), estetisk verdi m.v.» (ibid:3). I vurderinga av materialets unikheit skulle ein ta omsyn til om informasjonen fanst andre stader og i kva form.

Innstillinga inneheldt også framlegg til retningslinjer for bevaring av elektroniske arkiv og ein bestemmelse om delegering av bevaringsfullmakter frå Riksarkivaren. I denne heitte det at «[k]ommunens/fylkeskommunens fagorgan innenfor arkiv (fylkesarkiv, byarkiv, kommunearkiv, arkivtjenesten eller interkommunalt arkiv) er det organ som utarbeider de lokale bevaringsreglene» (ibid:5).

Thime-utvalets innstilling vart ikkje godkjent som regelverk. I staden valde Riksarkivaren å endre mandatet til eit utval som allereie var oppnemnd for å utarbeide bevaringsreglar for statleg sektor, til å omfatte heile offentleg sektor. Thime-utvalet sine «anbefalinger skulle inngå som en del av grunnlaget for utvalgets vurderinger» (Riksarkivaren 2002:1). Det nye Bevaringsutvalet vart oppnemnd utan representantar frå det kommunale arkivmiljøet og la fram sin rapport i mars 2002.

På bakgrunn av ein gjennomgang av internasjonal og norsk bevaringstenking og praksis og ei drøfting av prinsippa for bevaring og kassasjon, legg Bevaringsutvalet fram forslag til ein strategi for Riksarkivarens arbeid med bevaring og kassasjon, eitt sett bevaringskriterier og ein metodikk for bevaringsvurdering. I høve til det bevaringsteoretiske grunnlaget slår rapporten fast at «internasjonal bevaringsteori i liten grad gir oss det konkrete og operasjonelle fundament vi kunne ønske oss for utarbeidelse av bevarings- og kassasjonsplaner» (Riksarkivaren 2002:26). Her kan det vere på sin plass å nemne at dette i liten grad har vore det primære målet for bevaringsteoretikarane; trass i dei usemjene som finst mellom Schellenberg, Booms og Cook når det gjeld verditeori og bevaringsformål, legg alle tre opp til metodiske tilnærmingar der grundige studiar av arkivskaparar og arkiv står sentralt. Målet var ikkje å lage generelle regelverk, men å vurdere dei enkelte arkiva. Bevaringsutvalet meiner likevel ikkje at «teoretiske og overordnede betraktninger er verdiløse. Det er ... ingen tvil om at den teoretiske tilnærming til bevarings- og kassasjonsarbeidet som benyttes i en del land, bidrar til systematikk i arbeidet og konsekvens i de vurderinger som foretas» (ibid).

Utvalet foreslår nokre hovudprinsipp som skal danne grunnlaget for ein metodikk for bevaringsvurdering. Desse tar utgangspunkt i arkivlovas formålsparagraf, som blir konkretisert i fire bevaringsformål:

(F1) å dokumentere offentlige organers funksjoner i samfunnet, deres utøvelse av myndighet, deres rolle i forhold til det øvrige samfunn og deres rolle i samfunnsutviklingen.

(F2) å holde tilgjengelig materiale som gir informasjon om forhold i samfunnet på et gitt tidspunkt, og som belyser samfunnsutviklingen

(F3) å dokumentere personers og virksomheters rettigheter og plikter i forhold til det offentlige, og i forhold til hverandre

(F4) å dokumentere de arkivskapende organers rettigheter og plikter i forhold til andre instanser" (ibid:27).

Dei to første formåla skal representere det langsiktige bevaringsbehovet som følger av arkivlovas formulering om «monaleg kulturell og forskingsmessig verdi», medan dei to siste konkretiserer «rettsleg eller viktig forvaltningsmessig dokumentasjon». Til kvart av formåla stiller rapporten opp eit eller fleire kriterier som skal skilje materiale med høg bevaringsverdi frå materiale med mindre verdi. Desse kriteria kan lesast som uttrykk for eit bevaringsteoretisk kompromiss; nokre av dei er funksjonelle medan andre byggjer på ei innhaldsvurdering av arkivmaterialet. Dette inntrykket av kompromiss blir styrka av den arbeidsmetodikken som blir foreslått. Denne startar med ei overordna vurdering av «en sektor i offentlig forvaltning, en landsomfattende etat eller lignende»:

Den første oppgaven er å identifisere arkivskapere og arkiver innenfor den etat eller sektor man har valgt å arbeide med. Dette er de enheter som det skal utarbeides bevarings- og kassasjonsregler for. Arkivskaperne representerer de funksjoner man skal vurdere, arkivene representerer det materiale man enten skal bevare eller kassere (ibid:62).

Neste steg – «trinn 2» – er å gjere ei overordna beskriving av dei funksjonane som sektoren representerer og dei arkiva som blir skapt i utøvinga av desse funksjonane. «[H]ensikten er å skaffe seg oversikt over hva slags virksomheter det er man arbeider med, og hva slags materiale man finner i deres arkiver». Neste steg er «den mer detaljerte gjennomgåelsen og beskrivelsen av de funksjoner og det materiale man skal vurdere. Formålet er her å identifisere hvilke enheter som skal gjøres til gjenstand for bevarings- og kassasjonsvurdering i den resterende del av prosessen» (ibid). Denne vurderinga inneber at ein må

identifisere alle arkivskapere og arkiver innenfor sektoren, etaten eller lignende hvis ikke dette er gjort tidligere (jf. trinn 1), og man må beskrive de funksjoner hos arkivskaperen og de deler av arkivet som skal behandles som enheter i bevarings- og kassasjonsvurderingen. Det er disse enhetene som gjøres til gjenstand for vurdering i den videre prosess (ibid:63).

Dei konkrete bevaringsvurderingane startar på trinn 4. Her skal ein vurdere om «den aktuelle enhet (funksjon/materiale) har dokumentasjonsverdi for ettertiden» (bevaringsformål 1). Dersom vurderinga etter formål 1 konkluderer med bevaring, skal ein deretter ta stilling til om materialet er unikt eller ikkje. Dersom svaret her er negativt, er neste steg (5) vurdering etter bevaringsformål 2, dvs om «materialet har informasjonsverdi for ettertiden». Dersom konklusjonen er positiv, skal ein også her undersøkje om materialet er unikt. Denne vurderinga av unikheit – trinn 5a – har to moglege svar: Dersom materialet er unikt blir det bevart. Dersom ikkje, må ein ta stilling til kva «eksemplar» som skal bevarast, og kva som skal kasserast. Dersom materialet verken har tilstrekkeleg dokumentasjons- eller informasjonsverdi skal det vurderast om det (6) dokumenterer «rettigheter av betydning» for andre. Dersom svaret er positivt, skal ein også her vurdere om materiale er unikt tilsvarende trinn 5a. Dersom konklusjonen er negativ, kan materialet likevel bevarast dersom det er administrative behov for dette. *Bevaringsrapporten* skisser dermed tre moglege konklusjonar etter ein slik gjennomført prosess: Materialet blir bevart for ettertida fordi det «enten har tilstrekkelig dokumentasjonsverdi (F1) eller informasjonsverdi (F2) og samtidig er unikt» (ibid:68). Dersom materialet manglar desse verdiane, men dokumenterer vesentlege rettar for andre, skal det bevarast til desse rettane opphøyrer og så kasserast. Når materialet ikkje har bevaringsverdi ut over arkivskaparens eigne dokumentasjonsbehov kan arkivskaperen sjølv bestemme kor lenge det skal bevarast, men «dette bør skje som ledd i utarbeidelsen av bevarings- og kassasjonsplanen».

Som sitata ovanfor tydar på, er prinsippa og metodikken i *Bevaringsrapporten* utforma for å bli brukt i utarbeidinga av sektorvise bevarings- og kassasjonsreglar for offentleg sektor. Desse skulle inngå i eit samordna regelverk for bevaring av offentlege arkiv, der statlege og kommunale arkiv blir sett i samanheng. Dette arbeidet har lenge latt vente på seg, men eit nytt prosjekt vart sett i gang i 2010 og det nye regelverket er varsla i 2012. Det som førebels er kjent frå dette prosjektet tyder på at ein vil leggje ei funksjonsbasert tilnærming til grunn.

Bevaring av private arkiv

Ingen av dei teoretiske og metodiske tilnærmingane som er behandla så langt, har tatt høgde for bevaringsvurdering av den samla arkivdokumentasjonen som blir skapt i eit samfunn, der offentlege og private arkiv blir sett på som eit felles, integrert samfunnsminne. Ei viktig årsak til dette er at Schellenberg, Booms, Cook og dei norske aktørane har operert i eit fagleg landskap som i stor grad har vore definert av arkivinstitusjonanes tidlegare samfunnsoppdrag, nemleg å bevare offentlege arkiv. Dette har, som vi også har vore inne på i kapittel 2, sett sitt preg dei faglege prioriteringane både på det teoretiske og metodiske området.

Synet på arkivinstitusjonane sine samfunnsoppdrag har endra seg i løpet av dei siste tiåra. Dei skal bevare ikkje berre dei offentlege arkiva, men dokumentere heile samfunnets utvikling og i dette perspektivet er det nødvendig å bevare også private arkiv. Men dette bør ikkje skje tilfeldig; institusjonane må utarbeide innsamlingsstrategiar for privatarkiv. Desse må ta utgangspunkt i den samla arkivskapinga i samfunnet, av korleis private og offentlege aktørar samhandlar og dokumenterer sine handlingar i private og offentlege arkiv. Dersom vi skal ha som mål å bevare arkiv som sikrar ein brei dokumentasjon av samfunnet, treng vi ein teoretisk og metodisk modell for bevaringsvurdering av samfunnets samla arkiv der privatarkiva blir vurdert i samanheng med offentlege arkiv som uttrykk for eit felles, integrert samfunnsminne. Dette stiller på eit vis den opphavlege utfordringa med bevaring og kassasjon på hovudet; det er ikkje lenger lite plass og små ressursar som er grunngevinga for denne oppgåva, men eit ønskje om å bevare ein arkivbestand som er mest mogleg representativ for samfunnsutviklinga.

Den einaste som har prøvd å utvikle ein modell som omfattar bevaringsvurdering av både offentlege og private arkiv – samt andre dokumentasjonskjelder – er den amerikanske arkivaren Helen Samuels. Ho lanserte i 1986 det ho kalla ein «dokumentasjonsstrategi» i ein artikkel i *The American Archivist*. Hennar metode legg opp til at ein gjennom ein funksjonsanalyse av eit objekt, t.d. ein institusjon, kan identifisere dei informasjonskjeldene kan bidra til å dokumentere denne: institusjonsarkiv, private arkiv, fotografi, publikasjonar

som er gitt ut ved institusjonen, osb. Samuels' dokumentasjonsstrategi omfattar altså ikkje berre arkiv, men også anna materiale. Ho tar særskilt til orde for å samle inn andre typar materiale når arkivmaterialet har gått tapt eller berre er skapt i lite omfang (Samuels 1991).

Samuels dokumentasjonsstrategi har blitt kritisert for å ha ei tilnærming som bryt med den arkivale proveniensen, fordi ho foreslo å sjå ulike dokumentasjonsskjeldene i samanheng i eit meir overordna perspektiv, men denne kritikken kan som vi har sett også rettast mot Schellenberg. Dokumentasjonsstrategien var neppe meint å erstatte bevaringsvurderingar av materiale i enkeltarkiv. I denne samanhengen er det nødvendig å skilje mellom omgrepa bevaringsvurdering og bevaringsstrategi. Ei bevaringsvurdering kan dreie seg om å vurdere eitt arkiv med utgangspunkt i ein gitt teoretisk og metodisk modell, mens ein bevaringsstrategi vil omfatte vurderingar av fleire arkiv innanfor eit bestemt område.

Både arkivarar og andre som arbeider med å dokumentere samfunnet har behov for overordna tilnærmingar som ser fleire arkiv i samanheng. Den kanadiske modellen tar også høgde for dette i det første steget i utvalsmetodikken. På same måten føreset Riksarkivarens *Retningslinjer for arbeidet med privatarkiv* at det skal gjerast ei overordna vurdering av privatarkiv i eit område for å velje ut arkiv som bør bevarast. Forfattarane av boka *Privatarkiver. Bevaring og tilgjengliggjøring* lanserer ein «standardmodell» for bevaringsvurdering av privatarkiv. Denne modellen er todelt:

1. *Utvelgelse av arkivskaper.* Arkivskapere vurderes i forhold til deres samfunnsmessige betydning, både i forhold til hvilken funksjon de har hatt, og om de kan tenkes å ha skapt et arkivmateriale som kan inneholde viktig informasjon om vesentlige samfunnsprosesser og samfunnsfenomener. Dette gjelder på alle nivåer: Internasjonalt, nasjonalt og lokalt.
2. *Utvelgelse av arkiv.* Svært ofte vil det være sammenfall mellom viktig arkivskaper og bevaringsverdig arkiv, men ikke alt materiale i et arkiv er nødvendigvis like bevaringsverdig. Den andre fasen i utvelgelsesprosessen består i å vurdere hvert enkelt arkiv med sikte på å velge ut materiale som skal bevares. Hvordan dokumenterer arkivet arkivskaperens funksjoner, og hvilken informasjon kan arkivet gi om det samfunnet som arkivskaperen var en del av, og som vedkommende påvirket og ble påvirket av? (Lange et al 2001:82)

Når det gjeld kriterier for vurderingane peikar forfattarane på «samfunnsmessig betydning» som det mest grunnleggjande. Dette kan gjelde nasjonalt, regionalt eller lokalt, ein analyse av t.d. eit lokalsamfunn kan vise «hvilke arkivskapere, enten det er bedrifter, organisasjoner, enkeltpersoner eller andre kategorier, som har hatt spesiell lokal betydning og som derfor bør dokumenteres» (ibid: 89). I tillegg blir kriterier som verksemda sitt omfang, samanheng med offentleg myndigheit, pionerverksemd og unik verksemd og representativitet framheva som sentrale. Forfattarane legg altså ei kontekstuell tilnærming til grunn for vurderingane, men formulerer ikkje noko overordna bevaringsformål eller konkrete utvalskriterier. Omgrep som «samfunnsmessig betydning» eller «spesiell lokal betydning» vert ikkje konkretisert.

Dette er forsøkt gjort i ein rapport frå ein bevaringsprosjekt for privatarkiv i Hordaland fylkeskommune (Valderhaug 2008). Her blir Booms verdisyn lagt til grunn og det blir forslått ein metode som kombinerer bruk av kvantitative og kvalitative kriterier. Dei kvantitative kriteria skal identifisere arkivskaparane som har hatt mykje å seie for det samfunnet som skal dokumenterast. Det blir foreslått ulike kriterier for å «måle» samhandlinga mellom aktørar, t.d. tal på tilsette for produksjonsbedrifter eller kundar for sals- og tenesteytande verksemdar. Tankegangen som ligg til grunn for denne metoden, er at arkiv vanlegvis blir skapt som følge av og for å dokumentere samhandling mellom samfunnsaktørar, og at samhandlinga difor kan vere eit godt kriterium for å vurdere verdien til eit arkiv (sjå kapittel 8 for ei nærare drøfting av tilhøvet mellom aktørsamhandling og arkivskaping). For ei bedrift vil det såleis ikkje vere økonomisk omsetning, men samhandling med tilsette eller kundar som må vege tyngst når det gjeld vurdering av bevaringsverdi. Årsaka til dette er at bedrifter med mange tilsette også samhandlar med mange menneske, ikkje berre økonomisk fordi mange henta si inntekt der, men også kulturelt og politisk gjennom bedriftskultur og fagorganisering (Valderhaug 2008:32).

Dei kvantitative kriteria er foreslått supplert seks kvalitative kriterier. Desse omfattar 1) representativitet, 2) status, 3) kontinuitet, 4) pionerverksemd, 5) konsekvensar for enkeltmenneske, verksemdar eller naturmiljø og 6) dokumentasjon av minoritetar og marginaliserte samfunnsgrupper. Rapporten skisserer endeleg ein metode for bruk av dei kvantitative og kvalitative kriteria.

Målet om at den bevarte arkivbestanden skal dokumentere mangfoldet i samfunnet har fått oppslutning i det internasjonale arkivmiljøet, men strandar i praksis på dei økonomiske ressursane til arkivinstusjonane. Dette er også situasjonen i Norge, der den rådande arkivpolitikken gjer arkivbevaring til eit forvaltningsansvar, slik at det er statens ansvar å bevare statens arkiv, eit kommunalt ansvar å bevare kommunale arkiv og følgjeleg eit privat ansvar å bevare private arkiv. Dette er hovudårsaka til at vi i dag har eit fragmentert arkivlandskap, med til dels store regionale forskjellar og utan nokon felles heilskapleg strategi for å bevare og gjere tilgjengeleg samfunnets arkiv som integrerte delar av eit felles samfunnsminne (jf. Valderhaug 2009).

«...an impossible challenge»?

Men er bevaring av ein brei og representativ arkivbestand eit oppnåeleg mål? David Bearman har hevda at «[a]ppraisal, which is the method we have employed to select or identify records is bankrupt», mellom anna fordi det er håplaut «to sort out the cascade of "values"» som kan leggjast til grunn for bevaringsvurderingane. Ei årsak til dette er at «we still don't know if we want a representative record, a comprehensive record, or a consciously shaped record» (Bearman 1994).

Bevaringsstrategiar og bevaringsvurderingar handlar om å gjere val. Når eit privatarkiv blir bevart, førset dette at andre går tapt. Og det er ei kjensgjerning at kassasjon forandrar arkiva. Når delar av eit arkiv blir kassert, blir nokre dokument borte for alltid. Balansen i arkivet blir endra, og som ei følge av dette blir nokre dokument meir synlege og får ein meir framskoten plass enn dei opphavleg hadde. Arkivet som ettertida får tilgang til, er et anna arkiv enn det som vart skapt av arkivskaparen. Bevaring og kassasjon handlar med andre ord ikkje berre om å hugse, men også om å bestemme kva som kan gløymast. I følgje Verne Harris er «[t]he appraiser is a co-creator of the archival record». Han grunngrir dette med eit resonnement som tar utgangspunkt i at arkiv er konstruksjonar som er skapt gjennom samansette prosessar, og gjennom bevaringsvurdering og kassasjon «we add another very substantial layer of construction». Arkivarane kan difor ikkje

remain exterior to the process they are seeking to document... They participate in those processes; they are complicit in the recording of process. Their appraiser's values, quality of work, perspectives, interaction with the creators and owners of records, engagement with the policy he or she is implementing, and so on all become markings in the appraisal and determine what become the archival record (Harris 2007:102).

Dei verdiane som styrer bevaringsvurdering og kassasjon er, og vil alltid vere, knytte til stad, tid, kultur og individuell subjektivitet: «No matter how coherent and consistent our theoretical framework, how rigorous our methodology, appraisal will always be closer to storytelling than to scientific endeavour», understrekar han. To arkivarar kan kome til ulike resultat i bevaringsvurderinga av det same arkivet, sjølv om dei følgjer dei same retningslinene. Dette treng ikkje handle om rett eller gale eller godt eller dårleg arbeid: «They are simply telling different stories, or the same story with differences in emphasis, plot, density, and structure» (ibid:103).

Inneber dette at vi kan kaste vrak på det teoretiske rammeverket og metodologien og i staden la arkivaranes personlege skjønn styre bevaringsvurderingane? Harris avviser dette med tre argument. For det første skal vi ikkje forakte historieforteljing; kva historier som blir fortalt og kor godt dei blir fortalt, betyr mykje. For det andre er arkivarar tilsette og lønna for å vere «scholars, not romancers» og dei må difor følgje det analytiske rammeverket som følgjer av etablerte bevaringsstrategiar, teoriar og metodologiar. Eit slikt rammeverk er dessutan «indispensable to any exercise of accountability». Og nettopp omsynet til «accountability», å gi samfunnet innsyn i bevaringsvurderingar og kassasjonsprosessar, inneber at arkivaren må dokumentere sine vurderingar og val, og gjere desse tilgjengelege som ein del av arkivbeskrivingar og katalogar. Her er Harris på linje med Booms, som etterlyste samfunnets kontroll med arkivaranes arbeid med bevaring og kassasjon, fordi dette handlar om den makta som arkivarane utøver:

The power of what the French philosopher Jacques Derrida calls consignment. Which stories will be consigned to the archive and which will not. The power of the storyteller is ultimately a political power. Which is why, in a democracy, society must find ways of holding archivists accountable for their appraisal decisions (ibid:104).

For Harris er bevaringsvurdering ein aktivitet der arkivarane identifiserer dei samfunnsprosessane som dei meiner er verd å hugse og dei arkiva som kan bidra til at desse blir hugsa. Men å hugse inneber også å gløyme, og dei moglege konsekvensane av kassasjon og den makta arkivaren utøver i denne aktiviteten, gjer at bevaringsvurdering også kan vere «a fever characterised by obsessive remembering and forgetting. Who would want to be an appraiser? Only the feverish, or those too stupid to understand what they're letting themselves in for» (ibid:105).

Bevaring og kassasjon handlar til sjuande og sist om menneske, ikkje om eventuelle kostnader ved bevaring. David Bearman har notert seg at ein ikkje kan bruke ei kostnyttebasert tilnærming til bevaring og kassasjon, fordi den eine sida av likninga ikkje lar seg rekne ut og den andre er uendeleg: «The cost of retaining anything permanently is infinite. The value of any continued retention is based on hypothetical, counter-historical arguments» (Bearman 1989). Grunngevinga kan ikkje vere å spare pengar, men å bevare arkiv som dokumenterer samfunnsutviklinga på samfunnets eigne premissar. Om vi vender tilbake til Bearmans spørsmål om kva slags arkivbestand vi skal vi skal bevare for ettertida, må vi kunne svare at bevaringstrategiane må handle om å skape ei «consciously shaped record» som samstundes kan vere ein mest mogleg «representative record». Men det medvitet som skal forme denne arkivebestanden må byggje på eit teoretisk og metodologisk fundament som gjer det mogleg å etterprøve dei vurderingane som blir gjort. Og desse vurderingane må vere offentleg tilgjengelege, slik at samfunnet, og dei enkeltmenneska som eventuelt kan bli skadelidande på grunn av at dokumentasjon blir sletta, kan få innsyn i dei avgjerdene som blir tatt.

4 Arkivdanning og arkivsystem

Det eldste arkivmaterialet eg har arbeidd med, er ein fattigprotokoll frå dåverande Ullensvang prestegjeld i Hardanger. Protokollen vart opna for første gong i 1756, då soknepresten skreiv inn ei avskrift av fattigforordninga for Bergenhus stift. I åra som følgjer dokumenterer protokollen dei ulike administrative funksjonane til fattigkommisjonen; den blir brukt som postjournal og til å skrive inn møtoreferat, budsjett og rekneskap, det blir ført inn avskrifter av innkomne og avsende brev, oversyn over fattiglemmar, desisjonar frå overkommisjonen i Bergen og meir til. Protokollen er i praksis «heile» arkivet.

Hundre år seinare har dei fleste av desse funksjonane gitt opphav til eigne arkivseriar: Referata frå møta i fattigkommisjonen blir skrivne inn i ei særskilt møtebok (eller forhandlingsprotokoll, som det heitte den gongen), avskrifter av avsende brev blir førte i kopiboka, innkomne brev blir registrerte i postjournalen og samla i eit korrespondansearkiv, fattiglemmane blir registrerte i fattigmanntal og legdprotokollar, og rekneskapen ført i eigne protokollar (IKAH 2002). Arkivet har fått ein struktur som er typisk for kommunale arkiv frå 1800-talet og heilt fram mot vår tid.

Dette dømet syner at arkiv alltid er historiske produkt; arkivets innhald og form er påverka av dei lovbestemte, byråkratiske, kulturelle og teknologiske føresetnadene som var til stades då arkivet vart skapt. I kommunale arkiv er dei lovbestemte føresetnadene viktige, fordi formannskapslovene fastsette krav til ordninga av dei kommunale arkiva heilt frå starten. I formannskapslova for landet heiter det i § 24:

Ethvert Formannskab skal have følgende af Amtmanden autoriserede og med Register forsynede Protocoller, for hvis Førelse Ordføreren har at sørge, nemlig:

- a. En Dagbog, hvori alle indkomne Sager extractviis anføres
- b. En Protocol, hvori indføres Forhandlingerne ved Møder, som Formændernes afholde mellem sig indbyrdes, med Repræsentanterne, eller med Amtmanden, Fogden og øvrige Autoriteter.
- c. En Copiebog, hvori de Breve m.m. som afgaae fra Formandskabet, indføres.

Forhandlingsprotocollen underskrives ved ethvert Mødes Slutning av de tilstedeværende Formænd, hvorefter Udskrift av samme strax meddeles Fogden

Same regelverk vart gitt i lova for byane. Ifølgje Marthinsen (1996) var denne bestemmelsen unik; tilsvarande lovbestemte krav fanst ikkje for statsforvaltninga. I seinare kommunelover vart bestemmelsane vidareført fram til 1938, då påboda om postjournal og kopibok vart fjerna.

Ei sannsynleg årsak til at kommunelovene inneheldt desse krava, er statlege styresmakters behov for å føre kontroll med kommunane. Eit nødvendig vilkår for slik kontroll var at verksemda vart dokumentert i eit godt og etterprøveleg arkivsystem, som viste kva brev som var mottatt og sendt ut og kva vedtak som var fatta. Journal- og kopibokføring var på denne tida ein etablert praksis i den sentrale statsforvaltninga (Vistdal 2011), og den hadde synt seg tenleg for samtidas administrativt-juridiske arkivformål. Når «allmugen» gjennom formannskapslovene fekk etablere eigne lokale politiske organ, såg lovgivarane det som nødvendig å lovfeste krav om at den statlege arkivpraksisen skulle følgjast også i desse organa.

Det var difor ikkje arkivfaglege, men administrative behov som låg til grunn for desse bestemmelsane. Som vi har sett i kapittel 2, vart den klassiske arkivistikken utvikla ved inngangen til 1900-talet som ein metodologi for å beskrive og ordne avslutta historiske arkiv, men utan å seie noko om korleis arkiv skulle skapast. Arkiv var eit administrativt verktøy, der arkivsystemet skulle syte for orden og lette framfinning av dei dokumenta som arkivskaparen til ei kvar tid hadde behov for tilgang til. Arkivsystemet hadde to hovudformål, dokumentasjon og gjenfinning. Dette føresette eit system som sikra at vedtak vart skriftfesta,

at mottatte brev vart registrerte og oppbevarte i god orden og at kopiar av avsende brev vart bevarte. Dei utfordringane som seinare kom i fokus for klassisk og nyare arkivvitskap, som autentisitet, evidensskvalitet o.l., representerte ikkje noko problem for arkivskaparane på 1800-talet. Dei dokumenta som vart mottatt og skapt var autentiske, og så lenge dei var i arkivskaparens forvaring var det ingen grunn til å mistru dei. Det var først ved overgangen til elektronisk arkivdanning at desse utfordringane vart aktualiserte også for arkivskaparen.

Journalssystemet

Postjournalen og kopiboka representerer to hovudelement i det vi kan kalle journalssystemet. Det hadde sitt opphav i det danske rentekammersystemet, som hadde blitt påbode ved kgl. res. 18.08.1740 og bestemte at alle brev som kom inn til ein arkivskapar vart registrert ein postjournal (også kalla brevjournal eller dagbok) med bestemte opplysningar om brevet (Johannessen et al 1992:18-19).

Postjournalen var ein protokoll som vanlegvis inneheldt rubrikkar for journalnummer, brevdato, mottaksdato, avsendar, innhald og oppfølging (ekspedering). Innføringane i journalen vart nummererte fortløpande innanfor kvart kalenderår, og journalnummeret vart også ført på det aktuelle brevet. Dersom det vart skrive eit svarbrev, vart dette registrert i rubrikken for ekspedisjon med opplysning om når brevet var sendt og evt. referanse til kor brevet kunne finnast i kopiboka. Når eit innkomne brev gav opphav til ei sak som omfatta fleire dokument, vart samanhangen ofte dokumentert med hjelp av såkalla lenking, der ein i ekspedisjonsrubrikken viste til journalnummeret til neste brev. Denne lenkinga gjorde det mogleg å følgje saksgangen i journalen. Brev vart i utgangspunktet lagt i arkivet i journalnummerrekkefølge, men i saker der dokumenta var lenka i journalen vart dokumenta arkivlagde samla på det siste journalnummeret i saka.

Mens journalen dokumenterte den inngåande korrespondansen, hadde kopiboka motsett funksjon: Den gav oversyn over dei breva som var sende ut frå arkivskaparen. Kopibøkene var protokollar som inneheldt avskrifter av avsende brev, men vi kan også finne kopibøker som

inneheld samandrag av breva. Utviklinga av ulike former for kopieringsteknologi (t.d. blåpapir og kopimaskinar) førte til at protokollane ut på 1900-talet vart erstatta av ringpermar med brevkopiar. Avskriftene og kopiane inneheldt vanlegvis referansar til journalnummeret til det inngåande brevet som ein hadde svara på.

Journalssystemet byggjer altså på ein unik identifikasjon av kvart enkelt brev som er mottatt av arkivskaparen, og lenkinga sørgjer for at sakssamanhengane blir dokumentert. Systemet gjer det mogleg å ha god kontroll over enkeltdokumenta; det er ei relativ enkel sak å undersøke om dokument har blitt borte. Og når dette skjer, kan det likevel vere mogleg å rekonstruere sakssamanhengar på grunnlag av opplysningar i journalen og kopiboka. Men systemet kunne vere krevjande å halde ved like; brev måtte journalførast og lenkast, og det var først når den vart avslutta at ei sak fekk ein fast plass i arkivet. Men når ein hadde dei nødvendige administrative ressursane til registrering og vedlikehald av arkivet, fungerte systemet svært godt. Kvart dokument – og kvar sak – vart registrert med ein unik referanse, som også synte kor arkivdokumenta var plassert i arkivet. Det var ikkje utan grunn at journalssystemet har vart kjerna i dei norske Noark-systemet for elektroniske arkiv heilt frå starten av (Sirevåg 1985).

Likevel hadde systemet veikskarar. Framfinning kunne vere vanskeleg og arbeidskrevjande; dersom ein ikkje kjende tidspunktet for når eit brev vart journalført eller ført i kopiboka, var ein i praksis avhengig av spesielle register for å kunne identifisere konkrete saker eller dokument. I større administrasjonar var det difor vanleg å føre alfabetiske register over avsendarar og mottakarar, men desse registra gav ikkje informasjon om innhaldet til sakene som var behandla. Behovet for ein «sakleg inngang» til korrespondansearkiva førte difor til at det etter kvart vart utvikla nye system for arkivlegging av sakene, system som bygde på ei eller anna form for emneinndeling. Dei tradisjonelle korrespondansearkiva ordna etter journalnummer vart erstatta av system som bygde på ei eller annan form for klassifikasjon av saksinnhaldet.

Klassifikasjon og arkivnøklar

Arkivdanningas norske historie er i stor grad skriven i form av arkivkatalogar. Det finst få generelle framstillingar av korleis arkivsystem har utvikla seg i forvaltninga. Eit viktig unntak er likevel Harald Hals, som i artikkelen *Det generelle og det spesielle* behandlar utviklinga av kommunale arkivsystem. Han viser her korleis journalnummersystemet gradvis vart erstatta av andre system, først av lokalt utvikla alfabetiske system, seinare av kommersielt utvikla alfanumeriske system og til slutt arkivnøklar etter desimalsystemet. Han ser denne utviklinga som uttrykk for

at det er to kryssende hovedtendenser som har gjort seg gjeldende ...; tendenser som ikke alltid har latt seg forene, men som tvert om kan synes å stå i motsetning til hverandre: ønsket om å skape det almengyldige systemet, den altomfattende arkivnøkkel for alle kommunale etater, og i motsetning til dette den enkelte kommunes, det enkelte kontors eller den enkeltes etats forsøk på å få til et system, en nøkkel som er særlig tilpasset egne individuelle behov (Hals 1985:71).

Hals peikar her på noko som synest å vere ei grunnleggjande motsetning i all arkivdanning, motsetninga mellom arkivskaparens umiddelbare behov for rask gjenfinning og eit meir overordna behov for kvalitet og systematikk i arkivet. Denne motsetninga kom til uttrykk i arkivsystema i kommunar med ulike administrative ressursar på 1950-talet. Ein stor del av dei mindre landkommunane hadde på dette tidspunktet ingen administrativt tilsette og ansvaret for arkivhaldet var lagt til leiarane for dei folkevalde organa, slik at t.d. ordføraren var ansvarleg for kommunestyreakivet. I ein slik kommune var kommunestyreakivet

ordna etter tre parallelle system: Hovuddelen ligg ordna etter møte, slik at dei saksdokumenta som var til behandling på eitt møte ligg fortløpande etter saksnummer. Ein mindre del av saksarkivet – som omfattar dokument som ikkje har vore til behandling i kommunestyret – er ordna kronologisk. Nokre større saker, som var aktive over lengre tid og behandla på fleire møte, har blitt emneordna alfabetisk (Valderhaug 2002:325).

Kommunestyrearkivet i ein annan kommune, som hadde tilsett formannskapssekretær, var derimot heilt frå 1951 ordna etter eitt felles system, den dåverande kommunale arkivnøkkelen. Dette kan tyde på at administrativ kontinuitet er ein viktig føresetnad for å kunne etablere gode og stabile arkivsystem. I dei tilfella der arkiva vart tatt hand om av skiftande ordførarar og utvalsleiarar, var det gjerne det kortsiktige gjenfinningsbehovet som styrte arkivdanninga; ofte var det slik at nye utvalsleiarar arkiverte etter andre system enn dei forgjengarane hadde brukt.

Mange kommunar tok likevel i bruk spesielt utvikla arkivsystem. Det første av desse, *Roalds kommunale arkivsystem*, kom på marknaden så tidleg som i 1935. Opphavsmannen grunngav behovet for eit nytt system med at den tradisjonelle arkivlegginga etter journalnummer gjerne førte til at

brevsaker som henlegges på denne måte lett kommer i uorden, og at det selv med hjelp av protokollene er vanskelig eller umulig å finne frem til de eldre saker man har bruk for under den daglige administrasjon. Nettopp når man trenger det mest, får man jevnlig ikke den nødvendige nytte av et arkiv hvor brevsakene er lagt bort slik (sitert etter Hals 1985:74).

Medan journalsystemet er eit system for identifisering av dokument, er funksjonen til dei ulike emnebaserte systema å ordne eller klassifisere arkivdokument etter andre kriterier, vanlegvis innhald. Formålet er enklare framfinning; for å oppnå dette byggjer arkivnøklane på ein systematikk som deler eit saksområde inn i grupper og undergrupper. Roalds arkivsystem var eit alfanumerisk system delt inn i 50 hovudgrupper, nummerert frå 0 til 49 etter ei alfabetisk emneinndeling: 1 Arkiv, 2 Arbeidsløyse, osv. Hovudgruppene var delt i grupper, t.d. var 14 Forsorg, fattigpleie delt i 14A Rundskriv, 14B Fattigpleie, 14C Forsorgssaker, 14D Verjeråd, 14E Sinnsjuka og 14F Abnorme (Hals 1985:75). Arkivlegginga vart dermed styrt av innhaldet i dokumenta, ikkje av registreringa i postjournalen. Veikskapen ved Roalds system var at systematikken ikkje gjekk langt nok, slik at nærskyldte saksområde var plassert på ulike stader i arkivet, t.d. var den kommunale økonomiforvaltninga delt mellom tre hovudgrupper: 5 Budsjett og rekneskap, 17 Garanti og utlån og 33 Likning og skatt. Løysinga på slike problem vart å innføre eit nivå over

hovudgruppene, og dette vart gjort i *Norges Herredsforbunds (NHF) arkivsystem for den kommunale sentraladministrasjon*, som vart publisert i 1950.

NHFs arkivsystem bygde på desimalsystemet. Prinsippet som ligg til grunn for dette er ei hierarkisk inndeling i ti klassar nummerert frå 0 – 9; kvar klasse blir deretter delt i ti hovudgrupper, slik at hovudgruppene i klasse 0 blir nummerert frå 00 – 09; kvar hovudgruppe blir delt i ti grupper, t.d. hovudgruppe 02 i klassane 020 – 029, osv. Kvar «arkivkode» i systemet skal svare til ei logisk avgrensa emnegruppe i ei tilsvarende hierarkisk inndeling av emne eller saksområde. NHFs arkivsystem delte det kommunale saksfeltet i ti overordna saksområde, med vidare inndeling i underordna emne. Alle emna som handla om økonomiforvaltninga vart dermed – i motsetning til Roalds system – samla i ein klasse, 8 Finansforvaltning, rekneskap og statistikk. Fordelane ved eit slikt system er openbare; nærskyldte saksområde er plasserte nær kvarandre, i systemet, noko som lettar oversikten over sakstilfanget, og i det fysiske arkivet, noko som forenkler og effektiviserer framfinninga.

I løpet av 1960-talet vart arkivering etter arkivnøkkel vanleg praksis i norsk offentleg forvaltning. Den kommunale arkivnøkkelten vart vidareutvikla og kom i fleire nye versjonar før den i 1989 vart erstatta av det såkalla K-kodesystemet. Ein eigen arkivnøkkel for fylkeskommunane vart publisert i 1979. Denne systemutviklinga vart i stor grad drive fram av Kommunenes Sentralforbund. For statleg sektor vart initiativet til ein felles arkivnøkkel tatt av Arkivutvalet av 1958, som var oppnemnd av regjeringa for å sjå på arkivsituasjonen i den statlege sentraladministrasjonen i samband med innflyttinga i regjeringskvartalet. Ein arkivnøkkel for administrative fellessaker i staten vart laga av Rasjonaliseringsdirektoratet tidleg på 60-talet. I 1965 vart ansvaret for denne nøkkelen overført til Riksarkivaren. I 1968 vart den gjort obligatorisk for heile statsforvaltninga (Rasjonaliseringsdirektoratet 1983:27).

På 1960-talet vart såleis arkivering etter arkivnøkkel vanleg praksis i norsk offentleg forvaltning, samtidig som journalføringa generelt sett heldt stand sjølv om det finst teikn på at den var under press: Forfattaren av denne boka har i nokre kommunale arkiv observert at journalføring enkelte stader vart sløyfa etter at arkivnøkkelten kom i bruk, og Arkivutvalet av 1958 «antok at journalføringa kunne begrensast sterkt eller sløyfes helt» til fordel for arkivering etter arkivnøkkel (Øhlickers 1985). Men etter at offentlegheitslova trådde i kraft i

1971 var det ikkje lenger nokon tvil om journalen si framtid, sidan den vart det viktigaste verktøyet for å identifisere saker som ein ønskte innsyn i. På 1970-talet kan vi såleis finne eit norsk, offentleg arkivsystem som byggjer på to grunnprinsipp: på den eine sida unik registrering av dokumenta med hjelp av ein postjournal, og på den andre sida klassifisering av sakstilfanget etter ein arkivnøkkel.

Standardisering av arkivdanninga

Rammene for arkivdanninga i offentleg sektor vart i frå 1960-talet gjenstand for ei omfattande standardisering, samtidig som Riksarkivarens posisjon som offentleg arkivmyndigheit vart styrka. I statleg sektor vart denne utviklinga innleia av Arkivutvalet av 1958, som i si tilråding frå 1959 «trakk ... opp retningslinjene for det faglig-administrative instruksverket som ble utviklet i løpet av 1960-årene» (Rasjonaliseringsdirektoratet 1983:26). Det første elementet i dette regelverket var kgl. res. av 4.11.1961 om instruks for arkivavgrensing og kassasjon i statsforvaltningas arkiv. Denne vart følgd opp med kgl. res. av 6.12.1963, som gav Riksarkivaren utvida fullmakter i høve til arkivdanninga i staten. Riksarkivaren kunne etter denne inspisere dei arkiva i statlege organ som skulle avleverast til Arkivverket og i samråd med det enkelte organet gi bestemmelsar for oppbevaring og ordning av desse arkiv. Ifølgje Anne Hals representerte dette «en utvidelse av Riksarkivarens fullmakter, som skulle involvere hele Arkivverket mer direkte i moderniseringen av det statlige forvaltningsapparatet» (Hals, A 2002). Eit viktig tiltak var utarbeidinga av «normalinstruksar» for arkivarbeidet i statsforvaltninga og for arkivleiarstillingar i staten, som vart publisert som vedlegg til eit nytt reglement for organisasjon og saksbehandling i departementa i 1970. Instruksane fekk – med nokre endringar som m.a. gjaldt Riksarkivarens myndighetsområde og behandlinga av edb-baserte arkiv – status som kgl. res. i 1984 og vart dermed bindande for statsforvaltninga.

Dette regelverket etablerte ein fagleg standard for arkivarbeidet i staten. Statlege organ skulle ha sentraliserte arkiv og ein arkivleiar som var ansvarleg for utføring av alt arkivarbeid. I saksarkivet skulle ordninga av saksdokumenta skje «på grunnlag av arkivnøkkelen.

Dokumenter som tilhører samme sak, skal normalt arkivlegges samlet, og innen hvert emne i nøkkelen plasseres sakene på grunnlag av journalen» (FAD 1984). Arkivdanninga skulle følgje ein prosedyre der dokumenta vart stempla, klassifisert etter arkivnøkkelen, journalført og lenka, slik at «det sørges for forbindelse mellom første og alle senere dokumenter i samme sak». Instruksen føreskreiv vidare rutinar for m.a. avskriving, utlån, oppfølging og restansekontroll og produksjon av kopibok. Arkivet skulle delast i aktivt arkiv og bortsettjingsarkiv. Bortsettjinga «bør organiseres slik at alt arkivmateriale fra en bestemt tidsperiode (som bør være minst 5 år) settes bort samtidig». Etter 25 år skulle arkivmaterialet «søkes avlevert til Arkivverket», men arkiv «på edb-medier skal likevel søkes avlevert når det ikke lenger er i forvaltningsmessig bruk» (ibid).

Statusendringa til kgl. res. var ein følge av prosjektet Statforvaltningens arkiver, som vart gjennomført 1977-83 som eit samarbeid mellom Riksarkivaren, Kyrkje- og undervisningsdepartementet, Statens rasjonaliseringsdirektorat og Forbrukar- og administrasjonsdepartementet. Formålet var ein gjennomgang av arkivarbeid og arkivrutinar og ei avklaring av ansvarsforholda mellom departementa, Riksarkivaren og Rasjonaliseringsdirektoratet. Resultata vart publisert i hovudrapporten *Arkivproblemene i statsforvaltningen* og i fem delrapportar: *Arkivtjenestens organisering og arkivenes plassering, Bruk av arkivnøkler i statsforvaltningen, Arkivbegrensning, kassasjon, bortsetting og avlevering av arkivsaker, Krav til EDB-basert journal og registreringsssystem og Bruk av mikrofilm og teknisk utstyr i arkivarbeidet*. Prosjektet avdekket vesentlege utfordringar og vart følgd opp på fleire område. I tillegg til at arkivinstruksen vart gjort bindande for statsorgana, vart det frå Riksarkivarens side utarbeidde nytt regelverk for statsforvaltninga, m.a. retningslinjer for edb-journalføring (1984), reglar for avlevering til Arkivverket (1985), krav til bruk av mikrofilm (1988) og felles kassasjonsreglar (1989).

Bakgrunnen for desse tiltaka er samansett, men det er liten tvil om at innføringa av offentlegprinsippet i 1971 har vore viktig. Dette førte til at arkiva ikkje lenger berre var ein administrativ ressurs for arkivskaparen, det vart også eit verktøy for borgarane sin kontroll av forvaltninga. Dei offentlege arkiva skulle vere tilgjengelege for alle. Dersom denne tilgangen skulle vere reell, føresette dette at arkiva var ordna og oppdaterte og at det fanst ein felles inngang til arkivdokumenta, nemleg journalen. Dette blir også erkjent i prosjektets

hovudrapport: «Forvaltningsloven og Offentlighetsloven har skjøvet allmennhetens rettigheter overfor forvaltningen i forgrunnen, og dette rettssikkerhetsaspektet er i særlig grad blitt knyttet til journalregistreringen og sakskontrollen» (Rasjonaliseringsdirektoratet 1983:33). Arkivinstruksen inneheldt også eit eige avsnitt om «Almennhetens adgang til statsforvaltningens arkiver». Her blir det bestemt at forvaltningsorgana skal «utarbeide regler for hvilke saker som helt eller delvis skal være unntatt fra offentlighet» og at «kopi av journalen er offentlig når registreringsopplysninger av fortrolig art er gjort uleselige eller fjernet» (FAD 1984).

Ei anna viktig årsak var den teknologiske utviklinga.

Eit felles offentleg arkivsystem

Innføringa av elektroniske kontorstøttesystem frå 1980-talet bidrog til å styrke den utviklinga som vart innleia av Arkivkomiteen av 1958. Gjennom utviklinga av Noark som kravspesifikasjon og standard for elektroniske arkiv, vart det i praksis etablert eit felles arkivsystem som for offentleg sektor. Dette systemet vart endeleg stadfesta i arkivlova og forskrift om offentlege arkiv då desse trådte i kraft i 1999.

Dei første krava til elektroniske arkiv introduserte grunnleggjande arkivale registreringsprinsipp i dei elektroniske kontorsystema som handterte dokumentasjon (og som var utvikla av kommersielle aktørar utan særleg arkivfagleg kompetanse). Riksarkivarens *Retningslinjer for edb-basert journalføring i statsforvaltningen* hadde som formål å «ivareta de arkivfaglige forsvarlighets- og sikkerhetskrav i tilknytning til edb-basert journalføring» (Riksarkivaren 1984). Prinsippa frå det tradisjonelle journalsystemet og regelverket i den statlege arkivinstruksen vart lagt til grunn. Grunnprinsippet var at kvart dokument som vart journalført skulle få ein unik identifikasjon i form av eit nummer, og enkeltdokumenta i same sak skulle kunne knytast saman til saker, anten med tradisjonell lenking eller med hjelp av eit eige saksnummernivå. Retningslinjene tilrådde vidare etablering av journalperiodar på 5-10 år, «bl.a. av hensyn til størrelsen på databasen og det fysiske arkiv». Ved avslutning av ein

journalperiode skulle det «produseres papirutskrifter som muliggjør tilfredsstillende framfinning i arkivet uten å aktivisere databasen på nytt»: ei fullstendig kronologisk journalutskrift, eit alfabetisk avsendar/mottakarregister og normalt også eit saksregister ordna etter arkivnøkkelen. Samtidig skulle den elektroniske versjonen av journaldatabasen bevarast med sikte på avlevering til Arkivverket.

I dag kan det kanskje synest kuriøst at retningslinene inneheldt reglar for kva som skulle skrivast ut på papir, men dette var ein konsekvens av utviklingsnivået til datateknologien midt på 1980-talet. Ein hadde dessutan lite erfaring med ebd-journalføring. Retningslinene understreka difor at den teknologiske utviklinga og nye erfaringar ville gjere det nødvendig å endre retningslinene etter relativt kort tid, m.a. fordi det ville bli mogleg å integrere elektroniske arkivsystem med elektronisk tekstbehandling og elektronisk post.

Riksarkivarens retningsliner danna grunnlaget for *Kravspesifikasjon til Noark* (seinare kjent som Noark 1), som vart utvikla i 1984 som eit samarbeidsprosjekt mellom Rasjonaliseringsdirektoratet og Riksarkivet. Formålet med spesifikasjonen var dels å vere grunnlag for system som Rasjonaliseringsdirektoratet sjølv skulle utvikle, dels skulle den «gi de nødvendige anvisninger og holdepunkter til andre systemutviklere» (Rasjonaliseringsdirektoratet 1984:1). Journalføringa – «en fortløpende logg-føring av av inn- og utgående dokumenter i saksbehandlingen» – skulle gjere det mogleg å knyte enkeltokument saman til saker og emnegrupper, gjennomføre behandlingskontroll og ha kontroll over det fysiske arkivet (ibid). Innføring av edb-journal vart grunnlagt med den ville skape nye moglegheiter for å søkje fram og sortere opplysningar, noko som ville gjere både framfinninga av saksdokument og behandlingskontrollen meir effektiv. Men føresetnaden var at journalsystema tilfredstilte visse formelle og funksjonelle krav. For det første var det eit vilkår at journalopplysningane kunne «registreres, rettes og ajourholdes; sorteres, fremsøkes og utlistes; gjøres til gjenstand for behandlingskontroll; avskjermes i de tilfeller de er unndratt offentlighet eller særskilt gradert; skrives ut i listeform» (ibid:4). Dessutan måtte dei aktuelle datasystema vere i stand til å lagre store datamengder og handtere saker som var aktive over lang tid, og dei måtte vere maskinuavhengige. Dei burde også opne for kopling til tekstbehandling «med sikte på fulltekstlagring og -søking på brevnivå» (ibid:11).

Journalføringa skulle skje på både dokument- og saksnivå. Systema skulle ha skjema med ei rekkje obligatoriske opplysningar for registrering av både saker og dokument, og det vart stilt relativt detaljerte krav til dei skjembileta som skulle visast. Noark 1 etablerte også prinsippet om at «[a]lle aktive (fortsatt verserende) saker beholdes i den operative databasen *i sin helhet*, dvs med det dokumentforløp de måtte ha tilbake, eventuelt gjennom flere journalperioder, til sakens opprinnelse» (ibid:22). Overgang mellom journalperiodar skulle skje ved at alle avslutta saker vart skilt ut frå det aktive arkivet og overført til ein «historisk database» etter ein overlappingsperiode på to år. Saker som ikkje hadde fått tilført nye dokument i løpet av desse to åra, skulle reknast som avslutta. Arkivet skulle bevarast i papirformat.

Vi skal her ikkje ta for oss dei systemtekniske krava i Noark 1; heller ikkje i dei seinare versjonane av kravspesifikasjonen. Hovudsaka i denne samanhengen er dei arkivfaglege prinsippa som vart lagt til grunn for og integrerte i systema. Dei løysingane som Noark 1 føreskreiv, journalføring på to nivå – dokument og sak – , registrering av arkivnøkkelreferansar og periodedeling etter ein overlappingsperiode, etablerte eit system som tok vare på dei grunnleggjande kontekstuelle samanhengane i arkivet. Det skulle i tillegg registrerast opplysningar om m.a. kontor og saksbehandlar som varetok den administrative konteksten til arkivet. Noark-1 la dermed opp til elektroniske journalsystem som kunne sikre arkivkvaliteten til den dokumentasjonen som vart skapt i saksbehandlinga. Noark vart samstundes ein de facto standard for elektronisk arkivdanning i norsk offentlig forvaltning; sjølv om den formelt berre gjaldt for statleg sektor, vart den også retningsgivande for dei systema som vart utvikla for kommunesektoren.

Dei arkivfaglege grunnprinsippa i Noark 1 vart vidareført i dei seinare Noark-versjonane. Noark 2 – *Utvidet kravspesifikasjon til Noark* – vart gitt ut i 1987 og inneheldt spesifikasjonar av nokre tilleggfunksjonar, m.a. journalføring av intern korrespondanse og desentralisert journalføring. Utviklingsarbeidet var ikkje slutt med dette; etter at Riksarkivet overtok ansvaret for standarden i 1990 vart det gjort fleire mindre justeringar som i 1994 vart samanfatta i Noark 3. Dei viktigaste nyvinningane i denne versjonen var at det vart formulert retningsliner for integrasjon mellom journalsystemet og eit elektronisk saksarkiv, eit

«konsept for integrasjon av elektronisk post» og fastsett krav til avleveringsformat for journaldatabasar.

Sjølv om kravspesifikasjonen framleis føresette at arkivet skulle bevarast på papir, fordi «[a]v sikkerhetsmessige grunner krever forskriftene til arkivloven at det alltid skal forefinnes et arkiveksemlar på papir» (Riksarkivaren 1994:65), endra integreringa med elektronisk saksarkiv Noark frå å vere ein kravspesifikasjon for journalsystem til å bli ein reell standard for «sak-/arkivsystem». Sak-/arkivsystema ikkje berre registrerte dokumenta; integreringa med det elektroniske dokumentarkivet førte til at systema også styrte produksjon av saker og dokument, saksgang og oppfølging og tilgangen til dokumenta. Noark vart dermed også eit verkøy for administrasjon av saksbehandlinga. Kravspesifikasjonen relaterte seg difor til *Statens generelle kravspesifikasjon for edb-støttet saksbehandling og ledelse*, utarbeida av Statskonsult i 1991.

Noark var ein statleg kravspesifikasjon. Den mangla difor ei beskriving av korleis funksjonane for behandling av saker i folkevalde organ skulle løysast. Dette var hovudårsaka til at Kommunenes Sentralforbund i 1995 fekk utvikla ein kommunal variant av Noark 3, *Kommunal standard for sak-/arkivsystemer (KOARK)*, som var tilpassa dei kommunale behova. KOARK skulle også – i prinsippet – leggje opp til integrering mellom sak-/arkivsystem og spesialiserte fagsystem som dokumenterte saksbehandling og vedtak. I praksis skjedde dette ikkje; dei forskjellige fagsystema som dokumenterte saksbehandling i særleg skole-, helse og sosialsektorane vart ofte utvikla uavhengig av krava i Noark-standardane og representerte difor lang inn på 2000-talet ei særleg utfordring for det kommunale arkivmiljøet.

Verken Noark 3 og KOARK kan kallast kravspesifikasjonar for elektroniske arkiv, fordi dei føresette bevaring av saksarkiva i papirformat. Noark 4, som vart publisert i 1999, la derimot opp til eit fullstendig elektronisk arkivsystem. Innleiinga den nye versjonen som ein

kravspesifikasjon for elektroniske arkivsystemer i offentlig forvaltning. Spesifikasjonen angir krav til systemenes *informasjonsinnhold* (hvilke opplysninger som skal kunne registreres og

gjenfinnes), *datastruktur* (utformingen av de enkelte dataelementer og forholdet mellom dem) og *funksjonalitet* (hvilke funksjoner systemene skal ivareta) (Riksarkivaren 1999a:11). Som ein kravspesifikasjon for elektroniske arkiv for heile offentleg sektor vidareførte Noark 4 difor både Noark 3 og KOARK. Hovudskiljet i høve til dei tidlegare versjonane var at desse

i stor grad vært konsentrert om å *registrere og holde oversikt over* arkivdokumentene (journal- og arkivstyringsfunksjoner), mens *elektronisk lagring* av dokumentene (elektronisk arkiv) bare har vært beskrevet på et overordnet nivå. Både de teknologiske muligheter og brukernes behov tilsier at tiden nå er inne til å spesifisere et fullstendig elektronisk arkivsystem, hvor både de registrerte opplysningene og arkivdokumentene er i elektronisk form. Arbeidet med Noark-4 har vist at det stilles en rekke nye krav til funksjonalitet, samspill mellom aktører og kvalitetssikring når man forutsetter at all informasjon i arkivet kun finnes i elektronisk form (ibid:12).

Sjølv om Noark 4 var ein kravspesifikasjon for såkalla «fullelektronisk saksarkiv», var den utforma slik at den også spesifiserte krav på ulike nivå. Den var delt inn i fem «modular», og av desse var modulane for «journal og arkivstyring», «administrativ oppbygning og arkivstruktur» og «brukarroller og tilgangskontroll» obligatoriske for alle system. Ein «modul for utvalsbehandling» var spesielt tilpassa kommunar og fylkeskommunar, mens «modul for elektronisk arkiv» inneheldt ein detaljert spesifikasjon av korleis det elektroniske arkivet skulle byggjast opp og knyttast til dei andre modulane. Systemutviklarane kunne dermed utvikle system også for papirbaserte arkiv, noko som innebar at forvaltningsorgana kunne velje om – eller når – dei ville gå over til fullelektronisk arkivering.

Kravspesifikasjonen for elektronisk arkiv etablerte eit skilje mellom dokumentas
produksjonsformat og arkivformat. Dette vart grunnlagt med at

[e]n forutsetning for å arkivere saksdokumenter elektronisk – uten at det samtidig arkiveres papirutskrifter av de samme dokumentene – er at dokumentenes tilgjengelighet over tid opprettholdes. Dette er et helt grunnleggende krav. Det berører noe så fundamentalt som mulighetene for å opprettholde norsk forvaltningskikk. For i motsatt fall risikerer vi å få en offentlig forvaltning som kontinuerlig sletter sine spor, – en forvaltning hvor

dokumenterbarheten og offentlighetens rett til innsyn vil være begrenset til noen få år (ibid:75-76).

Metodisk skulle dette løysast ved å konvertere saksdokumenta frå det opphavlege produksjonsformatet til eit standardisert arkivformat, som burde vere ope dokumentert og helst ein ISO-standard. Konverteringa til arkivformat «må skje på en slik måte at dokumentets integritet opprettholdes. Basiskravet er at innholdet ("teksten") gjengis nøyaktig som i originaldokumentet. Men det er også ønskelig at dokumentets utseende og layout bevarer i sin opprinnelige form» (ibid). Ved periodedeling eller avlevering av arkiv frå Noark-4-system skulle elektroniske saksdokument og datauttrekk kunne eksporterast i ein standardisert mal.

Dei fire første Noark-versjonane vart utforma som kravspesifikasjonar. Det vart i aukande grad stilt detaljerte krav til kva funksjonar systema skulle vareta, og til ein viss grad også til korleis systema skulle utformast. Sjølv om spesifikasjonane ivaretok grunnleggjande arkivfaglege prinsipp, inneheldt dei i veksande grad krav som var grunnlagt med administrative og saksbehandlingsmessige behov, t.d. til saksbehandling og tilgangsstyring. Dette kunne vere problematisk, fordi skiljet mellom grunnleggjande arkivfaglege krav og andre typar krav ikkje vart tydeleggjort. Ein konsekvens av dette var at Noark 4 i praksis viste seg å vere mindre eigna som grunnlag for utvikling av spesialiserte fagsystem.

Lovgivning, regelverksforvaltning og fagleg utviklingsarbeid

Innføringa av Noark 4 var heimla i *Forskrift om offentlege arkiv* frå 1999. Arkivforskrifta må seiast å representere kulminasjonen av utviklinga som vart innleia med Arkivkomiteen av 1958. Frå eit utgangspunkt der det knapt fanst noko regelverk for arkivdanninga i forvaltninga, etablerte forskrifta eit omfattande lovheimla regelverk for arkivarbeidet i offentlege organ og markerte såleis avslutninga på ein langvarig prosess der mange aktørar hadde deltatt. Denne prosessen har førebels i svært liten grad vore gjenstand for forskning. Vi har difor begrensa kunnskap om kva interesser som har påverka utviklinga og om kva mål dei enkelte aktørane hadde. Det er heller ikkje gjort nokon studie av kva konsekvensar det

endelege resultatet – arkivlova med forskrifter – har fått for arkivdanning, arkivbevaring, det norske arkivmiljøet og arkiv som fagdisiplin. Men det er publisert ein handfull artiklar som behandlar delar av prosessen; m.a. har Ivar Fønnes gjort grundig greie for arbeidet med arkivlova og forskrifta og og Trond Sirevåg for utviklinga av Noark, der dei sjølve var sentrale aktørar. Desse artiklane viser at utviklinga til ein viss grad har vore prega av arkivfaglege og byråkratiske interesse motsetningar.

Ifølgje Fønnes (2002:136) vart dei første initiativa til ei norsk arkivlov lunkent mottatt i Riksarkivet. Det var først etter at John Herstad overtok embetet i 1982 at Riksarkivaren vart ein pådrivar i saka. For Herstad vart lovspørsmålet ei hovudsak: «Det viktigste var at det ble en arkivlov. Hvordan den ble utformet, var selvsagt også viktig, men likevel til en viss grad underordnet det første hensynet» (ibid:132). Herstad engasjerte seg personleg for å få behovet for ei arkivlov omtala i hovudrapporten frå prosjektet Statsforvaltningens arkiver. Han var også hovudarkitekten bak det framlegget til arkivlov som vart fremja i NOU 1987:35 om Arkivverkets presserande oppgåver. Dette forslaget var i hovudsak grunngitt med tre behov: å gi betre rammevilkår for arbeidet for å bevare private arkiv, å etablere eit eintydig regelverk for dei offentlege arkiva og å heve statusen til arkivarbeidet. Etter at det var gjennomført ein høyringsrunde om framlegga i NOUen, utarbeidde ein i Riksarkivet eit revidert lovutkast vinteren 1990.

Ifølgje Fønnes skilde dette seg frå forslaget i NOUen på fire punkt. Det første gjaldt forholdet til Datatilsynet, der NOUen hadde foreslått at Riksarkivarens kassasjonsreglar skulle gå framom slettingspåbod i Datatilsynets konsesjonar. «Vår vurdering var at denne bestemmelsen lett kunne bli en anstøtsstein som kunne sette hele arkivloven i fare. Vi satte derfor mye inn på å finne løsninger som kunne fungere for begge parter,» skriv Fønnes. Løysinga vart at Datatilsynet framleis kunne gi «bestemmelser om sletting, men først etter at Riksarkivarens skriftlige uttalelse var innhentet...» (ibid:142-143). Det andre punktet handla om bevaring av privatarkiv, der NOUen hadde gått «forholdsvis langt i å legge restriksjoner» på arkiveigarane. Riksarkivets utkast modererte dette. Det tredje spørsmålet var avgrensinga mellom offentlege og private verksemder. Forslaget hadde definert alle verksemder med minst 50% offentleg eigardel som offentlege organ, noko som hadde blitt kritisert i høyringsrunden. Utkastet endra dette slik at Kongen i enkelttilfelle kunne bestemme om slike

verksemder skulle reknast som offentlege organ. Det fjerde punktet dreia seg om formålsparagrafen, der forslaget i NOUen berre hadde vist til arkivas kulturelle og forskingsmessige verdi. «Etter undertegnedes vurdering var det imidlertid svært problematisk å ha en arkivlov som ikke også skulle ivareta arkivenes primærfunksjoner. Det ble derfor lagt stor vekt på å få inn *forvaltningsmessig og rettslig dokumentasjon* i lovens formål...» (ibid, Fonnes' kursiv). Den arkivlova som vart vedtatt i 1992 var i all hovudsak i samsvar med utkastet frå Riksarkivet. Men det skulle ta sju år før lova trådte i kraft, og i løpet av denne tida gjekk arbeidet med å utforme forskrifter til lova gjennom ein lang prosess der «arkivfaglige prinsipper og krav skulle brynes mot forvaltningens virkelighet og de lovtekniske krav til utforming av en forskrift» (ibid:148).

Riksarkivets strategi var at arkivforskrifta skulle etablerte eit klart regelverk for arkivfunksjonen i offentlege organ. Og den gir svært detaljerte reglar for arkivorganisering, arkivsystem, arkivdanning og arkivbevaring. Men forskriftsfesting av faglege prinsipp kan også vere problematisk. Den som leverer faglege premissar vil i utgangspunktet ha avgrensa innverknad på det endelege produktet og på eventuelle seinare endringar, fordi avgjerder om dette blir tatt på eit høgare nivå. I arkivfagleg samanheng kan dette vere ei særleg utfordring fordi eit arkivfagleg regelverk også kan ha politiske konsekvensar, og politiske omsyn kan kome til å stå i motsetning til faglege prinsipp. I arkivforskrifta var dette særleg tilfelle for bestemmelsane om journalføring.

Det historiske opphavet til journalføringa var behovet for kontroll av forvaltninga; journalen gav oversyn over kva brev som var mottatt og korleis desse vart behandla. Men journalen hadde også den funksjonen av den dokumenterte dei opphavlege samanhengane og strukturane i arkivet, og arkivfagleg vart difor journalen den viktigaste reiskapen for å bevare den opphavlege ordenen i arkiva. Dette samanfallet av administrative og arkivfaglege interesser kjem t.d. til uttrykk i arkivinstruksen for staten, som slo fast at «[i]nngående post, initiativ ekspedisjoner og interne dokumenter som er en del av saksbehandlingen registreres i journalen» (FAD 1984). Journalen skulle med andre ord vere eit komplett register over saksdokumenta.

Då arkivforskrifta låg føre, viste det seg at denne bestemmelsen var endra.

Journalføringsplikta var no redusert til «alle inngående og utgåande dokument som etter offentleglova § 4 må reknast som saksdokument for organet, dersom dei er gjenstand for saksbehandling og har verdi som dokumentasjon. *Organinterne dokument ... registrerer organet i journalen så langt organet finn det tenleg*» (§ 2-6 i den opphavlege versjonen, min kursiv). Årsaka til denne endringa kan neppe vere anna enn den funksjonen postjournalen hadde fått i offentlegheitslova av 1970. Her vart journalen det verktøyet som publikum skulle bruke for å identifisere dei dokumenta ein ønska innsyn i. Utforminga av bestemmelsen i arkivforskrifta gav forvaltningsorgan heimel for å la vere å journalføre «organinterne dokument» og dermed i praksis unnta dei frå innsynsretten.

Det kan neppe vere anna enn departementale interesser som låg bak dette, for det finst ingen arkivfaglege argument for å avgrense journalplikta på denne måten. Tvert om, journalens funksjon som register over arkivdokumenta og dokumentasjon av saksbehandlinga har blitt styrka av innføringa av elektroniske arkivsystem. I elektroniske arkiv er det berre journalføringa som kan dokumentere arkivets kontekst (i motsetning til papirbaserte arkiv der den fysiske plasseringa i mapper o.l. også er ein form for kontekstinformasjon) og dermed gi dokumenta evidensskvalitet, og framfinning er dessutan heilt avhengig av at dokumenta er registrerte i journalen. Ei følge av denne bestemmelsen vart difor at Noark-4 måtte supplerast med ein eigen spesifisering for registrering («logging») av ikkje-journalførte dokument, som innebar at slike dokument kunne registrerast i ei sak utan at opplysningar dokumentinnhald var synlege eller søkbare.

Det kan vere liten tvil om at § 2-6 i arkivforskrifta reduserte offentlegheita sitt høve til innsyn forvaltninga si verksemd, samanlikna med den tidlegare arkivinstruksen. I eit opprop frå Norsk Redaktørforening av 9.10.2007 heiter det at

[u]ten journalføring er det ofte umulig å vite at dokumenter overhodet finnes, langt mindre spore dem opp. Et av de viktigste elementene da offentlighetsloven ble vedtatt i 1971 – og som Stortinget selv sørget for – var gjennomføring av innsyn i arkivjournalene. Stortinget kalte selv journalene for "nøkkelen til arkivet". I 1999 besluttet regjeringen Bondevik å fjerne plikten til å journalføre organinterne dokumenter. Fra det tidspunktet mistet Norge sin

posisjon som et av de fremste land i verden med hensyn til åpenhet og innsyn, fordi publikum i praksis ble nektet innsyn i store deler av arkivdokumentene (www.nored.no/news.aspx?id=4517).

Derridas utsegn om at politisk makt ikkje kan finnast utan kontroll over arkivet, og at tilgangen til arkivet er eit mål på demokratiet, kan vere ei ganske treffande beskriving av den departementale haldninga til journalføringsplikta. Det same må kunne seiast om forslaget til to endringar i arkivforskrifta frå Kulturdepartementet hausten 2010, som vil innebere at krav om innsyn etter offentleglova ikkje treng journalførast «med mindre dei gjeld eller inneheld ei nærmare grunngjeving eller klage» og at tekstmeldingar på mobiltelefon arkivmessig kan «behandlast på same måte som telefonsamtaler». Begge desse forslaga vil svekke innsynsretten og høvet til demokratisk kontroll av forvaltninga (Bould og Valderhaug 2010).

Den norske arkivlova inneheld ingen referansar til innsynsretten, i motsetning til den svenske lova som slår fast at «[m]yndigheternas arkiv skall bevaras, hållas ordnade och vårdas så att de tillgodoser 1. rätten att ta del av allmänna handlingar, 2. behovet av information för rättskipningen och förvaltningen, och 3. forskningens behov». I ettertid kan dette synest å vere ein vesentleg mangel ved den norske lova.

Då arkivlova og arkivforskrifta trådde i kraft i 1999, var det ei forventning i det arkivfaglege miljøet om at regelverket ville føre til ei kvalitetsheving i arkivarbeidet i offentleg sektor. Riksarkivaren prioriterte to verkemiddel for å oppnå dette. Det første var utarbeidinga av *Arkivhåndboken for offentlig forvaltning* (Fonnes 2000), som gav ei omfattande tolking av det nye regelverket. Det andre verkemiddelet var regelverksforvaltning. Riksarkivarens årsmeldingar viser at det vart lagt stor vekt på dette arbeidsfeltet dei første åra etter at arkivlova trådde i kraft. Årsmeldinga for 2003 oppsummerer at Arkivverket «inspiserte 189 organer og besøkte 46 i 2003. Dette gir 235 besøk til arkivskapende organer. I 2002 ble 279 organer besøkt, i 2001 227 organer og i 2000 293 organer». I tillegg tok «ansatte (---) initiativ til og/eller deltok på en mengde seminarer, møter og kurs om arkivloven og arkivforskriften» (Riksarkivaren 2004:4).

Mykje talar for at John Herstads hovudstrategi som riksarkivar var å få på plass ei arkivlov, for deretter å bruke det nye regelverket for å heve kvaliteten på arkivarbeidet i offentleg sektor. Resultatet av denne strategien er openbart blanda. Fleire av Arkivverkets årsmeldingar inneheld ein passus som slår fast at «[d]en offentlige forvaltning viser nok større vilje til å rette opp svakheter som Arkivverket påpeker enn tidligere, men oppfølgingen av pålegg og tilrådingar skjer ikke uten en betydelig ressursinnsats og merarbeid for etaten» (her sitert etter Riksarkivaren 2008:6-7). Dette kan tyde på at forventningane til følgjene av arkivlova hadde vore overdrivne; rett nok var eit lovheimla regelverk på plass – noko som i seg sjølv representerte eit tidsskilje – men forvaltninga heldt i stor grad fram som før. Arkivarbeidet vart framleis nedprioritert, og eit forhold som skapte nye og store utfordringar for Riksarkivarens rolle som regelverksforvaltar var reformarbeidet i offentleg forvaltning. Årsmeldinga for 2007 viser til at

[o]fte er utredning av konsekvensene for arkivbevaring helt utelatt i slike sammenhenger. Det samme kan sies om utviklingen av nye samarbeidsformer på tvers av forvaltningsnivåer. I slike tilfeller er det et fremtredende trekk at ledelsen ikke setter av nødvendige midler til å gjennomføre reformene slik at de makter å overholde arkivlovens krav til god arkivforvaltning (ibid:7).

Lovregulering og regelverksforvaltning er nødvendige, men ikkje tilstrekkelege verkemiddel for å styrke arkivarbeidet i forvaltninga. Ein er også avhengig av at ein i forvaltningsorgana – og særleg i leiinga av organa – får utvikla ei forståing av kvifor dette arbeidet er nødvendig og viktig.

Dei interkommunale arkiva og arkivdanninga i kommunane

Parallelt med utviklinga av arkivregelverket for staten skjedde det ei spennande arkivfagleg utvikling i kommunesektoren. Det statlege regelverket gjaldt ikkje for kommunane, men Riksarkivaren hadde etter kgl res av 9.07.1948 visse fullmakter i høve til arkivbevaringa i kommunane. I 1965, i samband med reforma som førte til at ei lang rekkje kommunar var slått saman, hadde Riksarkivaren sendt rundskriv som understreka at den nye kommunen var

ansvarleg for trygg oppbevaring og ordning arkiva frå dei nedlagde kommunane. Rundskrivet vart i liten grad følgt opp, og 20 år seinare stod mykje kommunalt arkivmateriale i fare for å gå tapt. Dette var bakgrunnen for at det statlege Arkivverket frå midt på 1980-talet prioriterte etableringa av interkommunale arkivordningar (IKAer). IKAene var i utgangspunktet ikkje tiltenkt noko rolle i høve til arkivdanninga i kommunane, dei skulle først og fremst sikre dei eldre kommunearkiva. Likevel hadde IKA Rogaland ein viss aktivitet på dette feltet frå tidleg i 1980-åra, og frå 1990 vart arkivdanninga ei hovudoppgåve for IKAene.

Arkivdanninga var i utgangspunktet den enkelte kommunes eige ansvar. Det fanst ikkje noko overordna regelverk. Kommunenes sentralforbund hadde ein viss aktivitet på feltet; det vart utarbeidde arkivnøklar, handbøker og arrangert ein del kurs for kommunalt arkivtilsette, men det vart ikkje gjennomført generelle tiltak for å styrke arkivdanninga i kommunane. Men behovet var stort; også her hadde innføringa av forvaltningslova og offentlegheitslova fått store konsekvensar. Dei kommunale arkiva hadde fått eit anna innhald, ordning og ikkje minst omfang enn 25 år tidlegare. Dokumentasjonen av saksbehandlinga hadde blitt meir utfyllande og arkivomfanget var mangedobla. Kvaliteten til arkivarbeidet var høgare enn på 50-talet; praktisk talt alle kommunar brukte arkivnøkkel og hadde etablert visse rutinar for postbehandling og arkivlegging, men det fanst likevel store manglar og utfordringar.

Midt på 1980-talet var situasjonen prega av at kommunane generelt hadde ein fragmentert arkivstruktur. Som organisasjon omfatta kvar kommune ei rekkje sjølvstendige arkivskaparar; dei kommunale etatane som fanst på denne tida – sentraladministrasjon, skoleetat, helse- og sosialetat og teknisk etat – var etablert med utgangspunkt i gjeldande særlovgiving og hadde eigne arkiv. Etatane førte møtebok for eit eller fleire folkevalde organ, hadde eigne saksarkiv og eitt eller fleire spesialarkiv som dokumenterte den politiske og administrative aktiviteten i etaten. Saksbehandlingsprosessen førte dessutan til at gjenpartar av dei same saksdokumenta ofte vart arkivert i fleire etatsarkiv, noko som gjorde at arkiva vart unødvendig store. På grunn av etatsstrukturen fanst det i det store fleirtalet av kommunane ingen samordning eller overordna styring av arkivarbeidet.

Det var denne situasjonen var utgangspunktet for dei første kommunale arkivplanane. Arkivplan som styringsreiskap for arkivdanninga vart først prøvd ut av Bergen byarkiv, som

midt på 80-talet utvikla arkivplanar m.a. for dei kommunale barnehagane. Interkommunalt arkiv i Hordaland var den første institusjonen som byrja å utarbeide overordna arkivplanar, som omfatta heile kommunen og samordna arkivdanninga hos fleire arkivskaparar. Formålet med desse planane var å få kontroll over arkivdanninga i kommunen som heilskap, slik at berre nødvendig dokumentasjon vart tatt vare på. Eit viktig mål var å unngå «dobbeltarkivering» av identiske saksmapper i ulike etatar. I arkivplanprosjekta var det vanleg å evaluere både arbeidsrutinar, seriestructuren i kvart enkeltarkiv og tilhøva mellom enkeltarkiva. Det var difor ikkje uvanleg at ein arkivplan førte til at det vart oppretta nye arkivseriar, og i nokre få tilfelle vart det også etablert nye arkivskaparar. Arkivplanen førte mange stader til at det for første gong vart etablert ein arkivorganisasjon som omfatta heile kommunen, med ei overordna styring og felles rutinar (Valderhaug 2002).

Omgrepet arkivplan var ikkje nytt; det var brukt i den statlege arkivinstruksen, i tydinga «samleplan for instruksjer, regler, planer m.v. som gjelder utføring av arbeid i arkivet: mottak av post og registrering, arkivlegging, plassering, bortsetting, kassasjon, overføring og avlevering av arkivet» (FAD 1984). Det som var nytt ved dei kommunale arkivplanane låg i tilnærminga; utarbeidinga av ein arkivplan vart gjennomført som eit prosjekt som organisatorisk omfatta fleire arkivskaparar og enkeltarkiv og metodisk innebar ein kritisk gjennomgang av eksisterande arkivordning og rutinar i høve til kommunens reelle dokumentasjonsbehov. Valderhaug (2001) samanfatta arkivplanens formål slik:

å styre produksjon, organisering og bevaring av dokumentasjon (arkivdokument) i ein organisasjon. Med dokumentproduksjon forstås vi mottak av dokument som er produsert eksternt, eigenproduksjon av dokument og integrering (dvs. registrering og kopling) av desse dokumenta. Omgrepet organisering omfattar både korleis informasjonen er ordna (på arkivskapar- og arkivdelnivå) og rutinar for sikring av konfidensialitet, tilgang og autentisitet. Med bevaring forstås vi både bevaring/kassasjon, organiseringa av bevaringsprosessen (t.d. styring av bevaringsverdig dokumentasjon til bestemte arkivdelar og mellom arkivskaparar i ein organisasjon), krav til lagringsmedia og -format og depotfunksjonen.

Dei kommunale arkivplanane var ein suksess, og arkivplanarbeidet er uløseleg knytt saman med utviklinga av dei interkommunale arkivordningane, i tillegg til ei generelt høg

prioritering av arkivdanningsfeltet. Det var ikkje nokon arkivteoretisk nyorientering som var grunnen til denne prioriteringa, men heller ei form for marknadsstyring: Dei interkommunale arkiva var – og er – organisert på ein slik måte at kommunar som ikkje er nøgde med tenestetilbodet, kunne trekkje seg ut av samarbeidet med kort varsel. Dette skapte eit press på institusjonane for å tilby tenester det var etterspørsel etter. Arkivplanane – saman med dei andre arkivdanningstenestene som vart utvikla – svara på eit påtrengjande behov for å styrkje arkivarbeidet i kommunane.

Eit viktig poeng i denne samanhengen var at dei kommunale arkivinstitusjonane i sitt arbeid med arkivdanninga i kommunane ikkje hadde noko formelt regelverk å vise til. Dei arbeidsrutinane og prosedyrane som vart del av arkivplanane og som var tema for ei omfattande kursverksemd, var begrunna både fagleg og praktisk. Dette var eit vilkår for å nå fram til arkivmedarbeidarar og leiarar i kommunane med «bodskapen»: det var ikkje tilstrekkeleg å fortelje folk korleis ting skulle gjerast, dei måtte også forstå kvifor dette var nødvendig.

Den sterke vektlegginga av arkivdanninga var noko som særmerkte dei kommunale arkivinstitusjonane. I langt større grad enn Arkivverket greip dei kommunale institusjonane direkte inn i arkivdanningsprosessen og la føringar for korleis arkiva skulle skapast. Dette representerte eit tidleg uttrykk for den oppfatninga av arkivinstitusjonane si rolle som internasjonalt er karakterisert som «post-custodial»; arkivaren er ikkje berre ein passiv mottakar av dei arkiv som er skapt, men har også eit ansvar for å sikre at den nødvendige dokumentasjonen av handlingane blir skapt. Men det er likevel skilnader her: Mens den internasjonale debatten om denne nye rolla i hovudsak var innretta på korleis ein kunne skape og bevare elektroniske arkiv som autentisk dokumentasjon av arkivskaparanes sine aktivitetar, gjaldt den norske kommunale varianten i første omgang papirbaserte arkiv. Det kommunale arkivmiljøet utvikla heller ingen teoretisk grunnleggjande metodologi for arkivplanlegginga, i motsetning til t.d. det australske arkivmiljøet som la ein funksjonsanalytisk metodikk til grunn for planlegging av arkivfunksjonen.

Internasjonal standardisering

Arbeidet med arkivdanning i dei norske arkivmiljøa var i liten grad teoretisk fundert, i alle fall før tusenårsskiftet. Hovudargumentet for å gripe inn i arkivdanninga var å bidra til at det vart skapt gode arkiv som det ville vere enklare å bevare. Den internasjonale faglege utviklinga på 1990-talet hadde sett få spor her til lands; spørsmålet om arkivas kvalitet som transaksjonsevidens var t.d. fråverande i den norske debatten (omgrepet transaksjon er ikkje brukt i Noark 4).

Evidenskvalitet er derimot ei hovudsak for ISO 15489, den internasjonale standarden for «records management» som vart vedtatt i 2001 av den internasjonale standardiseringsorganisasjonen (ISO). Standarden har to delar; ISO 15489-1 definerer viktige omgrep og formulerer prinsipp og retningslinjer for beste praksis i arkivdanninga, mens ISO/TR 15489-2 inneheld ein metodologi for implementering av del 1. Standarden byggjer i all hovudsak på den australske standarden AS 4390 (ISO 2001a:vi). Denne vart fastsett i 1996, og

[o]perating within a records continuum-based conceptual framework, AS 4390 recommends a rigorous methodology based on an analysis of the functions and activities of an organization and identification of the recordkeeping requirements or warrants for each of those functions and activities. Recordkeeping systems then need to be designed and implemented in ways that ensure that these recordkeeping requirements are satisfied (Cunningham 1999).

ISO 15489 har altså den australske arkivkontinuitetstenkinga som teoretisk grunnlag. Dette går fram av definisjonen av «records», som fokuserer på evidensfunksjonen: «Records» er «information created, received and maintained as evidence and information by an organisation or person, in pursuance of legal obligation or in the transactions of business» (ISO 2001a:3). «Records» kan generelt oversetjast med det norske arkivdokument, men ISO 15489 brukar ein relativ snever definisjon av omgrepet som gjer ei norsk oversetjing problematisk. Standarden krev at «a record should correctly reflect what was communicated or decided or what action was taken. It should be able to support the needs of the business to which it relates and be used for accountability purposes» (ISO 2001:7).

I tillegg til innhaldet, skal «records» innehalde eller vere permanent lenka til metadata som kan dokumentere ein transaksjon. Dette føreset at

- a) the structure of a record, that is, its format and the relationships between the elements comprising a record, should remain intact;
- b) the business context in which a record was created, recieved and used should be apparent in the record (including the business process of which the transaction is part, the date and time of a transaction and the participants in the transaction)
- c) the links between the documents, held separately but combining to make up a record, should be present (ibid).

Arkivdanninga må difor følgje fastlagde rutinar, prosedyrar og praksis som skal sikre at det blir skapt autoritative «records» som tilfredsstillir krava til autentisitet, pålitelegheit, integritet og tilgjengelegheit («usability»).

At ein «record» er autentisk inneber at det kan bevisast at den er det den gir seg ut for å vere, har blitt skapt eller sendt av den personen som hadde til hensikt å skape eller sende den, og har blitt skapt eller sendt på på det angitte tidspunktet. Dette inneber at arkivskapande organisasjonar må utarbeide, implementere og dokumentere rutinar og prosedyrar som kan kontrollere skaping, mottak, overføring, vedlikehald og forvaring slik at arkivet er sikra mot autorisert endring, bruk, sletting osv. Ei påliteleg «record» er «one whose contents can be trusted as a full and accurate representation of the transactions, activities and facts to which they attest and can be depended upon in the course of subsequent transaction or activities» (ibid). Integriteten til ei «record refers to its being complete and unaltered», mens ei «usable record is one that can be located, retrieved, presented and interpreted» (ibid).

Formålet med ISO 15489 er etablere system som kan sikre at «records» blir skapt («created»), arkivert («captured») og administrert («managed») på ein slik måte at bevis- og dokumentasjonsinnhaldet kan oppretthaldast og hentast fram på ein effektiv måte. Kapittel 9 i standarden behandlar difor behovet for rutinar for korleis ein skal avgjere om eit dokument

skal arkiverast eller ikkje og kor lenge ein skal bevare dokumentasjonen. Det formulerer vidare retningslinjer for «records capture», som dreier seg om å

establish a relationship between the record, the creator and the business context that originated it; place the record and its relationship within a records system; and link it to other records. This process can be undertaken by the allocation of explicit metadata, embedded in, attached to or associated with the specific record... (ibid:12.)

Dei teknikkane som blir tilrådd for å oppnå dette er m.a. registrering og klassifisering. Registreringa «provides evidence that a record has been created or captured in a records system, and an additional benefit is that it facilitates retrieval» (ibid:13), altså ein funksjon som tilsvarar den norske journalføringa. Klassifiseringa som blir tilrådd i standarden omfattar likevel noko anna enn dei norske emnebaserte arkivnøklane, fordi den tar utgangspunkt i eit hierarki av funksjonar, aktivitetar og transaksjonar i arkivskaparens verksemd: «Classification of business activities acts as a powerful tool to assist the conduct of business and in many of the processes involved in the management of records...» (ibid). Mens norske arkivnøklar har bygd på ei hierarkisk emneinndeling av arbeidsområda til statlege eller kommunale arkivskaparar, føreskriv ISO-standarden funksjonell klassifisering, eit system som ein logisk sekvensiell struktur «determined by the natural spatial, temporal, and casual relationships which exist within the sets or series of activities which compose the function» (Sabourin 2001:145-146). Funksjonell klassifikasjon representerer såleis prosessar, der norske arkivnøklar representerer statisk orden.

ISO 15489 legg opp til ein analyse av den enkelte verksemda for å identifisere arkivbehova. Den følgjer prinsippa i den australske DIRKS-metodologien (Design and Implementation of Recordkeeping Systems). Denne inneber ei funksjonsanalytisk tilnærming, som med utgangspunkt i mandatet og oppgåvene til ei verksemd kartlegger dei funksjonane som blir utført, kva aktivitetar og transaksjonar desse inneheld, og på dette grunnlaget identifiserer dei nødvendige dokumentasjonsbehova. Ein skal deretter vurdere om dei eksisterande arkivsystema tilfredsstillar desse behova og foreslå tiltak for å bøte på eventuelle veikskapar og manglar, t.d. utvikle nye system og implementere desse. Systematikken i denne

metodologien gjer den også veileigna for utarbeiding av overordna arkivplanar som kan omfatte fleire arkivsystem og integreringa mellom desse.

ISO 15489 har blitt retningsgivande internasjonalt. I Europa har den vore utgangspunktet for *MoReq - Model Requirements for the management of electronic records*, som vart utarbeidde på oppdrag av EU-kommisjonen og kom i andre versjon i 2008. I Norge har ISO 15489 – saman med MoReq – vore viktige for utviklinga av Noark 5. Utviklinga av den siste Noark-versjonen vart grunnlagt med særleg to forhold: «et sterkt påtrykk både fra forvaltningen og leverandørene for å få til gode løsninger for integreringen mellom Noark-baserte system og fagsystem» og utviklinga av «nasjonale og internasjonale standarder som har relevans for elektronisk journalføring og arkivering» (Riksarkivaren 2009:9). Veikskapen ved Noark 4 – at den var ein «kravspesifikasjon for et komplett system, som det er vanskelig og kostnadskrevende å integrere med fagsystemer» (Riksarkivaren 2008:8) – skulle løysast med hjelp av to grep: For det første skulle Noark 5 skilje klart mellom dei grunnleggjande arkivfaglege krava og og andre funksjonar. For det andre skulle den vere ein arkivstandard, ikkje ein kravspesifikasjon.

Formålet med Noark 5 er at den skal kunne brukast til alle former for arkivdanning, uavhengig av kva type aktivitetar eller saksbehandling som er utgangspunktet for arkivdanninga, og av arkivskaparar i såvel offentleg som privat sektor. Den er difor beskrive på tre nivå:

Indre kjerne inneholder krav til grunnleggjende funksjonalitet for journalføring og arkivering. Hovedfunksjonene ligger innen arkivstruktur, metadata og krav til system som finnes i regelverk for arkiv. I tillegg ligger det krav til de moduler som må inngå i kjernen, det vil si datafangst, søking, fremhenting og visning, administrasjon av kjernen, bevaring og kassasjon samt avlevering. Kravene til indre kjerne må være oppfylt for at systemet skal kunne godkjennes som en Noark 5-løsning.

Ytre kjerne definerer kjernens krav til eksterne, valgfrie moduler/systemer. For at kjernen skal fungere i et helhetlig arkivsystemmiljø, må kjernen stille noen krav til de aktuelle "valgfrie" systemer som benyttes i miljøet. Mellom Noark 5 kjerne og omkringliggende system ligger det en "gråson", som er Noark 5 sine krav til eksterne moduler/systemer.

Kravene til ytre kjerne er en del av Noark 5 kjerne, og må være oppfylt for at systemet skal kunne godkjennes som en Noark 5-løsning.

Komplett Noark 5 spesifiserer krav og anbefalinger til noen av de valgfrie fag- og administrasjonssystemer som vil inngå i en "komplett" Noark 5-løsning, det vil si en løsning som ligger nært opp til dagens Noark-4-system (Riksarkivaren 2009b:23).

I motsetning til tidligere versjonar, blir altså Noark 5 presentert som ein arkivstandard og ikkje ein kravspesifikasjon til eit komplett system. Dette framhevar dei grunnleggjande arkivfaglege funksjonane som må vere til stades i eit elektronisk arkivsystem; desse er obligatoriske og plassert i «kjerna» i dei systema som skal utviklast med standarden som grunnlag. Vi kan difor sjå på Noark 5 som ein standard som set fokus på dei arkivfaglege prinsippa som skal liggje til grunn for elektroniske arkivsystem.

ISO 15489 har så langt i mindre grad fått følgjer for arbeidet med arkivplanlegging. Behovet for ei systematisk tilnærming er likevel stort; arkivdanninga i offentleg forvaltning skjer i stor grad i system som ikkje er integrert med dei Noark-baserte sak-/arkivsystema, dvs. i ulike former for fagsystem, søknadsportalar, databasar o.l. Noark 5 kan kanskje bidra til å endre dette, men vil ikkje kunne erstatte behovet for ei overordna planlegging av arkivfunksjonen. Det er behov for å samordne og eventuelt integrere arkivsystema i høve til målet om ei gjennomsiktig forvaltning, dokumentasjon av enkeltmennesket sine rettar og for interne dokumentasjonsbehov. Dette kan handle om å få utarbeidde nøyaktige oversyn over saksbehandling og dokumentflyt innanfor dei ulike arbeidsområda til ei verksemd, og å beskrive korleis dei ulike systema blir brukt i saksbehandlinga og kva slags informasjon som finst i og blir overført mellom systema. Dette må supplerast med utarbeiding av rutinar som sikrar at opplysningar og dokument med verdi utover dei kortsiktige administrative behova blir lagra i system som kan bevare dokumenta som autentiske og pålitelege over tid.

Arkivsystema – og arkiveringa

Arkivsystem, arkivplanar, rutine- og prosedyrebeskrivingar o.l. definerer rammeverket for arkivdanninga. Dette rammeverket er – som gjennomgangen i dette kapitlet har vist –

historisk betinga; det er uttrykk for føresetnader og behov som endrar seg over tid og er påverka av faktorar som den generelle samfunnsutviklinga, politiske forhold, teknologisk utvikling, og dei siste tiåra også av arkivfaglege vurderingar. Grunnlaget for dagens arkivstandardar kan dels finnast i utviklinga av datateknologien, men ei arkivfagleg forståing som legg vekt på behova for evidens, autentisitet, integritet og transparens er også ein viktig føresetnad for t.d. ISO 15489. Utforminga av arkivsystem kan også vere påverka av samfunnsmessige maktforhold som står i motsetning til i arkivfaglege prinsippa – jf dømet om journalføring av innsynskrav og sms-meldingar i Kulturdepartementets endringsforslag til arkivforskrifta.

Arkivsystema er altså ikkje allmenngyldige eller nøytrale, men historiske produkt. Når ISO 15489 – og det australske førebiletet AS 4390 – legg stor vekt på arkiv som grunnlag for «accountability», er dette m.a. eit resultat av at australske arkivarar hadde

strongly linked recordkeeping and the archival mission to accountability, for example in the context of the archival legislation reform movements of the early 1990s which followed revelations of systemic corruption in the governments of both Queensland and Western Australia in the 1980 (McKemmish og Upward 1994).

Ein konsekvens av dette er at ISO-standarden favoriserer visse typar dokumentasjon framfor andre. Definisjonen av «records» er eit døme på dette; den er snevrare enn t.d. definisjonen av arkivdokument i den norske arkivlova fordi den byggjer på ei anna teoretisk arkivforståing. Desse definisjonane treng ikkje å stå i motsetning til kvarandre; dei kan heller utfylle kvarandre slik at ein bestemt type arkivdokument vil vere «records», samtidig som vi må erkjenne at det finst andre typar arkivdokument som ikkje tilfredsstiller dei krava som «records»-definisjonen stiller.

Som vi har sett i kapittel 2, deler Eric Ketelaar arkiveringsprosessen i tre ledd: arkivaliseringa (valet om å nedteikne), arkiveringa (nedteikninga av informasjonen), og arkiveringa (innlemminga i arkivet). Han meiner at arkiveringa difor ikkje kan forståast som ei objektiv handling, den er subjektiv og betinga av ei rekkje samfunnsmessige vilkår. Eit av desse vilkåra er arkivsystema, som ikkje berre strukturerer arkiva, men legg også føringar for kva som blir

arkivert, og korleis dette blir arkivert, gjennom måten dei er bygd opp på, dei kategoriane som er brukt og systematikken for registrering. Journalføring i eit Noark-system registrerer visse visse opplysningar som vi kan karakterisere som objektive, slik som avsendar eller mottakar, brevdato og journalføringsdato. Samtidig blir det registrert opplysningar som vil vere uttrykk for subjektivt skjønn, slik som innhaldsbeskriving og arkivreferanse. Å gjengi innhaldet i eit brev eller ei sak i ein rubrikk med avgrensa plass vil i mange tilfelle vere umogleg, og den som registrerer må i slike tilfelle gjere eit val som inneber at innhaldsbeskrivinga framhevar visse delar av saksinnhaldet. Klassifisering etter ein arkivnøkkel kan vere objektiv og uproblematisk, t.d. når søknader på ei ledig stilling blir klassifisert med arkivkoden 211 i Statens fellesnøkkel, men det vil ofte vere rom for skjønn. Dei einskilde kategoriane i arkivnøkklane er heller ikkje objektive beskrivingar av fakta, men representerer forsøk på å systematisere offentlege saksområde i hierarkiske konstruksjonar.

Arkiveringsprosessen vil dessutan vere påverka av maktforholda internt i det arkivskapane organet og samfunnet elles. Ifølgje Karin Gjelsten (2006:89) er

[a]rkivpersonalet ... i utgangspunktet en lojal del av forvaltningen. I noen tilfeller blir arkivpersonalet rett og slett overstyrt av ledelsen på avdelingene. Dersom ordlyden i en postjournal er slik at den kan føre til stor pågang av pressefolk og andre som vil ha innsyn i saken, kan arkivet få beskjed om å omformulere eller «kamuflere saken» ved å døpe den om og kalle den noe annet og mindre farlig.

Arkivpersonalet er dermed plassert mellom borken og veden. Som operatørar i arkivdanningsprosessen er dei underlagt leiinga i ei verksemd og arbeider innanfor eit rammeverk som er gitt av lovbestemmelsar, regelverk, arkivsystem og faglege føresetnader. Samtidig har dei eit personleg handlingsrom som gjer at også deira personlege val kan påverke det arkivet som blir skapt. Arkivarrolla og dei faglege og etiske utfordringane arkivarar kan møte i sin arbeidssituasjon blir drøfta vidare i kapittel 7.

5 Arkivbeskriving

På slutten av 1980-talet, medan eg arbeidde ved Interkommunalt arkiv i Hordaland, henta vi inn ei avlevering frå ein kommune der mesteparten av materialet var pakka i sekkar. Det var eit typisk «kaosarkiv»; brev til forskjellige arkivskaparar og frå forskjellige tider var blanda saman, slik at både proveniensen og den opphavlege ordenen var fullstendig øydelagt. Mange depotarkivarar har opplevd likande tilfelle – allereie Muller, Feith og Fruin føreskreiv korleis slikt materiale skulle behandlast –, så det er ikkje utan grunn at «orden frå kaos» har vore ein devise for arkivarprofesjonen. Oppgåva vår var altså å skape orden, og framgangsmåten var i prinsippet enkel, men svært omstendeleig: Først sortere breva etter arkivskapar og deretter forsøke å gjenskape den opphavlege ordenen i dei enkelte arkiva.

Grunnen til at dette var mogleg, er at arkivdokument på papir som regel inneheld informasjon om den konteksten dei vart skapte i. Innkomen korrespondanse har ofte stempel som gir opplysningar om arkivskaparens namn, journalnummer og år og eventuelle andre arkivreferansar. Når dette er tilfellet, er det ei relativ enkel sak å rekonstruere opphavlege system. Brev i vårt kaosarkiv var ikkje stempla, men adressaten til breva gav eit viktig haldepunkt. Brev adressert til formannskapet ville sannsynlegvis høyre heime i formannskapsarkivet, likeeins ville brev til skolestyret høyre til skolestyrets arkiv. Og sidan postjournalane til dei fleste arkivskaparane var tilgjengelege, var det mogleg å undersøke eventuelle tvilstilfelle. Å gjenskape noko som kunne likne på av ein «opphavleg orden» i arkiva var heller ikkje veldig vanskeleg fordi materialet skreiv seg frå tiåra før og etter 1900, ein periode der det i erfaringsmessig berre fanst to alternative ordningsmåtar for arkiv frå denne typen kommunar: etter journalnummer eller dato. I dette tilfelle hadde korrespondansen til ein av arkivskaparane fått påført journalnummer og dette systemet vart

dermed rekonstruert; resten av materialet vart ordna etter brevdato. Etter om lag tre månaders arbeid var kaosarkivet ordna; proveniensen og den opphavlege ordenen var – så langt det var mogleg – gjenoppretta: saksdokumenta var lagde i legg, legga i mapper og mappene i arkivboksar og det var ført lister over materialet. Arkivet var – for første gong – tilgjengeleg for allmenn bruk.

Formålet med å bevare arkiv er å gjere dei tilgjengeleg for samtidige og framtidige brukarar. Arkivbevaring dreier seg i prinsippet om tre oppgåver: å vedlikehalde informasjonsberarane, dvs. dei fysiske eller digitale arkivdokumenta, å vedlikehalde den ytre og indre ordenen i arkiva, og å dokumentere konteksten til materialet. Vi skal la den førstnemnde av desse oppgåvene liggje i denne framstillinga. Dei to andre oppgåvene, bevaring av opphavleg arkivstruktur og dokumentasjon av arkivets kontekst, står i eit gjensidig avhengigheitsforhold til kvarandre. Bevaring av arkivstrukturen er avhengig av at den er dokumentert, dvs. at det finst informasjon som viser korleis enkeltokument inngår i saker og korleis sakene høyrer heime i overordna arkiveiningar, t.d. arkivseriar i papirbaserte arkiv eller elektroniske arkivsystem. I papirbaserte arkiv finst denne informasjonen både i arkivregister, som t.d. postjournalen, i dei fysiske arkivstrukturane, t.d. når dokument er stifta saman eller lagt i mapper, og som stempel eller påteikningar på dokumenta. I elektroniske arkiv vil slik informasjon vere integrert i systema i form av ulike typar metadata. Kontekstinformasjonen i arkiva er utgangspunktet og retningsgivande for beskrivinga av arkiva.

«Arkivbeskrivelse som begrep er en nykommer i norsk arkivistikk,» konstaterer Arne Skivenes (2009:249) og held fram:

Uttrykket er formodentlig kommet inn som en oversettelse av det engelske «archival description». Da jeg stiftet mine første bekjentskap med norsk arkivpraksis og terminologi på 1970-tallet, var det kun snakk om «ordning og katalogisering». Og resultatet av virksomheten ble enten en arkivliste eller en arkivkatalog. Og forskjellen mellom disse – ble det sagt fra Arkivverket – ble avgjort av om listen hadde en fyldig innledning. I så fall var det en katalog.

Skivenes føyer til at omgrep som katalog og liste gir assosiasjonar til oppramsing, mens beskriving er eit omgrep «som i tillegg stiller forventningar om sammenhenger og forklaringer». Skivenes er her på linje med ISAD(G), den internasjonale standarden for arkivbeskriving, som seier at formålet med arkivbeskrivinga er å identifisere og forklare konteksten og innhaldet til arkivmateriale for å fremje tilgjengeleggjering (ICA 2000:7).

Å identifisere og forklare arkivets kontekst er noko som kan – og bør – gjerast på fleire nivå. Det grunnleggjande nivået vil handle om å identifisere arkivets proveniens. Arkiv blir skapt i funksjonelle, organisatoriske og materielle kontekstar, og å avdekkje desse er ein føresetnad for å beskrive proveniens til eit arkiv, dvs korleis arkivet har blitt skapt av ein arkivskapar (eller fleire) i utøvinga av bestemte funksjonar. Men beskrivinga bør også seie noko om dei samfunnsmessige kontekstane til arkivet, i første rekkje i kva grad og korleis dei arkivskapande funksjonane var heimla i lovverk eller andre typar samfunnsmessige mandat, og vidare kva reglar (eller etablerte praksisar) som gjaldt for arkivskapars arbeidsmåtar, saksbehandling og arkivering.

Å identifisere og forklare arkivets innhald kan omfatte både måten arkivet er strukturert på, men også saksinnhaldet i seriar, mapper o.l. Arkivets struktur og innhald er også resultat av dei funksjonelle, organisatoriske og materielle føresetnadene som var til stades ved arkivskapinga. Arkivbeskrivinga bør ikkje berre vise korleis arkivet er strukturert og kva det inneheld, men også forklare kvifor og korleis eit arkiv har fått ein bestemt struktur og innhald.

Metodikken for å nå desse måla er ifølgje ISAD(G) «creating accurate and appropriate representations and by organizing them in accordance with predetermined models» (ibid). ISAD(G) representerer sjølv ein slik modell for korleis dette kan gjerast, og vi skal kome tilbake til denne etter å ha drøfta korleis vi kan beskrive eit arkivs proveniens, struktur og innhald. Hovudfokuset vil her vere papirbaserte arkiv, ganske enkelt fordi det førebels er få oppsummerte erfaringar frå beskriving av elektroniske arkiv.

Den vanskelege proveniensen

Både i den klassiske arkivistikken og i ISAD(G) er arkivet, og dermed arkivets proveniens, utgangspunktet for arkivbeskrivinga. I papirbaserte administrasjonar manifesterte denne seg tilsynelatande som fysiske forhold; arkivskaparen framstod som ei fysisk eining som skapte fysiske arkiv med bestemte fysiske strukturar. Bak den fysiske framtoninga låg det likevel funksjonelle og andre kontekstuelle forhold som hadde hatt stor påverknad på arkiva, men desse vart ofte oversett og analysen av arkivet som uttrykk for arkivskaparens samfunnsmessige posisjon og rolle vart ofte forsømd. Dette bidrog til at arkivistikken i praksis kunne bli redusert til normative prosedyrar, metodar og teknikkar i arbeidet med å ordne og katalogisere arkiv som fysiske objekt.

Proveniens kunne dermed bli forstått og behandla som berre det fysiske forholdet mellom arkivskapar og arkiv, indre orden som fysiske strukturar og dokument som fysiske gjenstandar. Men proveniens er ikkje så enkelt. Den digitale revolusjonen tydeleggjorde ein gong for alle at den fysiske proveniensforståinga var overflatisk og einsidig. Som vi har sett i kapittel 2, førte dette til ei arkivteoretisk erkjenning av at banda mellom funksjon og arkiv kan vere sterkare enn relasjonen mellom arkivskapar og arkiv. Dette gjeld alle typar arkiv, både papirbaserte og digitale. Vi skal sjå på eit eksempel som illustrerer dette.

I 1988 oppstod ein strid mellom det statlege Arkivverket og det nye kommunale arkivinstitusjonsmiljøet. Saka handla om depotansvaret for dei kommunale kommisjonsarkiva frå 1700- og 1800-talet, dvs. i første rekkje arkiva etter fattigkommisjonen, skolekommisjonen og sunnheitskommisjonen. Desse kommisjonane hadde statlege embetsmenn som lovbestemte formenn; soknepresten i fattigkommisjonen (til 1863) og skolekommisjonen (til 1889), og distriktslegen i sunnheitskommisjonen/helserådet (1860-1983).

Årsaka til striden var eit notat som arkivarane ved Statsarkivet i Bergen (SAB) hadde utarbeidd på oppdrag frå Riksarkivaren, og som slo fast at «depotansvaret skal følgje forvaltningsnivået: Så lenge ein statleg embetsmann er pålagt å vere formann i ein lokal

kommisjon – før eller etter 1837 –, vert det statens ansvar å ta hand om arkiva» (Brev til Riksarkivaren frå Statsarkivet i Bergen, datert 8.04.1988). Notatet slo vidare fast at skolekommisjonsarkiva 1741-1889 og fattigkommisjonsarkiva 1743-1863 skulle avleverast og katalogiserast saman med sokneprestarkiva og sunnheitskommisjons-/helserådsarkiva 1860-1983 saman med distriktslegearkiva. Sjølv om det vart foreslått ei ordning der «dei statlege delane» av kommisjonsarkiva kunne deponerast i kommunale arkivinstitusjonar av «omsyn til ønskjett om å halde kommisjonsarkiva samla», førte notatet til sterke reaksjonar frå det kommunale institusjonsmiljøet.

Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane meinte at notatet braut med «hevdvunne oppfatningar av kva som høyrer til i dei kommunale arkiva» og viste m.a. til Riksarkivaren (1949) og Mykland og Masdalen (1987):

Arkiv frå nærskyldte arkivskaparar dokumenterer ofte ein heilskap.

Det kommunale helsestellet er ein slik heilskap Mykland/Masdalen tek vare på arkivheilskapen ved å halda arkivansvaret mest mogleg hjå ein instans. Etter SAB vil ein ikkje berre få ei vertikal arkivdeling av helserådsarkivet i utrengsmål. Ein vil og maltraktera helsestellarkiva ved å skilja ut arkivet frå helserådet (Brev til Riksarkivaren frå Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane, datert 23.05.1988).

Interkommunalt arkiv i Hordaland (IKAH) slo i sin kommentar fast at

[d]et er kontroversielt å knyta kommisjonane så sterkt til formannens funksjon som statleg embetsmann at ein i konsekvens reknar kommisjonarkiva som statleg materiale.

Norske historikarar har alltid rekna kommisjonane – før eller etter 1837 – til dei kommunale styringsorgana. ... Heilt frå starten fekk kommisjonane eit viktig innslag av folkelege medlemmer som klårt peikar fram mot formannskapslovene av 1837. ... [Desse] bestemte at kommisjonane sitt arbeid skulle høyre under dei nye kommunestyra, og skule- og fattigsakene vart to hovudarbeidsfelt for formannskapet (Brev til Riksarkivaren frå IKAH, datert 6.07.1988).

Byarkivar i Bergen, Arne Skivenes, utvikla denne argumentasjonen i artikkelen *Kommuner og proveniens* i *Arkivposten* (internt organ for Arkivverket), der han har ein brei gjennomgang av korleis kommuneomgrepet har blitt forstått og brukt i historisk og juridisk litteratur, der han i

ein fotnote også siterer ein kollega som «reagerte på at proveniendiskusjonen i en etat full av historikere ikke nyttiggjorde seg historieforskningens resultater» (Arkivposten 5/1988).

Argumentasjonen mot notatet frå SAB la altså hovudvekta på at kommisjonane sitt arbeid hadde vore ein integrert del av kommunane si verksemd etter 1837, og difor ein forløpar for kommunane før dette tidspunktet. Vi kan seie at kommisjonane representerte funksjonelle kontinuitetar, både i utøvinga av sentrale oppgåver for lokalsamfunna og som uttrykk som lokalsamfunna si eigenforvaltning. Når kommunearkivmiljøet ikkje argumenterte ut frå ei funksjonell proveniensforståing, er dette fordi denne berre var i byrjinga av si teoretiske utvikling på dette tidspunktet og truleg lite kjent i Norge. Argumentasjonen peikar likevel fram mot ei slik forståing.

Som vi har sett i kapittel 2 opererer Thomassen (2001) med tre ulike arkivkontekstar. Den funksjonelle konteksten, som Thomassen reknar som grunnleggjande, dreier seg om formålet til arkivskaparen og dei oppgåvene og aktivitetane som vert utførte for å tene dette formålet. Den organisatoriske konteksten kjem til uttrykk i korleis arkivskapar har organisert si verksemd og korleis ulike aktørar samhandlar i utøvinga av denne verksemda. Dei funksjonelle og organisatoriske kontekstane er bestemmande for arkivets form og innhald, for arkivets proveniens, men strukturane i særleg papirbaserte arkiv kan også bli påverka av det Thomassen kallar ein fysisk eller materiell kontekst.

Kommisjonsarkiva representerer spesielle utfordringar fordi dei vart skapt i forskjellige funksjonelle og organisatoriske kontekstar. Skole- og fattigvesen var nye oppgåver som vart pålagt lokalsamfunna frå 1740-åra og utetter. Dei var kommunale i den forstand at organiseringa og finansieringa av oppgåvene skulle gjennomførast lokalt, og det vart oppretta eigne fattig- og skolekommisjonar som skulle stå for arbeidet. Men sokneprestane på landet, som vart oppnemnde som formenn i kommisjonane, etablerte generelt ikkje noko arkivmessig skilje mellom sine kyrkjelege og kommunale funksjonar. Inngåande brev vart som oftast ført i same postjournal og lagt i det same korrespondansearkivet, uansett om dei handla om fattig-, skole- eller kyrkjevesen. Det same var tilfelle for utgåande post, som var ført i ei felles kopibok. Fattig- og skolekommisjonane hadde likevel eigne forhandlingsprotokollar som dokumenterte deira verksemd (og i nokre tilfelle, jf dømet med

fattigprotokollen i kapittel 4, kan desse også ha blitt brukt til journal- og kopibokføring). Arkivmaterialet frå eit sokneprestkontor på 1700-talet vil dermed kunne innehalde tre delar: ein del som er skapt i utøvinga av prestens kyrkjelege embetsfunksjonar, ein annan del som er skapt i utøvinga av kommunale funksjonar, og ein tredje del som dokumenterer begge desse funksjonane.

Denne proveniensemessige kompleksiteten har blitt usynleggjort i den tradisjonelle katalogiseringa av desse arkiva, som har rekna alt materialet som eitt arkiv: «kommisjonsarkiva [har] heile tida har vore delar av sokneprestens arkiv» fordi dei har vore avlevert saman og «inntekne i arkivdesignasjonane» – arkivlistene – som har følgd med avleveringane. Proveniensprinsippet vart forstått som å følgje desse designasjonane, «korkje meir eller mindre», som tidlegare statsarkivar Egil Øvrebø skreiv i eit tilsvar til Skivenes i Arkivposten 1/1989.

Øvrebø reknar her den organisatoriske proveniensen som den einaste gyldige. Det var soknepresten som tok i mot og arkiverte breva, førte journal og kopibok, møteprotokollar og kyrkjebøker, og laga liste over materialet når det vart avlevert til statsarkivet. Og Øvrebø har heilt rett i dette; det kyrkjelege arkivet, skolearkivet og fattigarkivet vart skapt, oppbevart og avlevert i ein felles organisatorisk kontekst. Samtidig må det vere openbart at desse arkiva vart skapte i forskjellige funksjonelle kontekstar; dei var heimla i forskjellige lovverk og forordningar, som definerte ulike formål og la føringar for organiseringa og gjennomføringa av verksemda, og – for kommisjonane sitt vedkommande – gav reglar for folkeleg deltaking. Denne funksjonelle proveniensen blir usynleggjort dersom arkivbeskrivinga skal følgje Øvrebøs oppskrift, som dermed ikkje kan tilfredsstille målet i ISAD(G) om å identifisere og forklare arkivets kontekst.

Ei dekkjande arkivbeskriving må altså identifisere og forklare både den funksjonelle og organisatoriske proveniensen til eit arkiv. Ofte vil desse vere samanfallande, noko som vil vere tilfellet for sokneprestens kyrkjelege embetsarkiv som har ein eintydig proveniens. Fattig- og skolearkiva har derimot ein samansett proveniens; dei er skapt av kommisjonane i utøvinga av deira funksjonar, dvs å organisere og finansiere fattigforsorg og undervisning, men har fått si spesielle form fordi soknepresten har fungert som administrator. Dersom

soknepresten og kommisjonane har hatt felles korrespondansearkiv, journal og kopibok, vil dette arkivmaterialet ha tre arkivskaparrelasjonar; det er skapt av soknepresten, fattigkommisjonen og skolekommisjonen i utøvinga av deira ulike funksjonar. Dersom slike arkiv skal kunne gjerast forstålege for brukarar utan innsikt i lokale administrasjonsforhold for 200 år sidan, må arkivbeskrivinga forklare heile den arkivskapande konteksten, inkludert den samansette proveniensen.

Eksempelet med kommisjonsarkiva er ikkje unikt; det finst andre døme på papirbaserte arkiv der funksjonell og organisatorisk proveniens ikkje har vore samanfallande. Hovudregelen for eldre papirbaserte arkiv er likevel at desse proveniensane er samanfallande og at det er eit 1:1-forhold mellom arkiv og arkivskapar.

Utviklinga av den digitale teknologien har, som vi har vore inne på tidlegare, endra føresetnadene for arkivdanninga på dramatisk vis. Den har fjerna dei snevre rammene som den papirbaserte teknologien sette for dokumentproduksjon, arkivering og tilgang til arkiv. Eit av dei første uttrykka for dette var framveksten av såkalla «fellesarkiv» i kommunal forvaltning; ei rekkje kommunar innførte på 1990-talet felles journalføring og saksarkiv som erstatta dei tidlegare etatsarkiva. Kommunane etablerte ei felles arkivteneste, eit sentralarkiv for kommunen. Korrespondansen vart ført i eitt elektronisk journalsystem og distribuert – dei første åra på papir – til ulike etatar og avdelingar for saksbehandling. Når sakene var avslutta vart dei arkivert i eit felles saksarkiv. Etter at Noark 4-systema vart vanlege har både saksbehandling og arkivering i større grad blitt digital, innkommande brev blir skanna og distribuert elektronisk til saksbehandling i avdelingane og avslutta saker blir arkiverte i digitalt format.

Spørsmålet om korleis ein skal beskrive proveniensen til slike fellesarkiv har vore gjenstand for diskusjon i arkivmiljøet. Det har vore hevda at det er sentralarkivet, altså arkivtenesta i kommunen, som må reknast som arkivskapar for arkivet (Valderhaug 2002:331). Det er to problem med denne løysinga. For det første vil det vere misvisande å rekne sentralarkivet som arkivskapar, fordi dei aktivitetane som er utgangspunktet for arkivskapinga og som arkivet dokumenterer, skjer andre stader i den kommunale organisasjonen. Samtidig vil det dekkje over dei funksjonelle samanhengane som arkivet blir skapt i. Ein kommune utøver ei

rekke viktige samfunnsfunksjonar; i tillegg til den grunnleggjande lokaldemokratiske styringa kan vi nemne overordna planlegging, arealplanlegging, bygningskontroll og tekniske tenester, grunnskoleundervisning, sosiale tenester og primærhelsetenester. Nokre av desse oppgåvene blir dokumenterte i spesialiserte fagsystem, som har erstatta papirbaserte «spesialseriar», som t.d. klientarkiv i sosialtenesta. Andre blir dokumenterte i det felles sak-/arkivsystemet. Kommunale arkiv blir såleis skapte i eit komplekst terreng, der fleire aktørar samhandlar i utøvinga av fleire funksjonar. Det er nødvendig å forklare og beskrive dette terrenget, kvifor det er slik det er og korleis det har oppstått, dersom arkiva skal vere forståelege for brukarar ein gong i framtida. Den beste løysinga vil difor vere å beskrive proveniensen til kommunale fellesarkiv som samansett; arkivet dokumenterer utøvinga av fleire funksjonar og har fleire organisatoriske arkivskaparar, alle kommunale einingar som har fullmakt til å drive saksbehandling og treffe avgjerder innanfor sine arbeidsområde vil kunne ha ein funksjonell arkivskaparrelasjon til eit slikt fellesarkiv. Nokre av desse einingane kan ha fleire delta i skapinga av fleire arkiv, t.d. vil ei sosialavdeling også vere arkivskapar for det elektroniske sosialklientarkivet.

Den klassiske formuleringa av proveniensprinsippet seier at eit arkiv er heilskapen av dei skrivne dokumenta, teikningane og trykksakene som offisielt er mottatte eller skapte av ei administrativ eining. Denne heilskapen blir skapt i samsvar med reglar som ligg utanfor arkivarens påverkingskraft, og framstår difor som organisk (Muller et al 2003:13-19). Den klassiske arkivistikkens forståing av arkivet som eit «organisk og naturleg» og dermed nøytralt produkt av arkivskapars verksemd kan neppe forsvarast, men eit arkiv kan definitivt vere ein «organisk heilskap» i metaforisk forstand. Dei ulike seriane i eit papirarkiv utgjer ein funksjonell og logisk heilskap, fordi dei er skapt i utøvinga av arkivskapars oppgåver og uttrykk for den funksjonelle, organisatoriske og materielle konteksten i arkivskapinga. Dette gjeld også for eit elektronisk arkiv, men her er vilkåra for den materielle konteksten grunnleggjande endra; teknologien har fjerna fysiske hinder og gjort det mogleg for fleire arkivskaparar å samhandle på nye måtar og skape eitt – eller fleire – felles arkiv.

Beskrivinga av arkivnivået må difor vere utgangspunktet for arkivbeskrivinga. Eit arkiv framstår som ei logisk eining, skapt i utøvinga av ein eller fleire funksjonar, av ein eller fleire arkivskaparar. Beskrivinga må identifisere og forklare dei funksjonelle, organisatoriske og

materielle vilkåra for arkivskapinga og korleis desse har utvikla seg over tid. Om vi vender tilbake til eksempelet med fattigkommisjonsarkiva, er den grunnleggjande arkivskapande funksjonen (å gi visse støtte- og omsorgstenester for dei som treng det) den same som i dag blir utført med heimel i dagens lovverk, sjølv om kriterier for hjelp, tenester, saksbehandling og språkbruk har endra seg vesentleg. Denne funksjonen har vore ein sentral del av det kommunale tenesteområdet i 250 år, men organiseringa av verksemda og dei materielle føresetnadene for arkivskapinga kan har vore gjenstand for store endringar. Det gir likevel meining å beskrive fattig- og sosialarkivet i ein kommune som eitt arkiv trass i skiftande organisering; funksjonen, aktivitetane og transaksjonane har har ein historisk kontinuitet som det er nødvendig å dokumentere. Ei slik løysing vil også kunne gi brukarane av arkivet eit samla oversyn over dokumentasjonen av denne funksjonen, noko som alternativet – fleire arkivbeskrivingar med utgangspunkt i skiftande arkivskaparar – ikkje vil gi.

Beskriving av arkivstruktur

Eit arkiv vil alltid vere samansett av ulike delar, som vanlegvis inngår i ein logisk – og i papirbaserte arkiv også fysisk og hierarkisk – struktur. I det papirbaserte arkivhierarkiet representerer arkivserien det øvste nivået innanfor det enkelte arkivet. Fønnes (2009:423) definerer arkivserie som ein arkivdel som er «ordnet etter ett og samme prinsipp», men det må leggjast til at seriar også kan skilje seg frå kvarandre på grunn av forskjellig innhald (som kan vere uttrykk for forskjellige funksjonar) eller format (som kan ha samanheng med den materielle arkivkonteksten). I kommunal forvaltning har t.d. papirbaserte sosialklientarkiv og barnevernarkiv vore to arkivseriar sjølv om dei har vore ordna etter felles system (fødselsdato), fordi dei dokumenterer to ulike funksjonar og har ulikt innhald, men også grunna regelverk med heimel i personvernlovgivinga. Likeeins har kart og teikningar blitt oppbevart skilt frå saksdokument i plan- og byggesaker på grunn av formatet og dermed framstått som eigne seriar, men ordna etter same system (adresse eller gards- og bruksnummer).

Inndelinga av arkivseriar kan forståast som resultat av dei funksjonelle, organisatoriske og materielle føresetnadene for arkivdanninga. Funksjonell arkivforståing legg til grunn at ein arkivskaparar for å gjennomføre sine oppgåver må etablere visse administrative strukturar, der ulike einingar får ansvar for ulike administrative og operative funksjonar («sub-functions»). Desse funksjonane – som kan gjelde oppgåver som administrasjon, rekneskap, arkiv, produksjon av varer eller tenester osb. – fører til aktivitetar, handlingar og transaksjonar som danner utgangspunktet for arkivdanninga og påverkar dei indre strukturane i arkiva (Cook 1999a). Seriestrukturen i papirbaserte arkiv er ofte knytte til utøvinga av slike eksterne eller interne funksjonar; eit sosialklientarkiv dokumenter oppgåver knytt til utøvinga av sosialtenestelova, medan ein postjournal dokumenterer mottak av brev og arkivlegging i saksarkivet, altså ein viktig aktivitet i den interne arkivfunksjonen. Samtidig vil dei organisatoriske rammene for verksemda påverke arkivstrukturen, og likeeins dei materielle føresetnadene for sjølve arkivskapinga.

Som vi har sett i kapittel 4, har norsk offentleg forvaltning i meir enn 200 år hatt eit arkivsystem som har bygd på nokre grunnleggjande felles prinsipp: journalføring av innkomen korrespondanse, dokumentasjon av utgåande brev i kopibok, og dokumentasjon av saksbehandling i eit korrespondansearkiv. Dette har ført til at seriestrukturen i offentlege papirbaserte arkiv har vore så likearta at det har vore mogleg å utarbeide eit felles ordningsskjema for desse seriane: Norsk allment arkivskjema, som har blitt utvikla til bruk i det elektroniske beskrivingsverktøyet Asta. I brukarmanualen til Asta blir det argumentert for at det er

hensiktsmessig å ordne arkivmaterialet etter en standardisert oppstillingsrekkefølge. Det er dette som blir spesifisert i allment arkivskjema. Allment arkivskjema består av en fast rekkefølge for arkivseriene, og faste signaturer for de forskjellige seriene. Målet er at alt materiale i ethvert arkiv skal kunne struktureres etter et slikt skjema uten at man øver vold på opprinnelig struktur eller proveniens (Asta 2003).

Skjemaet gir faste bokstavsSignaturar til dei vanlege gjennomgåande arkivseriane i offentlege arkiv, samtidig som det gir rom for seriar som er skapt som dokumentasjon av spesielle funksjonar hos arkivskaparane. Den alfabetiske inndelinga viser også rekkjefølgja for fysisk

oppstilling av seriane i arkivdepot. Det er vidare føresetnaden at dei fysiske arkivstykkja (protokollar, arkivboksar o.l.) i kvar serie skal nummererast fortløpande innafor serien og stillast opp i nummerorden. Arkivskjemaet har denne inndelinga:

A: Møtebøker, forhandlingsprotokollar og andre seriar som dokumenterer vedtak i styre og utval hos ein arkivskapar. Dersom eit arkiv inneheld møteprotokollar frå fleire utval skal desse registerast som eigne underseriar, t.d. Aa Møtebøker for generalforsamlinga, Ab Møtebøker for styret og Ac Møtebøker for valkomiteen.

B: Kopibøker, dvs seriar som dokumenterer kva brev som er sende ut frå ein arkivskapar, anten som avskrift, resyme eller kopiar.

C: Postjournalar og andre register over korrespondansen til arkivskaparen. Postjournalen dokumenterte i utgangspunktet kva brev som vart mottatt av ein arkivskapar, men omfattar i dag også utsende brev. Den fungerer som framfinningsreiskap for arkivet og har etter 1970 også vore grunnlag for innsyn i offentlege arkiv. Det er verd å merke seg at arkivskjemaet føreset at spesielle register som refererer til berre ein arkivserie skal registrerast saman med denne serien, og ikkje under C.

D: Saks- og korrespondansearkiv etter arkivskaparens hovudsystem. Desse dokumenterer forretningsdrift og saksbehandling hos arkivskaparen og inneheld vanlegvis innkomen korrespondanse, interne notat og utgreiingar og kopiar av utsende brev. Ordninga til saksarkiva kan variere over tid; vanlegvis vil dokumenta vere samla til saker, men desse kan vere ordna etter journalnummer, alfabetisk etter emne eller systematisk etter arkivnøkkel. Dette kan innebere at saksarkivet til ein arkivskapar ofte må registrerast som fleire underseriar, t.d. Da Korrespondanse ordna kronologisk (1910-1933), Db Korrespondanse ordna etter emne (1928-1960), og Dc Saksarkiv etter arkivnøkkel (1960-1980).

E: Saksarkiv etter sideordna system: Grunnen til at arkivskjemaet opererer med denne kategorien, er at mange offentlege arkivskaparar har hatt eige seriar der ein har samla saker som ikkje har passa inn i det ordinære saksarkivet, t.d. saker med lang behandlingstid, spesielle prosjekt o.l. Ordninga til slike seriar kan variere sterkt.

Signaturane F – O er sett opp som ledig for å kunne registrere arkivseriar som dokumenterer verksemd innanfor arkivskaparens spesielle arbeidsfelt og difor er skilt ut frå det generelle saksarkivet. Ofte vil slike seriar dokumentere primære funksjonar for arkivskaparen, t.d. sosialklientarkiv i den kommunale sosialetaten eller plan- og bygningsarkiv i den tekniske etaten; desse arkiva dokumenterte funksjonar som før 1993 var heimla i særlover og var basisaktiviteten til desse etatane. Tilsvarande kan funksjonar knytte til produksjonen ved ei industribedrift registrerast under desse signaturane.

P: Seriar som handlar om dei menneskelege ressursane arkivskaparen har til rådvelde, t.d. tilsette i verksemdar og medlemmer i organisasjonar. Det er likevel føresetnaden å følgje den opphavlege strukturen i arkivet; dersom arkivskapar t.d. har arkivert personalmapper i saksarkivet skal desse forbli der.

Q: Denne signaturen har ein tilsvarande funksjon som P, men knytt til materielle ressursar; her skal ein samle seriar som dokumenterer forhold som gjeld arkivskapars grunneigedom, bygningar, maskinar, inventar og utstyr, dersom dette ikkje er integrert i saksarkivet .

R: Rekneskap, dvs. seriar som gjeld arkivskapars rekneskapsføring. Eit særleg problem for beskrivinga av papirbaserte rekneskap er at desse kan vere samansett av ei rekkje seriar på ulike nivå, frå kassabøker via hovudbøker til årsrekneskap. I brukarmanualen blir det skissert tre alternative måtar å ordne desse seriane på,

å plassere de viktigste seriene først, altså hovedbøker, balansebøker o.l., eller en kan følge rekkefølgen i kontoplanen eller i regnskapslovgivningen. En tredje mulighet er å benytte en oppstilling som gjenspeiler rekkefølgen protokollene blir brukt i: starte med kassabøker og ende med årsregnskap (ibid:19).

S: Statistisk materiale som er utarbeidde av arkivskapar, med unntak av publikasjonar (som skal samlast under X).

T: Denne signaturen er meint for kart- og teikningsmateriale som dokumenterer grunnareal, bygningar, installasjonar, konstruksjonar, produksjonsobjekt osv og er etablert som eigne

seriar av arkivskapar. Når slikt materiale er arkivert i saksarkivet bør det bli verande der når oppbevaringa er tilfredsstillande, men manualen opnar for at dersom «kart og teininger vil bli påført skader av å bli liggende der de ligger kan det (sic) skilles ut for separat oppbevaring, fortrinnsvis plant. På det stedet i arkivet der kartet eller teiningen opprinnelig var plassert, må det da legges inn henvisning til ny plassering» (ibid:20).

U: Under denne signaturen skal ein registrere foto, film og lydopptak som arkivskapar sjølv har ordna som eigne seriar.

V: EDB, mikrofilm. Denne kategorien kan synest som ein anakronisme, fordi manualen understrekar at materiale på desse media skal plasserast der det funksjonelt høyrer heime; eit elektronisk personalregister høyrer heime under P og mikrofilma rekneskapsvedlegg under R. Signaturen skal difor berre brukast til registrering av materiale som det ikkje er mogleg å plassere etter funksjon.

W: Gjenstandar. Her skal ein samle gjenstandar som «er så nært knyttet til arkivet at de kan betraktes som arkivsaker og er aktuelle å bevare», t.d. stempel og signet, modellar av bygningar, skip, terreng som «kan ha hatt funksjon som beslutningsunderlag eller dokumentasjon», «gjenstander brukt i markedsførings- og profileringsøyemed», faner og flagg (t.d. fagforeiningsfaner), osb. Slikt materiale kan t.d. ha verdi i formidlingssamanheng.

X: Under denne signaturen skal ein samle eitt eksemplar av dei trykksakene som arkivskapar har produsert eller fått utgitt, t.d. medlemsblad, tidsskrift, årsmeldingar, plakatar og reklame.

Y: Denne signaturen er reservert materiale som ikkje passar inn andre stader, t.d. fragment som er det umogleg å plassere.

Z: Referansemateriale, dvs. materiale som gir informasjon om arkivskapar eller arkivet, t.d. avisutklipp som arkivskapar har fått samla inn, eller kopiar av «arkivplaner, arkivnøklar, arkivfortegnelser, beskrivelser av saksang, instruksjer, organisasjonskart, vedtak om

opprettelse, biografiske opplysninger» (bid). Føresetnaden er då at originalane blir verande på sin opphavlege plass i arkivet.

Arkivskjemaet er ein standard for rekkjeordning av seriane i eit arkiv. Prinsippa for rekkjefølgja av seriane kan sporast tilbake til den nederlandske manualen og samsvarer også med den som i si tid vart tilrådd for ordning av kommunale arkiv i *Kommunal arkivskipnad* (Riksarkivaren 1949). Men ein fast standard kan også ha sine problematiske sider.

Brakarmanualen understrekar difor at arkivskjemaet

bare skal bare benyttes så langt materialet ligger til rette for det fra arkivskapers side. En skal ikke bryte opp materiale som er arkivert etter andre strukturerer, for å tilpasse det til allment arkivskjema. Dersom arkivstykker inneholder materiale som omfatter flere signaturer, kan man plassere de (sic) på den ene signaturen (ibid:16).

Ei slik løysing kan fungere i nokre samanhengar, men den kan også bidra til å tilsløre dei funksjonane som eit «arkivstykke» (dvs ei fysisk eining i eit arkiv) har hatt. I innleiinga til kapittel 4 brukte eg ein fattigprotokoll frå Ullensvang som døme på korleis arkiv blir forma av historiske føresetnader. Denne protokollen dokumenterte i nokre tiår på 1700-talet fleire av funksjonane til fattigkommisjonen og vart brukt som postjournal, møtebok, kopibok, rekneskapsbok, fattiglemregister, mm. Registreringa av denne protokollen etter allment arkivskjema var vanskeleg: skulle eg kategorisere den som møtebok, kopibok, postjournal eller rekneskap – funksjonelt var den faktisk alt dette! Til slutt valde eg å registrere den som ei møtebok, fordi den på 1800-talet berre vart brukt til dette eine formålet. Eg let dermed den tidsmessig siste funksjonen til protokollen bestemme kategorien. I katalogen over Ullensvang fattigvesen er den altså registrert som møtebok med signaturen A, men med ein merknad om at den i ein periode også vart brukt til andre formål. I ettertid har eg fundert over det valet eg gjorde, og eg har kome til at det i beste fall var tvilsamt. Eg gjorde nok ein feil då eg pressa protokollen inn i ein kategori som høyrer til i eit system som føreset at det er samsvar mellom funksjon og den fysiske inndeling i arkivseriar. Arkivskjemaet byggjer på den funksjonelle seriestructuren som var vanleg i offentlege papirbaserte arkiv i snart 200 år og er eit godt verktøy for å beskrive desse arkiva, men kanskje ikkje fleksibelt nok til å beskrive arkiv der det ikkje er samsvar mellom funksjon og fysisk struktur.

Det vil også gjelde elektroniske arkiv som bygger på Noark-standarden. I ein kommunal kontekst kan slike system fylle dei funksjonane som møteboka, kopiboka, journalen og saksarkivet hadde i papirbaserte arkiv og som ligg under A, B, C og D i allment arkivskjema. Sjølv om det kan hevdast at Noark-arkiv først og fremst er saksarkiv og difor bør kunne registrerast med signaturen D, vil dette kunne tilsløre at desse arkiva har ein multifunksjonell karakter som i realiteten sprengjer seriebegrepet i allment arkivskjema. Den klassiske seriestrukturen i norske offentlege arkiv kan forståast som eit uttrykk for funksjonelle, organisatoriske og materielle føresetnader knytt til papirbasert saksbehandling og arkivering i ein viss historisk periode. Den digitale teknologien har ført til grunnleggjande endringar i både organisatorisk og materiell kontekst; fysisk nærleik er ikkje lenger nokon føresetnad for arkivering eller tilgang til arkivet som ressurs i saksbehandlinga. Dei funksjonelle føresetnadene for arkivdanninga, som i stor grad er bestemt av lover og administrative behov, har ikkje har vore gjenstand for tilsvarande endringar og framstår dermed som viktigare enn tidlegare. Beskriving av arkivstruktur må omfatte både funksjonelle, organisatoriske og fysiske forhold, og dette inneber at eit verktøy som allment arkivskjema – som føreset samsvar mellom funksjon og fysiske seriar – ikkje er allmenngyldig. Det fungerer godt til å beskrive papirbaserte arkiv som er skapte på 18- og 1900-talet, men kan vere utilstrekkeleg i andre samanhengar.

Beskriving av arkivinnhald

Det tredje nivået i arkivbeskrivinga, etter proveniens og arkivstruktur, handlar om å beskrive arkivinnhaldet, inkludert dei systema som er brukt som ordningsprinsipp for seriar og andre arkiveiningar. Formålet med denne delen av arkivbeskrivinga er todelt, å dokumentere det opphavlege systemet i serien eller arkivdelen og dessutan fungere som grunnlag for framfinning.

Prinsippet om bevaring av den opphavlege orden føreset at arkiv blir bevarte i sine opphavlege system. Dette er særleg viktig i arkivdelar som inneheld saksdokument, fordi dokumenta inngår i sakssamanhengar som må bevarast dersom dei skal gi mening. I

papirbaserte arkiv vil dette seie at dei opphavlege fysiske saksstrukturane i prinsippet må bevarast slik dei har blitt skapt og i mange tilfelle dokumentert i postjournalar eller andre register. I tillegg er det etablert praksis å dokumentere desse strukturane i arkivkatalogen, som er den delen av arkivbeskrivinga som gir oversyn over arkivinnhaldet.

Ein arkivkatalog til eit papirbasert arkiv vil vanlegvis gi eit hierarkisk oversyn som omfattar tre nivå: arkivseriane, dei fysiske arkivstykkane i kvar serie – protokollar, arkivboksar, pakker o.l. – og kva desse inneheld. Rekkjefølgja til arkivseriane vil vere gitt av allment arkivskjema, mens arkivstykkane blir katalogisert etter arkivskaparens opphavlege system. Katalogisering av protokollar – møtebøker, kopibøker og postjournalar – inneber ei fortløpande kronologisk nummerering av enkeltprotokollar og registrering av kva tidsrom kvar protokoll dekkjer. Eksempelet nedanfor er henta frå arkivkatalogen for Glemmen lensmannskontor, som Statsarkivet i Oslo har lagt på arkivportalen.no:

B KOPIBØKER 1889-1931

L0001 Kopibok 1889-1902

L0002 Kopibok 1905-1909

L0003 Kopibok 1909-1911

....

Katalogiseringa gir altså ingen informasjon om innhaldet i kopibøkene; føresetnaden er at arkivbrukaren sjølv må finne fram til den informasjonen vedkommande er ute etter, dvs. leite igjennom protokollane, eventuelt med hjelp av alfabetiske mottakarregister dersom slike finst. Den same praksisen er vanleg for katalogisering av andre protokollseriar, og likeeins for saksarkiv som er ordna kronologisk eller etter journalnummer. Her kan ein finne ei fortløpande nummerering av arkivboksar, opplysning om første og siste journalnummer i kvar boks, eventuell med informasjon om vidare inndeling i mapper. Dette dømet er henta frå arkivet til Indredepartementet, Handels- og konsulatkontoret, lagt ut av Riksarkivet på arkivportalen.no:

D SAKSARKIV

Da Saker ordnet etter journalnummer

L0361 1878

0001 Journalsaker 2600-2699

0002 Journalsaker 2701-2797
L0362 1878
0001 Journalsaker 2800-2899
0002 Journalsaker 2900-2999

...

Her får ikkje brukaren nokon informasjon om dei einiskilde sakene, berre om systematikken i arkivet. Ei slik katalogisering føreset at brukaren skal finne fram med hjelp av arkivskaparens eigne framfinningsverktøy, t.d. den informasjonen som kan finnast i arkivskaparens postjournal.

Når ein arkivskapar har ordna saksarkiv etter emneord er det mogleg å oppgi dei kategoriane som er brukt, og brukaren kan dermed få vite meir om innhaldet i dei enkelte arkivboksane og saksmappene. Dømet nedanfor er frå katalogen over Norges Bank, Direksjonsarkivet II, publisert av Riksarkivet:

D SAKSARKIV HOVEDSETET

L0011 Saksarkiv, 1932-1970

- 0001 Avdelingsspørsmål. Avdelingenes kassebeholdninger, II, 1944-1957
- 0002 Avdelingsspørsmål. Avdelingenes kassebeholdninger, III, 1959-1970
- 0003 Avdelingsspørsmål. Kritik. Kristiansund 1932, 1932-1932
- 0004 Avdelingsspørsmål. Arendal avdeling. Bokføring 1932, 1932-1932
- 0005 Avdelingsspørsmål. Synderegister, 1935-1966
- 0006 Avdelingsspørsmål. Opplysninger om avdelingenes opprettelse og utvikling, 1938-1965
- 0007 Avdelingsspørsmål. Lillehammer avdeling / Krisen 1940, 1940-1941

L0012 Saksarkiv, 1940-1974

- 0001 Avdelingsspørsmål. Gjøvik avdeling / Krisen 1940, 1940-1941
- 0002 Avdelingsspørsmål. "Sentralkontor" i Molde for Ålesund og Kr. sund. avd. 1940, 1940-1940

....

Denne katalogen gir grunnleggjande informasjon om innhaldet i dei einiskilde mappene i saksarkivet, og brukaren kan bruke denne informasjonen til å be om innsyn i t.d. mappa «Synderegister 1935-1966». Katalogen fungerer dermed som eit sjølvstendig framfinningsverktøy, der ein kan identifisere saksområda utan bruk av andre hjelpemiddel.

Dette er ikkje tilfellet med ein del andre katalogar, der ein i listene over saksarkiv ordna etter arkivnøkkel, berre oppgir arkivkodane og ikkje kva emneområde arkivkodane refererer til. I

slike tilfelle må ein brukar har tilgang til den arkivnøkkelen som har vore brukt, for å få informasjon om arkivinnhaldet. Ein slik praksis kunne forsvarast i ei tid då brukaren måtte møte fram i arkivinstitusjonen for å bruke arkiva, og der kunne få tilgang til rådgiving, katalogar og andre hjelpemiddel, men fungerer dårleg i dagens digitale omgjevnad. Blant depotarkivarar kunne ein tidlegare ofte møte oppfatninga om at ein arkivkatalog skulle leggje til rette for bruk av dei framfinningsverktøya som vart skapt av arkivskapar, men ikkje lage nye inngangar til arkivet. Dersom dette skal fungere med dagens krav om digital tilgang, må i det minste desse framfinningsverktøya, dvs. journalar og andre register, digitaliserast og publiserast saman med katalogane. Sannsynlegvis vil heller ikkje dette vere tilstrekkeleg, fordi bruk av desse verktøya krev kompetanse som mange brukarar ikkje har.

Dokumentasjon av inngrep i arkivet

Den klassiske arkivistikkens prinsipp om bevaring av den opphavlege orden kan gi assosiasjonar om at eit arkiv som er ordna, katalogisert og tilgjengeleggjort er identisk med det arkivet som vart skapt av arkivskaparen. Dette er sjeldan tilfelle. Arkiva blir alltid endra gjennom ordningsprosessen, spesielt vil korrespondansearkivet framstå på ein ny måte. Dokumenta har blitt reinska for gjenstandar som kan påføre dei skade, binders og stiftar og originale saksomslag av syrehaldig papir har blitt fjerna og erstatta med legg og nye omslag som markerer dei opphavlege strukturane. Korrespondansen er dessutan flytta over i nye arkivboksar som gir eit heilt anna inntrykk av arkivet enn den opphavlege oppbevaringa i t.d. arkivskap. Arkivboksen, som fysisk eining, representerer ein fysisk storleik som generelt ikkje var til stades i det opphavlege arkivet. Det viktigaste inngrepet er likevel at delar av arkivet ofte har blitt fjerna og kassert.

For at brukaren skal kunne få eit inntrykk av det opphavlege arkivets innhald og fysiske framtoning, er det difor nødvendig at arkivbeskrivinga dokumenterer dei inngrepa som arkivet har blitt utsett for. Dette gjeld særleg den kassasjonen som har blitt gjennomført; ein brukar må difor ha tilgang til informasjon om kva typar dokumentasjon som har blitt kassert og kva kriterier som har styrt kassasjonen.

Dei elektroniske arkiva inneber nokre særskilte problem for arkivbeskrivinga. Mens papirbaserte arkiv blir bevarte i sitt opphavlege format, er dette ikkje tilfelle med elektroniske arkiv. Elektronisk arkivinformasjon blir trekt ut av produksjonssystema og overført til format som blir rekna som stabile og dermed godt eigna for langtidsbevaring. Det som i dag framstår som ein internasjonalt etablert hovudstrategi for elektronisk arkivbevaring, OAIIS-modellen, inneber dessutan at arkiv blir bevart i form av «arkivinformasjonspakkar» som ikkje nødvendigvis tilsvarar opphavlege strukturar i arkiva (men heller kan reknast som ei elektronisk arkivboks). Overføringa til nye format og strukturar kan også innebere risiko for tap av informasjon og autentisitet; ein eksport må difor kontrollerast for feil og både eksport- og kontrollprosessen må dokumenterast i arkivbeskrivinga. Det same vil vere tilfelle når den teknologiske utviklinga gjer det nødvendig å migrere elektroniske arkiv over til nye systemløyisingar. Dokumentasjon av eksport eller migrering, og av dei kontrollane som blir gjennomført, må bevarast dersom ein i framtida skal ha moglegheit til å etterprøve det bevaringsarbeidet som har blitt utført. Å gjere denne dokumentasjonen til ein del av arkivbeskrivinga vil vere ein føresetnad for at arkivinformasjonen kan framstå som autentisk.

Verktøy for arkivbeskriving

Den nederlandske manualen vart laga for å skape ein felles praksis for ordning og beskriving av arkiv i Nederland. Den hadde ikkje noko internasjonalt siktemål, men som vi har sett fekk hovudprinsippa i manualen gjennomslag internasjonalt, og det same var tilfelle med fleire av dei praktiske reglane som vart anbefalt. Den vanlege norske papirbaserte arkivkatalogen, som beskreib arkivet etter ein arkivskapar med lister over dei enkelte arkivstykkja i kvar arkivserie – og eventuelt med ei kortare eller lengre administrasjonshistorisk innleiing om arkivskaparen –, byggjer i det vesentlege på reglane i manualen. Katalogiseringspraksis har også vore bestemt av faglege tradisjonar i institusjonane, der nye arkivarar har blitt lært opp av meir erfarne kollegaer, evt med supplert av interne skriftlege framstillingar, men det fanst ingen felles «standard» for kor omfattande arkivbeskrivinga skulle vere.

ISAD(G) vart utvikla i regi av den internasjonale arkivorganisasjonen ICA på 1990-talet for å vere nettopp ein internasjonal standard for arkivbeskriving. Som vi har sett ovanfor, seier ISAD(G) at formålet med arkivbeskrivinga er å å identifisere og forklare konteksten og innhaldet til arkiva for å gjere dei meir tilgjengelege, og at dette skal gjerast med hjelp av nøyaktige og adekvate beskrivingar i samsvar med fastsette modellar. ISAD(G) er nettopp ein slik modell, ein standardisert mal for korleis ei arkivbeskriving skal utformast og kva opplysningar den skal innehalde.

Standarden gir føringar for arkivbeskrivinga på sju område; utover beskriving av kontekst, struktur og innhald omfattar desse normer for identifisering av arkivet, tilgang- og bruksvilkår, beskriving av materiale med spesiell tilknytning til arkivet, merknader og beskrivingskontroll. Kategoriane i standarden skal kunne brukast til å beskrive alle nivå i arkivmaterialet, men utan at opplysningar blir gjentatt. Dette skal ein unngå med å beskrive det øvste nivået til materialet først (når t.d. arkivskaparrelasjonar alt er beskrive på arkivnivå, vil det vere overflødig i repetere desse på serienivå osv).

Identitetsbeskrivinga omfattar fem kategoriar. Den registrerte arkiveininga skal beskrivast med ein referansekode, tittel, datering, beskrivingsnivå og omfang og medium.

Referansetoden skal gi ein presis identifikasjon av den registrerte eininga til bruk nasjonalt og internasjonalt og omfattar statskode (etter ISO 3166-1), institusjonskode (som er føreset utarbeidde nasjonalt), arkivnummer (etter institusjonens system for identifisering av arkiv), seriesignatur og nummerering av arkivstykke, mappe og evt. dokument. Tittelen skal namnsetje den beskrivne eininga så presist som mogleg, medan datering skal avgrense den i tid. Beskrivingsnivået skal angi om den registrerte eininga er eit arkiv, ein serie, arkivstykke, mappe eller dokument. Dette systemet er (med unntak av statskoden) også brukt i arkivportalen.no, som byggjer på katalogiseringsverktøyet Asta 5. Her viser t.d. referansen SAK/1241-0054/G/Gc/L0001 til ei mappe om innkrevjing av hundeskatt i arkivet frå Åmli lensmannskontor som er oppbevart ved Statsarkivet i Kristiansand (SAK).

Kontekstbeskrivinga skal omfatte arkivskaparnamn, administrativ eller biografisk historie, arkivhistorie og kjelde for mottak. Registreringa skal vise kva personar eller organisasjonar som har vore skapinga, akkumuleringa og vedlikehaldet av den beskrivne arkiveininga. Den

administrative eller biografiske historia skal omfatte «any significant information on the origin, progress, development and work of the organization (or organizations) or on the life and work of the individual (or individuals) responsible for the creation of the unit of description» (ICA 2000:18). For verksemder skal ein registrere «information such as the official name, the dates of existence, enabling legislation, functions, purpose and development of the body, its administrative hierarchy, and earlier, variant or successive names» (ibid:19). Arkivhistoria skal gi informasjon som er vesentleg for å bevare autentisiteten, integriteten og forståinga av den beskrivne eininga, og bør omfatte eventuelle suksessive overføringar av eigarskap, ansvar eller forvaring av den beskrivne eininga. Ein bør også opplyse om forhold som kan ha påverka arkivets struktur, «such as history of the arrangement, production of contemporary finding aids, re-use of the records for other purposes or software migrations, that have contributed to its present structure and arrangement» (ibid).

Innhalds- og strukturbeskrivinga skal gi informasjon om innhaldet i arkiveininga, om kassasjon, nye tilvekstar og om ordningssystemet som er brukt. Innhaldsbeskrivinga skal gi «a summary of the scope (such as, time periods, geography) and content, (such as documentary forms, subject matter, administrative processes) of the unit of description, appropriate to the level of description» (ibid:22). Planlagt eller gjennomført kassasjon skal dokumenterast med referanse til heimel, særleg når den kan påverke forståinga av materialet. Likeeins skal ein opplyse om det er venta framtidige tilvekstar til den aktuelle arkiveininga, noko som kan vere aktuelt for arkiv frå offentlege arkivskaparar. Beskrivinga av ordningssystemet skal dokumentere strukturen, ordninga eller klassifikasjonssystemet til den registrerte eininga, og ein skal også vise korleis desse har blitt handtert av arkivaren.

Tilgangs- og bruksvilkåra skal gi oversyn over ei rekkje kategoriar som kan vere relevante i ein brukssamanheng. I første rekkje gjeld dette kva reglar som gjeld for innsyn, slik som aktuelle lovreglar for offentlege arkiv og spesielle avtalar om klausulering av private arkiv. Ein skal vidare gjere greie for eventuelle vilkår for reproduksjon og publisering (t.d. om opphavsrettslege forhold), om språk og skrift som er brukt i materialet og om fysisk tilstand og eventuelle behov for teknisk utstyr for å få tilgang til materialet. Endeleg skal det

opplysast om det finst spesielle framfinningsverktøy til den aktuelle eininga, t.d. manuelle eller elektroniske register som er laga av arkivskapar sjølv eller arkivinstitusjonen.

Informasjonen om tilknytta materiale skal omfatte eventuell førekomst av og oppbevaringsstad for originalar (dersom den aktuelle eininga er ein kopi) eller av kopiar (dersom eininga er originalar). Det skal vidare informerast om relatert materiale, dvs. kor det kan finnast materiale av same proveniens, materiale som kan karakteriserast som forløparar/etterfølgjarar, eller som på andre måtar er nært knytt til den registrerte eininga. Relasjonstypen må i så fall beskrivast. Endeleg skal ein gi oversyn over kjende publikasjonar som handlar om eller har brukt den registrerte eininga, t.d. historiske framstillingar.

Merknader er definert som ein kategori som kan omfatte informasjon som ikkje passar inn i andre stader i arkivbeskrivinga. *Beskrivingskontrollen* omfattar kategoriane arkivarens merknad (som skal dokumentere korleis beskrivinga vart gjennomført og av kven), beskrivingsprinsipp – «rules or conventions» – (som skal vise kva prinsipp som er brukt for arkivbeskrivinga, t.d. norsk allment arkivskjema), og endeleg dato (som skal vise når beskrivinga vart slutført eller revidert).

ISAD(G)-standarden legg generelt opp til ei brei arkivbeskriving, langt meir utfyllande enn det som har vore vanleg i norsk arkivtradisjon. Dette gjeld kanskje særleg kategoriane for arkivkontekst. Sjølv om ein del norske arkivkatalogar inneheld administrasjons- eller arkivskaparhistorie, må dette kunne seiast å vere eit forsømt område. Og i endå større grad er dette tilfelle for kategorien arkivhistorie, som så langt har fått svært lite merksemd i det norske arkivmiljøet, men som er viktig m.a. for å dokumentere kva inngrep som er gjort i eit arkiv. Også på andre område utvidar og nyanserer ISAD(G) den tradisjonelle arkivbeskrivinga.

Ein internasjonal beskrivingsstandard har eit openbart og viktig formål, nemleg å beskrive arkiv på ein felles måte og dermed gjere dei tilgjengelege på tvers av landegrensene. Samtidig er det nødvendig å vere klar over dei begrensingane ein slik standard vil ha. Den kan ikkje fanne alle arkiv på same måte. ISAD(G) favoriserer visse typar arkiv fordi den byggjer på ei organisatorisk proveniensforståing og kan vere eit godt reiskap for å beskrive arkiv som skapt i stabile organisasjonar der det har vore samsvar mellom organisatorisk og funksjonell

proveniensi, men den er mindre eigna til å skrive arkiv som er skapt under andre forhold. Aktørar i det australske arkivmiljøet har t.d. kritisert ISAD(G) for å utelukke beskrivingar som byggjer på det australske «seriesystemet» (sjå t.d. Hurley u.å.).

Beskrivingsstandardar er problematiske, fordi det neppe kan finnast prinsipp og kategoriar som er «nøytrale» og like godt eigna til å beskrive alle typar arkiv. ifølgje Wendy Duff og Verne Harris inneber standardisering at «archivists are clearly in a realm where power is exercised, and where the dangerous processes of valorization and silencing are unavoidable» (Harris 2007:148). Når ein utviklar ein standard, inneber dette at det blir fastsett reglar som skal famne om og samordne fleire og ulike faglege tradisjonar og praksisar, og

[t]he wider the span, the greater the distance, the more heterogeneous the modes, then the greater the violence done to the local, the individual, the eccentric, the small, the weak, the unusual, the other, the case which does not fit the conceptual boxes that are unavoidable in any form of standardization. Here we are dealing with degrees of violence. In other words, there can never be an absence of violence. Any approach to, or model of, standardization which claims such an absence is seeking to fool all of the people all of the time (ibid).

Duff og Harris erkjenner behovet for standardisering, men etterlyser problematisering og ei medviten haldning til den maktutøvinga ein standard kan representere. Dei etterlyser – og gir innspel til – ein frigjerande beskrivingsstandard, som ikkje freistar å «hide the movements of its construction. In particular, it would not obscure the dimensions of power which it reflects and expresses» (ibid:151). Ein slik standard må skapast i ein open, transparent prosess. Den kan ikkje byggje på ei arkivforståing som forstår arkivdokumenta som «cocooned in a time-bound layering of meaning, and reduce description to the work of capturing and polishing the cocoon», men tvert om som «always in the process of being made, the record opening out of the future».

Ein frigjerande standard må kunne dokumentere dei inngrepa arkivarane gjer i arkiva – den arkivale intervensjonen – og korleis arkiva blir kontinuerleg brukt, men også opne for at brukarar kan supplere beskrivinga med sine erfaringar med bruk av arkiva. Brukarfokuset må vere sentralt; standarden må

acknowledge that different categories of user deploy different semantics and require different paths into the record. It would seek to allow different ways of searching, different ways of interrogating records, different ways of organizing and manipulating representations. It would, in short, place a premium on flexibility (ibid).

Og denne standarden må endeleg erkjenne at både arkiva og arkivbeskrivinga er formar for narrativ, skapt av arkivskaparar eller arkivarar, og at desse narrativa er påverka av dei samfunna dei har blitt og blir skapt i.

Den arkivale intervensjonen

Tradisjonelt har arkivarane gjenfortalt arkivskaparens historier, fordi arkivfagleg ortodoksi har føreskrive at arkiva skal ordnast og beskrivast etter sine opprinnelege system. Etablert metodologi og eksisterande standardar og verktøy har ikkje blitt utvikla med tanke på formidling til eit breitt publikum, men primært for å gi arkivarane intellektuell og fysisk kontroll over arkiva. Dette arbeidet har blitt rekna som ein verdinøytral aktivitet; arkivarens jobb har vore å dokumentere og eventuelt gjenskape det opprinnelege, – utan å leggje til eller trekke frå noko.

Alle som har arbeida med å ordne og beskrive arkiv må ein eller annan gong ha opplevd dette som problematisk, fordi ein oppdagar at arkivet kan innehalde historier som kan vere skjult av arkivsystemet. Årsaka til dette er i utgangspunktet prosaisk: Arkivet har blitt skapt for å vere ein effektiv arbeidsreiskap for arkivskaparen, og arkivsystema har difor blitt laga slik at kategoriar og systematikk reflekterer tankesett, saksbehandlingsmåtar og informasjonsbehov i den arkivskapande verksemda. Arkivsystemet har med andre ord konstruert arkivskaparens forteljingar om si verksemd. Dette inneber på den eine sida at arkivsystem og arkivordning kan gi oss informasjon om arkivskaparens sjølvforståing og arbeidsmåte, og dette er – saman med behovet for å oppretthalde arkivets autentisitet – eit vitig og gyldig argument for å bevare og dokumentere dei opphavlege systema.

På den andre sida kan altså desse systema usynleggjere informasjon som kan vere viktig for andre enn arkivskaparen sjølv. Kaisa Maliniemi (2010) har i sin studie om minoritetar i offentlege arkiv dokumentert korleis dokument på samisk og kvensk språk har vore usynlege i arkivsystema og at denne usynleggjeringa har blitt vidareført av arkivbeskrivinga. Å synleggjere undertrykte og marginaliserte stemmer som er til stades i arkiva står ikkje i motstrid til å bevare og dokumentere den opprinnelege arkivkonteksten, dette kan tvert om utvide og gjere arkivbeskrivinga rikare. Å redusere arkivbeskrivinga til å gjengi arkivskaparens forteljing om arkiva, vil bidra og har bidratt til å vidareføre status quo i forteljingane om fortida. Fordi det generelt er maktthavarane sine arkiv som er bevart og beskrive, er det dei deira perspektiv på verda som har vore rådande.

Det er fleire grunnar til å synleggjere skjulte, alternative forteljingar i arkiva. Dels dreier det seg om å demokratisere historia, å formidle historiske kjelder som har vore ukjende eller utilgjengelege. Dels handlar det om å demokratisere tilgangen til arkiva, å opne opp dei stengsla som arkivskaparens system og dei tradisjonelle arkivbeskrivingane ofte representerer. Samla sett dreier det seg om å realisere den arkivale meirverdien. For å kunne gjere dette trengst det verktøy som gjer det mogleg å registrere og kommunisere alternative innhaldsbeskrivingar av arkiva og kan samhandle med verktøy for formidling. Vi skal vende tilbake til denne utfordringa i neste kapittel.

Den tradisjonelle oppfatninga av ordning og beskriving av arkiv som ein verdinøytral aktivitet er altså djupt problematisk. Dersom ein arkivar berre passivt vidarefører arkivskaparens system, utan å gjere endringar i arkivet og utan å leggje til informasjon i arkivbeskrivinga, kan dette neppe reknast som verdinøytralt; arkivaren vil i slike tilfelle vidareføre arkivskaparens verdiar og dei ekskluderingane og marginaliseringane som finst i arkivet. Men ein slik non-intervensjonspraksis er neppe praktisk mogleg, den overveldande majoriteten av arkiv vil innehalde delar som er i uorden, kaos, og som krev aktive inngrep for å skape ein slags orden. Slike intervensjonar er nødvendige og vanlege i arkivordningsarbeidet, jf eksempelet innleiingsvis i dette kapitlet; formålet kan vere å rekonstruere det som kan synest å ha vore eit opphavleg system når dette er mogleg, eller å skape eit nytt system for å gjere dokumenta tilgjengelege. I alle høve må inngrepet må dokumenterast i arkivbeskrivinga.

Arkivbeskrivinga handlar som sagt om å avdekkje og forklare arkivets kontekst. «In describing records, archivists are working with context, continually locating it, constructing it, figuring and refiguring it», skriv Duff og Harris. Men «[c]ontext, in principle, is infinite» (Harris 2007:143). Den kan avgrensast til arkivskaparens organisasjon og oppgåver, eller ein kan setje arkivskaparen inn i ein større samfunnsmessig samanheng og inkludere kulturelle, juridiske og teknologiske føresetnader for dokumentasjon og arkivering. Dette er val som i stor grad er opp til den praktiserande arkivaren. Arkivaren «selects certain layers for inclusion, and decides which of those to foreground. In this process, there is analysis, listing, reproduction, and so on, but its primary medium is narrative. The telling of a story. In archival description archivists tell stories about stories; they tell stories with stories» (ibid).

Å erkjenne at arkivbeskrivinga er ei form for «storytelling» er eit verdifullt utgangspunkt for arbeidet. Det vil bidra til refleksjon kring ein arbeidsprosess som er viktig for samfunnet, fordi den avgjer korleis den arkivale kulturarven blir presentert for ettertida.

6 Arkiva til alle?

Hausten 2003 vart det publisert eit intervju med meg i tidsskriftet Bok og Bibliotek. Eg var då avdelingsdirektør i ABM-utvikling, statens utviklingsorgan for arkiv, bibliotek og museum som hadde blitt oppretta dette året og som no er slått saman med Norsk Kulturråd. Mitt hovudansvar var arkivfeltet, og intervjuet kunne lesast som ei programerklæring. Det hadde tittelen *Ut av skapet* og behandla fleire spørsmål, men hovudpoenget var at arkivinstitusjonane måtte leggje større vekt på å formidle arkiv til nye brukargrupper. Eg hevda her at arkivinstitusjonane tradisjonelt hadde vore eksklusive institusjonar, med ein høg brukarterskel:

Du går til arkivet, henvender deg i skranken, får lagt fram ditt ærend, må oppgi namnet ditt, blir registrert og må skrive under på teieerklæring, får utlevert ein katalog som kanskje ikkje er så lett å orientere seg i, ber om hjelp for å finne fram i den, får det, og så får du til slutt bestilt det du vil ha. Etter ei stund får du ein dokumentpakke, går til leseplassen, opnar den og oppdagar kanskje at dokumenta er skrivne med gotisk handskrift... Denne tungvinte prosedyren har oppstått fordi arkiva er unike, og eit strengt kontrollregime har vore sett på som nødvendig for å verne materialet. Den er vanleg i dei fleste arkivinstitusjonar i inn- og utland. Og det var først etter at eg slutta som arkivar at eg byrja å reflektere over den. Representerer den ikkje ei form for maktutøving mot arkivbrukaren? Fungerer den ikkje som eit hinder for å gi lik tilgang til arkiva? (Valderhaug 2003).

Eg foreslo difor at arkivinstitusjonane måtte «innta ei ny rolle som historieforteljarar», og for å få dette til «må arkiva vise at det finst tusentals historier som ventar på å bli oppdaga. Folk må få lyst til å kome og finna dei sjølv».

Spissformuleringane var medvitne. Formålet var å få i gang ein debatt om arkiva sine samfunnsroller og særleg behovet for nye publikumstenester. Redaktøren i Bok og Bibliotek, Chris Erichsen, utfordra difor tre sentrale arkivfolk til å kommentere spørsmål som var reist i intervjuet, m.a. om arkivinstitusjonanes primære målgrupper og om hovudutfordringane ved digitalisering av arkiv. Kommentaranane vart publiserte i neste nummer av tidsskriftet.

Dåverande riksarkivar John Herstad avviste i sitt innlegg at «arkivarene ... primært skal være historiefortellerne. Vi skal legge forholdene til rette for alle dem som vil fortelle historien. Om hver arkivar skulle fortelle og fortolke historien på sin måte, ville arkivene lett kunne bli utilgjengelige kaos» (Herstad 2003). Formidling måtte skje med «basis i arkivdokumentene», og dette hadde alltid vore ei sentral oppgåve for «arkiver i demokratiske samfunn som vårt eget. Lesesalene våre er åpne, adgangen er gratis og kyndig hjelp står til alles disposisjon. Nye teknologiløsninger kan gjøre det lettere å bringe arkivene frem til steder der folk bor», og i så måte representerte verksemda til Digitalarkivet ei vidareføring av den kjeldepubliseringa som Arkivverket hadde drive sidan 1800-talet.

Byarkivar Arne Skivenes slutta seg til dei fleste synspunkta i intervjuet, men åtvare likevel mot at

vektleggingen er i ferd med å vippe over. Spesielt i vektleggingen av formidling i forhold til bevaring er jeg bekymret for implikasjonene av en del utsagn fra flere hold i arkivkretser (i retning av at det er ikke noen vits i å bevare materiale som aldri blir brukt) (Skivenes 2003).

Skivenes grunn gav dette med at han hadde registrert «signaler om at slikt arbeid ikke er verd økonomisk støtte, det er nemlig ikke nyskapende, det er bare en del av det daglige arbeidet». Utan slik støtte ville ikkje arkivinstitusjonane makte det omfattande arbeidet med å registrere arkiva slik at dei kunne bli tilgjengelege på linje med t.d. materiale i biblioteka: «Å bringe arkivinformasjonen opp på et tilsvarende detaljert nivå krever en innsats tilsvarende den som har gått med til å bygge opp BIBSYS, BIBLIOFIL etc. multiplisert en god del ganger». Først når denne innsatsen var gjennomført, kunne formidlingssituasjonen for arkiva kome på linje med biblioteka.

Inge Strand, dåverande leiar for Arkiv i Nordland, peika i sin kommentar på at arkivets målgrupper endrar seg over tid. I arkivdanningsprosessen er arkiva ein informasjonsressurs for arkivskaparen, og i offentleg forvaltning også for sakspartar og offentlegheita. Når arkiva avleverte til arkivinstitusjon, kan dei framleis spele ei rolle som rettsleg dokumentasjon, men

den vesentlege verdien ved historiske arkiv er i rolla som kjelde for rekonstruksjon av fortida i det arbeidet som historikarar og andre forskarar driv, og den primære målgruppa i denne samanhengen er vitskapleg personale... Medan G.V. legg vekt på å rive hinder for ålmenta sin tilgang til arkiva på vegen mot demokratisering og "lovbestemte rett til tilgang til informasjon", vil eg betrakte problemstillinga instrumentelt; er arkivdokument "informasjon" som ålmenta er i stand til å tileigne seg? Og gjer vi ålmenta ei teneste med å framstille dei institusjonelle hindra som dei einaste og viktigaste hindra for retten til å skaffe seg informasjon? (Strand 2003).

Strand meinte at dei intellektuelle utfordringane ved arkivformidling vart oversett i intervjuet. Fordi arkiv er «råvarer», må arkivbrukaren «kjenne konteksten [til arkivdokumenta] og ha metodisk tæme som gjer han eller henne i stand til å kople informasjonen mellom arkivdokumenta og "det vi veit frå før"». Strand understreka at det er «det er eit samfunns evne til å produsere mest mogleg ferdigvare som skaper eit kvalitativt godt informasjonssamfunn. Ikkje å fjerne fysiske hinder til råvarene, utan å fortelje at der er mentale hinder som er langt verre» (ibid).

Synspunkta til Herstad, Skivenes, Strand og meg sjølv kan illustrere nokre av stridsemna i den debatten om arkivformidling som kom opp først på 00-talet. Dette var ein viktig debatt fordi den utfordra den etablerte diskursen om arkivinstitusjonanes publikumsrelasjonar og stilte spørsmål ved arkivinstitusjonane sine tradisjonelle samfunnsroller.

Arkivet og brukaren

Ideen om at arkiva skal gjerast tilgjengeleg for alle, og ikkje berre tradisjonelle brukargrupper som forskarar, studentar og slektsgranskarar, har fått generell oppslutning i arkivmiljøet

nasjonalt og internasjonalt det siste tiåret. Årsakene til utviklinga har ikkje vore tema for systematiske studiar, men det er openbart at fleire faktorar har spela ei rolle. Arkivarar har blitt påverka av den generelle samfunnsutviklinga, av teknologisk utvikling og av postmoderne tenking, og utvikla ein ny forståing av arkivinstitusjonane sine samfunnsroller. I nokre land vart denne utviklinga forsterka av eksplisitte kulturpolitiske føringar; den norske ABM-meldinga er eit illustrerande døme på dette. Her vart arkiv (saman med bibliotek og museum) forstått som

ulike organisatoriske løysingar og hjelperåder som eit samfunn på ein medveten måte etablerer for å oppnå ein del samfunnsverdiar som det er allmenn semje om bør finnast. Kort kan desse samfunnsverdiane formulerast som like rettar til informasjon og kunnskapskjelder som set einskildindividet i stand til å vera deltakar i eit levande demokrati og som kan vera grunnlag for at samfunnet kan tilby einskildindividua like høve til å utvikla seg som aktive samfunnsdeltakarar (St.meld. 22 (1999-2000)).

Denne forståinga plasserer brukaren av arkiva (og bibliotek og museum) i sentrum. Formålet er demokratisering av tilgangen til kulturarvressursane, ei moderne – eller snarare postmoderne – form for folkeopplysning: enkeltmenneska har rett til kunnskap og informasjon som kan gjere dei til aktive deltakarar i samfunnet. Dette perspektivet var grunnleggjande i det vi kan kalle ABM-tenkinga, og verkemidla for å kunne realisere det var dels å gi enkel tilgang til «kunnskap og opplevingar», dels å utvikle aktive formidlingstiltak i institusjonane:

Kravet til *effektiv formidling* følgjer naturleg i forlenginga av tilgangaspektet, og formidling representerer på sett og vis det endelege målet for verksemda i arkiv, bibliotek og museum. Tilgangaspektet krev at dei tenestene arkiv, bibliotek og museum skal yta, ikkje kan avgrensast berre til passiv tilrettelegging av materiale. Ei aktiv formidling der institusjonane på ulike måtar oppsøker eit publikum, er vel så viktig både i eit demokratiperspektiv og i eit allment kulturperspektiv (ibid, opphavleg kursiv).

Å setje formidling opp som «det endelege målet» for verksemda representerte eit klart brot med den etablerte sjølvforståinga i arkivinstitusjonane. I ein kronikk i Dagbladet 14. april

2004 konstaterte riksarkivar Herstad at arkivinstitusjonane aldri hadde hatt aktiv formidling som hovudoppgåve. Han viste til at det

pågår ... en diskusjon som rokker ved de gamle etiske prinsippene. Det er en diskusjon om arkivaren i rollen som historieforteller og aktør. Det er tilsynelatende bare en diskusjon om arkivformidling, og det er en del av en debatt som har pågått ganske lenge på det internasjonale plan. Høytidelig sagt er det en diskusjon om arkivinstitusjonenes sjel (Herstad 2004).

Herstad meinte at tilhengarane av aktiv arkivformidling var inspirert av tankeretningar som «den nye museologien fra 1980-tallet» og ideen om at musea skulle vere «dialoginstitusjoner». Han hevda at «[k]ravet om at arkivarene skal være historiefortellere er et forsøk på å overføre en ufordøyd museumsideologi og et uferdig produkt på arkivsektoren, en politikk for å gjøre arkivene til aktørpregede dialoginstitusjoner». Herstad avviste dette, og viste til at arkivinstitusjonane – i motsetning til musea – aldri hadde hatt nokon status som «som autoritative formidlere av kanonisert kunnskap» og difor ikkje hadde noko behov for «å frigjøre oss fra en formidlingsrolle basert på maktutøvelse». Arkivinstitusjonane skulle ikkje «dekke til. Men heller ikke skal vi kle av eller være aktører i samfunnspolitisk forstand». Herstad var openbart nøgd med status quo.

Han vart imøtegått av Ranveig Gausdal frå ABM-utvikling, som i eit tilsvar i Morgenbladet 7. mai peika på at omgrepet «historieforteljar» hadde blitt introdusert i ABM-meldinga:

Der er det imidlertid ikke snakk om hvorvidt arkivinstitusjonene – eller for den saks skyld museene og bibliotekene – bør være historiefortellere eller ei. Poenget i meldingen er at de er det. Arkiv, bibliotek og museum har som en av sine oppgaver å velge ut hvilket materiale som skal bevares for fremtiden. De fortellingene som senere kan gjøres med utgangspunkt i materialet, preges selvsagt av disse valgene. I meldingen blir valget fremstilt som starten på fortellingen, og det er det som gjør kulturarvinstitusjonene til historiefortellere. Hva man velger ut for bevaring, hvordan det beskrives og hvordan og i hvilken utstrekning det gjøres tilgjengelig blir i et slikt perspektiv til historiefortelling i seg selv (Gausdal 2004).

Erkjenninga av at institusjonane – og arkivarane – uansett opptre som historieforteljarar var eit viktig poeng i den internasjonale debatten som Herstad viste til. Som vi har sett i tidlegare kapittel vart dei klassiske førestillingane om arkivets og arkivarens nøytralitet kritisert av arkivarar og andre som var inspirert av postmoderne, maktkritisk tenking om arkiv og andre kulturarvinstitusjonar. Denne kritikken stilte spørsmål ved nokre av dei grunnleggjande føresetnadene for arkivfagleg teori og praksis, men utover ei insistering på at arkivarane måtte erkjenne si rolle som aktørar i danninga av samfunnsmessige minne, var arkivformidling i liten grad tema i denne debatten. Fokuset var generelt på arkivet og arkivaren, ikkje på arkivbrukaren.

Eit unntak er boka *Archive Stories. Facts, Fiction and the Writing of History* som er redigert av Antoinette Burton og inneheld artiklar av 15 akademiske arkivbrukarar som fortel om sine møte med arkivinstitusjonar, arkivarar og arkiv. Slike arkivhistorier trengst, hevdar Burton, fordi forteljingar om

how archives are created, drawn upon, and experienced by those who use them to write history ... follows in the first instance from a move in Western academy (and beyond) to recognize that all archives are "figured". That is, they all have dynamic relationships, not just to the past and the present, but to fate of regimes, the physical environment, the serendipity of bureaucrats, and the care and neglect of archivists as well (Burton 2005:6).

Burton insisterer på at det er nødvendig å snakke om «the backstage of archives ... how they are constructed, policed, experienced and manipulated» for å ta eit direkte oppgjær med oppfatninga av arkiva som objektive. Samtidig må ein synleggjere arkivinstitusjonens fysiske framtoning, som strukturerer tilgang, set sitt eige preg på arkivsamlingane og overvakar brukarane: «the official archive is a workplace, it is also a panopticon whose claims to total knowledge is only matched by its capacity for total surveillance» (ibid:9).

Ifølgje Burton møter arkivbrukaren ikkje berre arkivmateriale som er skapt og forma av samfunnsmessige maktforhold, men også dei institusjonelle rammene for arkivbruken representerer maktutøving. Hennar syn på arkivinstitusjonens maktposisjon er den motsette av Herstad, som ikkje ser at eit riksarkiv *per se* er ein maktinstitusjon fordi det er rikets arkiv

som forvaltar statens offisielle minne. Og denne makta blir forsterka når brukaren oppsøker arkivet for å få tilgang til dokumentasjon. ifølgje Eric Ketelaar (2002:235) blir brukarane

subjected to a host of policing measures. They have to register and sign a statement subjecting them to the rules of the institution; they have to leave their bags and personal belongings behind before entering the search room ... The layout and furniture of the room provide for a maximum of surveillance, and a minimum of privacy for the researchers. They are disciplined as children in a classroom ... Researchers want to consult documents: that is the sole purpose of the visit to the search room and their surrender to the power of the archives. They have a legal right to consult public archives, but that right is reconstructed inside the archives into a privilege, the granting of which has to be requested.

Arkiva har, som Ketelaar peikar på, faktisk vore eksklusive institusjonar. Tilgang til arkivmateriale har vore regulert av prosedyrar, framfinningsverktøy og bruksvilkår som for uerfarne brukarar må ha verka som ein ganske høg terskel. Ei undersøking blant akademiske arkivbrukarar i USA (Yakel og Torres 2003) viste at nye brukarar generelt opplevde møtet med institusjonen som vanskeleg; dei opplevde reglane og sjølvle lesesalskulturen som framand, dei var ukjende med fagterminologien og likeeins med korleis systema for framfinning var bygd opp og kunne brukast.

Men kven er eigentleg arkivbrukarane? Ifølgje den norske arkivstatistikken for 2009 hadde arkivinstitusjonane 97 387 publikumsbesøk og mottok 104 813 førespurnader om tilgang til arkiv. Av desse var 9 649 knytte til velferdsformål og 33 118 til eigedomsdokumentasjon. Talet for besøk på institusjonane sine nettsider var 32 567 585 og det vart gjort 19 125 994 søk i databasar på nettsidene. Men desse tala er ikkje fullstendige. Mange brukarar tar kontakt med institusjonane over telefon og desse er ikkje omfatta av statistikken:

publikumsførespurnader er her definerte som brev og e-postar frå publikum med skriftleg svar. Dette er viktig å ha med seg når tala skal tolkast. I tillegg er fleire av institusjonane arkivfaglege institusjonar med vekt på konsulenttenester og ikkje primært retta mot å ta imot besøk frå publikum. Det blir òg stilt spørsmål om besøk på eiga nettside, men det var ikkje definert nærare i hjelpeteksten og rettleiinga korleis dette skulle bereknast. Nokre

institusjonar har rapportert at dei ikkje har verktøy for å telje dette, medan mange andre ikkje har gjeve opp nokre tal i det heile tatt (ABM-utvikling 2010:9).

Ei rimeleg tolking av desse tala er likevel at den største brukargruppa er slektsforskarar som har nytta Digitalarkivet, etter som Arkivverkets nettsider hadde 31,5 mill. besøk og 18,5 mill. databasesøk, noko som utgjorde meir enn 95% av den samla nettbruken i arkivsektoren. Den neste største gruppa er dei som etterspør eigedomsdokumentasjon, og den tredje største spør etter «velferdssaker», dvs. dokumentasjon av eigne personlege forhold. Men tala seier ingenting om kor mange unike brukarar det er i kvar av desse gruppene. Rimelegvis er det relativt flest unike brukarar i gruppa velferdssaker, sidan spørsmål om eigedomsdokumentasjon i stor grad kjem frå frå kommunale eller statlege etatar som etterspør mange slike saker.

Statistikken seier ingenting om korleis brukarane har fått tilgang til arkiva, dvs i kva grad dei har fått vegleiing eller brukt arkivkatalogane på eiga hand. Dei svært høge brukartala for Digitalarkivet fortel likevel at potensialet for bruk av arkivinformatjon er svært stort. Denne tenesta gir direkte tilgang til digitaliserte kjelder, hovudsakleg folketeljingar som er registrert inn i søkbare databaser og skanna kyrkjebøker. Brukarane til Digitalarkivet treng difor ikkje å gå vegen om noko katalogverk for å identifisere dei opplysningane dei ønskjer tilgang til og dei møter heller ingen institusjonelle tersklar som det kan vere vanskeleg å kome over; den etterspurte arkivinformatjonen er direkte tilgjengeleg, nokre tastetrykk unna.

Digitalarkivet vart utvikla som ei tilpassa teneste for ei stor og viktig målgruppe, nemleg slektsforskarane. Men ifølgje Skivenes (2006) omfattar målgruppene til arkiva

... befolkningen, samfunnet i all sin bredde og kompleksitet: Offentlige saksbehandlere, forskere, journalister, kunstnere, forretningsfolk, men først og fremst folk flest, som trenger å få dokumentert ett eller annet i livet sitt eller omgivelsene sine. Kanskje arkivenes viktigste målgruppe bør være dem som ikke vet at de trenger arkivhjelp i ett eller annet problem de strever med eller en hobby de har glede av.

Skivenes demonstrerer her breidda i målgruppa; arkiva er til for alle som har bruk for dei. Han peikar også på at ulike brukargrupper har ulike føresetnader for å bruke og forstå arkiva, og at dei difor har krav på tilpassa vegleiing.

Det er openbart at brukarane av arkivinstitusjonane har blitt differensierte i løpet av dei siste tiåra. Årsakene til dette er dels samfunnsmessige forhold, dels målmedvitne satsingar frå institusjonar si side. Mens dei «typiske» arkivbrukarane tidlegare var forskarar, slektsgranskarar eller folk som spurte etter eigedomsdokumentasjon, har ein veksande del av publikumsforespørslane – særleg i kommunale arkiv – kome frå personar på leiting etter personleg dokumentasjon for å oppnå rettferd og erstatning. Ei viktig årsak til denne utviklinga er bygginga av den norske velferdsstaten i etterkrigstida, som gav enkeltindividua rett til ei rekkje nye tenester innanfor undervisning, sosial- og helseomsorg. Mange av dei som no etterspør rettsdokumentasjon er menneske som av ein eller annan grunn ikkje har fått tilgang til desse tenestene og no ønskjer erstatning for dette. Ein annan faktor er endringane i adopsjonslova i 1986, som gav adopterte rett til å vite kven foreldra deira var. Dette førte m.a. til at meir enn 1.500 krigsbarn oppsøkte Riksarkivet i løpet av det neste tiåret for å få informasjon om sin biologiske familie (Olsen 2004:95), og i neste omgang til organisert kamp frå krigsbarna si side for oppreising og erstatning for offentleg diskriminering. Stortinget vedtok i 2004 eigne erstatningsordningar for samar, kvenar, tatarar og krigsbarn, som alle hadde vore utsett for ulike former for diskriminering (St.meld. 44 (2003-04)). Ei anna gruppe menneske som i aukande grad etterspurte arkivdokumentasjon, var tidlegare barneheimsbarn som hadde vore utsett for omsorgssvikt eller ulike overgrep.

Dei som kom for å finne personleg rettsdokumentasjon representerte på fleire måtar ei ny brukargruppe for arkivinstitusjonane. Dei fleste hadde ikkje oppsøkt arkiv tidlegare, og mange hadde på grunn av offentlege forsømmingar mangelfull utdanning eller traumatiske opplevingar bak seg. Dei stilte andre krav til personalet i arkivinstitusjonane enn dei tradisjonelle brukarane; på den eine sida ønskte dei å få tak i all dokumentasjon som kunne finnast om dei i arkiva, på den andre sida kunne dei ha behov for hjelp for å bruke og forstå arkivmaterialet. Å identifisere all relevant dokumentasjonen om den enkelte kunne vere utfordrande, fordi opplysningane ofte var spreidd i arkiv frå forskjellige institusjonar og kommunar (som også kunne ha blitt slått saman med andre kommunar på 1960-talet). I

mange tilfelle kunne materiale finnast i fleire arkivinstitusjonar. Av ulike årsaker kunne desse arkiva også vere mangelfulle og delar av dei hadde gått tapt.

Handteringa av forespørslar om personleg rettsdokumentasjon var difor ofte ressurskrevjande. Fordi dokumentasjonen ofte var spreidd, vart framfinningsarbeidet vanskeleg og kunne i mange tilfelle ta lang tid. Arkivarane måtte t.d. ofte finne ut kva institusjonar tidlegare barneheimsbarn hadde vore på, kva forvaltningsnivå som hadde hatt ansvaret for institusjonane og kor arkiva etter desse var oppbevart. Når materialet var identifisert og funne fram, måtte arkivaren vurdere om det inneheldt opplysningar som vedkommande ikkje kunne få partsinnsyn i etter lovverket, eller om det var nødvendig å gi spesiell vegleiing om korleis dokumenta skulle lesast og forståast fordi dei var skapt innanfor eit anna forvaltningsregime, i eit anna fagspråk og med eit anna lovgrunnlag enn dagens. Og i dei tilfella der det ikkje var mogleg å finne nokon dokumentasjon, hadde spørjaren rett på ei forklaring på kvifor det var slik.

Forespørslane om personleg rettsdokumentasjon kunne difor stille arkivarane og arkivinstitusjonane overfor store faglege, praktiske og etiske utfordringar. Vi skal kome tilbake til etikken i neste kapittel, men det er nødvendig å peike på at den lovbestemte likeretten til arkivinformasjon ikkje kan avgrensast til å gi lik tilgang til arkivinstitusjonens tenester og til arkiva; målet må vere å gi lik rett til utbytte av arkivinformasjonen. For å oppnå dette er det nødvendig å gi hjelp som er tilpassa til den enkelte sine behov. I saker om personleg rettsdokumentasjon synest det som om dette har vore ein utbreidd praksis, fordi § 11 i forvaltningslova gir ein part rett til særleg vegleiing.

I historisk perspektiv representerer altså dei som etterspør personleg rettsdokumentasjon ei ny brukargruppe i arkivinstitusjonane, og det er liten grunn til å tru dette er forbigåande. Lovgivinga ut over 60-, 70- og 80-talet har gitt innbyggjarane rett til fleire offentlege tenester, og vi kan difor rekne med at å bidra med personleg rettsdokumentasjon vil bli ein sentral funksjon for arkivinstitusjonane også i framtida.

Arkivformidling

Arkivinstitusjonar har sidan slutten av 90-talet også satsa på å utvikle nye publikumstenester. Dels har dette handla om å ta i bruk den nye teknologien og gjere arkiv tilgjengeleg for brukarar over internettet, men mange institusjonar har også utvikla tiltak retta mot spesielle grupper, t.d. skoleelevar. Desse tiltaka har vore ein del av ei målretta satsing på aktive formidlingstiltak som vart initiert av ABM-utvikling.

Arkivfagleg teori og metodologi behandlar knapt nok tilgjengeleggjering og bruk av arkiv. «Virtually all accepted archival theory is based on material and its arrangement and order», konstaterer Terry Cook (1990:124); «the impression exists widely that the central theoretical thinking in archival circles relates either to appraisal or description – public service being a mere end-stop where the products ... are being handed over to the user».

Denne mangelen på teoretisk forankring var ein del av bakgrunnen for den heftige debatten om arkivformidling på 00-talet. Begrepet arkivformidling var nytt og hadde ingen autorativ fagleg definisjon, noko som førte til at debatten i stor grad handla om å klargjere innhaldet i begrepet og relatere det til arkivinstitusjonanes andre arbeidsoppgåver. Difor vart den begrepsmessige grensdraginga mellom arkivformidling og anna publikumsretta verksemd eit viktig tema i debatten.

Nokre debattantar valde ei semantisk tilnærming og tok utgangspunkt i den vanlege tydinga av ordet – å vere «mellomledd mellom noe eller noen» (Herstad 2002:9), eller «å være **mellommann** for, å **overføre**, å **være bindeledd** mellom den som har et behov og den/det som kan tilfredsstillе det» (Skivenes 2006, originale uthevingar). I denne forståinga av begrepet vart det hevda at formidling ikkje representerte noko nytt for arkiva:

I svært mange tilfeller er arkivaren et helt nødvendig mellomledd mellom kunden og arkivsakene: å identifisere hvilke saker som besvarer spørsmålet, finne dem frem, noen ganger hjelpe å lese vanskelig skrift, forklare kontekst, vanskelige ord og uttrykk, gammel mål og vekt etc. I noen grad til og med rekonstruere historien, dersom kildematerialet ikke kan

benyttes av kunden selv, på grunn av tilgjengelighetsregler. Slik formidlingstjeneste har arkivinstitusjonene drevet til alle tider (ibid).

Dette er «– slik jeg ser det – den **egentlige**, den **grunnleggende** arkivformidling», skriv Skivenes vidare, «den som aksentuerer arkivarens rolle som fagperson mellom arkivmaterialet og brukeren, rollen som medium». Skivenes er her på line med Herstads oppfatning slik den framgår av sitatet i innleiinga til dette kapitlet; formidling har alltid vore ein oppgåve for arkiva og knytt til arkivarens posisjon som mellomledd mellom arkivet og brukaren.

Dei danske arkivvitarane Bente Jensen og Charlotte Jensen (2004) har valt ei anna tilnærming. Dei konstaterer at i

arkivernes verden bruges begrebet "formidling" ... meget bredt, men dermed også som et teoretisk mere upræcist begreb. De aktiviteter, der omfattes af begrebet "formidling" på arkiverne, er reelt en gruppe i deres væsen forskelligartede aktiviteter, nemlig tilgængeliggørelse, vejledning samt egentlig formidling af samme type, som den der bedrives af museer og andre kulturinstitutioner.

I eit forsøk på å presisere og avgrense begrepsinnhaldet i dei ulike formene for publikumsretta verksemd i arkivinstitusjonane, tar dei utgangspunkt i brukarens føresetnader, kva type materiale som vedkomande får presentert, og kva uttrykk og formål den gitte publikumsretta verksemda har. På dette grunnlaget skil dei mellom publikumsarbeid på fem nivå: [1] å stille til rådvelde, [2] tilgjengeleggjering, [3] vegleiing, [4] case-basert vegleiing og [5] formidling.

Aktivitetar som å stille til rådvelde og tilgjengeleggjering føreset at brukaren har god «viten og innsikt» i arkiva og korleis dei vart skapte, at vedkommande kan bruke dei framfinningsverktøya som er tilgjengelege for å identifisere det materialet vedkommande er ute etter, og har føresetnader for å bruke originalmateriale på sjølvstendig vis.

Begrepet «vegleriing» knyter forfattarane til framfinningsfunksjonen: Arkivinstitusjonen bidrar med å hjelpe brukaren til å identifisere arkivmaterialet, men vedkommande skal kunne bruke materialet på eiga hand. Jensen og Jensen brukar altså begrepet i ein snevrare forstand enn det som er vanleg i norsk samanheng, der forvaltningslovas begrepsbruk har blitt retningsgivande og vegleriing difor omfattar den hjelpe ein part treng for å «vareta sitt tarv».

«Case-basert vegleriing» synest å referere til ulike former for standardisert vegleriing, som blir gitt til fleire personar – t.d. kurs i bruk av kjelder til slektsgransking – og som skal gjere brukaren i stand til å bruke originale arkivdokument. I ein seinare artikkel (Jensen og Jensen 2006) blir også omgrepet arkivpedagogikk brukt i denne samanhengen.

I motsetning til dei fire første aktivitetane, er formålet med «arkivformidling» ikkje nødvendigvis bruk av originalmateriale, men «historisk forståelse og bevisthed» og «positiv bevisthed om arkiver». Målgruppene for formidlinga treng ikkje spesielle føresetnader for å bruke og forstå arkiv; dei blir presentert for tilrettelagde og bearbeidde framstillingar av arkivinnhald, i form av foredrag, utstillingar, dynamiske digitale produkt, osb. Innhaldet er «de beretninger om fortiden, der kan uddrages af arkivalierne. Det er det historiske indhold, der stilles i centrum, og dette gøres uden hensyn til, om modtagerne har til hensigt selv at øve historisk forskning eller ej» (ibid).

Denne formuleringa plasserer arkivformidling svært nær historiefornidling, ei oppfatning som m.a. Harald Lindbach har kritisert. Han meiner at «[f]ordi vi er historikere eller historisk interesserte er det lett for oss å ende opp med formidlingsprosjekter som rett og slett er fornidling av historie». Han meiner dette er problematisk av fleire grunnar. Eit sak er kvaliteten til fornidlinga, som avhengig av «hvor gode historikere vi er» kan «ende opp som mer eller mindre velfunderte [sic] rekonstruksjoner av fortiden». Lindbach hevdar difor at «[d]et er ikke historie vi skal fornidle, men arkiv. Fornidlingen skal være vår måte å vise hva arkiv er, hvorfor vi tar vare på arkiv og hva det kan brukes til» (Lindbach 2004:14). Difor treng ikkje arkivformidlinga vere historisk orientert, den kan like gjerne fokusere på korleis arkiv blir skapt i dag.

Lindbach har openbart eit poeng. Å avgrense formidlingsbegrepet til arkivets historiske funksjonar kan innebere at ein usynleggjer at arkiv er viktige for menneske i samtida, t.d. som grunnlag for innsyn og demokratisk kontroll av makthavarane og dokumentasjon av individuelle rettar. På den andre sida er heller ikkje Lindbachs alternativ uproblematisk; å «vise hva arkiv er» er utfordrande fordi sjølv arkivomgrepet er omstridd blant arkivar og arkivitarar; arkiv kan som vi har sett forståast som ulike former for nedteikningar, som «traces of events», eller avgrensast til å vere transaksjonsevidens og ingenting anna.

Ellen Røsjø (2004) deler Lindbachs tilnærming eit stykke på veg når ho med arkivformidling forstå

mer det som franske arkivarer kaller "action culturelle" – altså vår aktive kulturvirksomhet med f.eks. utstillinger og skoletjeneste og som engelsktalende arkivarer kaller "outreach" – andre vil kanskje heller kalle det markedsføring. Den bør bl.a. rettes mot dem som aldri har hørt om arkivet og aldri tenkt på at de kan få hjelp til å finne ut av et problem i livet sitt der, eller finne ut noe interessant f. eks. om sitt lokalsamfunn eller sine forfedre.

Arkivformidling omfattar ei rekkje aktivitetar som institusjonar set i verk, retta inn mot og tilpassa forskjellige målgrupper. Formidling til skoleelevar må såleis ha som mål «å få fram at kildene til å følge familier, lokalhistorie, kommunale beslutningar, skolegang, bygningoppførelser etc. finns og er tilgjengelig. Vi ønsker at skoleelevene skal bli nysgjerrige og stille spørsmål – og lete etter mulige svar» (ibid). Røsjø ser dette i eit demokratiperspektiv; å gi skoleelevar kunnskap om arkiv vil gi dei betre føresetnader til å vareta sine rettar i samfunnet.

I 2004-06 vart det på initiativ frå ABM-utvikling gjennomført to større prosjekt for å utvikle arkivformidling for skolesektoren. 11 arkivinstitusjonar fekk midlar til å utvikle formidlingsopplegg i samarbeid med ein skole, slik at forma og innhaldet kunne tilpassast læreplanverket. Formålet var å undersøke korleis dette kunne gjerast og generelt hauste erfaringar frå formidling til denne brukargruppa (Gausdal 2004c). Eit av tiltaka som kom ut av desse prosjekta var Oslo byarkivs *Robert Levin f.eks.*, «et undervisningsopplegg i kildebruk» for 8. til 10. klasse i grunnskolen. Skoleåret 2005/06 deltok meir enn 400 elevar i opplegget

som m.a. omfatta besøk i byarkivet (Røsjø 2006). Nettversjonen av opplegget er tilgjengeleg på Oslo byarkivs nettstad for formidling til barn og unge, og inviterer elevar til å prøve seg «som detektiv i historien! Hva kan du finne ut om Robert Levin og jødernes historie i Oslo ut fra kilder i Byarkivet? Vi har digitalisert folketellingskjema, byggesakstegninger, adressebøker, foto og mye mer» (www.anno-x.no). Gjennom anno-x ønskjer byarkivet

å vise hvor viktig det er å stille spørsmål til det vi lesar og lærer, altså være kildekritisk eller ha kunnskap om kildekritikk. Stiller vi spørsmål, eller er nysgjerrig på et tema, får vi kunnskap av å studere forskjellige typer originale kilder og dokumenter som kan finnes i offentlege arkiver (ibid).

Formålet med dette – og dei andre skoleopplegga – var altså kritisk bruk av arkivmateriale; elevane skulle få kunnskapar både om kva arkiv kan vere og om kildekritisk metode. Elevane sin eigenaktivitet blir også framheva; det er gjennom å stille nye spørsmål ein kan finne nye kunnskapar. Historia er ikkje skriven ein gong for alle, det vil alltid vere mogleg å rekonstruere nye versjonar av fortida.

Tilrettelagde formidlingsopplegg aktualiserer tre grunnleggjande utfordringar, knytta til utval, kontekstualisering og bearbeiding av materialet. Når berre ein liten del av arkivmaterialet blir gjort tilgjengeleg, inneber dette at arkivaren først må velje ut kva materiale som skal presenterast og deretter kontekstualisere og bearbeide det på ein måte som er tilpassa til den aktuelle målgruppa. Desse tre operasjonane representerer arkivale intervensjonar som kan vere problematiske, og som formidlaren bør vere medviten om og i stand til å forsvare på fagleg grunnlag.

Å gjere eit utval av materiale er nødvendig i dei fleste formidlingssituasjonar, og dette inneber samtidig at noko blir valt bort og i praksis usynleggjort. Arkivaren som vel ut materialet bestemmer kva mottakarane skal få tilgang til, og vedkomande handlar til sjuande og sist på vegne av dei som skal bruke materialet i t.d. eit skoleprosjekt eller få tilgang til det i ei utstilling. Kriteria for utvalet blir avgjerande for at utvalet skal kunne grunnleggjast – kvifor vart desse dokumenta valde ut og ikkje andre?

Det som kan gjere dette vanskeleg, er at det teoretiske og metodiske grunnlaget for slike utval er lite utvikla. Det finst ein viss likskap mellom bevaringsvurdering og utval for formidling, men også ein grunnleggjande forskjell: Mens konsekvensen av bevaringsvurderinga – kassasjonen – er irreversibel, vil materiale som blir valt bort i formidlinga framleis eksistere; det er tilgjengeleg og det kan formidlast seinare. Ein anna viktig forskjell ligg i formålet for aktivitetane: Bevaringsvurderingar har behovet for ein brei samfunnsdokumentasjon som mål, mens utval for formidling er vanlegvis knytt til eit bestemt tema og innretta mot ei avgrensa målgruppe. Men nokre bevaringsteoretiske tankar er likevel vere relevante, særleg målet om at det utvalde materiale bør vere så breitt samansett som mogleg og ope for ulike tolkingar. Dei utvalsvurderingane som blir gjort bør også vere dokumenterte og transparente, slik at andre kan få innsyn i utvalsprosessen.

Ein formidlingsmåte som kan vere særleg utfordrande er fysiske eller nettbaserte arkivutstillingar. Her er det ofte enkeltokument som blir valt ut, tatt ut av sine opphavlege samanhengar og presentert i andre format enn det originale. Sjølve utstillingsforma kan dessutan innby til å gjere bruk av utvalskriterium som neppe ville ha vore aktuelle i t.d. eit skoleprosjekt, t.d. estetisk vurdering av dokumenta. Slike vurderingar kan nok forsvarast, men må balanserast med andre utvalskriterium. Den største utfordringa ved arkivutstillingar er nok likevel faren for at dokumenta blir dekontekstualiserte og framstår som objekt som er lausrivne frå dei prosessane som dei vart skapte i. Denne problemstillinga kjem vi tilbake til nedanfor.

Arkivformidling inneber – som bevaringsvurdering og arkivordning og arkivbeskriving – arkivale intervensjonar og ulike grader av maktutøving. Men intervensjonane og den maktutøvinga dei representerer, er nødvendige grep som må gjerast for at arkiva skal bli tilgjengelege for flest mogleg. Arkivformidlaren må difor ikkje sky makta, men bruke den aktivt og samtidig synleggjere og forklare dei vala som er gjorde undervegs i arbeidet med eit formidlingstiltak.

Generelt må vi kunne oppsummere at det teoretiske og metodiske grunnlaget for arkivformidling framleis er lite utvikla. Med unntak av Sjøgren og Lundströms pionerarbeid *Historia på riktigt!* (2001), som behandlar den pedagogiske og praktiske sida ved

arkivformidling til skolebarn og i mindre grad tar opp dei meir grunnleggjande føresetnadene knytte til utval og kontekstualisering, har litteraturproduksjonen vore låg. Erfaringane frå dei formidlingstiltaka som har blitt gjennomført det siste tiåret – mange av desse finansiert av ABM-utvikling med erfaringsoverføring som ei uttrykt målsetjing –, har i liten grad blitt oppsummert og publisert. Dette står i motsetning til behovet for teori- og metodeutvikling på dette feltet.

Tekst og kontekst

Arkivformidling kan seiast å vere ein balansegang mellom to grøfter. Den eine faren er å drive ei form for historiefornidling der arkivdokumenta blir redusert til illustrasjonar til forteljingar. Den andre faren er å presentere arkivdokument som kuriosa, som frittstående objekt, lausrivne frå sin administrative og samfunnsmessige kontekst. Mellomvegen – å formidle både teksten i og kontekst til dokumenta – er krevjande.

Relasjonane mellom dokumentinnhaldet og den arkivskapande konteksten er grunnleggjande i såvel klassisk arkivistikk som nyare arkivteori. Autentisiteten til arkiva er avhengig av at dei opphavlege samanhengane mellom arkivdokumenta blir bevarte og beskrivne; forståinga av eit arkivdokument er likeeins avhengig av kunnskap om konteksten til dette dokumentet. Eit arkivdokument vil vere skapt på eit bestemt tidspunkt, av ein bestemt person (med eller utan makt), av bestemte årsaker og med bestemte formål (personlege eller organisatoriske), innanfor ein gitt kultur (som t.d. kan vere byråkratisk-administrativ, forretningsmessig, politisk eller prega av andre forhold), kanskje i samsvar med visse legale føresetnader, og endeleg skrive i eit språk som kan vere prega av alle desse føresetnadene. Utan kunnskap om desse kontekstuelle vilkåra kan innhaldet i eit dokument bli uforståeleg, misforstått eller forvrengt.

Problemet med tekst og kontekst gjeld i prinsippet alt publikumsarbeid i arkiva. Ein person som får innsyn i elevdokumentasjon frå 1950-talet kan oppleve at dokumenta på dei eine sida framstår som mangelfulle og på den andre sida inneheld formuleringar som verkar

krenkande og usaklege. Årsaka til dette er ein annan forvaltnings- og arkivpraksis; før forvaltningslova trådde i kraft var kravet til nedteikning av relevante saksopplysningar langt veikare enn i dag, samtidig som fråværet av partsinnsyn innebar at saksbehandlarar ikkje trong vere særleg varsame med formuleringane. Å forstå desse føresetnadene er altså nødvendig for å forstå kvifor dokumentasjonen er som den er. Slik er det med all arkivdokumentasjon. Dokumentet kan ikkje stå åleine.

Arkivinstitusjonane sine publikumstenester må ha dette som utgangspunkt. Det tradisjonelle publikumstilbodet – lesesalstenesta – har bygd på føresetnaden om at brukaren i størst mogleg grad skulle vere sjølvhjelpet. Arkivarane har gitt råd om framfinning og elles gitt hjelp når brukarar har bede om det, men dette har ikkje vore nokon integrert del av publikumstenesta i institusjonane. Ein har vanlegvis gitt den hjelpa ein har fått spørsmål om i den gitte situasjonen. Tradisjonell publikumsteneste har likevel bygd på to sentrale føresetnader; arkivet har blitt forstått som eit organisk produkt av arkivskaparens verksemd og arbeidet med «ordning og katalogisering» som ein verdinøytral aktivitet. Arkivarens rolle har vore (sagt med Jenkinsons ord) «to provide, without prejudice or afterthought, for all who wish to know the Means of Knowledge»; arkivdokumenta har representert den dokumentariske sanninga om arkivskaparens aktivitetar som brukaren har fått tilgang til.

Nyare arkivteori har vist at begge desse føresetnadene er problematiske. For det første fordi arkivkonteksten aldri er umiddelbart tilgjengeleg; den er konstruert og forklart i arkivbeskrivingar som som i seg sjølv representerer eit nytt «lag» med kontekst. Arkivdokumenta som blir gjort tilgjengelege for arkivbrukaren er ikkje «råmateriale», men heller «halvfabrikata». For det andre, som Terry Cook har peika på, kan ikkje arkivarane avgrense seg til å berre å levere informasjon, dei må bidra til kunnskapsproduksjon. Han åtvare i 1990 mot ein tendens blant amerikanske arkivarar som ville tilpasse arkivinstitusjonane til det nye informasjonssamfunnet og tilpasse tenestene til brukarane sine ønskje. Fordi «informasjonssøkarane» generelt ville følgje den minste motstands veg og forvente «speed, accuracy, and integrity of information [burde] archivists ... develop new finding aids based on the convenience of users, not of archivists» (Jimerson 1989:338). Cook kritiserte dette synspunktet og framheva at arkivaranes utgangspunkt måtte vere at informasjon i seg sjølv ikkje nødvendigvis representerer kunnskap. Sjølv om arkiva inneheld

fakta og informasjon, kan denne berre forståast i sin kontekstuelle samanheng: «Archivists are indeed searching – and leading their users – through the grand archival forest, with all its fascinating paths and byways, rather than focusing on that isolated tree» (ibid:128). Cooks konklusjon var at

[u]nless the focus of archival work in appraisal, description *and* public service and outreach is on the process of records creation and the creator, and the archival materials that result from both – a conceptual vision of provenance – archivists condemn themselves and their users to a diet of fast food, of quick hits of facts, names and dates without context and without much meaning (ibid:131, Cooks kursiv).

Sagt på ein annan måte: dersom arkiva skal levere «Means of Knowledge» må ein utvikle publikumstenester som også gir brukaren ei forståing av alle sider av arkivkonteksten.

Ei av utfordringane i denne samanhengen er at dei bevarte arkiva i stor grad representerer makthavarane sine forteljingar om fortida. Arkivarane må vere i stand til å forklare dette. For å velje verkemiddel som bidrar til at mottakaren kan få forståing av arkiva sine funksjonar og innhald, må formidlarane sjølv ha innsikt i dei tilhøva som har påverka både arkivskapinga og arkivbevaringa. Harald Lindbach (2004:14) har peika på to spesielle utfordringar i denne samanhengen:

Vi må ikke bare stille oss spørsmål knyttet til vår egen forståelse av nedtegnelsene. Vi må gå lenger. I hvilken grad forstår for eksempel den som nedtegner informasjonen dens kontekst. Fra den historiske kildekritikken – og fra livets harde skole – vet vi at folk lyver når det tjener deres sak nok. Mer avanserte former for forstyrrede kommunikasjonsmønstre flourerer imidlertid også i arkivmateriale. Her kan alt fra dialektforhold til mentalitet og klasseforskjeller spille viktige roller. Alle undertrykte kulturformer har for eksempel utviklet ulike dobbeltkommunikasjonsformer. Det vil, noe forenklet, si at man uttrykker seg på en slik måte at medlemmene av inngruppen forstår at meningen av det man sier egentlig er noe annet enn det medlemmene av den dominerende gruppen oppfatter. Meningen tolkes altså forskjellig av de ulike mottakerne. Forstyrrelsene i kommunikasjonsformene vil være større jo større grad det er av kulturell og sosial ulikhet mellom partene. Hvordan formidler vi slike mer problematiske, men likevel elementære sider ved arkivene? (Lindbach 2004:14).

Å kunne forklare dette stiller krav til arkivarane. Dei må ha innsikt i dei forholda som kan ha påverka arkivskapinga og innhaldet i dei enkelte arkiva, t.d. om politiske, religiøse, etniske og næringsmessige forhold dei lokalsamfunna der arkivskaparen har fungert. Slike forhold kan forklare kvifor opplysningar har blitt arkiverte og i nokre tilfelle ikkje arkiverte. Eg har sjølv fleire gonger leita i skoleprotokollar etter opplysningar om elevar frå såkalla «båtsplint» – romanifolk som reiste langs kysten i sommarhalvåret – utan å finne noko, og mi forklaring er at lærarar ikkje har registrert desse elevane. Årsaka kan vere ein kombinasjon av fleire forhold; båtfolket har stått utanfor samfunnet og vore offer for fordommar og diskriminering, men også fordi desse elevane har vore på dei enkelte skolane berre i kortare tid. Resultatet har uansett vore usynleggjering.

Detaljert kunnskap om enkeltarkiv og arkivkontekstar er noko ein generelt får gjennom å arbeide med arkiva, anten med ordning og arkivbeskriving eller framfinning. I begge tilfelle er det nødvendig å dele denne kunnskapen med andre og gjere den til ein ressurs for arkivinstitusjonen. Slik kunnskap kan også vere vesentleg når det gjeld å finne fram til opplysningar i arkiva. Eric Ketelaar (referert i Cook 1990) har peika på at gjenfinning av informasjon ikkje berre er ein logisk, analytisk og lineær prosess; både arkivaren og den som leitar etter informasjon gjer bruk av holistiske, intuitive og kreative tilnærmingar. Slike tilnærmingar kan vere nødvendige for å finne fram til opplysningar som har blitt usynleggjort av dei opphavlege arkivsystema som arkivbeskrivinga vanlegvis byggjer på.

Arkivarar må vere spesialistar på kontekst, som Terry Cook har formulert det. Dei må ha kunnskapar om arkivsystema (og dei konsekvensane desse har hatt for t.d. synleggjering og usynleggjering i arkiva), arkivskaparens samfunnsmessige funksjonar og oppgåver (som kan ha bygd på lovbestemte mandat, næringsmessige forhold eller politiske eller økonomiske interesser) og om overordna kulturelle og politiske rammevilkår. Og dei må forstå korleis arkivaranes eigne intervensjonar i arkiva har lagt til endå nye kontekstlag. Denne kontekstkunnskapen er grunnlaget for både arkivarens eige framfinningsarbeid og for å gjere dokumenta forståeleg for brukaren.

Den digitale arenaen

Dagens arkiv blir skapt digitalt og stadig meir papirbasert arkivmateriale blir digitalisert. I aukande grad blir desse arkiva også tilgjengelege på internett. Offentlege organ publiserer sine postjournalar, anten via fellestenesta *Offentleg elektronisk postjournal* eller på eigne nettsider. I kommunal forvaltning er registreringane i desse journalane ofte lenka til digitale saksdokument, slik at ein stor del av saksarkivet i praksis er direkte tilgjengeleg. Målsetjinga med desse tiltaka har vore ei styrking av demokratiet gjennom enklare og utvida innsyn.

Bruk av desse tenestene føreset likevel ein viss kompetanse. Karin Gjelsten (2006:89) har drøfta konsekvensane av ulike føresetnader for å få tilgang til digital arkivinformasjon:

Forutsetninger for å være en kompetent kommunikator i møte med den digitale offentligheten er for det første kunnskap om at informasjonen er tilgjengelig. Det er dernest nødvendig med kunnskap om hvor informasjonen er tilgjengelig, i tillegg til tekniske forutsetninger (tilgang til pc, nett), samt forståelse av språk og koder. ... Går vi til en offentlig postjournal som ligger tilgjengelig på internett, kan det være interessant å finne ut om postjournalen er selvforklarende. Skjønner alle at bokstaven I står for inngående dokument, at bokstaven U står for utgående dokument? Skjønner alle at det er navnet til avsenderen som står der (om det er et inngående dokument) eller at det er navnet til mottakeren som står der dersom det er et utgående dokument? (---) Jeg vet at både arkivpersonale og andre kommunalt ansatte kan ha problemer med å tolke alle forkortelsene på en offentlig postjournal.

Gjelsten konkluderer med at den digitale offentlegheita har ført til at det har «oppstått nye klassifikasjonsskinner». Sjølv om dei nye digitale tenestene har ført til «mer åpenhet og mer demokrati for enkelte grupper av befolkningen» har dei også ført til «større og annerledes ulikheter enn tidligere» (ibid:92). Dette har ein openbar samanheng med at verktøya som blir brukt til journalføring byggjer på Noark-standarden, ein standard som skal vareta arkivmessige og administrative omsyn og ikkje er tilrettelagt for kommunikasjon med eit breitt publikum. Det same er tilfelle med Asta, det elektroniske verktøyet som blir brukt til arkivbeskriving og er grunnlaget for presentasjonen av arkiv i tenesta arkivportalen.no.

Denne motsetninga mellom faglege standardkrav og publikumspresentasjon er eit grunnleggjande problem når det gjeld nettpublisering av arkivinformatjon.

Den irske arkivvitaren Andrea Johnson er ein av dei få som har forska på publikums bruk av digitaliserte arkiv på internett. Ho konstaterer at

[t]o date systems have been designed primarily with archival description and arrangement in mind. Whilst this has proved satisfactory for many professionals, it leaves many users lost and confused in the hierarchical arrangement of the digital object (Johnson 2008:146).

Johnson har gjennomført ein systematisk studie av brukaråtfærd i nettbaserte digitale arkiv og har avdekkja at brukarane generelt opplever tre hovudutfordringar som ho oppsummerer med spørsmåla «where shall I look?», «what shall I say?» og «what is that?». Det første spørsmålet handlar om å identifisere arkivkjelder på nettet. Nye brukarar vil generelt starte med søkjemotorar som Google og det er ikkje alltid at søka vil føre dei vidare. Dette kan ha fleire årsaker; det kan vere at arkivressursen ikkje gir treff på søkjemotoren og det kan ha samanheng med dei søkjeorda som blir brukt.

Men formuleringa av søket kan også vere eit problem etter at det aktuelle digitale arkivet har blitt identifisert. Ein av Johnsons informantar uttrykkjer dette slik: «I know I'm not asking the right question, I'm just not asking it right as I know the document is there as I have actually seen it. What do I need to type in that box to get the result?» (ibid:152). I ein tradisjonell lesesalskontekst vil brukaren i slike situasjonar kunne få hjelp frå arkivpersonalet, men dei digitale nettarkiva har sjeldan denne moglegheita for kommunikasjon mellom brukar og arkivar. Dette er også ei viktig årsak til den tredje hovudutfordringa, som handlar om å forstå dei digitaliserte dokumenta når desse er identifiserte. Mange kan ha problem med å tolke og kontekstualisere informasjonen, og i nokre tilfelle også med å lese dokumentet.

Johnson oppsummerer at «[t]he problem with digital archives seems to be that users lack the support of archivists in formulating queries, identifying archival sources and interpreting and contextualizing the search results» (ibid:153). Dette fråværet av arkivaren inneber difor at det må utviklast nye hjelpemiddel for brukaren, som kan gi svar på Johnsons tre spørsmål:

kor ein skal leite etter informasjon, korleis ein skal spørje, og korleis ein skal forstå den informasjon som kjem fram.

Arkivportalen.no, den nettenesta som har som mål å gi brukarane tilgang til arkivkatalogar i alle norske arkivinstitusjonar (og som i seg sjølv representerer eit stort framsteg i arbeidet med å gjere arkiva tilgjengelege), tilbyr lite hjelp til brukarar som er ukjende med arkivfagleg terminologi og metodologi. Eit nettarkiv som har utvikla slike hjelpemiddel er det norske Digitalarkivet, som sidan 2002 har hatt eigne debattforum der brukarane kan be om hjelp til finne fram til og forstå kjelder, og der også andre brukarar kan bidra med slik hjelp. Denne interaktive tenesta har openbart vore ein viktig ressurs for brukarane og vore med på å gjere Digitalarkivet til den største nettressursen på kulturarvområdet i Norge. Ei teneste med eit meir avgrensa formål er Bergen Byarkivs nettbaserte oppslagsverk, <0Ve>, som skal gi arkivbrukarar hjelp til å finne fram til dei arkiva der den etterspurte arkivinformasjonen kan finnast. Oppslagsverket tar såleis «utgangspunkt i utvalgte emner vi har informasjon om, forteller hvor den er, hva slags opplysninger som er tilgjengelige, om retningslinjer for innsyn og bruk» (sitert etter nettstaden www.oppslagsverket.no).

Skilnadene mellom desse to tenestene er ikkje berre formåla, men også omfanget. Medan brukarforuma på Digitalarkivet skal gi hjelp til å finne fram i eit relativt einsarta materiale, skal <0Ve> vere ein vegleiar til å finne fram blant hundrevis av arkiv som dokumenterer aktivitetar på nær sagt alle samfunnsområde. Ein annan skilnad er at oppslagsverket i motsetning til Digitalarkivet førebels ikkje gir høve til interaktivitet og heller ikkje er knytta til ein digitalisert arkivressurs.

Andrea Johnson meiner at det er avgjerande at utviklinga av hjelpetenester knytte til digitale nettarkiv må byggje på reell kunnskap om brukarar og brukaråtferd, og ikkje på meir eller mindre grunngitte førestillingar om dette i arkivmiljøa. Det første steget må difor vere å skaffe seg dokumentasjon og kunnskap om brukaråtferda gjennom «empirical studies combined with agreed research agendas and conceptual framework. Based on this evidence we will be able to develop the systems and tools that will link users and their diverse interests with a wealth of archival material» (ibid:161).

Desse verktøya må ifølgje Johnson vere brukarorienterte, men samtidig vareta den arkivale konteksten. Dei må mogleggjere det ho kallar kontekstuell samhandling mellom brukaren og det digitale arkivet og gi hjelp til søkje- og framfinningsprosessar, samtidig som resultatane av søka blir presentert i sin arkivmessige samanheng og brukaren kan få hjelp til å tolke og forstå dokumenta. Hovudgrepet er med andre ord å leggje til rette for kommunikasjon mellom arkivet og brukaren.

I løpet av dei siste åra har det blitt publisert ei rekkje utgreingar og rapportar om digitalisering av kulturarv og arkiv. Felles for desse er ei heilt nødvendig vektlegging av dei teknologiske føresetnadene for å digitalisere, tilgjengeleggjere og bevare dei digitaliserte objekta. Bruk av semantisk webteknologi og tilrettelegging for interaktive tenester blir framheva m.a. i st.meld. 24 (2008-09) om digitalisering av kulturarv og av Engels (2010) som eit viktig grunnlag for gjere ressursar tilgjengelege på nett, men utviklinga av slike verktøy som Johnson etterlyser har fått relativt lite merksemd. Men dersom digitale nettarkiv skal bli ein ressurs for alle, må dette bli ei viktig oppgåve i framtida.

Eit opnare arkiv

Korleis opplever folk møtet med arkiva? Eg har høyrte mange historier om dette. Om sure, arrogante og avvisande arkivarar, men også om imøtekommande og hjelpsame menneske. Om rigide byråkratiske reglar og om fleksibel tenestevilje. Om firkanta og smidig behandling av innsynssøknader. Om arkivmateriale som ikkje finst. Om uordna og utilgjengelege arkiv. Og om mykje anna. Forteljingar som tyder på at det finst både rævhog og englar i arkivinstitusjonar og arkivtenesta i forvaltninga (om elles i samfunnet), at ein nokre stader er meir byråkratiske og rigide i sine arbeidsmåtar enn andre, at arkivmaterialet stundom er mangelfullt og at dei fleste slit med for små ressursar.

Det eg har høyrte er tilfeldige førstehands, andrehands eller tredjehands historier (faktisk mest av dei to siste kategoriane), fortalt av menneske med ulike motiv (ikkje sjeldan av arkivarar som har eit behov for å seie noko nedsetjande om tilstanden i andre arkivinstitusjonar). Nokre av forteljingane kan det vere hald i, andre står neppe for ei

kjeldekritisk undersøking. Så eg veit eigentleg ikkje så mykje om korleis folk opplever møtet med arkiva. Og det gjer neppe så mange andre heller – systematiske brukarundersøkingar er det få av, både i arkivinstitusjonar og forvaltningsarkiv.

Formuleringa «møtet med arkiva» kan dessutan verke tilslørande; det er heller tale om tre ulike spørsmål: korleis opplever folk møtet med institusjonen, med arkivarane og med arkivmaterialet? Spørsmåla heng likevel saman: Ein arkivinstitusjon vil vere prega av innhaldet i arkivbestanden og det oppdraget den gjenspeglar; eit riksarkiv som er oppretta for å dokumentere den sentrale statsmaktas historie vil opplevast på ein annan måte enn eit lokalhistorisk arkiv som skal dokumentere historie i eit lokalsamfunn. Dette, saman med institusjonens eiga historie vil unekteleg setje sitt preg på institusjonell sjølvforståing og bedriftskultur og på dei forteljingane institusjonen formidlar til publikum om si rolle, t.d. som rikets eller byens «hukommelse». Tilsvarande vil forvaltningsorgana, departement, direktorat, kommunar og fylkeskommunar, ha utvikla bedriftskulturar som er prega av den samfunnsmessige posisjonen dei har. Desse forholda vil igjen påverke arkivmedarbeidarane i deira møte med publikum. Og kva så med dei eigentlege arkiva? Kva historier fortel institusjonen (og medarbeidarane) om arkivmaterialet; kva blir løfta fram og synleggjort på nettsider, i katalogar og publikasjonar og kva blir usynleggjort?

«Arkiva for alle» er eit motto dei fleste arkivinstitusjonar – og forvaltningsorgan – vil kunne vedkjenne seg. Offentlege arkiv er «folkets eigedom» og skal vere tilgjengeleg for alle. Denne demokratiske retten må vere grunngevinga for dei tenestene for tilgjengeleggjering og formidling som etablert. Jacques Derrida har med rette peika på at verkeleg demokratisering kan målast etter eitt essensielt kriterium, nemleg deltakinga og tilgangen til skapinga og tolkinga av arkivet. Kva vil dette synet innebere for publikumsarbeidet i arkiva?

Å ha rett til tilgang til arkivet inneber at folk skal få utbytte av arkiva på sine egne føresetnader. Forvaltninga og arkivinstitusjonane må med andre ord tilby differensierte publikumstenester som gjer dette mogleg. Det kan bety fleire ting: transkribere gotisk skrift, gi hjelp til å tolke byråkratisk sjargong, forklare konteksten til enkeltdokument, for å nemne nokre. Målet er at folk skal ha same rett til utbytte av arkiva.

Å kunne «delta i arkivet», eller ta del i i skapinga av det, vere til stades i det, føreset på den eine sida at menneska (eller organisasjonar, verksemdar, osb) får høve til å bruke partsinnsynet til å kontrollere og eventuelt supplere opplysningar om seg sjølv i arkiva som blir skapt. På den andre sida bør dette også innebere ein rett til å supplere arkivsamlingane i depotinstitusjonane; erkjenninga av at dei bevarte arkiva representerer eit selektivt samfunnsminne bør føre til at innsamling av nytt materiale er eit av måla for t.d. arkivformidlinga. I ein kritisk gjennomgang av dei sørafrikanske kulturarvinstitusjonane si verksemd sidan apartheid konstaterer Verne Harris at «[p]ublic programming has been mostly about outreach and very little about in-reach – the public reaching in, participating in. Democratisation – decolonisation – of our memory institutions has suffered accordingly» (Harris 2011).

Å kunne delta i tolkinga av arkivet betyr at folk må ha rett til å tolke kjeldene på sine eigne måtar. Dette betyr ikkje at vi skal akseptere alle tolkingar som like relevante, men at vi må akseptere at det finst mange historier – ikkje berre ei historie. Dette inneber at på den eine sida at institusjonane gjennom si formidling må opne kjeldene for alternative tolkingar; på den andre sida må dei bevare materiale som gjer dette mogleg.

Tilgjengeleggjering og formidling av arkiv inneber som vi har sett fleire arkivale intervensjonar. Den som formidlar utøver makt, over materialet og over mottakaren. Arkivformidlaren må vere medviten og open om dette; i motsett fall kan formidlinga ende opp som det Harris omtalar som «an almost unavoidably paternalist influence over when and how memory is constructed» (ibid). I staden må vi erkjenne at «the archive opens out of the future» (Derrida 1996:68), noko som inneber å opne arkivet

fundamentally to participation. Participation in its constitution and in its interpretation.
Opened to the endeavour of experts and non-experts alike. Opened to the voices of people.
Opened to contestation. Liberated from the tyrannies of didacticism and paternalism (Harris 2011).

7 Mellom borken og veden

I januar 2009 var det ein kort, men intens meningsutveksling om grensene mellom fag og politikk på diskusjonslista til International Council on Archives (ICA). Diskusjonen vart utløyst då generalsekretæren i ICA, David Leitch, på bakgrunn av nokre innlegg om øydelegging av arkiv under dei israelske åttaka mot Gaza ved årsskiftet 2008-09, publiserte ein post der han slo fast at «[a]s ICA is an organization for archive professionals, it is not appropriate to use the list-serv for the expression of political opinions»

(www.mailman.srv.ualberta.ca/mailman/private/ica-l/) . Innlegget hans fekk dette svaret frå sørafrikanaren Verne Harris:

I read your listserv 'reminder' of January 9 with exasperation. When will those who manage archival discourses recognise that 'the professional' and 'the political' are inextricably intertwined, that every 'professional' statement has a 'political' dimension, and that the archive, unavoidably, is 'political' (arguably, the archive is the very possibility of politics)? It is through robust engagement with 'the political', and through understanding of professional politics, that archivists will emerge from obscurity and begin making a difference in the world. Besides, polite 'professional' discourse about 'activities' while the archive (historic documents, artefacts, sites of memory, storytellers, etc) is being destroyed seems at best a self-defeating exercise (ibid, 13.01.09).

Harris fekk støtte frå australiaren Chris Hurley, som meinte at det er uråd å vere upolitisk i den arkivale diskursen:

By absolving ourselves from the political dimension of what we do, we are, in fact, taking a political step. I once put it like this : "A recordkeeper cannot simply construct a better recordkeeping system for counting heads as they pass into the gas chamber" (ibid, 14.01.09).

Hurley etterlyste samtidig ein yrkeskodeks som kunne gi arkivarar vern og rettleiing i situasjonar der fag og politikk kom i konflikt:

There is also the problem that many recordkeeping "professionals" are employees or servants of nations or other entities, not independent operatives. Such entities would punish them for expressing personal or professional views at variance with the party line and we, as a profession (if we are one), have developed neither a protection mechanism nor an effective guidance mechanism for our members against this – making it an issue of personal courage for them rather than one of professional probity. For all their flaws, doctors, lawyers, and engineers have professional codes that mandate upholding professional standards over the requirements of employment in stipulated cases - we don't (ibid).

Hurleys etterlysing kan kanskje synest unødvendig, sidan ICA på verdskongressen i Beijing i 1996 vedtok ein fagetisk kodeks for arkivarar. Vedtaket avslutta ein prosess som hadde starta seks år tidlegare, då spørsmålet om ein slik kodeks vart reist i ICA/SPA (ICAs seksjon for arkivarorganisasjonar). Seksjonen utarbeidde eit forslag som vart diskutert og vidareutvikla i ulike internasjonale fora, før det i 1994 vart fremja for ICA eksekutivkomité. Yvonne Bos-Rops (2004) fortel at

[i]n the minutes of this meeting the Steering Committee [i ICA/SPA] expressed its hope that «the text, which is the result of three years careful work and consultation with various ICA bodies, won't be altered too much». But this was not to be.

It came as a shock to SPA that the EC in its meeting of April 1995 in Guangzhou had not approved the existing text of the code of ethics. It became known that a new draft of the code was asked for. It is thanks to the personal intervention of ICA's president, Jean Pierre Wallot, that this decision did not mean the end of the ICA code of ethics.

Bos-Rops seier ikkje noko om årsakene til at forslaget vart avvist. Men vi kan kanskje lese ei forklaring mellom linjene i vedtaket frå eksekutivkomiteen, som ønskte «a draft of short and

universal principles» (ibid). Sannsynlegvis har forslaget frå ICA/SPA vore for konkret og forplikande. Som organisasjon er ICA, og i endå større grad leiinga, dominert av nasjonalarkiva, institusjonar som er nært knytt til statsapparata i dei einkilde medlemslanda. Det er neppe ei urimeleg tolking at representantar for land med liten openheit i forvaltninga kan ha vore negative til forplikande formuleringar om rett til innsyn og bruk av arkiv og dermed stoppa det første forslaget.

Eit etisk dilemma

ICAs etiske kodeks for arkivarar har blitt slik som eksekutivkomiteen ønska; den inneheld ti generelt formulerte reglar for arkivfagleg yrkesutøving. Kvar av desse er supplert med ein utfyllande kommentar, som utdjuvar og tolkar regelen. Korkje reglane eller kommentarane gir svar på slike spørsmål som Hurley reiste i debattinnlegget på ICAs diskusjonsliste. Dette blir også understreka i innleiinga til kodeksen: «Føremålet med regelverket er å gje ei etisk ramme for rettleiing av medlemmer av arkivaryrket, ikkje å gi konkrete løysingar på spesielle problem» (ICA 1998:4). Ein illustrasjon på dette finn vi i kommentaren til regel nr 1, som slår fast at:

[a]rkivarane si viktigaste oppgåve er å oppretthalde integriteten i det arkivmaterialet som dei har i si forvaring. Arkivarane bør i arbeidet sitt ta omsyn til dei legitime, men av og til motstridande rettar og interesser som kan oppstå hos arbeidsgjevarar, eigarar og brukarar av arkiv og personar som er registrerte i arkiv – i fortid, notid og framtid. At arkivarane er objektive og upartiske, er eit mål på deira profesjonalitet. Dei bør stå i mot press av alle slag som siktar mot å manipulere prov for å dekkje over eller forvrengje fakta (ibid:5).

Isolert sett er det lite å innvende mot desse formuleringane. Dei fleste kan vere samde om at ein bør ta omsyn til ulike interesser, vere objektiv og upartisk og stå i mot forsøk på manipulasjon. Problemet er at kommentaren behandlar spørsmåla isolert frå den praktiske kvardagen til arkivarar som arbeider i ei arkivskapande verksemd eller ein arkivinstitusjon. Arkivaren er ingen fri aktør, men del av ein administrativ og politisk maktstruktur og ofte lågt plassert i det organisatoriske hierarkiet. Dersom ein konfliktsituasjon oppstår vil arkivaren ha

plikter overfor arbeidsgivaren – staten, ein kommune eller ei privat bedrift – som gjer det svært vanskeleg, om ikkje umogleg, å innta ein nøytral posisjon. I slike situasjonar kan det faglege og politiske bli «uløyselig samanknytta», for å bruke Verne Harris sine ord. Og nettopp Harris har ein bakgrunn som gjer han kvalifisert til å uttale seg om desse spørsmåla.

I 1993 vart Harris involvert i ei sak som illustrerer dette problemet. Det skjedde under overgangen mellom apartheid og demokrati i Sør-Afrika året før det første frie valet i landet. Landets politiske framtid var ikkje avgjort; sterke krefter motarbeidde ei demokratisk utvikling. Harris er på denne tida tilsett i det sørafrikanske arkivverket og arbeider med arkivdanningsspørsmål. Han har difor fått god kontakt med arkivpersonalet i departementa, og herifrå får han i juli 1993 informasjon om at arkivtenesta i fleire departement har blitt instruert om å fjerne og makulere arkivdokument som dokumenterer overvaking og forfølgning av apartheidmotstandarar. Han undersøker saka og finn ut at det statlege Security Secretariat står bak; det er sendt ut eit hemmelegstempla rundskriv til alle departement om å gjennomføre ei storstilt makulering av visse arkivdokument. Formålet er openbart: å fjerne dokumentasjon av apartheidregimets undertrykkande aktivitetar. Men makuleringa er ikkje godkjend av direktøren for det statlege arkivverket og er dermed ulovleg etter gjeldande arkivlovgiving.

Det første Harris gjer er å informere direktøren for arkivverket om kva som er i ferd med å skje. Han blir forsikra at det skal setjast i verk tiltak for å stoppe den ulovlege makuleringa. Men det syner seg snart at øydelegginga av arkiv held fram; anten har ikkje tiltaka nokon effekt, eller så tar det så lang tid å få dei igjennom det byråkratiske systemet at det vil bli for seint. Harris blir dermed stilt overfor eit vanskeleg dilemma: skal han la den byråkratiske prosessen gå sin gang og risikere at viktig arkivdokumentasjon går tapt, eller skal han gå utanom dei offisielle kanalane og varsle offentlegheita om kva som skjer? Han søker råd i den fagetiske kodeksen til den sørafrikanske arkivarforeininga (som han sjølv hadde vore med på å utarbeide), men finn ingen klare svar. På den eine sida slår kodeksen fast at arkivaren har ei moralsk plikt til å bevare informasjon frå fortida og samtida for ettertida, og til å forsvare arkivets integritet mot endringar, informasjonstap, øydelegging og tjuveri. Men samtidig seier kodeksen at arkivaren skal følge pålegg frå arbeidsgivaren og respektere graderinga til arkivdokumenta i si varetekt. Harris er statstilsett. Det aktuelle rundskrivet frå

Security Secretariat er hemmelegstempla. Dette betyr at dersom han offentliggjør det, vil han bryte det statlege tenestereglementet, gjeldande tryggingsinstruksar og ikkje minst The protection of information act, ei lov som har ei strafferamme på ti år. For å halde fram med hans egne ord:

I was confronted by contradictory imperatives and no guidance on how to resolve them. Ultimately I did what was wrong in the eyes of the law, my employer and the last-quoted tenets of the Professional Code. I disclosed what was happening to a journalist and to Lawyers for Human Rights, and provided them with with copies of supporting documentation. My employer was subsequently taken to court and forced to acknowledge that the destruction exercise had ignored the operation of the Archives Act. I had become a whistleblower ... In making my decision I had been forced to reach beyond articulations of right and wrong provided by law and professional ethics (Harris 2007:209-212).

Denne historia er unik. For det første fordi den politiske konteksten er så spesiell; det er – heldigvis! – svært sjeldan at ein arkivar blir stilt overfor etiske val av slike dimensjonar og med slike konsekvensar. Men Verne Harris måtte velje, og han våga å utfordre den mektige sørafrikanske tryggingstenesta. For det andre er det heller ikkje ofte at ein arkivar ser seg tvungen til å varsle offentleg om forhold som gjeld arkiv. Verne Harris gjorde dette, og den personlege risikoen han utsette seg og sin familie for var openbart stor. (Under arbeidet med dette manuset sende eg e-post til Harris og spurte om han hadde blitt utsett for represaliar. Han svara at han ikkje opplevde formelle straffetiltak, fordi alt hadde gått føre seg i største løynd og han vart svært godt beskytta av dei som var involvert. Han opplevde eit par forsøk på utfrysing frå kollegaer som mistenkte han for å stå bak, men ikkje meir enn det).

Kvifor arkivetikk?

Uansett dimensjonar og konsekvensar, så handlar etikk om å gjere «det som er rett». Innafor filosofien er etikk, eller morallære, den fagretninga som behandlar spørsmåla om kva som er rett og gale. Ein skil mellom metaetikk som behandlar slike spørsmål teoretisk, og normativ etikk som dreier seg om normer og reglar for moralsk riktig åtferd. Yrkesetikk og

etiske kodeksar er såleis ein del av den normative etikken og er grunngitte med faglege prinsipp og verdigrunnlag og normer for yrkesutøving.

Interessa for fagetiske spørsmål er relativt ny i arkivmiljøet. Den amerikanske arkivarorganisasjonen Society of American Archivists vedtok, truleg som den første i verda, sin kodeks i 1980. Som vi har sett vart arbeidet for ein internasjonal kodeks starta så seint som i 1990. I det norske arkivmiljøet kom debatten i gang mot slutten av 1990-talet. Men det var først på 2000-talet at fagetiske spørsmål verkeleg kom i fokus og vart tema for ei rekkje konferansar nasjonalt og internasjonalt.

Denne aukande interessa for fagetiske spørsmål har fleire årsaker. Dels heng dette saman med ei sterkare vektlegging av etikk elles i samfunnet; ei rekkje private og offentlege verksemdar har dei siste åra utarbeida etikkodeksar. Men det kan også forståast som eit resultat av at arkivets samfunnsmessige funksjonar har blitt viktigare. Offentlegprinsippet, som gjer arkiv til ein viktig reiskap for å føre demokratisk kontroll av makthavarane, har blitt innført i ei lang rekkje land sidan 1970-talet. Den samfunnsmessige utviklinga nasjonalt og internasjonalt har samstundes sett fokus på arkivets funksjon som rettsdokumentasjon, særleg for tidlegare marginaliserte grupper. Og den digitale teknologien har opna arkiva for nye brukargrupper, men har samtidig skapt nye og effektive verktøy for registrering og kontroll av innbyggjarane i eit samfunn. Samfunnet er meir avhengig av arkiv enn før, arkiva har blitt meir synlege, og arkivaren – både i forvaltning og depot – har fått ein meir framskoten samfunnsposisjon. Dette har ført til at mange føler eit sterkt behov for meir medviten refleksjon om arkivarprofesjonen. Richard J Cox (2006:xx) meiner at

[i]t is because current records and historical documents are so important to society and its citizens, especially in a democratic culture, that archivists and record managers need to probe into their history, practice, and knowledge and question their assumptions about their purpose and mission.

Interessa for fagetikk har altså ein openbar samanheng med endringar i yrkesrolla. Den tradisjonelle arkivarrolla, slik denne utvikla seg gjennom 1900-talet, var meir tilbaketrekt. Arkivaranes oppgåver var avgrensa til å behandle og bevare avslutta arkiv og

gjere desse tilgjengelege, i første rekkje for forskning. Hilary Jenkinson (2003:258-59) skildra arkivarrolla på denne måten (formuleringa finst i fleire artiklar frå første del av 1900-talet):

The Archivist's career ... is one of service. He exists in order to make other people's work possible His Creed, the Sanctity of Evidence; his Task, the Conservation of every scrap of Evidence attaching to the Documents committed to his charge; his aim to provide, without prejudice or afterthought, for all who wish to know the Means of Knowledge The good Archivist is perhaps the most selfless devotee of Truth the modern world produces.

Denne rolleforståinga var forankra i den klassiske arkivistikkens arkivteori, der arkivet vart forstått som eit nøytralt, organisk produkt av arkivskaparens verksemd. Arkivaren skulle på den eine sida ikkje gripe inn i arkivdanningsprosessen og på den andre sida måtte han (på denne tida var arkivarane stort sett menn) heller ikkje gjere endringar i dei arkiva som vart avlevert til institusjonane. Begge deler ville svekke arkivas verdi som «impartial evidence». Den publikumsretta verksemda til arkivinstitusjonane var relativt beskjeden og avgrensa seg hovudsakleg til å gjere arkiva tilgjengelege for forskning.

Ei slik arkivforståing er ikkje gyldig i dag. Arkiv kan ikkje forståast som naturlege biprodukt av administrasjon; dei er meir eller mindre medvitne konstruerte spor etter transaksjonar, handlingar og anna menneskeleg verksemd. I dagens digitale omgjevnad ligg både arkivinnhald, arkivsystem og lagringsmedia innanfor arkivarens ansvarsområde; arkivarane kan ikkje ta arkivet og arkivdanninga som gitt, men må sikre at arkivskaparane brukar elektroniske arkivsystem med funksjonalitetar for såvel arkivdokumentfangst og langtidsbevaring. Samtidig har lovbestemmelsar om rett til innsyn og partsinnsyn, saman med den digitale revolusjonen, ført til at arkivarane no har ein annan relasjon til brukarane av arkiva og fått andre brukargrupper enn på Jenkinsons tid. Arkivarane har fått eit større ansvar enn tidlegare, overfor arkivet, brukarane og samfunnet. Cox (2006:xxx) koplær difor fagetikken til arkivarens plikt til å stå ansvarleg for sine handlingar:

Accountability brings together, under one umbrella, notions of responsibility, liability, laws and regulations, and transparency of activities. In terms of archives, records, and information, accountability assumes issues such as explaining the importance of records, working against

unwanted secrecy, the importance of corporate and societal memory, and the trust that is necessary between government and its citizens.

If there is no accountability, with open access to records and information, then there is a serious ethical lapse.

For Cox representerer arkivet, som opent tilgjengeleg dokumentasjon av forvaltninga si verksemd, ein grunnleggjande føresetnad for demokratisk kontroll av makthavarane. Og arkivarane har ei yrkesetisk plikt til å bidra til at dette skjer; samtidig må også arkivarane stå til ansvar, vere «accountable», for sine handlingar. Arkivarar kan ikkje akseptere forhold som i dette dømet, er henta frå Bergen Tidende 13. februar 2008:

DEPARTEMENTET HOLDT TILBAKE DOKUMENTER

Barne- og likestillingsdepartementet har hemmeligholdt nesten alle dokumenter i saken om ansettelse av nytt barneombud. ... Bergens Tidende ba i går departementet om en fullstendig dokumentliste over alle dokumenter i saken om ansettelse av nytt barneombud. Svaret fra arkivavdelingen i Barne- og likestillingsdepartementet var at «prosessen foreløpig har gått utenom vårt journalsystem».

Bakgrunnen for oppslaget var statsråd Manuela Ramin-Osmundsens handtering av saka om tilsetjing av nytt barneombod vinteren 2008, ei sak som førte til at ho måtte gå av. Artikkelen avslørte at departementet ikkje hadde journalført saksdokumenta og dermed brote bestemmelsane i arkivlova og den dåverande offentlegheitslova.

Kva ansvar hadde arkivarane i departementet for dette lovbrøtet? Som tilsette i ei verksemd er arkivarar underordna leiinga og forplikta til å følgje påbod frå leiinga. Men kva gjer ein når eit påbod er i strid med lova? Korleis skal ein vege forskjellige – og kanskje motstridande – ansvarsforhold mot kvarandre?

Arkivarens fagetiske ansvar

Arkivarar har eit mangesidig ansvar. ICAs etikkodeks kan gi eit bilete av dette. Hovuddelen av kodeksen handlar om ulike sider ved det faglege ansvaret: Regel nr 1 seier at arkivarane si fremste oppgåve er å sikre arkivets integritet for ettertida, regel nr 2 at dei skal bevare arkiva i samsvar med proveniensprinsippet og prinsippet om den opphavlege orden, regel nr 3 at autentisiteten til arkiva skal bevarast, regel nr 4 at arkiva skal gjerast tilgjengelege for ettertida og regel 5 at arkivarane skal dokumentere sine disposisjonar for å kunne forsvare dei på fagleg grunnlag. Dei siste fem reglane peikar på arkivaranes ansvar for å (6) fremje størst mogleg tilgang til arkiva og å likebehandle brukarar, (7) balansere personvern med retten til innsyn og arbeide innanfor gjeldande lovverk, (8) ikkje utnytte si stilling til fordel for seg sjølv eller andre, (9) halde seg fagleg oppdatert og (10) samarbeide med andre arkivarar og nærskylde profesjonar. Kodeksen er altså både ei fagleg og etisk rettesnor.

Denne framhevinga av det faglege ansvaret kan kanskje synest unødvendig. Faget er jo sjølve legitimeringa av profesjonen; arkivarar eksisterer for å arbeide med arkivdanning og arkivbevaring og då er det vel sjølv sagt at dei gjer dette arbeidet på ein fagleg forsvarleg måte? Likevel er denne vektlegginga viktig. Theo Thomassen (1999b) meiner at den er avgjerande for å etablere arkivaryrket som sjølvstendig og uavhengig profesjon:

The specific archival intervention field is the control, care, custody, preservation and administration of records and archives. Archivists can dominate this field because their work is based on the theory and methodology of archival science, a discipline of their own.

Ifølgje Thomassen representerer kodeksen ei stadfesting av profesjonens autonomi i høve til styresmakter, arbeidsgivarar og politikk, nettopp fordi den etablerer ein felles internasjonal fagleg standard: Arkivarane skal først og fremst vere ansvarlege overfor sitt eige fag. Dei kan såleis ikkje utføre påbod frå styresmakter eller arkivgivarar som bryt med faglege prinsipp eller standardar. Dette gjeld også når arkivaren arbeider i ein offentleg arkivinstitusjon eller i offentleg forvaltning, der arbeidsgivaren er ei styresmakt; i konfliktsituasjonar må dei faglege prinsippa vege tyngst. Eric Ketelaar gir uttrykk for det same synet når han ser kodeksen i

samanheng med dei mange døma på storstilt øydelegging av arkiv som verda har opplevd gjennom historia, og som vart aktualisert i Balkan-krigane på 1990-talet:

It is difficult for some who have their own idea of the past to accept the historical truth. An entire society may be corrupted by «politics of memory». This is the case with the French and Vichy; the Dutch and Occupation and Decolonization; the abuse of the past in Croatia and Bosnia. Witnesses and evidence that are not in accordance with the current political, cultural or religious view are suppressed, falsified or destroyed. Ethnic cleansing is also applied to monuments and documents. I believe that archivists cannot close their eyes for memoricide. Their obligation to protect the integrity of archives is not restricted to the documents in their custody and care. The Code of ethics is not a set of private ethical prescripts, but should guide the archivist as a «whistle-blower» in the public arena as well (Ketelaar 1998).

Thomassen og Ketelaar hevdar altså at det faglege ansvaret må vere bestemmende for arkivarens handlingar når det oppstår situasjonar som kan setje arkivet i fare. Men gjeld dette absolutt, også i dei mange kvardagslege faglege konfliktane?

Kvardagens fagetiske utfordringar kan handle om mange spørsmål, t.d. kvaliteten til dei elektroniske arkivsystema. Kva skal ein kommunal arkivleiar gjere dersom rådmannen innstiller på innkjøp av eit elektronisk sak-/arkivsystem som ikkje tilfredsstillar gjeldande Noark-standard, fordi dette er billegast? Eit slikt system vil kunne skade arkivets integritet og auke risikoen for informasjonstap. Kan arkivleieren godta at eit slikt mangelfullt system blir tatt i bruk? Kva kan han eventuelt gjere for å forhindre det?

Det kan også handle om ulovleg kassasjon; eksempelet Verne Harris handla jo nettopp om det. Vi kjenner til ein del tilfelle av ulovleg kassasjon her i landet også, stort sett tilfelle som har blitt oppdaga i ettertid når arkiva skulle overført til depot. Formålet kan ha vore å skjule spor etter bestemte handlingar, men det kan også vere andre årsaker: økonomiske innsparingar, misforstått personvern, eller rein uforstand. Men når slike ulovlege kassasjonar har blitt gjennomført, har det vore nokon som gjorde jobben. Om ikkje arkivarane sjølv deltok, må dei ha visst om kva som skjedde. Skal arkivarar ha ei fagetisk plikt til å forsøke å

stoppe ulovleg kassasjon – også når denne blir utført av overordna? Kva skal dei gjere om dei ikkje klarer å stoppe kassasjonen – er det eit alternativ å varsle offentleg?

Fagetikken kan ikkje forståast uavhengig av maktforholda i samfunnet. Mange arkivarar har ein jobb som plasserer dei mellom borken og veden, i skjeringspunktet mellom fleire og stundom motstridande interesser. Arkivarar i offentleg sektor står ikkje berre mellom arbeidsgivaren og arkivet; dei står også mellom arkivet og offentlegheita, mellom makthavarane og borgarane. Dei er tilsett for å vareta store eller små makthavarar sine arkiv. Dette inneber at arkivarane er utsett for eit strukturelt press for å tene forvaltningas interesser. Ein nyttilsett arkivar i eit forvaltningsorgan eller ein arkivinstitusjon vil alltid bli konfrontert med ein gitt bedriftskultur, ei institusjonell sjølvforståing, der faglege verdiar, arbeidsmåtar og prosedyrar har blitt etablert over tid gjennom bevisste eller ubevisste val: «dette er vår rolle», «slik gjer vi det her hos oss». Desse bedriftskulturane er ikkje skapt i eit vakuum, men påverka av politiske, kulturelle og historiske føresetnader. Nye arkivarar vil som oftast bli sosialisert inn i bedriftskulturen og dei institusjonelle og faglege tradisjonane. Slike mekanismar kan, dersom dei ikkje blir utfordra, bidra til å gjere arkivarane til lydige tenarar for makta og dermed reprodusere eksisterande maktforhold.

Arkivets makt

Eit døme på slik strukturell maktutøving er Kultur- og kyrkjedepartementets behandling av ein uttale frå Sivilombodsmannen om arkivering og journalføring av saker om dokumentinnsyn frå april 2008. Bakgrunnen var at Sivilombodsmannen i behandlinga av ei klagesak oppdaga at Arbeids- og inkluderingsdepartementet (AID) ikkje journalførte krav om dokumentinnsyn. Uttalen tar utgangspunkt i bestemmelsen i arkivforskrifta om journalføringsplikt når eit saksdokument er gjenstand for saksbehandling og har verdi som dokumentasjon, og slår fast at det

ikke [kan] være tvilsomt at begjæringen skal være gjenstand for saksbehandling hos organet. Det kan heller ikke anses tvilsomt at innsynsbegjæringen, forvaltningens avgjørelse, og andre dokumenter knyttet til behandlingen av innsynssaken, har en dokumentasjonsverdi. For

eksempel vil slike dokumenter kunne ha betydning for å dokumentere forvaltningsorganets praksis i saker om dokumentoffentlighet, eller ved en eventuell klage til ombudsmannen. Etter dette har forvaltningsorganer en plikt til å journalføre innkomne innsynsbegjæringer som fremsettes elektronisk eller i papirform (<http://www.sivilombudsmannen.no/>).

AID klaga saka inn til KKD, som i februar 2009 sendte eit svar(arkivreferanse: 2008/02344 KU/KU3 IE:mmt 18.02.2009) som konkluderte med at kravet om journalføring i arkivforskrifta ikkje gjeld for saker om dokumentinnsyn.

KKDs brev er eit merkverdig dokument. Det synest som om konklusjonen har vore gitt på førehand; departementet ønskjer openbart ikkje eit system der krav om dokumentinnsyn blir journalført og argumentasjonen hoppar lett over det denne saka djupast sett handlar om: Om offentlegheita skal kunne kontrollere forvaltningas behandling av krav om dokumentinnsyn eller ikkje. Innsyn i slike saker er i praksis avhengig av at dei blir journalført. Sjølv om det innleiingsvis i brevet blir sagt at det «uansett er anledning» til å journalføre innsynskrav, argumenterer departementet i staden med at «det neppe noengang har vært praksis at departementene har journalført hver enkelt av det store antall vanlige innsynsbegjæringer som mottas», at «nåværende praksis har ... lang tradisjon» og at det i ei «journalføringsplikt for alle innsynsbegjæringer ville ... ligge en innebygd fare for selvgenererende oppsvulming av forvaltningens journaler ut over alle grenser, som bl.a. vil motvirke de offentlighensyn journalene skal ivareta». Brevet konkluderer med at «departementets manglende journalføring av inngående og utgående dokumenter i innsynssaker ikke er i strid med arkivforskriftens bestemmelser, og at det ikke er behov for å legge om nåværende praksis på dette punkt».

Departementets argumentasjonen er ikkje berre ein studie i byråkratisk mentalitet, den framstår også som eit ekko av statsbyråkratiets standpunkt mot innføring av offentlegprinsippet på 1950- og 60-talet: det vil bli dyrt, tungvint og gå ut over andre arbeidsoppgåver. Ein liknande argumentasjon vart også brukt då Kulturdepartementet hausten 2010 foreslo å endre bestemmelsane i arkivforskrifta slik at journalføringsplikta ikkje skulle omfatte innsynskrav og sms-meldingar. Formålet med dette forslaget var openbart å fjerne grunnlaget for Sivilombudsmannens kritikk i saka ovanfor og ei sak om manglende

journalføring av sms mellom statsminister Jens Stoltenberg og banksjef Rune Bjerke under finanskrisa hausten 2008. I sin høyringsuttale til forslaget konstaterer byarkivar Arne Skivenes:

I denne situasjonen kunne departementet ha agert for større åpenhet. I stedet velger departementet løysningen med å presisere forskriftsgrunnlaget slik at befolkningens kontroll- og innsynsmuligheter blir begrenset. Departementet er ved siden av å være høyeste faginstans på feltet også selv en del av det maktapparatet som her ønskes beskyttet mot innsyn. Mot Sivilombudsmannens råd. Signaleffekten av dette er ikke god (publisert på departementets nettside: <http://www.regjeringen.no/nb/dep/kud.html?id=545>).

Og nettopp slike signal kan vere vesentlege for å etablere eit strukturelt press. Forslaget innfører ikkje forbod mot å journalføre innsynskrav eller sms, men seier at det ikkje er nødvendig. Underforstått: ein slik praksis er ikkje ønskeleg. Det strukturelle presset er dermed etablert: Ein forvaltningsarkivar som ønskjer å journalføre innsynskrav eller sms kan no bli møtt med argumentet at det ikkje er påbode i arkivforskrifta.

Både forvaltningsorgana og arkivarane i offentleg sektor er underlagt lovverk som skal sikre størst mogleg transparens og demokratisk kontroll. Norsk lovgiving om arkiv og offentlegheit inneber at arkiva i offentleg sektor ikkje berre blir skapt for arkivskaparens administrative formål, men også for at borgarane skal ha rett til innsyn og partsinnsyn. Dette gir arkivarane eit sterkt mandat til å hevde arkivet – og offentlegheita – sine interesser. For arkivarar og arkivinstitusjonar må også stå til ansvar for sine handlingar. Hans Booms reiste spørsmålet om samfunnets kontroll av arkivarane så tidleg som i 1970. Han knytta dette til bevaringsvurderingar og kassasjon, men argumentasjonen er også gyldig for anna arkivarbeid:

That such a function is being performed should raise the question of whether that function requires certain societal controls. It is obvious, however, that this question has yet to be addressed. The person who decides which events in social life are transmitted to us through the record, and, as a result, decides which are preserved to form part of a society's memory and which are not, is thereby making decisions which are important for society. Yet, up to now, it seems, such a situation has failed to attract societal concern (Booms 1987:78).

ICA-kodeksen er også inne på dette spørsmålet når den seier at arkivarar bør dokumentere og vere i stand til å forsvare sine disposisjonar på fagleg grunnlag, sjølv om det ikkje eksplisitt blir sagt at dette skal skje i ein offentleg samanheng. Dei arkivfaglege forpliktingane, som skal sikre at arkiv blir skapt, bevaringsvurdert, bevart og beskrive i samsvar med arkivvitskaplege prinsipp og metodar, må vere fundamentale for arkivarar i både forvaltning og depot. At den enkelte arkivaren dokumenterer sine faglege vurderingar og disposisjonar og gjer dokumentasjonen tilgjengeleg for fagfellar er ein av føresetnadene for fagleg diskusjon og utvikling.

Men slike faglege forpliktingar kan likevel ikkje erstatte det å stå ansvarleg overfor samfunnet. Arkivaren utfører arbeid på vegne av samfunnet og bør vere underlagt ei form for samfunnsmessig kontroll. Ho eller han er

an active mediator in shaping collective memory through archives. Archivists inevitably will inject their own values into all such research and activities, and thus will need to examine very consciously their choices in the archive-creating and memory-formation process. They will also need to leave very clear recorded evidence explaining their choices to posterity (Cook 2001a:21).

Den offentlege transparensen må også gjelde for arkivinstitusjonane. Verne Harris (2007:186) skriv om demokratiseringa av det sørafrikanske arkivverket på 1990-talet at «[p]erhaps the least contested argument is that public archives, because of their roles as active shapers and documenters, must be subject to high levels of transparency and accountability». Prinsippet om dette var akseptert; debatten handla meir om korleis ein slik kontroll skulle gjennomførast, «how an appropriate balance of accountability to the users of archives, to society, and to the state is to be achieved». Denne diskusjonen har – førebels – ikkje engasjert norske arkivarar i særleg grad.

Arkivarens makt

Arkivarens ansvar er altså mangfaldig; det kan knytast til arbeidsgivaren, til arkiva som arkivaren er med på å skape eller bevare, til arkivfaget og profesjonen, og til samfunnet, men også til dei menneska som er registrerte i arkiva, til noverande og potensielle framtidige brukarar av arkiva. Ingen av desse relasjonane er upåverka av samfunnsmessige maktforhold; i nokre samanhengar er arkivaren underlagt andre si makt, men i andre er ho sjølv ein maktutøvar.

Arkivaren har – til ein viss grad – makt over arkivet. Ein forvaltningsarkivar som journalfører og klassifiserer arkivdokument kan påverke arkivet i registreringsprosessen, t.d. gjennom formulering av saks- eller dokumenttitlar eller ved tildeling av arkivkodar. Denne innleiande konstruksjonen av arkivet kan vere avgjerande for kor fullstendig, nøyaktig, påliteleg og tilgjengeleg arkivdokumentasjon som blir skapt. Ein depotarkivar har kanskje større makt; bevaringsvurdering, kassasjon, ordning, beskriving og formidling er aktivitetar som kan påverke eller endre arkivets innhald, strukturar og korleis det framstår for omverda.

Korleis skal arkivarane bruke denne makta? Den tradisjonelle posisjonen som Jenkinson sto for, er at depotarkivarane skal vere «nøytrale»; arkiv skal bevarast og beskrivast slik dei vart mottatt frå arkivskaparen, punktum. Men kva skal ein depotarkivar gjere når ho oppdagar at dei opphavlege systema og registeringskategoriane i eit arkiv bidrar til å usynleggjere delar av innhaldet? ifølgje ei tradisjonell tolking av proveniensprinsippet og prinsippet om den opphavlege orden skal arkivaren avgrense seg til å beskrive dei opphavlege systema, men er dette forsvarleg dersom det inneber at marginalisering eller usynleggjering av ei samfunnsgruppe blir vidareført? I slike tilfelle vil arkivarens ansvar overfor dei som er registrert i arkivet vere ei sterkt argument for å ikkje berre dokumentere dei opphavlege systema, men også vise kva desse systema har skjult. Ansvarer overfor brukarane av arkivet og samfunnet generelt er også eit argument for det same.

Arkivaren står i også ein maktposisjon overfor brukarane av arkivet. Denne makta er til stades i arkivbeskrivinga og kanskje i endå større grad i formidlingsarbeidet, t.d. når ein skal

velje ut materiale for digitalisering og publisering på Internett. Den skarpaste maktrelasjonen finn vi likevel i det personlege møtet mellom arkivaren og brukaren. Arkivaren fungerer som mellomledd mellom den som spør etter opplysningar og arkivet der dokumenta finst. Ho har makt over spørjaren fordi ho kontrollerer tilgangen til informasjonen som han ønskjer å få tilgang til, fordi ho veit meir om arkivet enn han; ho veit om han kanskje ville få betre svar andre stader, og ho kan innanfor visse rammer velje kor mykje av si tid og sin kunnskap ho vil dele med han. Konsekvensane av dei vala arkivaren gjer i slike samanhengar kan sjølvstøtt variere. Nokre av brukargruppene i arkiva er så å seie «innanfor familien»: t.d. kan historikarar og slektsgranskarar ha god arkivkunnskap og vite korleis ein skal finne fram i arkiva og forstå dokumenta. Andre grupper vil ikkje ha desse føresetnadene.

Ei slik gruppe er dei som oppsøkkjer arkiva for å finne dokumentasjon av opplevd urett eller forsømmingar frå samfunnet si side, for å få rettferd og oppreisning. Korleis skal arkivarar opptre i møte med menneske som spør etter slik dokumentasjon? Operativt sett finst det to alternativ: Arkivaren kan behandle forespørselen på formelt korrekt vis, utan å yte noko ekstra. Dette vil vanlegvis bety å gi hjelp til å finne fram i katalogar eller andre register, og dersom dokumenta blir identifisert sørgje for at dei blir henta fram frå arkivmagasina og gjort tilgjengeleg for brukaren.

Men i nokre tilfelle viser det seg at arkivdokumentasjonen er ufullstendig, eller at arkivet ikkje er bevart. Vanleg operativ prosedyre kan då innebere at ein stoppar her; dokumenta manglar eller finst ikkje – end of story. Men det finst eit alternativ. Arkivaren kan gå eit steg vidare og undersøke vilkåra for arkivdanninga på den tida då arkivet vart skapt: Kva slags saksbehandlings- og arkiveringsrutinar har blitt brukt? Kva slag informasjon det er rimeleg å rekne med arkivskaparen har arkivert? Er det sannsynleg at nokon av dokumenta kan ha gått tapt? Kan det finnast betre dokumentasjon i andre arkiv? Og: er det mogleg å rekonstruere noko av den manglande dokumentasjonen på grunnlag av spor som kan finnast i andre arkivdelar, t.d. i postjournal og kopibøker? Dersom arkivaren følgjer dette alternativet vil det sjølvstøtt krevje tid og ressursar, noko som kan føre til at andre arbeidsoppgåver blir forsømt.

Valet mellom desse alternativa dreier seg djupast sett om forholdet til «den andre», den framande. Dei som kjem til arkiva for å finne rettsdokumentasjon er på fleire måtar

framande for arkiva. Dei høyrer til brukargrupper som samanlikna med arkiva sine tradisjonelle brukarar representerer noko nytt og ukjent. Dei kjem med sine krav om rettferd, med håp om å forandre sine liv. Arkiva er også framande for dei; dei veit lite om kva som finst i arkiva, korleis ein skal finne fram i arkiva og korleis ein kan bruke og forstå arkivdokumenta. Og dei ikkje berre framande for arkiva, men kan også vere framande i arkiva, fordi deira liv ofte er dårleg dokumenterte og av og til fråverande i arkivmaterialet.

Desse utfordringane blir forsterka av at dei fleste arkivarar som arbeider med tilgang til rettsdokumentasjon er tilsett i arkivinstitusjonar som er integrerte delar av offentleg forvaltning. Dette inneber at arkivarane kan vere utsett for press for å tene forvaltningas interesser, som t.d. kan kome til uttrykk i mange av dei – ofte ureflekterte – prioriteringane som blir gjort i ein travel kvardag og som fører til at nokre ting berre må gjerast, mens andre kan vente. Det kan bli forsterka av at arkivinstitusjonen direkte eller indirekte kan vere knytte til den eine parten i ei sak, t.d. ein kommune som har forsømt lovbestemte oppgåver.

Ei anna utfordring er korleis prinsippet om lik rett til informasjon skal anvendast i slike samanhengar. Offentleglova og forvaltningslova gir borgarane ein grunnleggjande demokratisk rett til tilgang til arkivet, og bestemmelsane om lik rett til arkivinformatjon representerer ei viktig rettesnor for arkivarane. Men kva betyr det å gi lik rett til arkivinformatjon når nokre brukarar har dårlegare føresetnader for å for å finne fram i katalogar og forstå arkivdokumenta enn andre?

ICAs etikkodeks behandlar dette spørsmålet i regel 6, som seier at «[a]rkivarar bør søkje å fremje størst mogleg tilgjenge til alt arkivmateriale og yte upartisk hjelp til alle brukarar». I kommentaren til regelen blir dette presisert slik: «Dei bør tilby upartisk rådgeving til alle, og utnytte tilgjengelige ressursar for å gi eit balansert tilbod av tenester». Dette ikkje gir noko tilfredsstillande svar på vårt spørsmål. Ein nærliggjande lese måte av formuleringar som å «gi upartisk hjelp», «tilby upartisk rådgeving» og «gi eit balansert tilbod av tenester» er at arkivarar ikkje skal gi særbehandling til nokon; dei skal følgje same prosedyrar og gi like tenester til alle, uavhengig av brukaren sine føresetnader for å forstå og bruke arkivet. Men dette kan i praksis føre til at dei som treng mest hjelp blir utestengt. Det finst sjølv sagt alternative lesingar av desse reglane. Det går an å argumentere med at "ånda" i etikkreglane

er at alle skal ha lik tilgang til arkiva, men problemet er at denne regelen er formulert slik at den fokuserer på dei *tenestene* som arkivarane skal yte og ikkje på brukaren sitt *utbytte* av desse tenestene.

I møtet med den «andre» må spørsmålet om lik rett til tilgang utvidast til å omfatte lik rett til utbytte av arkivinformatjonen. Menneske med lite eller ingen kunnskap om kva som kan finnast i arkiva har behov for å få meir hjelp og rettleiing enn ein erfaren arkivbrukar. Dette kan dreie seg om hjelp til å identifisere dei aktuelle arkiva – det er ikkje alltid at spørjaren veit kor han kan finne den dokumentasjonen han treng. Mange har også bruk for hjelp til å forstå innhaldet i dokumenta, særleg når desse er skapt under andre forvaltningsregime enn det vi har i dag. Og det er ofte slik at dei som kjem til arkiva for å få tilgang til rettsdokumentasjon er dei same som har størst behov for assistanse frå arkivaren. Dersom lik rett til utbytte av arkivinformatjonen skal vere eit mål, vil det vere nødvendig å tilby differensierte tenester som tar omsyn til at folk har ulike føresetnader for å bruke arkiva. § 11 i forvaltningslova opnar nettopp for ein slik praksis i bestemmelsen om forvaltningsorgana si rettleiingsplikt, som har som formål «å gi parter og andre interesserte adgang til å vareta sitt tarv i bestemte saker på best mulig måte».

I arbeidet med rettsdokumentasjon vil arkivarane alltid kunne høyre ropet om rettferd. Dei utfordringane vi har drøfta ovanfor dreier seg djupast sett om korleis vi skal svare på dette ropet. Dersom arkiva skal bidra til rettferd, inneber dette å ta stilling. Arkivarane må forkaste at dei seigliga førestillingane om arkivet som eit nøytralt produkt av arkivskaparens verksemd og om den nøytrale arkivaren. Den som trur seg vere nøytral i eit møte mellom makt og avmakt kan fort ende opp som ein reiskap for makta.

Skal arkivarane dermed vere partiske? Den amerikanske arkivvitaren Randall Jimerson meiner at det er umogleg for arkivarar å vere nøytrale, men ein må likevel akseptere det han kallar «the responsibility of professional objectivity. This seeming contradiction involves applying appropriate standards of archival principles while seeking to overcome many centuries in which archives strengthened the rulers and marginalized the powerless classes» (Jimerson 2009:295).

Jimersons forslag om å erstatte «nøytralitet» med «objektivitet» handlar i første rekkje om å erkjenne at den arkivale dokumentarven er selektiv og partisk; det er makthavarane sine arkiv, synspunkt og forteljingar som dominerer. I dette perspektivet inneber eit ansvar for objektivitet å supplere den bevarte arkivbestanden med andre arkiv, arkiv som er skapt av andre aktørar og som målber andre forteljingar om samfunnet. Denne tilnærminga kan også brukast i ein rettsdokumentasjonskontekst: Når det er openbart at ein person har opplevd offentleg forsømming, diskriminering og kanskje også overgrep, er det like openbart at ein kommune (eller staten) har ansvar for at dette har skjedd. Ei objektiv tilnærming inneber då å ta parti for den forsømte parten for å bidra til at urett blir erstatta med rettferd. Medan ideen om «nøytralitet» passiviserer arkivaren, inneber kravet om «objektivitet» aktive handlingar.

Arkiv, demokrati og rettferd

Det som er felles for både forvaltnings- og depotarkivarar er at dei har sentrale roller i forhold til dei ulike funksjonane som arkiv kan ha i vårt samfunn: Arkiv som grunnlag for innsyn og demokratisk kontroll av makthavarane, som grunnlag for individuell og kollektiv rettstryggleik og rettferd, som grunnlag for kritisk og kontrollerbar kunnskap om fortida, som grunnlag for kulturell og historisk identitet, men også som ein reiskap for kontroll og overvaking. Arkiva er ikkje berre ein administrativ ressurs for arkivskaparen; norsk lovgiving føreset også at dei offentlege arkiva skal vere ein demokratisk ressurs for borgarane. I dette perspektivet gir offentleglova og forvaltningslova kanskje like viktige føringar for arkivdanning og -bevaring som arkivlova.

Det same perspektivet er sentralt i Jacques Derridas forståing av tilhøvet mellom arkiv og makt:

There is no political power without control of the archive, if not of memory. Effective democratisation can always be measured by this essential criterion: the participation in and access to the archive, its constitution and its interpretation (Derrida 1995:4).

Dagens norske demokrati byggjer på at borgarane har tilgang til dei offentlege arkiva, og dette inneber også ein rett til å delta i skapinga av desse arkiva. Innsynet og partsinnsynet gir borgarane høve til å kontrollere kva informasjon som blir arkivert i ei gitt sak, om denne gir eit dekkjande bilete av saksforholda eller om den er mangelfull eller misvisande og eventuelt krevje at feilaktig arkivinformasjonen blir korrigert. Arkivet har i løpet av dei siste femti åra blitt demokratisert, som ledd i og som følge av den politiske kampen for utvida demokrati.

Arkivet er politikk, hevdar Verne Harris (2007:239). For arkiva i forvaltninga er dei politiske samanhengane lette å få auge på; arkiva skal dokumentere dei politiske prosessane, og føresegnene om innsyn og arkiv i lovverket har som mål at denne dokumentasjonen skal vere best mogleg og tilgjengeleg. Forvaltningsarkivaren deltar faktisk i dei politiske prosessane, om enn i ei rolle som kan synest perifer, men som kan handle om å forsvare arkivets autonomi overfor politiske og byråkratiske aktørar som kanskje ikkje alltid ønskjer å følgje regelverket om arkivplikt, innsyn o.l. Denne rolla kan – som vi har sett – by på utfordringar og stundom få ein større plass i det politiske spelet enn det arkivaren kanskje skulle ønskje.

Depotarkivarens rolle kan synest meir frikopla frå politikken. Likevel kan dei vala arkivaren gjer gjennom bevaring, ordning og beskriving av arkiva få konsekvensar som til sjuande og sist er politiske. Når Oslo byarkiv i 2006-07 gjennomførte eit prosjekt for å samle inn arkiv frå innvandrorganisasjonar, var dette eit tiltak for å skape ein meir objektiv arkivbestand i Rand Jimersons forståing av begrepet, noko som også har politiske følgjer. Prosjektet innebar eit brot med den tradisjonelle posisjonen til offentlege arkivinstitusjonar, som har vore å bevare arkiv frå dei forvaltningseiningane som låg innanfor arkivets arbeidsfelt.

Recognizing the distinction between objectivity and neutrality permits an archivist to engage in moral or political advocacy without sacrificing his or her professional standards. However, in promoting accountability and social justice, for example, archivists should consider developing the framework for what James O'Toole calls «a moral theology of archives»,

skriv Jimerson (2009:351). O'Toole etterlyser ei «concern for historical accountability», ei erkjenning av at arkivarane sine aktivitetar for å velje ut arkiv for bevaring og representere desse arkiva i ulike deskriptive media har «moral significance beyond the immediate

concerns of managing forms of information» (ibid, sitert etter Jimerson). Arkivarar må ha som mål å bevare ein arkival representasjon av samfunnet som «ensure that as many people as possible find a home – a voice – in the archival records», hevdar Jimerson (ibid:353). ifølgje Valderhaug (2010) handlar dette om å arbeide for ei arkival rettferd, om å gi marginaliserte og usynleggjorde ein plass i arkiva:

in this effort the archivists may have a special mission: To invite "the other" in, to give them the opportunity to record their own stories, to archive these stories and make them available for use; thus giving the silenced voices the chance to supplement the existing archival heritage and thereby contribute to the construction of a more democratic and inclusive societal memory.

Representerer såleis arbeid for fortsatt demokratisering av arkiva og for ei arkival rettferd, eit mogleg etisk imperativ for arkivarar? Verne Harris identifiserer tre imperativ som kan markere «the beginning of an appropriate professional ethics»: For det første, det han kallar «the call of justice» som kjem frå «beyond records and archives. It comes through the fabric of injustice which is our experience of life»: Vidare konstaterer han at

the structural pull in all recordmaking is towards the replication of existing relations of power, with the attendant exclusions, privilegings, and marginalisations. Archivists cannot avoid complicity. But we can work against the pull; and for me it is a moral imperative to do so. And thirdly, those who have power – the elites – use “the archive” as an instrument of power – whether they be elites in repressive states, emerging democracies, or established democracies, whether they be elites in state bureaucracies, corporate executives, intellectual establishments, or church hierarchies. If justice is not to be forgotten in the process, if “use” is not to become “abuse”, then archivists and other recordmakers are obliged at the very least to trouble such use (Harris 2007b).

Den etiske dimensjonen er alltid til stades i arkivarbeidet. Den er til stades i dei daglege rutine, i journalføring, i vurderingar av partsinnsyn, i bevaringsvurderingar, i ordnings- og katalogiseringsarbeidet. Arkivarbeid kan ikkje reduserast til tekniske operasjonar som skal følgje fastsette prosedyrar; arkivarane må vere medvitne om dei rollene dei utøver og dei

etiske vala dei står overfor. «We need this awareness,» understrekar Harris, fordi grensene mellom kva som er rett og gale ofte er uklare. Når vi skal gjere etiske val, vil vi kanskje

be choosing the the lesser of two evils, or choosing the most right option that circumstances will allow, or choosing the best of various options with equal claims to being right from different perspectives. Moreover, none of us is neutral. We can neither stand outside process nor avoid bringing into process a pre-impression shaped by our unique experiences as individuals. The most we can do is ensure that in taking difficult decisions we have done so in an appropriate way – in other words, getting the how right. Getting the how right, I want to argue, always involves at least four elements. Firstly, an illumination of the web of rights that applies to interested parties at different levels. Secondly, an analysis aimed at weighing competing claims against one another in the specific circumstances confronting the archivist. Thirdly, a testing of one's views and feelings with respected colleagues and friends. And finally, paying heed to one's conscience. If we follow conscience without taking the first three steps, we abandon accountability and risk assuming godlike powers. If we ignore conscience and rely only on the exercise of reason, we deny our humanity and seek to avoid bearing the burden of choice. It is only when we embrace all four elements that we can feel confident about having fulfilled the responsibilities invested in us as professionals. And feel confident that when we «pull a fast one», bend the rules, even break the law, we do so with justification (Harris 2007:211).

Likevel, understrekar Harris, kjem vi aldri unna subjektiviteten: «Two archivists confronted by the same moral dilemma can embrace the four elements of process I've outlined and come to different conclusions. And both be right».

8 Demokratisering av arkivet

Er arkivet samfunnets fotnote eller tekst? Dette spørsmålet stilte Terry Cook i eit innlegg ⁴ på konferansen *The Philosophy of the Archive*, som vart arrangert i Edinburgh i april 2008. Utgangspunktet hans var arkivaranes generelle fråvær i debatten om «Arkivet» (stor forbokstav, bestemt form, eintal) som hadde gått føre seg innanfor ei rekkje akademiske disiplinar, særleg i det første tiåret etter at Derridas *Archive Fever* vart gitt ut på engelsk. Denne debatten problematiserte arkivet som inskripsjon, maktsymbol og maktuttrykk, som område for omstridde og motstridane minne og som uttrykk for gløymse, men handla i liten grad om dei verkelege menneska som arbeidde i dei verkelege institusjonane, i arkiva (liten forbokstav, bestemt form, fleirtal), og deira faglege haldningar, verdiar, teoriar, metodar og prosedyrar som kontinuerleg skaper og gjenskaper karakteren til arkivmaterialet som blir bevart og gjort tilgjengeleg i desse institusjonane. Cook hadde merka seg at i denne teoretiseringa om Arkivet var arkivarane fråverande, ikkje berre som objekt men også som subjekt. Den viktigaste aktøren mangla; ho og han som definerer, vel ut og konstruerer dei arkiva som blir bevart, ho som representerer og re-representerer dei overlevande spora for forskarar og andre brukarar, hadde ikkje deltatt i debatten. Trass i at arkivaranes bidrag ville vere vesentlege, både fordi dei har kunnskapar som mange av debattantane frå andre disiplinar manglar og fordi dei har behov for å problematisere sine eigne fagleg tilnærmingar og praksisar.

4

Innlegget er ikkje publisert. Innhaldet er difor gjengitt etter Cooks abstract (som var trykt i konferansepapira og er tilgjengeleg på <http://www.investigatingthearchive.org/philosophy-archive>) og mine eigne notat.

Den akademiske, forskningsmessige bruken av arkivmateriale som kjelde har generelt avgrensa seg til å analyse dei dokumenta som finst i arkiva; forskarane har brydd seg mindre om å forstå kvifor og korleis nettopp desse dokumenta vart valt ut, bevart, beskrive og gjort tilgjengeleg (kanskje fordi denne prosessen har vore ukjent for mange av dei?). Arkiva er faktisk i større grad resultat av gløymse, ikkje-arkivering, øydelegging, enn av arkivaranes medvitne bevaringsarbeid. Dei er heller ikkje organiske nøytrale produkt av arkivskaparens verksemd; arkiva som står pent oppstilt i arkivboksar i arkivmagasina representerer sjeldan nokon opprinneleg orden; dei har aldri før framstått så ryddige og velordna, det opphavlege arkivale kaoset (som finst i alle arkivskapande verksemdar og som så mange av oss har opplevd og/eller bidratt til) er ikkje, eller berre i liten grad, til stades i dei bevarte, orda og registrerte arkiva. Arbeidet med bevaringsvurdering, ordning og beskriving rekonstruerer ikkje det opphavlege arkivet, men kanskje heller arkivarens idealiserte bilete av dette.

Terry Cook meiner at arkivarane må erkjenne at desse prosessane inneber at dei ikkje er skilde frå arkivskapinga, men tvert om tar del i den. Denne erkjenninga bør kunne frigjere arkivarane frå det tradisjonelle sjølvbiletet av den nesten usynlege, passive og nøytrale vaktaren av dokumentarven: Dei har aldri vore nøytrale, dei har alltid gjort bestemte val, og desse vala har hatt konsekvensar for den forskinga som er gjort og dei (fag)historiene som har blitt skrive. Dersom dei frigjer seg frå dette sjølvbiletet, kan dei aktivt og sjølvbevisst ta del i debattane om Arkivet og arkiva, synleggjere sin innsats i skapinga samfunnets kollektive minne og løfte arkivet, arkivarane og arkivarbeidet opp frå det samfunnsmessige fotnotetilværet og inn i samfunnsteksten. For arkivet – og følgjeleg arkivarane – er ein viktig faktor i konstruksjonen av samfunnsmessige minne og arkivarane må vere seg bevisst denne makta og ikkje vere redde for å bruke den.

Cook snakka i sitt innlegg om «archivists» (depotarkivarar), men synspunkta hans har også relevans for forvaltningsarkivarar («records managers»). Dei deltar også i skapinga av det samfunnsmessige arkivet. Dei har også ei førestilling om nøytralitet med seg i sin faglege bagasje. Og dei har også vore fråverande i debattane om Arkivet. Cooks utfordring om å endre status frå fotnote til tekst gjeld den samla arkivarprofesjonen.

Forteljingar om framtid og samtid

Den siste innsatsen til ABM-utvikling på arkivområdet, før institusjonen vart slått saman med Norsk kulturråd frå 2011, var å gjennomføre ein scenarioprosess for arkivsektoren. Formålet var å tenkje seg korleis samfunnsmessige drivkrefter kunne føre til forskjellige utviklingsvegar for arkivsektoren dei neste 20 åra. Prosessen var konsentrert om moglege endringar i omgjevnadene til arkiva, «... med vekt på drivkrefter som både er viktige for arkivene og som oppleves som usikre ... i den forstand at man ikke kan vite i hvilken retning endringen vil gå» (Norsk kulturråd 2010:7). Ein valde å utvikle scenarier ut frå to spørsmålsstillingar: «Vil samfunnet kun etterspørre rettighetsdokumentasjon fra arkivsektoren, eller vil det også bli etterspurt annen type kunnskap og opplevelser?» og «Er datafangsten [sic] tilfeldig og fragmentert, eller helhetlig og relevant? Med andre ord; vil arkivene inneholde det materialet som er nødvendig for å kunne levere det samfunnet etterspør?» (ibid).

Kombinasjonane av dei moglege svara på desse spørsmåla konstruerte fire scenarier som fekk namna «Historieforteljarane», «Si eiga lykkes smed», «Krev din rett» og «Samfunnsborga». Det første av desse representerer ein situasjon der «datafangsten» er heilskapleg og relevant, samtidig som etterspurnaden etter ulike typar arkivdokumentasjon er stor:

... en framtid hvor arkivsektoren er slått sammen med biblioteksektoren. Sammen utgjør de en synlig og populær formidlings- og kunnskapssektor. Svært mye dokumentasjon regnes som arkivverdig og bevares. Det gjelder også privat og personlig materiale, selv om dette skjer på frivillig basis. Økonomisk lever Norge godt på dynamiske kunnskapsbransjer og utvikling og formidling av kunnskap blir sett på som en viktig samfunnsoppgave (ibid).

Det neste biletet – «Si eiga lykkes smed» – er konsekvensen av det har utvikla seg ein «tilfeldig og fragmentert datafangst» parallelt med at publikumsinteresse for arkiva har auka,

... hvor arkiv ikke er en prioritert samfunnsoppgave, utover arkiv knyttet til helse, oppvekst og eiendom, som er statens ansvar. Forklaringen ligger dels i at en presset offentlig økonomi gir

prioritering av andre oppgaver. Arkivaktørene tar konsekvensene av dette og har søkt samarbeid med andre institusjoner. Samlet framstår sektoren som fragmentert. Det har også dukket opp private selskaper som leverer tjenester knyttet til tilgang til arkiv (ibid:7-8).

Det tredje scenariet kombinerer mangelfulle og fragmenterte arkiv med etterspurnad berre etter rettighetsdokumentasjon, «... en framtid hvor private internasjonale selskaper dominerer arkivlandskapet. Disse samler inn informasjon om kunder fra hele verden. Stor grad av kommunal selvstendighet bidrar til stor variasjon mellom kommuner i hva som betraktes som arkivverdig» (ibid:8).

Det fjerde og siste framtidsbiletet – «Samfunnsborga» – er prega av at «datafangsten» er heilskapleg, men

... samfunnet er opptatt av bevaring av rettighetsdokumentasjon og hvor arkiv spiller en viktig juridisk rolle. Samfunnsarkivet er en dominerende aktør, men arkivsektoren for øvrig har blitt mindre ettersom arkivdanningen skjer i en langt på vei automatisert prosess og nesten alt materiale finnes i digital form (ibid).

Den største verdien til slike scenarier er kanskje ikkje det dei seier om moglege framtidige utviklingsvegar, men at dei kan lesast som forteljingar om korleis dei som har utforma framtidsbilda opplever viktige utfordringar i samtida. Slik også med *Arkivene i 2030*; særleg er det tydeleg at utfordringane knytta til elektronisk arkivdanning og bevaring har vore langt framme i medvitet til deltakarane i prosessen. Dette er også utgangspunktet for spørsmålet om den framtidige «datafangsten» (eit omgrep som eg har sett i hermeteikn fordi det er fagleg upresist; mens det engelske opphavet «records capture» seier noko om formmessige og kontekstuelle krav til den informasjonen som skal fangast er ikkje dette tilfelle med «datafangst». «Dokumentfangst» er eit betre omgrep, sjølv om heller ikkje det er ei like god omsetjing som «arkivdokumentfangst») vil vere heilskapleg og relevant eller tilfeldig og fragmentert. Som vi har sett i tidlegare kapittel, m.a. av Ketelaars analyse av arkiveringsprosessen, har det aldri funnest nokon heilskapleg «datafangst». Utsiktene til at dette vil endre seg i framtida er relativt små, også i ein mogleg «automatisert prosess» fordi slike prosessar føreset system som nødvendigvis må byggje på standardar for å identifisere

og kontekstualisere arkivdokumenta. Og som Harris og Duff har konstatert, inneber all standardisering større eller mindre gradar av maktutøving og marginalisering. Framtidas arkiv vil – uavhengig av teknologi og automatisering – framleis vere selektive og prega av dei maktrelasjonane som er til stades i såvel dannelsings- som bevaringsprosessen.

Det andre hovudspørsmålet som scenaria hadde som utgangspunkt, var utviklinga av arkivbruken i framtida. Alternativa i spørsmålsstillinga – etterspurnad etter *berre* rettighetsdokumentasjon *eller* også annan «kunnskap og opplevingar» – kan verke søkt, sett på bakgrunn av arkivbruken i dag. Talet på saker om rettighetsdokumentasjon har hatt ein sterkt aukande tendens dei siste åra og faktisk kan utgjere majoriteten av publikumsforespørslane i kommunale arkivinstitusjonar, men dei representerer likevel berre ein liten del av den samla arkivbruken. Her er slektsforskning heilt dominerande og det er lite som tyder på at dette vil endre seg. Scenariorapporten erkjenner dette når ein i innleiinga om arkivsektoren peikar på «en voksende interesse for lokalhistorie og slekthistorie» nasjonalt og internasjonalt (ibid:10), men ingen av dei fire framtidsbilda har tatt omsyn til dette.

Scenaria har heller ikkje – i motsetning til Terry Cook – tildelt arkivarane nokon aktiv rolle i å påverke dei utviklingsvegane som førte fram til arkiva i 2030; det kan synest som om Jenkinsons ideal om den passive, nøytrale og nesten usynlege arkivaren har vore eit av premissa ein har bygd på. Men arkivarane kan ikkje vere nøytrale i verken arkivdannings- eller bevaringsprosessane. Den som trur seg vere nøytral, ender opp med å bekrefte dei maktforholda som påverkar arkiva. Som Verne Harris har konstatert, bidrar det strukturelle presset i all arkivering til å reproducere eksisterande maktforhold. Arkivarane kan ikkje unngå å bli involvert, men dei kan og bør stå i mot presset. Dette kan vere nødvendig for å bidra til god «datafangst», slik at dei arkiva som blir skapt så godt som mogleg dokumenterer dei forholda som arkiva skal dokumentere. På arkivbevaringssida er det nødvendig å utfordre dei føresetnadene som ligg til grunn for den rådande arkivpolitikken som favoriserer offentlege arkiv og neglisjerer private. Til sjuande og sist handlar dette om å demokratisere arkiva, i Derridas ånd, ei demokratisering av heile arkivkontinuiteten. Dette perspektivet er fråverande i rapporten, trass i at det særleg er på dette feltet at den politiske striden om

arkiv har funne stad og framleis går føre seg, eksemplifisert med Wikileaks' lekkasjar eller for den del Kulturdepartementets forslag hausten 2010 om innskrenkingar i journalføringsplikta.

Arkivvitaren Andrew Flinn frå London University College hevdar at demokratisering av arkivet må bli ei sentral oppgåve for arkivarar i det 21. hundreåret. I innlegget *Democratising the Archive. Representing diversity: an agenda for a 21st century profession* på den nemnde konferansen om arkivets filosofi i Edinburgh, peika han på fem utfordringar som må vere sentrale i dette arbeidet ⁵ :

- re-imagining of an archive to include a much more diverse range of tangible and perhaps intangible heritage;
- asserting the centrality of appraisal, selection and collection and how these duties are accomplished, for the documentation of the whole of society;
- opening up collections to greater user-generated description and other inputs;
- exploring different models of mutually beneficial relationships with the creators and holders of archival material, including non or post-custodial ones;
- mainstreaming diversity awareness, outreach, community interaction and interpretative activities as core parts of professional duties and education (sitert etter Flinns abstract).

Enkeltvis representerer desse fem punkta faglege tilnærmingar som har vore diskutert både her i landet og internasjonalt det siste tiåret og som er drøfta i tidlegare kapittel i denne boka. Men samla, som eit mogleg program for arkivutviklinga i åra framover, inneber dette at vi – med Flinns eigne ord – gjennomfører ei «a radical re-formulating» av heile det arkivfaglege prosjektet.

Den samfunnsmessige arkivskapinga

Scenarierapporten peikar heilt korrekt på at innsatsen på arkivsektoren så langt har vore retta mot offentlege og særleg statlege arkiv, men at dette ikkje er nokon farbar veg i

5

Flinns innlegg er heller ikkje publisert. Framstillinga byggjer også her på hans abstract og mine notat.

framtida: «... i en helhetlig dokumentasjon av samfunn, kultur og det historiske forløp er arkiver både fra statlig, kommunal og privat sektor nødvendige elementer» (Norsk kulturråd 2011:11).

Ei hovudårsak til denne situasjonen er at den statlege arkivpolitikken gjer arkivbevaring til eit forvaltningsansvar: Staten har ansvaret for bevaring av statens arkiv, kommunane for dei kommunale og private for dei private arkiva. Konsekvensen av dette er at statsbudsjettet, det viktigaste politiske verkemiddelet ein har, i praksis berre behandlar statlege arkivutfordringar og berre løyver pengar det statlege Arkivverket. Vi har altså ikkje nokon nasjonal politikk for samfunnets arkiv, men ein politikk for den statlege arkivsektoren.

Denne politikken inneber at det arkivale demokratiet, i tydinga retten til å bli ein del av samfunnets arkiv, i praksis berre omfattar offentleg sektor og særleg statsforvaltninga. Dei arkiva som blir bevart og gjort tilgjengeleg er i første rekkje statsmaktas arkiv, skapt av og for dei institusjonane som styrer samfunnet. Trass i store framgangar dei siste tretti åra, har arkivbevaringa i kommunal sektor framleis dårlegare rammevilkår enn i staten.

Riksrevisjonens undersøking av arbeidet med bevaring og tilgjengeleggjering av kommunale arkiv (Riksrevisjonen 2009) dokumenterer at Kulturdepartementet har neglisjert dette området sidan arkivlova trådde i kraft. Årsakene til dette kan vere fleire, men det må vere openbart at ein i departementet manglar eit heilskapleg syn på samfunnets arkiv.

Den samfunnsmessige karakteren til arkivskapinga har generelt fått lite merksemd i arkivteorien. Fokus har vore på relasjonane mellom arkivskapar og arkiv, opphavleg for å bevare og beskrive arkiva, og dei siste tiåra også for å etablere elektroniske arkivsystem som skal bidra til at det blir skapt autentisk og påliteleg dokumentasjon av arkivskaparens transaksjonar og handlingar. Sentral arkivvitarar reknar transaksjonar som det fremste dokumentasjonsobjektet for arkiva (Bearman 1994, ISO 2001a, McKemish og Upward 1994, Thomassen 2001). Sjølv om denne oppfatninga har vore kritisert for å utelukke andre arkiveringsformål, er det likevel semje om at transaksjonar er ei viktig årsak til at det blir skapt arkiv.

Ein transaksjon er ei form for samhandling mellom to eller fleire partar. Samhandlinga kan dreie seg om ei rekkje forskjellige forhold, den kan vere kortvarig eller langvarig og den kan involvere to eller fleire aktørar, som i ulik grad er behov for at det blir nedteikna informasjon om kva som har skjedd. Men både samhandling og arkivering vil vere påverka av samfunnsforholda. Visse samhandlingsrelasjonar byggjer i dagens samfunn på føresetnaden om at den eine parten skal dokumentere samhandlinga i sitt arkiv. Dette gjeld særleg forhold mellom private rettssubjekt og offentlege instansar, der lovverket har pålagt det offentlege arkivplikt og gitt den private parten rett til å kontrollere dokumentasjonen gjennom partsinnsynet. I slike tilfelle kan den private aktøren gå ut frå at den andre parten dokumenterer forholdet og bevarer dokumentasjonen i samsvar med gjeldande regelverk.

Når det ikkje ligg føre lovbestemmelsar om at den eine parten har arkiveringsplikt, vil det vere opp til aktørane sjølv å bestemme om dei vil dokumentere samhandlinga og korleis dette skal gjerast. I slike samanhengar kan makt og ressursar spele ei viktig rolle for kva som blir arkivert og om arkivet seinare blir bevart. Ein arkivskapar kan lagre informasjon på ulike måtar, avhengig av dei ressursane som vedkommande rår over, frå skrift på papir via e-post til standardiserte elektroniske arkivsystem. Systematikken i desse arkiva vil variere sterkt, og nokre av dei vil vere flyktige medan andre kan vere meir bestandige, og både innhald og form vil vere prega av arkivskaparens føresetnader.

Arkiv representerer generelt ei utviding av det menneskelige minnet; informasjon blir overført til og fiksert på ein informasjonsberar for at det skal vere mogleg å hente den fram att i ettertid (Pearce-Moses 2005). Arkiv kan bli skapt for å dokumentere transaksjonar og handlingar, men dei kan også vere knytt til andre former for samhandling, som å kommunisere idear, grunngi standpunkt og underbygge krav, eller forhold som ikkje direkte er knytta til samhandling, som å systematisere informasjon eller skape varige minne om noko som ein har vore vitne til. Arkivskaparen kan lagre informasjonen på ulike måtar og media; særleg har utviklinga av informasjons- og kommunikasjonsteknologien ført til nye arkiveringsarenaer som t.d. Facebook, Flickr, bloggtenester eller eigne heimesider (Flinn 2008).

Arkiv kan også eksistere i oral form. Slike arkiv oppstår når ei sosial gruppe bevarer kunnskap eller minne om hendingar som felles, sosialt kontrollert munnleg tradisjon. Slike arkiv har alltid blitt skapt i samfunn utan skriftkultur, men dei blir framleis skapt og brukt av grupper utan interesse av eller ressursar til ordinær arkivering, eller for å ta vare på forteljingar som står i opposisjon til «etablerte» versjonar av historiske hendingar (Heimo og Peltonen 2006).

Dersom arkivinstitusjonane skal bevare ein heilskapleg samfunnsdokumentasjon, må denne gi eit mest mogleg dekkjande bilete av mangfaldet i samfunnet. Dette føreset ei systematisk innsamling av arkiv frå alle typar samfunnsaktørar, i alle former og format og på alle media, som kan formidle dei ulike aktørane versjonar av transaksjonar, handlingar, hendingar og opplevingar. Systematikken i innsamlinga er nødvendig for det er umogleg å bevare alle arkiv. Først og fremst fordi sjølve mengdene og voluma er så store at arkivinstitusjonane berre har ressursar til å bevare ein liten prosent av arkiva, men også fordi nokre arkivskaparar ikkje ønskjer at arkiva deira skal bli bevarte. Det er altså nødvendig å velje ut – relativt sett – nokre få arkiv og la dei andre gå tapt, men dette utvalet må byggje på andre føresetnader enn den favoriseringa av offentlege og særleg statlege arkiv som dagens norske arkivregime legg opp til. Forvaltningstilknytning kan ikkje vere noko bevaringskriterium i seg sjølv, det er den samfunnsmessige verdien av dokumentasjonen som må vere avgjerande. Eit første vilkår for å kunne identifisere bevaringsverdige arkiv er å ha kunnskapar om korleis ulike typar samhandling blir dokumentert i forskjellige arkiv. Dette kan vi oppnå gjennom å undersøkje korleis samfunnsaktørane samhandlar i ulike funksjonelle samanhengar og korleis ulike typar samhandling blir dokumentert i aktørane sine arkiv.

I rapporten *Bevaringsstrategiar og utvalsprinsipp for privatarkiv* (Valderhaug 2008) har eg presentert ein modell for korleis slik samhandling kan analyserast. Modellen deler samfunnsaktørane i fire kategoriar: Enkeltindivid, organisasjonar og samanslutningar, private verksemder og offentlege organ. Dette er gjort for å få eit systematisk oversyn over kor dokumentasjon av ulike typar samhandling blir arkivert. Når eit enkeltindivid samhandlar med andre personar, med organisasjonar, private verksemder og offentlege organ, er det ofte slik at formålet og karakteren til samhandlinga er avgjerande for arkiveringa.

Dei innbyrdes samhandlingsrelasjonane mellom enkeltpersonar kan dreie seg om t.d. familieforhold, vennskap og ulike former for fellesskap knytt til arbeid, fritid og andre samfunnsaktivitetar. Av dette er det vanlegvis berre dei formaliserte relasjonane som gjeld ekteskap, registrert sambuar- eller partnerskap, slektskap og visse privatøkonomiske forhold som vil vere dokumentert i arkiv som i dag blir bevart, altså i offentlege arkiv. Når det gjeld andre forhold i personlege sfæren blir desse dokumentert i person- eller familiearkiv.

Dei fleste menneske vil også vere medlemmer av forskjellige organisasjonar i løpet av sine liv: barne- og ungdomsorganisasjonar, idrettslag, yrkesorganisasjonar og ulike kulturelle, religiøse eller politiske organisasjonar. For mange menneske er deltakinga i organisasjonar ein viktig del av det sosiale livet og betyr mykje for opplevinga av eigen identitet og organisasjonslivet har mykje å seie for samfunnet elles. Dei offentlege arkiva vil i liten grad dokumentere slike forhold, det kan berre organisasjonsarkiva og til ein viss grad også i personarkiv.

Ein enkeltperson vil i løpet av sitt liv inngå i ei rekkje ulike relasjonar til private bedrifter. Det mest vanlege er kundeforhold, som kan vere dokumentert både i personarkiv og bedriftsarkiv. Vidare kan ein person vere tilsett i ei privat verksemd. Dette vil vere dokumentert i personarkiv, bedriftsarkiv og offentlege arkiv. Ein person kan også ha eit eigarforhold til ei verksemd, noko som også kan vere dokumentert både i private og offentlege arkiv. Men dei offentlege arkiva vil som oftast berre omfatte summarisk dokumentasjon av tilsetjings- og eigarforhold; opplysningar ein persons funksjonar og oppgåver i ei verksemd vanlegvis berre vil finnast i verksemdas eige arkiv.

Alle personar vil gjennom livet ha ei rekkje relasjonar til offentlege instansar, som skuleelev, skatteytar, klient, pasient, part i forvaltningssak, folkevald eller tilsett. Dokumentasjon av desse forholda skal finnast i offentlege arkiv, men ofte prega av det offentlege organets relevansoppleving; ein arkiverer det som blir opplevd som relevant i dei ulike avgjerdsprosessane i stat og kommune, anten det dreier seg om skatt, skolegang eller barnevern.

I tillegg til samhandlingsdokumentasjon vil mange menneske skape arkiv av andre grunnar. Dette kan dreie seg om personlege refleksjonar i dagbøker eller bloggar, eller minne om noko som ligg utanfor ein samhandlingsrelasjon, t.d. som fotografi av ein heimstad. Slikt materiale kan ha verdi som dokumentasjon av menneske sin mentalitet eller utviklinga av fysiske landskap.

Oppsummert må det kunne seiast at enkeltmenneska sine liv berre i liten grad blir dokumenterte i offentlege arkiv. Dersom vi ønskjer å bevare ein brei dokumentasjon av det vi kan kalle privatsfæren i samfunnet vil det vere nødvendig å samle inn eit utval personarkiv som kan vere representativt for ulike samfunnsklasser og grupper. Ein tilsvarende gjennomgang av samhandlingsrelasjonane til organisasjonar og private verksemder gir likande resultat: berre delar av verksemda blir dokumentert i arkiv som etter dagens regime skal bevarast. Dokumentasjon av viktige delar av samfunnslivet berre finst i private arkiv og «ei systematisk innsamling av privatarkiv vil vere ein nødvendig føresetnad for at arkivinstitusjonane skal kunne bevare og formidle ein brei og adekvat samfunnsdokumentasjon» (Valderhaug 2008:26). Dette vil innebere ei omdefinering av dei offentlege arkivinstitusjonane sine funksjonar og oppgåver, frå å vere forvaltningsbaserte til å bli samfunnsorienterte og frå å bevare maktas arkiv til å bevare arkiva frå alle kategoriar og typar samfunnsaktørar.

Den vanskelege arkivdanninga

I eit foredrag på CITRA-konferansen i Oslo hausten 2010, drøfta Terry Cook korleis proveniensen til digitalt skapte arkiv kan forståast. Han konstaterte at

... arkivarer må ... spørre oss selv hva som skjer med proveniensen når organisasjonskulturer og arbeidsplassdiskurser nå blir omformet fra vertikale til horisontale, fra kontrollerende til samarbeidende, fra hierarki til nettverk, fra beslutningsbasert til konsensusbasert, fra prosessfokusert til samtaleberiket. Hva skjer med arkivene som blir skapt i disse nye sosiale virkelighetene som bruker nye prosedyrer som skaper radikalt forskjellige kontekster, dvs en annen type proveniens, tror vi fremdeles at vi kan tenke hierarkisk og strukturere arkivene og

beskrivelsesverktøyene på samme måten? Dersom vi gjør dette, og lenker proveniens til en enkelt strukturell enhet, vil arkivinstisusjonene i økende grad miste kontakten med virkeligheten. Denne tilnærmingen, om jeg kan være så fri, gjør proveniens irrelevant, og faktisk farlig, i vår digitale tid (Cook 2011).

Cook har rett. Den digitale teknologien har endra vilkåra for saksbehandling og arkivdanning på fleire måtar. Om vi tar e-post som eksempel, har den på den eine sida ført til at informasjon som tidlegare vart utveksla over telefon no blir overført skriftleg og dermed også kan arkiverast. På den andre sida har den etablert ein kommunikasjonskanal som går utanom det sentrale postmottaket i verksemdene og i staden direkte mellom medarbeidarar i ulike organisasjonar, noko som har auka moglegheita for at viktig dokumentasjon ikkje blir arkivert. I sitt innlegg på Kulturdepartements innspelskonferanse i juni 2011 om stortingsmeldinga om arkiv, konstaterte Norsk Arkivråd at

selv om e-post har vært det rådende samarbeidsverktøyet og dokumentlageret i en årrekke, er det fortsatt en lang vei å gå når det gjelder å få sørget for god dokumentfangst fra e-post, og presset for å håndtere dokumenter fra dette 'gamle' nye mediet er således svært prekært ... det er stort sett opp til hver enkelt ansatt å sørge for å få arkivverdige dokumenter til arkivet (Norsk Arkivråd 2011).

Det relle – om ikkje formelle – arkivansvaret har med andre ord blitt fragmentert, samtidig som den enkelte medarbeidar har fått ei ny oppgåve: å vurdere kva e-postar som har arkivverdi og difor må arkiverast. Og dette er ingen enkel oppgåve, nettopp fordi e-post har endra vilkåra for kva som kan bli nedteikna. Forskrift om offentlege arkiv føreset at dokument som inngår i saksbehandlinga og har verdi som dokumentasjon skal journalførast, men det vil openbart finnast mykje dokumentasjon i offentlege organ sine e-postsystem som ligg i ei gråson mellom saksdokument og ulike former for informasjonsinnhenting som tidlegare vart gjort over telefon.

Bruk av sms og framveksten av nye sosiale media har gjort denne utfordringa endå større. Ifølgje Norsk Arkivråd har det «på mange måter blitt et 'krav' om at de ulike virksomheter skal ta i bruk de nye mediene for å være med i tiden, effektivisere og kommunisere bedre.

Imidlertid er det dessverre svært vanlig at nye medier tas i bruk uten at arkivtjenesten er involvert». Dette kan føre til at dokumentfangsten blir tilfeldig, noko som «skaper ... 'hull' i arkivene, men det er også problem i forhold til journaler og offentligheten» (ibid). Dei nye kommunikasjonskanalane har ført til at arkivet er meir truga av informasjonstap enn tidlegare, og dette fører samstundes til at moglegheita for demokratisk kontroll av styresmaktene blir svekka.

Dette problemet blir ytterlegare skjerpa av at ein aukande del av saksbehandling og dokumentasjon i offentlege organ skjer i system utanfor det saksarkivet som er definert av Noark-standarden, og ofte utanfor arkivtenestas kontroll. Desse systema kan vere av ulike slag: nokre er portalar for kommunikasjon med publikum, andre er fagsystem som er nøye tilpassa ein bestemt saksbehandlingstype i verksemda, og atter andre er verktøy som blir brukt i arbeidsprosessar der både representantar for verksemda og andre aktørar deltar og dokumentasjonen er lagra i såkalla «prosjekthotell», utanfor verksemda sine datasystem. Nokre av desse systema produserer og lagrar saksdokument, andre gjer det ikkje. Fleire system kan inngå som løpande ledd i den same saksbehandlingsprosessen, t.d. slik at inngåande korrespondanse blir fanga opp av ein kommunikasjonsportal og overført til eit spesialisert fagsystem for ei begynnande saksbehandling; nokre dokument kan deretter blir overført til eit anna fagsystem for vidare behandling, andre til eit tredje fagsystem, osb.

Norsk Arkivråd seier om dette at

selv om Arkivlov og -forskrift setter krav til systemer for journalføring i offentlig sektor, produseres mange dokumenter i fagsystemer som ikke oppfyller disse kravene, og dokumenter produsert i systemene skal derfor overføres eller registreres i et godkjent arkivsystem (NOARK). I praksis gjøres ikke dette, og svært mye av dokumentproduksjonen faller dermed utenfor dette 'regimet', samt at dokumentene ikke kommer på offentlig journal (ibid).

Problemet med dei såkalla fagsystema er ikkje nytt. Alt midt på 1990-talet vart det frå det kommunale arkivmiljøet etterlyst tiltak på dette feltet frå Riksarkivaren si side, fordi ein i kommunane tok i bruk saksbehandlingssystem m.a. innanfor helse- og sosialsektoren som

ikkje tilfredsstilte grunnleggjande arkivfaglege krav. Slike tiltak kom ikkje. Utviklinga av Noark 4 skulle i prinsippet gjere det enklare å integrere slike system med det generelle sak-/arkivsystemet, men som vi har sett i kapittel 4 var dette mislukka. Åra som kjem vil vise om den nye Noark 5-standarden vil lukkast på dette området.

Dagens utfordringar i arkivdanninga handlar berre delvis om teknologi. Sjølv om det er slik at multinasjonale og nasjonale, store og små programvareutviklarar lagar nye kontorstøtteverktøy utan omsyn til internasjonale og nasjonale arkivstandardar, treng ikkje dette bety at kampen om at det kan skapast gode og pålitelege arkiv i framtida er tapt. Men det er behov for nye faglege tilnærmingar for at denne kampen skal kunne vinnast, tilnærmingar som erkjenner at slike fagsystem generelt blir tatt i bruk fordi dei er betre tilpassa dei administrative behova enn dei generelle sak-/arkivsystema som er beskriver i Noark-versjonane. Årsaka til dette er at saksbehandling – og dermed arkivdanning – er knytt til utøvinga av bestemte funksjonar. Arkiv blir skapt i funksjonelle, organisatoriske og materielle kontekstar, men vilkåra for arkivskapinga har endra seg; «... den sosiale virkeligheten akkurat nå», observerer Terry Cook (2011), «er at folk tenker, samhandler, arbeider, tar avgjørelser, deler ideer og planlegger handlinger på helt nye måter; slike omgivelser av mangesidige og flyktige aktiviteter er konteksten for digital arkivskaping i dag, altså dens proveniens». Den tradisjonelle forståinga av proveniens som knytt til statiske administrative strukturar er ifølgje Cook avleggs. Men

... dersom vi forstår proveniens ikke som uttrykk for de administrative strukturene der arkivene ble skapt og brukt, men i stedet først og fremst fokuserer på funksjonene til arkivskapingen og de mangesidige relasjonene til den primære og fortsatte arkivbruken, da kan nytt liv bli blåst inn i vår definisjon av proveniensprinsippet. Fokuset for proveniens vil skifte til funksjon, aktivitet, diskurs og adferd, og ikke som tidligere være sentrert om strukturer, kontorer, mandater og opphav. Dette kan åpne arkivbeskrivelsen for å presentere mange opphav og mange ordener som arkivdokumentene kan relateres til, i stedet for å bare tillate en sammenheng. Denne nye tilnærmingen vil kunne omfatte ekstensive metadata og autoritetsregistre som dokumenterer disse dypere kontekstuelle elementene som omgir danningen, bruken og relasjonene mellom arkivdokumentene gjennom deres fullstendige og fortløpende historie, også etter at de er kommet inn til arkivinstusjonene. Denne nye funksjonelle proveniens vil gjenspeile at arkivdokumenter i virkeligheten har detaljerte,

kontekstualiserte og gjensidig relaterte historier som fremdeles er i utvikling og åpne og ikke kan låses i faste hierarkiske ordener. (ibid).

Cook skriv her om arkivbeskriving, men denne tilnærminga har like stor relevans for arkivdanninga. Dersom vi, i planlegginga av arkivfunksjonen i verksemd eller når det skal takast i bruk nye verktøy for saksbehandling og dokumentasjon, byggjer på ei funksjonsbasert arkivforståing kan nokre av utfordringane i arkivdanninga overvinnast.

Dette vil innebere vesentlege brot med den arkivorganiseringa som arkivforskrifta føreset skal finnast i offentlege organ. I staden for den privilegeringa av saksarkivet som ein i dag legg opp til, må ein leggje opp til at mange funksjonar blir dokumentert berre i spesialiserte fagsystem. I staden for å leite etter løysingar for korleis dokumentasjon frå slike system skal overførast til sak-arkivsystemet, kan ein i staden fokusere på korleis fagsystema på ein god måte kan dokumentere dei aktivitetane og transaksjonane som inngår i dei ulike funksjonane. Med hjelp av funksjonsanalytisk metode kan ein då få oversyn over dei dokumentasjonsbehova som er til stades, dvs. kva aktivitetar og transaksjonar som må fangast opp av fagsystema, og om dokumentasjonen er bevaringsverdig på kort og lang sikt. Når dette er kartlagt kan ein sørge for at dei systema som inneheld bevaringsverdig dokumentasjon har kvalitetar som gjer det mogleg å bevare opplysningar og dokument i digitalt format som autentisk og påliteleg dokumentasjon.

Konsekvensen av denne tilnærminga er at ein må oppgi ideen om at dokumentfangsten i ei verksemd skal skje i eitt sak-/arkivsystem; den må tvert om skje i mange ulike system. Det er mogleg at desse systema kan integrerast mot ei felles Noark 5-kjerne, men journalføring, saksbehandling og arkivering bør kunne skje i dei enkelte fagsystema. På denne måten kan arkivfunksjonen bli langt betre tilpassa dei funksjonelle behova i verksemdene. Ei praktisk følgje av dette blir at arkivtenesta i ei verksemd vil bli desentralisert og at arkivleiarfunksjonen må løftast opp i organisasjonen, og ikkje – som mange stader er tilfelle – vere knytt til saks-arkivfunksjonen.

Ein annan konsekvens er er ein omfattande revisjon av det regelverket som no er nedfelt i arkivforskrifta. Denne vart til i overgangen mellom papirbasert og elektronisk saksbehandling

og arkivering, og er sterkt prega av organisatorisk provenienstenking. Den svært detaljerte forskriftsfestinga av rutinar og prosedyrar skulle i utgangspunktet føre til ein ny giv i arkivarbeidet i forvaltninga, noko som skjedde i relativt liten grad. Å detaljregulere arkivarbeidet i ei forskrift er dessutan problematisk fordi det er tungvint å gjennomføre nødvendige endringar. Eit alternativ til dagens regime kan vere eit system der berre visse grunnleggjande bestemmelsar blir forskriftsfesta, medan andre retningslinjer, prosedyrar og rutinar blir beskrivne i ein ny norsk standard for arkivdanning og arkivbevaring som er fristilt frå forskriftsverket og følgjeleg kontinuerleg kan oppdaterast.

Forvaltningsinstitusjonar eller samfunnsinstitusjonar?

I 2005 la det såkalla Nysæterutvalet fram si innstilling om framtidig organisering av det regionale arkivlandskapet. I hovudtilrådinga går utvalet inn for at det

... på sikt vert etablert nye regionale arkivinstitusjonar, av utvalet kalla *regionalarkiv*, som innan eit geografisk område har det samla ansvaret for bevaring og formidling av arkivmateriale frå både statlege, fylkeskommunale, kommunale og private arkiv. Dei nye arkivinstitusjonane bør vera utstyrt og bemanna slik at dei både er i stand til å yta tenester til arkivskaparane når det gjeld arkivdanning, og til å fungera som kulturinstitusjonar eller historiesenter for sine område ved aktiv formidling av arkivmateriale (Nysæter 2005:46).

Denne tilrådinga representerte eit syn på dei offentlege arkivinstitusjonane sine arbeidsoppgåver som skil seg grunnleggjande frå det som var vanleg for berre eit par tiår sidan. Den tradisjonelle posisjonen til offentlege arkivinstitusjonar var å ta i mot avleveringar frå dei forvaltningseiningane som låg innanfor arkivets arbeidsfelt og gjere desse tilgjengeleg for bruk. Ein var i liten grad opptatt av korleis desse arkiva vart til; arkivdanninga vart sett på som arkivskaparens sak og arkivarane sitt domene var avgrensa til dei avslutta arkiva.

Dei første forsiktige endringane kom då Riksarkivet involverte seg i arbeidet med statlege arkivnøklar og instruksar for arkivarbeidet i statsforvaltninga. Men det var først på 1980-talet at denne posisjonen vart utfordra for alvor, då Riksarkivet laga retningslinjer for edb-baserte

journalssystem i offentlig forvaltning i 1984 og NOARK 1 vart utvikla, og aktørar innanfor det kommunale arkivinstitusjonsmiljøet tok til å arbeide med arkivdanning.

I 1987 vart eg tilsett i Interkommunalt arkiv i Hordaland (IKAH). Vi starta med 19 kommunar og 1,8 stillingar. Oppgåva vår var å hente inn, ordne og katalogisere eldre kommunearkiv som deretter skulle sendast tilbake til kommunane. Men slik vart det ikkje. Eg kom frå Bergen byarkiv, og der hadde eg arbeidd med arkivdanning. Takk vere ein vidsynt dagleg leiar for IKAH, Egil Nysæter, fekk eg frie hender til å bruke dei erfaringane eg hadde med meg frå byarkivet til å utvikle arkivdanningstenester for kommunane: kurs og rettleiing i dagleg arkivarbeid og utarbeiding av overordna arkivplanar. Dette var tiltak som låg utanfor den vedtektsfesta hovudoppgåva vår, og både dåverande statsarkivar i Bergen og fleire styrerepresentantar var skeptiske til å prioritere oppgåver som kunne redusere innsatsen på bevaringssida. Men dei nye tilboda våre vart tatt godt i mot; på kort tid etablerte vi gode relasjonar til arkivpersonalet i kommunane, som opplevde oss som ein verdifull ressurs i det daglege arkivarbeidet og fortalde dette til kollegar i andre kommunar. Konsekvensen av dette var at medlemstalet i IKAH steig til 33 i løpet av ein tiårsperiode, utan at det vart gjort noko spesielt for å verve medlemer. Den same utviklinga opplevde dei andre IKAene, med eitt unntak: det IKAet som ikkje utvikla arkivdanningstenester – Trøndelagsarkivet – vart lagt ned etter fem år.

Arkivdanningstenestene vart prioritert fordi vi erkjente at arkivdanninga var for viktig til at den kunne overlatast til arkivskaparane åleine. Dersom arkiva skulle kunne fungere som historisk og rettsleg dokumentasjon etter at dei har gått ut av aktiv bruk, var det nødvendig med to tiltak: å hjelpe til med å utvikle betre arkivsystem og arkivrutinar og å bygge opp den arkivfaglege kompetansen i kommunane. IKAene utvikla seg difor til institusjonar som i dag framstår som

våre eieres kompetanseorgan på arkivdanning og bevaring av arkiver. Dette innebærer at vi bistår med alle aspektene ved arkivdanning (rutiner, ikt-systemer, kursing og veiledning m.m.) Og vi står for depotdrift (sikring, tilgjengeliggjoring og formidling av kommunale papirarkiver og elektroniske arkiver). Og en god del andre ting (Reithaug 2011).

IKAene arbeider – slik som dei dei fleste by- og fylkesarkiva – med heile arkivkontinuiteten, frå danning via bevaring til formidling. Særleg har satsinga på arkivdanninga «... vore eit særkjenne for dei kommunale arkivinstitusjonane og har tilført norsk arkivarbeid ein ny dimensjon» (Nysæter 2005:30). Dette har både generert spesiell og unik kompetanse i institusjonane, og etablert tette relasjonar til arkivpersonalet i kommunane og utvikla «lokal tilknytning og sterk eierskapsfølelse i kommunene» (Reithaug 2011).

Denne utviklinga har skjedd parallelt med to andre tendensar: forståinga av privatarkiva sin funksjon som samfunnsdokumentasjon og ei auka satsing på aktive formidlingstiltak for å nå fram til nye brukargrupper for arkiva. For arkivinstitusjonane inneber dette for det første ei utviding av arbeidsfeltet til å omfatte heile arkivkontinuiteten; frå ei passiv rolle som mottakarar av arkiv frå forvaltninga til å vere med på å setje premissane for korleis arkiva skulle dannast. For arkivfaget betyr dette at

core intellectual work of archival science should focus more on illuminating the functional and structural contexts of records, and their evolution over time, and on building knowledge systems capable of capturing, retrieving, displaying, and sharing this conceptual-provenance information as the basis of all archival decision-making, from system design and appraisal “up front” on through to public programming and outreach activities “at the back” (Cook 2001a:24).

På den andre sida må institusjonane arbeide aktivt for dokumentere av alle sider ved samfunnsutviklinga og utvikle tenester slik at alle samfunnsborgarar skal ha tilgang til og utbytte av arkiva ut frå sine egne føresetnader.

Denne nye forståinga av arkivinstitusjonanes samfunnsroller har fleire røter. Dels har den teknologiske utviklinga har tvunge arkivarane til å ta arkivdanninga alvorleg og etablere system for elektroniske arkiv, og den har samstundes skapt ein arena der arkivmateriale kan gjerast tilgjengeleg for eit breitt publikum på ein ny måte – internettet. Men utviklinga er ikkje berre resultat av ny teknologi. Andrew Prescott hevdar at den også er eit resultat av påverking frå postmoderne tenking, som

emphasizes heterogeneity and seeks to undermine monolithic power structures ... The challenge to become more accessible, to attract new audiences, to explore diversity and identity and to seek out the alienated and forgotten is a challenge which has sprung directly from this new body of theory, and cannot be fully understood without reference to it. (Prescott 2008a:49).

Prescott har openbart eit poeng, men den norske utviklinga har ein breiare bakgrunn. Bjørn Bering har peika på påverkinga frå den nye lokalhistorieretninga, som førte til auka interesse for regionalt og lokalt arkivarbeid på 1980-talet. Eit institusjonelt uttrykk for denne tenkinga var opprettinga av Opplandsarkivet i 1981. Ti år etter oppsummerte arkivets første leiar, Gudmund Moren, den «bærende ideen» på denne måten:

Opplandsarkivet skal framfor alt tjene befolkningen i regionen, være en alliert i kampen for å vinne tilbake folkets historie. Amatører, profesjonelle, myndigheter må sammen legge forholda til rette for at stadig flere får ta del i de gavene og det samfunnsbyggende potensialet som ligger i en levende, utbredt historieinteresse (sitert etter Bering 2005).

Altså: Arkiv frå alle, for alle og til alle – men med eit fokus på historie.

Den nye forståinga av arkivinstitusjonanes samfunnsrolle kjem i ulik grad til uttrykk i institusjonanes målformuleringar og praksis i dag. Sjølv om det er gjennomført krafttak for å samle inn og bevare privatarkiv, er den generelle situasjonen slik at «[d]et er store skjevheter i det bevarte materiale, både med hensyn til typer av arkiver og i den geografiske fordelingen», og vidare at «[b]evarte og tilgjengelige arkiver representerer i for liten grad en helhetlig og representativ samfunnsdokumentasjon» (Fygle 2007:7-8). Innsamlinga av privatarkiv har vore tilfeldig. Den viktigaste årsaka til dette den forvaltningsmessige organiseringa av arkivlandskapet og dei rammevilkåra denne gir for drifta av institusjonane.

På den andre sida er arbeidet med bevaring av elektroniske arkiv berre i ein startfase. Utfordringane er store, og ressursane er begrensa. Men den mest presserande oppgåva på dette området dreier seg nok om å få kontroll med den digitale arkivdanninga, å utvikle funksjonelle metodar og verktøy som kan fange opp og arkivere den dokumentasjonen som i

dag blir skapt i eit villniss av ulike system, i aukande grad også på tvers av forvaltningsorgan og forvaltningsnivå.

Organiseringa av det norske arkivlandskapet er resultatet av ei historisk utvikling der fokus har vore på ein forvaltningsbasert depotfunksjon. Den er er i liten grad innretta på å løyse dagens to store utfordringar, å få kontroll med den elektroniske arkivdanninga og å bevare og formidle ein heilskapleg samfunnsdokumentasjon. Begge desse utfordringane har ein samfunnsmessig, ikkje forvaltningsdelt, karakter. Ei samordning er nødvendig, både for å samle ressursane og fordi arkivskapinga i private og offentlege verksemdar blir meir integrert. Nysæterutvalets framlegg om å slå saman kommunearkiva, fylkesarkiva og statsarkiva til nye regionalarkiv framstår difor i dag som meir aktuelt enn nokosinne.

Nysæterutvalet føresette at slike regionalarkiv skulle ha «ansvar for både offentleg (statleg, fylkeskommunalt, kommunalt) og privat arkivmateriale innan sine distrikt ... [og vere] ... ein fullverdig arkivinstitusjon med ansvar for ... arkivdanning, arkivbevaring, tilgjengeleggjing, formidling og forskning» (Nysæter 2005:8). Utvalet rekna med at det var behov for 15-20 regionalarkiv og at desse skulle vere samla i eit «landsomfattande nettverk, eit nasjonalarkiv leia av ein nasjonalarkivar» som kunne vareta behovet for nasjonal samordning og styring. Dei einskilde institusjonane burde likevel ha «eit rimeleg stort handlingsrom for nytenkjing og eksperiment» og dåverande ABM-utvikling måtte ha ei sentral rolle som strategisk utviklingsorgan. Utvalet understreka vidare at institusjonane

må ha politisk tilknytning til både statleg, regionalt og kommunalt forvaltningsnivå, og god kontakt med privat samfunnssektor. Innanfor nasjonale rammer må det vera mogleg å føra ein regional og lokal arkivpolitikk. Det gjeld å ikkje mista den lokale entusiasmen og kommunane si eigarkjensla som har vore avgjerande for IKA-ane sin suksess, og har mykje å seia for den lokale finansieringsviljen (ibid).

Utvalet peika på at regionale arkivinstitusjonar med materiale frå alle samfunnssektorar i eit distrikt ville ha ei rekkje fordelar i høve til dagens situasjon, m.a. heilskapleg tilnærming til arkivmaterialet, samordning av publikumstenestene og stordriftsfordelar med omsyn til

administrasjon og spesialkompetanse. Ein var samstundes klar over utfordringane ved ein slik reform; desse ville først og fremst vere knytt til

den organisatoriske innplasseringa i det nasjonale arkivlandskapet og til at arkiva skal tena fleire forvaltningsnivå. Styringsstrukturane må ivareta både behovet for nasjonal styring og regional og lokal innverknad, ein må unngå ein monolittisk struktur med lite rom for nytenking og eksperiment, og samanslåingsprosessen er vanlegvis ressurskrevjande og kan medføre tidkrevjande endringar av lover og forskrifter (ibid:9)

Nysæterutvalet var oppnemnt av Riksarkivaren, men rapporten vart ikkje følgd opp. Årsaka til dette er ikkje kjend, men utvalet sitt framlegg om ei grunnleggjande omorganisering av arkivlandskapet framstod på denne tida som ei utvikling som faktisk kunne vere mogleg. Tankar om omorganisering av arkivlandskapet hadde blitt lufta frå sentralt statleg hald i fleire samanhengar, m.a. i Kulturmeldinga frå 2003, men ei slik desentralisering av makt og myndigheit var noko som Riksarkivaren openbart ikkje kunne akseptere.

Nettopp denne desentraliseringa av makt og myndigheit er ein av grunnane til at Nysæterutvalets innstilling representerer ein god organisasjonsmodell for eit framtidig arkivlandskap. Ei større fristilling frå statleg og kommunal forvaltning vil kunne demokratisere arkivinstitusjonane, både når det gjeld rammevilkår og samfunnsoppdrag. Endringar i dei institusjonelle føresetnadene vil på sikt også bidra til endra bedriftskulturar, både gjennom breiare og meir differensiert samfunnskontakt og fordi arkivbestanden blir eit meir heilskapleg uttrykk for den samfunnsmessige arkivskapinga. Og – som nemnt ovanfor – modellen vil vere eit godt utgangspunkt ei god og effektiv oppgåveløysing. Eit siste poeng som skal nemnast her, er at denne organiseringa kan bidra til ei arkivfagleg frigjering frå eit regelforvaltningsregime som i altfor stor grad har prega arkivsektoren.

Praksis og teori

Arkivaryrket har tradisjonelt vore praktisk orientert. Det er symptomatisk at det verket som i snart 100 år vart rekna som «arkivaranes bibel» – Muller, Feith og Fruins *Handleiding voor het ordenen en beschrijven van archieven* – faktisk er det tittelen seier: ein vegleiar i ordning og beskriving av arkiv. Det er lite teori i boka. Det same er tilfelle med den viktigaste arkivpublikasjonen her til lands, Ivar Fønnes' *Arkivhåndboken for offentlig forvaltning*. I forordet til første utgåve gjer forfattaren merksam på at «[m]anuskriftet er godkjent av Riksarkivaren i samråd med Kulturdepartementet. Dette gir boken en offisiell status når det gjelder tolking av regelverk og forvaltningspolitiske vurderinger» (Fønnes 2009:15). Framstillinga i den 400 sider tjukke boka er ei autorisert rettleiing i arkivarbeid, som relaterer seg til lov- og regelverket, og på same måte som den nederlandske manualen framstår den som, og har ofte blitt omtala som, ein «bibel».

Ei av årsakene til at arkivfaget ofte kan framstå som eit praktisk fag, styrt av regelverk og rutinebeskrivingar, er at regelverk og rutinar er nødvendig. Nettopp fordi arkiva spelar ei stadig viktigare samfunnsmessig rolle er det nødvendig at arbeidet med å dokumentere handlingar og aktivitetar og bevare og tilgjengeleggjere arkiv blir gjort på måtar som er prega av nøyaktigheit og system og samtidig kan vere transparente og etterprøvelege. Dei som arbeider med arkiv er dessutan opptatt med å gjere ein god jobb; både i forvaltnings- og depotarkiv er oppgåvene som oftast større enn ressursane, og det er difor ikkje underleg at det faglege fokuset har vore – og er – på det metodisk-praktiske. Ein er meir opptatt av korleis ein gjer ting enn kvifor ein gjer dei; dei teoretiske grunnvingane for dei metodiske vala har ofte fått liten merksemd.

Men arkivarbeid er eit vitenskapleg basert fagområde, ikkje berre eit område for lov- og regelverksforvaltning. Det er ikkje tilstrekkeleg at depotarkivarar kan følgje ein fastsett metodologi og ordne eit arkiv, eller at forvaltningsarkivarar kan føre journal og sørge for at rett sak hamnar på rett plass i systemet. Vi treng forvaltningsarkivarar som har innsikt i arkivdanningsprosessar og arkivsystem, men samtidig har kunnskapar om arkivas

samfunnsfunksjonar på kort og lang sikt. På den andre sida vil ein depotarkivar som ikkje veit kvifor og korleis arkiv blir skapt, neppe vere i stand til å gjere jobben sin på ein god måte.

Forvaltningsarkivarar og depotarkivarar kan framstå som to profesjonar, men begge gruppene treng teoretisk, metodologisk og teknisk innsikt som gjer dei i stand til å analysere og løyse faglege problem. Og den kunnskapen som er grunnlaget for slik innsikt er langt på veg felles for dei to profesjonane; det kan dreie seg om arkiv som system og samfunnsfenomen og som dokumentasjon og samfunnsminne; det kan dreie seg om prinsippa for danning og bevaring, om tilgang og innsyn, og om fagetikk.

I tillegg har begge to profesjonane sjølvstøtt behov for spesifikk kunnskap for sine arbeidsfelt. Norsk Arkivråd (2011) argumenterer for «å anerkjenne "arkivdanning" som et eget fagfelt. Dette handler ikke om arkiv som kilde til historie eller kultur. Dette handler om drifting av en virksomhet, forvaltning, god forretningsskikk». Organisasjonen understrekar forskjellen mellom «arkivdanning og depot og behovet for å manifestere denne ulikheten gjennom både anerkjennelse og organisering». Og Norsk Arkivråd har rett, men berre eit stykke på veg. Arkivdanninga handlar om drifta av ei verksemd, men også om meir. I offentlege organ handlar arkivdanninga også om innsyn og demokrati; offentlege arkiv blir skapt både for å vere ein administrativ ressurs for arkivskaparen og ein demokratisk ressurs for det norske folket. Og arkiv handlar om retten til å undersøke fortida, til å kunne kritisere og utfordre etablerte historiske «sanningar». Arkivdanning og depot kan i nokre samanhengar representere motsetningar, men desse motsetningane betingar kvarandre fordi dei er uttrykk for arkivets doble funksjon som evidens og minne. Terry Cook (1999b) seier det slik:

Evidence and memory. Memory and evidence. Culture and administration. Administration and culture. Forever warring opposites? An irreconcilable set of dichotomies? Or maybe the two sides of the archival coin, in creative tension, each worthless without the other despite the fundamentally contrary implications they have for the archival endeavour. Without reliable evidence set in context, to be sure memory becomes bogus, or at least is transformed into forgery, manipulation, or imagination. Without the influence of and need for memory, evidence is largely useless and unused. Without acknowledging the mediation and intervention of the archivist in the construction of memory based on documentary evidence,

the claims for that evidence of impartiality, objectivity, and mirror of "Truth" ring hollow at best, as professional arrogance and hubris at worst. Yet keeping evidence itself for society is a cultural activity.

Arkivdanning er *per se* ei kulturell ytring; menneskesamfunna har alltid brukt arkiv til å dokumentere og hugse hendingar. Arkivets vesen – om eit slikt ord kan brukast – dreier seg ifølgje Derrida om nedteikninga av informasjon om ei hending på eit materielt eller virtuelt underlag som finst ein stad, ein «lokasjon», utanfor våre personlege minne. Og nettopp overføringa av informasjonen til ein slik lokasjon betyr at vi overlet kontrollen over informasjonen til andre, til dei som har makt over arkivet. Desse herrane over arkivet, «arkonane», det vere seg politikarar, byråkratar eller arkivarar, kan bruke makta over arkiva til ulike formål.

I *Latterens og glemselens bok* utforskar Milan Kundera samanhengane mellom makt, minne og gløymsele:

Folk skriker opp om at de vil skape en bedre fremtid, men det er ikke sant. Fremtiden, det er bare et likegyldig øde som ikke interesserer noen, mens fortiden er full av liv og dens ansikt utfordrer oss, turrer oss, fornærmer, slik at vi vil tilintetgjøre den eller overmale den. Menneskene vil være fremtidens herrer bare for å forandre på fortiden. De kjemper om adgang til laboratoriene der fotografier blir retusjert, levnedsløp og historien skrevet om (Kundera 2002:27).

Vi kunne lagt til: tilgang til arkivsystema der den første dokumentasjonen om fortida (for arkiv er i ein forstand alltid fortid, det som vart gjort eller bestemt i fjor, i går, for eitt minutt sidan) blir skapt og lagra. Arkivering er ein kontinuerleg prosess; den sluttar ikkje når ei sak blir avslutta i eit arkivsystem men held fram gjennom administrativ gjenbruk, bevaringsvurdering, ordning, beskriving, tilgjengeleggjering, formidling og ny bruk av arkivdokumenta.

Denne kontinuiteten er grunnlaget for at arkivfaget kan vere *ein* vitskapleg disiplin. I denne boka har eg gitt eit – personleg prega – oversyn over teoretiske og metodologiske

tilnærmingar og lagt fram mitt syn på viktige faglege utfordringar. Den viktigaste av desse utfordringane handlar om å fortsette den demokratiseringa av arkivet som har gått føre seg dei siste to hundre åra, med framsteg og tilbakesteg. Denne oppgåva, som til sjuande og sist handlar om politiske tiltak, er ei oppgåve som må vere viktige for arkivarar i alle ledd i arkivkontinuiteten. Arkivet opnar seg ut av framtida, skriv Derrida. Arkivet blir aldri «ferdig», nye dokument blir arkivert og gamle dokument blir øydelagt. Dokumenta kan alltid lesast på nye måtar, i nye kontekstar og gi opphav til nye tolkingar om fortida. For den eksisterer ikkje, vi har berre nokre spor igjen etter den og nokre av desse finst i arkiva. Retten til å sette slike spor og kunne bruke dei må omfatte alle.

«Det finst to slags flyktningar, dei med og dei utan fotoalbum», seier ein av personane i boka *Museum for betingelsesløs overgivelse* av den kroatiske forfattaren Dubravka Ugrešić.

Utsegna er lagt i munnen på ein flyktning frå det som ein gong var Jugoslavia og vart rive i stykke av omsynslaus krigføring det siste tiåret av det 20. hundreåret. Romanen handlar om tap av slike samanhengar som vi ofte ikkje legg merke til før dei er borte, fordi vi opplever dei som naturgitte delar av dei fysiske og kulturelle omgjevnadane vi lever i. Når desse er borte, når til og med dei fysiske spora etter dei er borte, når fotoalbumet vart liggjande att i heimen du flykta frå, sit du att med berre dei flyktige og upålitelige personlege minna. Som songaren og poeten Tom Waits uttrykkjer det i songen «The Part You Throw Away» frå plata *Blood Money* (2002):

*Well all of your letters burned up in the fire,
time is just memory mixed with desire...*

Litteratur

- ABM-utvikling (2010): *Statistikk for arkiv, bibliotek og museum 2009. ABM-skrift nr 67*. ABM-utvikling, Oslo
- Atherton, J (1987): From Life Cycle to Continuum. Some Thoughts on the Records Management – Archives Relationship. I: *Archivaria 21*, Association of Canadian Archivists, Ottawa
- Bearman, D (1989): Archival Methods. *Archives and Museum Informatics Technical Report #9*, Pittsburgh (upaginert utgåve). Lokalisert 8.07.2009 på http://www.archimuse.com/publishing/archival_methods/
- Bearman, D (1994): Archival Strategies. I: *American Archivist* vol. 58, Society of American Archivists, Chicago. Også lokalisert 8.07.2009 i upaginert utgåve på http://www.archimuse.com/publishing/archival_strategies/index.html#1
- Bearman, D (1994b): Electronic Evidence: Strategies for Managing Records in Contemporary Organizations. *Archives & Museum Informatics*, Pittsburgh (upaginert utgåve). Lokalisert 8.07.2009 på http://edit.archimuse.com/publishing/electronic_evidence.html
- Benedict, K (2003): *Ethics and the Archival Profession*. Society of American Archivists, Chicago.
- Bering, B (2005): *Arkivlandskap i endring. Arkivinstusjoner i endring 1905 – 2005*. Lokalisert 14.03.2010 på <http://www.arkivverket.no/webfelles/arkivmote/BjornBering.pdf>
- Bering, B (1998): *Utarbeidelse av retningslinjer for bevaring og kassasjon av kommunale arkiver* (Bering-utvalets innstilling). Upublisert manus.
- Bering, B (u.å.): *Utarbeidelse av retningslinjer for bevaring av kommunale arkiver, kommentar til "Bering-utvalgets" forslag*. Upublisert manus
- Bringslid, S; Oftedal, I; Press, M og Thime, T (2009): «*Ti der var papir overalt*». *Bevaring og kassasjon av arkiver i norsk lokalforvaltning på 18- og 1900-tallet*. Riksarkivarens skriftserie 31. Riksarkivaren, Oslo.
- Brown, R (1997): Death of a Renaissance Record-Keeper: The Murder of Tomasso da Tortona in Ferrara, 1385. I: *Archivaria 44*, Association of Canadian Archivists, Ottawa.

- Bos-Rops, Y (2004): *The ICA Code of Ethics: A Challenge for Professional Organizations*. Foredrag på ICAs verdskongress i Wien, 2004. Lokalisert 17.04.2005 på <http://www.wien2004.ica.org>
- Booms, H (1987): Society and the Formation of a Documentary Heritage: Issues in the Appraisal of Archival Sources. I: *Archivaria 24*, Association of Canadian Archivists, Ottawa
- Booms, H (1991): Überlieferungsbildung: Keeping Archives as a Social and Political Activity. I: *Archivaria 33*, Association of Canadian Archivists, Ottawa
- Bould, M (2010): *Hvorfor arkivloven ikke ivaretar arkivdanningen i statsforvaltningen*. Publisert på <http://informasjonsforvaltning.no/> 10.10.10
- Bould, M og Valderhaug, G (2010): Kulturdepartementets forslag til endringer i arkivforskriften må avvises. I: *Tidsskriftet Arkiv 11.11.2010* på <http://www.tidsskriftetarkiv.no/>. ABM-media, Oslo
- Burton, A (2005): *Archive Stories. Facts, Fiction and the Writing of History*. Duke University Press, Durham & London
- Connors, T (2006): Secrecy vs. Access. I: *Arkiv, demokrati og rettferd*. ABM-skrift nr. 28. ABM-utvikling, Oslo
- Cook, T (1990): Viewing the world upside down: reflections on the theoretical underpinning of archival public programming. I: *Archivaria 31*, Association of Canadian Archivists, Ottawa
- Cook, T (1992a): Documentation Strategy. I: *Archivaria 34*, Association of Canadian Archivists, Ottawa
- Cook, T (1992b): Mind over matter. Towards a New Theory of Archival Appraisal. I Craig, B.L.: *The Archival Imagination: Essays in Honour of Hugh A. Taylor*. Association of Canadian Archivists, Ottawa
- Cook, T (1997): What is Past is Prologue: A History of Archival Ideas Since 1898, and the Future Paradigm Shift. *Archivaria*, vol. 43, Association of Canadian Archivists, Ottawa
- Cook, T (1999a): *Archival Appraisal and Collection: Issues, Challenges, New Approaches*, upaginert nettsversjon. Lasta ned 24.01.2007 frå www.mybestdocs.com
- Cook, T (1999b): *Are the Administrative and Cultural Values of Archives Compatible?* Lasta ned 24.01.2007 frå <http://www.recordkeeping.com.au/march99/terrycookadmincultural.html>
- Cook, T (2000): *Beyond the Screen. The Records Continuum and Archival Cultural Heritage*. Paper delivered at the Australian Society of Archivists Conference, Melbourne, 18 August 2000. Lokalisert 7.05.08 på http://www.archivists.org.au/files/Conference_Papers/2000/terrycook.pdf

- Cook, T (2001a): *Archival Science and Postmodernism: New Formulations for old Concepts*. I: *Archival Science 1, vol 1*, Kluwer Academic Publishers, Dordrecht
- Cook, T (2001b): Fashionable Nonsense or Professional Rebirth. Postmodernism and the Practice of Archives. *Archivaria 51, vol. 43*, Association of Canadian Archivists, Ottawa
- Cook, T og Schwartz, J (2002): *Archives, Records, and Power: The Making of Modern Memory*. I: *Archival Science 1-2, vol 2*, Kluwer Academic Publishers, Dordrecht.
- Cook, T (2005a): An Archival Revolution: W. Kaye Lamb and the Transformation of the Archival Profession, I *Archivaria 60*, Association of Canadian Archivists, Ottawa
- Cook, T (2005b): Remembering the Future. Appraisal of Records and the Role of Archives in Constructing Social Memory. I: Blouin F jr (red): *Archives, Documentation and Institutions of Social Memory*. University of Michigan Press, Ann Arbor
- Cook, T (2011): Proveniensi i den digitale tidsalderen: gammel byrde eller håp for framtida? *Tidsskriftet Arkiv, 22.09.2011*, www.tidsskriftetarkiv.no. ABM-media, Oslo
- Cox, R (2001): *Managing Records as Evidence and Information*. Quorum Books, Westport/London.
- Cox, R (2006): *Ethics, Accountability and Recordkeeping in a Dangerous World*. Facet Publishing, London.
- Cunningham, A (1999): *Waiting for the Ghost Train: Strategies for Managing Electronic Personal Records before it is too late*. Lokalisert 17.11.2007 på <http://www.mybestdocs.com/cunningham-waiting2.htm>
- Derrida, J (1996): *Archive Fever. A Freudian Impression*. The University of Chicago Press, paperback edition 1998.
- Derrida, J (2002): *Archive Fever*. (A Seminar by Jacques Derrida, Univeristy of Witwatersrand, August 1998). I: Hamilton et al (red): *Refiguring the Archive*. Kluwer Academic Publishers, Dordrecht
- Dowler, L (1988): The Role of Use in Defining Archival Practice and Principles: A Research Agenda for the Availability and Use of Records. I: *The American Archivist 51*. Society of American Archivists, Chicago.
- Duchein, M (1983): *Obstacles to Access, Use and Transfer of Information from Archives: A RAMP Study*. Unesco, Paris
- Duchein, M (1992): The History of European Archives and the Development of the Archival Profession in Europe. I: *The American Archivist, Vol. 55*. Society of American Archivists, Chicago

- Duranti, L (1989): Diplomats. New Uses for an old Science. I: *Archivaria* 28, Summer 1989, Ottawa.
- Eagleton, T (2009): *Etter teorien*. Pax forlag, Oslo.
- Eivergård, M (2006): Den svenska steriliseringsfrågan, I: *ABM-skrift nr 28: Arkiv, demokrati rettferd*. ABM-utvikling, Oslo
- Engels, R (2010): *Åpen og samordnet tilgang til kulturarven*. ABM-skrift nr 66. ABM-utvikling, Oslo.
- Engen, I (2002): Sletting eller bevaring av personsensitiv arkivinformasjon. Utviklingstrekk de siste 20 år. I: Bråstad, K J; Johannessen, K og Sirevåg, T (red): *Med Clio til Kringsjå. Festskrift til riksarkivar John Herstad*. Novus forlag, Oslo
- Forbruker- og administrasjonsdepartementet [FAD] (1984): *Instruks for arkivarbeidet i statsforvaltningen*. Oslo
- Flinn, A (2008): Other Ways of Thinking, Other Ways of Being. Documenting the Margins and the Transitory: What to Preserve, How to Collect. I: Louse Cracén (red): *What are Archives? Cultural and Theoretical Perspectives. A Reader*. Ashgate, Aldershot
- Fonnes, I (2002): Hvordan arkivloven med forskrifter ble til. I: Bråstad, K J; Johannessen, K og Sirevåg, T (red): *Med Clio til Kringsjå. Festskrift til riksarkivar John Herstad*. Novus forlag, Oslo
- Fonnes, I (2009): *Arkivhåndboken for offentlig forvaltning*. Kommuneforlaget, Oslo
- Forvaltningskomiteen (1958): *Innstilling fra komiteen til å utrede spørsmålet om mer betryggende former for den offentlige forvaltning*. Oslo
- Foucault, M (1992): *The Archaeology of Knowledge and the Discourse on Language*. Pantheon, New York
- Fygle, S (2007): *Til kildene! Kartlegging av regionale og lokale arkiver*. ABM-skrift nr 40. ABM-utvikling, Oslo
- Gausdal, R Låg (2004): Arkivaren som historieforteller. Debattinnlegg i *Morgenbladet* 7.05.2004, Oslo.
- Gausdal, R Låg (2004b): Arkivformidling. I: *Arkivmagasinet 1/2004*, Riksarkivet, Oslo.
- Gausdal, R Låg (2004c): Hvorfor skal arkivinstitusjonene drive med formidling? Hva skal arkivinstitusjonene formidle? I: *Arkheion 2/2004*
- Gjelsten, K (2006): Digitalisert offentlighet – demokratisering ellr nye stengsler? I: *Arkiv, demokrati og rettferd*, ABM-skrift nr 28. ABM-utvikling, Oslo

- Hals, A (2001): *Riksarkivarens mal for arkivplan*. Innlegg på Seminar i regi av Norsk arkivråd 25.04.2001. Lokalisert 4.10.2010 på www.arkivrad.no/foredrag/2001/hals2001.doc
- Hals, A (2005): Fra kongelig resolusjon til lov. Inspeksjonsvirksomheten i Riksarkivet 1963-1999. I: Bråstad, K J; Johannessen, K og Sirevåg, T (red): *Med Clio til Kringsjå. Festskrift til riksarkivar John Herstad*. Novus forlag, Oslo
- Hals, H (1985): Det generelle og det spesielle. Utviklingen av kommunale arkivsystem og arkivnøkler. I: *Metodeutvikling I arkivarbeidet. Festskrift til Carlo Larsen. Norsk arkivforum nr 5*. Arkivarforeningen
- Ham, G (1975): The Archival Edge. I: *The American Archivist, vol 38 nr 1*. Society of American Archivists, Chicago
- Harley: J. B (2001): *The New Nature of Maps*. The John Hopkins University Press, Baltimore
- Harris, V (2011): *Madiba, Memory and the Work of Justice*. Upublisert manuskript
- Harris, V (2001): On the Back of a Tiger: Deconstructive Possibilities in «Evidence of Me». I: *Archives and Manuscripts vol. 29:1*, Society of Australian Archivists. Lokalisert 4.06.09 på <http://www.mybestdocs.com/harris-v-tiger-edited0105.htm>
- Harris, V (2002): The Archival Sliver: Power, Memory, and Archives in South Africa. I: *Archival Science 1-2, vol 2*, Academic Publishers, Dordrecht
- Harris, V (2004): *The Cultured Archive*. Foredrag på landsmøtet til Landslaget for lokal og privatarkiv. Upublisert manus
- Harris, V (2006): *Reaching for Hospitality: Politics and Ethics in Recordmaking*. Foredrag ved University of Pittsburgh. Upublisert manus
- Harris, V (2007): *Archives and Justice*. Society of American Archivists, Chicago
- Harris, V (2007b): *Ethics and The Archive: "An Incessant Movement of Recontextualisation."* Foredrag ved University of Wisconsin, Milwaukee. Upublisert manuskript
- Heimo, A og Peltonen, U-M (2006): Memories and histories, public and private. After the Finnish Civil War. I: Katharine Hodgkin og Susannah Radstone (red): *Memory History Nation*, Transaction Publishers, London/New Brunswick
- Herstad, J (2002): Arkivverkets formidlingsoppgaver. Valg av strategier og nivåer. I *Norsk arkivforum 17*. Arkivarforeningen, Oslo
- Herstad, J (2003): Åpent brev til Bok og Bibliotek fra riksarkivar John Herstad. Debattinnlegg i *Bok og bibliotek 7-8/2003*, Oslo
- Herstad, J (2004): Arkivaren som historieforteller. Debattinnlegg i *Dagbladet 24.04.2004*, Oslo

- Herstad, J (2008): *"Archivaren, - Gud bevar'en"*. Henrik Wergeland som riksarkivar. Riksarkivarens skriftserie 29. Messel forlag, Oslo
- Holmsen, A (1977): *Norges historie fra de eldste tider til 1660*. Universitetsforlaget, Oslo
- Horsman, P, Ketelaar, E og Thomassen, T (2003): New Respect for the Old Order. The Context of the Dutch Manual. I: *The American Archivist vol 66*. Society of American Archivists, Chicago
- Hurley, C (u.å.): *Problems with Provenance*. Lokalisert 2.11.2010 på nettstaden <http://infotech.monash.edu/research/groups/rcrg/publications/provenance.html>
- Hurley, C (2003): *The role of the archives in protecting the record from political pressure*. Lokalisert 1.12.2008 på <http://www.mybestdocs.com>
- Hurley, C (2004): *Political Pressure and the Archival Record Revisited*. Lokalisert 1.12.2008 på <http://www.mybestdocs.com>
- Interkommunalt arkiv i Horaland (2002): *Arkivkatalog for Ullensvang herad*. Lokalisert 24.08.2010 på <http://www.ikah.no/wp/wp-content/uploads/2010/01/WEBkatalog-Ullensvang-pdf.pdf>
- International Council on Archives (2000): *ISAD(G). General International Standard Archival Description. Second edition*. ICA, Ottawa
- International Council on Archives (1998): *Yrkesetiske retningslinjer for arkivarer/Yrkesetiske retningslinjer for arkivarar*. Rapporter og retningslinjer nr. 1. Riksarkivaren, Oslo
- ISO (2001a): *ISO 15489-1 International Standard Information and Documentation – Records Management. Part 1 – General*. ISO, Geneve
- ISO (2001b): *ISO/TR 15489-2 International Standard Information and Documentation – Records Management. Part 2 – Technical Guidelines*. ISO, Geneve
- Jahren, G og Strand Østtveiten, H (2000): *En åpen kommune? En empirisk kartlegging av dokument- og møteoffentlighet i kommunene*. Lokalisert 2008 på http://www.offentlighet.no/Veiledninger_ol/Undersokelser/
- Jensen, B og Jensen, C S H (2004): *Arkivernes utadrettede virksomhet. I: Nordisk Arkivnyt, nr. 4 2004*
- Jensen, B og Jensen, C S H (2006): *Arkivformidling: Mål, begreber og metode. I: Arkiv, samhälle och forskning, 2006:2*, Svenska Arkivsamfundet, Stockholm.
- Jenkinson, H (1922): *A manual of archive administration, including the problems of war archives and archive making*. Clarendon Press, Oxford. Digital utgåve lokalisert juli 2009 på <http://www.archive.org/stream/manualofarchivea00jenkuoft#page/n5/mode/2up>

- Jenkinson, H (2003): *Selected Writings*. Society of American Archivists, Chicago.
- Jimerson, R (1989): Redefining Archival Identity: Meeting User Needs in the Information Society. I: *American Archivist 52*. Society of American Archivists, Chicago.
- Jimerson, R (2009): *Archives Power. Memory, Accountability and Social Justice*. Society of American Archivists, Chicago.
- Johannesen, K, Kolsrud, O og Mangset, D (1992): *Håndbok for Riksarkivet*. Ad Notam Gyldendal, Oslo
- Johnson, A (2008): Users, Use and Context: Supporting Interaction between Users and Digital Archives. I: Craven, L (red): *What are Archives? Cultural and Theoretical Perspectives: A Reader*. Ashgate, Aldershot UK/Burlington USA
- Ketelaar, E (1997): Can We Trust Information? I: *The International Information & Library Review, Vol. 29, No. 3-4*
- Ketelaar, E (1998): *Professional ethics : the moral defence of the archivist*. Lokalisert på 14.10.2006 på <http://www.ucd.ie/archives/html/homepage/prof-ethics.htm>
- Ketelaar, E (2000): Archival Research saving the Profession. I: *American Archivist 63*, Society of American Archivists, Chicago
- Ketelaar, E (2001): Tacit Narratives: The Meanings of Archives. I: *Archival Science Vol. 1 No. 2 2001*. Kluwer Academic Publishers, Dordrecht
- Ketelaar, E (2002): Archival Temples, Archival Prisons. Modes of Power and Protection. I: *Archival Science vol 2, 2/2002*, Kluwer Academic Publishers, Dordrecht
- Ketelaar, E (2006): Writing on Archiving Machines. I: Neef, S, van Dijck, J og Ketelaar, E (red): *Sign Here! Handwriting in the Age of New Media*, Amsterdam University Press,
- Kjelstadli, K (1999): *Fortida er ikke hva den en gang var*. Universitetsforlaget, Oslo.
- Kundera, M (2002): *Latterens og glemselens bok*. Gyldendal, Oslo
- Le Goff, J (1992): *History and Memory*, Columbia University Press, New York/Oxford
- Lange, V (2009): Bevaringsverdig? Privatarkiver i Riksarkivet gjennom 100 år. I: Aune, Anne og Valderhaug, Gudmund (red): *Undervegs. Festskrift til Egil Nysæter*. ABM-media
- Lange, V, Mangset, D & Ødegaard, Ø (2001): *Privatarkiver: bevaring og tilgjengeliggjøring*. Kommuneforlaget, Oslo

- Library and Archives Canada (2001): *Appraisal Methodology: Macro-Appraisal and Functional Analysis, Part A: Concepts and Theory*. Lasta ned 10.01.07 frå
<http://collectioncanada.ca/information-management/007/007007-1035-e.html>
- Lindbach, H (2004): Formidling av arkiv - et forsøk på problematisering. I: *Arkheion nr 2 2004*
- Lindbach, H(2009): Arkivene er mangfoldige. I: Aune, Anne og Valderhaug, Gudmund (red): *Undervegs. Festskrift til Egil Nysæter*. ABM-media, Oslo
- Lindbach, Kaisa Maliniem (2006)i: Arkiv og minoriteter. I: *Arkiv, demokrati og rettferd, ABM-skript 28*, Oslo.
- Lov om arkiv (1992). Forskrift om offentlige arkiv. Lokalisert i databasen *Lovdata*
- Lov om behandling av personopplysningar med forskrifter (2000). Lokalisert i databasen *Lovdata*
- Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker (1967). Lokalisert i databasen *Lovdata*
- Lov om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd (2006). Lokalisert i databasen *Lovdata*
- Lowenthal, D (2005): *Archives, Heritage and History*. I: Blouin F jr (red): *Archives, Documentation and Institutions of Social Memory*. University of Michigan Press, Ann Arbor
- Magnus Lagabøters landslov* (1979). Omsett av Absalon Taranger, nyttgåve Scandinavian University Press
- Maliniemi Lindbach, K (2005): *Rapport fra forprosjekt: Nasjonale minoriteter i offentlige arkiver. Kartlegging av kilder relatert til kvener i Nordreisa og Porsanger*. Landslaget for lokal- og privatarkiv, Oslo
- Maliniemi, K (2010): *Hva arkivene skjulte. En undersøkelse av kvensk og samisk i offentlige arkiver i Kistand (Porsanger) og Nordreisa 1865-1948*. ABM-media AS, Oslo
- Marthinsen, J (1985): Sentral statlig arkivopplæring 1957 – 1984. I: *Norsk arkivforum nr. 5*. Arkivarforeningen, Oslo
- Marthinsen, J (1996): *Arkivdanning. Veiledning i arkivarbeid*. Arschehoug, Oslo
- Marthinsen, J (2001): Etikkk og arkiv. I: *Norsk arkivforum 15*. Arkivarforeningen, Oslo
- McKemish, S (1997): *Yesterday, Today and Tomorrow: A Continuum of Responsibility*. Lokalisert 2.02.2009 på
<http://infotech.monash.edu/research/groups/rcrg/publications/recordscontinuum-smckp2.html#fig1>

- McKemish, S (2005): Document, record, archive, archives. I: McKemish, Sue, Piggot, Michael, Reed, Barbara og Upward, Frank (red): *Archives: Recordkeeping in Society*. Centre for Information studies, Wagga Wagga
- McKemish, S og Upward, F (1994): Somewhere Beyond Custody. I: *Archives and Manuscripts*, vol. 22, no. 1, Australian Association of Archivists. Lokalisert august 2009 på <http://www.infotech.monash.edu.au/research/groups/rcrg/publications/somewher.html>
- Millar, L (2004): *Evidence, Memory, and Knowledge: The Relationship between Memory and Archives*, upublisert manus til foredrag på kongressen til International Council of Archives i Wien, 20. august 2004
- Milligan, J (2005): "What is an Archive?" in the History of Modern France. I: Burton, A (red): *Archive Stories*, Duke University Press, London/Durham
- Muller, F, Feith, J A og Fruin, R (2003): *Manual for the Arrangement and Description of Archives*. Nyutgåve 2003. Society of American Archivists, Chicago
- Mykland, L og Masdalen, K-O (1987): *Administrasjonshistorie og arkivkunnskap. Kommunene*. Universitetsforlaget, Oslo
- Mykland, L (1993): Et forspilt liv? Krav, forventning og integritet. Arkivarrollen i forandring. I: *Norsk arkivforum 11*. Arkivarforeningen, Oslo
- Nagel, A-H (1980): Oversikter, årstall og register. I: *Norges Historie, bind 15*, Cappelen, Oslo
- National Archives of Australia (2001): *DIRKS – A Strategic Approach to Managing Business Information. Part One*. Canberra
- Nilsson, N (1973): *Arkivkunnskap*. Studentlitteratur, Malmö
- Norsk Arkivråd (2011): *Norsk Arkivråds innlegg på Kulturdepartementets innspillkonferanse om stortingsmelding om arkiv*. I: *Tidsskriftet Arkiv*, 26.06.11, www.tidsskriftetarkiv.no. ABM-media, Oslo
- Norsk kulturråd (2011): *Arkivene i 2030. Scenarier for arkivsektoren*. ABM-skrift nr 69, Norsk kulturråd, Oslo
- NOU 1987:35 *Samtidens arkiver – fremtidens kildegrunnlag. Arkivverkets presserende oppgaver*. Oslo
- NOU 2009:1 *Individ og samfunn. Personvern i det digitale samfunnet*, Oslo
- Nysæther, E (2005). *Eit nytt regionalt arkivlandskap*. Innstilling frå eit utval for utgreiing om rammevilkår og oppgåver for kommunale arkivdepot og IKA-ordninga (Nysæther-utvalets innstilling). Lokalisert 23.05.2006 på http://www.riksarkivet.no/webfelles/nysaterutvalgets_innstilling.pdf

- Olsen, K (2004): Women and Children in the Front Line: The "Jerry Girls" of Norway and their Children, I: *Comma 2004.1*. International Council of Archives, Paris
- Oslo byarkiv (1999): *Arkivinstruks for Oslo kommune*. Lokalisert på verdsveven 12.02.2008 på <http://www.byarkivet.oslo.kommune.no/arkivfag/article82688-24591.html#virkeomr>
- O'Toole, J M (2002): Cortes's Notary: The Symbolic Power of Records. I: *Archival Science, vol 2, 1/2002*. Kluwer Academic Publishers, Dordrecht
- Ot.prp. nr. 77 (1991-92) *Om lov om arkiv*, Oslo
- Pearce-Moses, R (2005): *A Glossary of Archival and Records Terminology*, Society of American Archivists. Tilgjengeleg på <http://www.archivists.org/glossary/index.asp>
- Prescott, a (2008a): The Textuality of the Archive. I: Louse Cracren (red): *What are Archives? Cultural and Theoretical Perspectives. A Reader*. Ashgate, Aldershot
- Portelli, A (2006): The Massacre at the Fosse Ardeatine. I: Katharine Hodgkin og Susannah Radstone (red): *Memory History Nation*, Transaction Publishers, London/New Brunswick
- Quintana, A. G. (1998). Archives of the security services of former repressive regimes. I: *Janus 1998.2*. ICA, Paris
- Rasjonaliseringsdirektoratet (1983): *RD-rapport 1983:4. Statsforvaltningens arkiver. Hovedrapport: Arkivproblemene i statsforvaltningen*. Rasjonaliseringsdirektoratet, Oslo
- Rasjonaliseringsdirektoratet (1984): *Kravspesifikasjon til NOARK (Norsk arkivsystem). Stanardsystem for journalføring i statsforvaltningen*. Rasjonaliseringsdirektoratet, Oslo.
- Rasjonaliseringsdirektoratet (1987): *Utvidet kravspesifikasjon til NOARK (Norsk arkivsystem)*. Rasjonaliseringsdirektoratet, Oslo
- Reithaug, K (2009): Strategier for samarbeid om bevaring av elektroniske arkiv i kommunesektoren. I: Aune, A og Valderhaug, G (red): *Undervegs. Fastskrift til Egil Nysæter*. ABM-media, Oslo
- Reithaug, K (2011): En hethetlig arkivpolitikk for hele arkivnorge. I: *Tidsskriftet Arkiv 28.06.11*, www.tidsskriftetarkiv.no. ABM-media, Oslo
- Riksarkivaren (1935): *Um ein skipnad med dei kommunale arkivi*. Riksarkivet, Oslo
- Riksarkivaren (1949): *Kommunal arkivskipnad. Stutt rettleiing for kommunar*. Riksarkivet, Oslo
- Riksarkivaren (1984): *Retningslinjer for innføring av edb-basert journalføring i statsforvaltningen*. Riksarkivet, Oslo

- Riksarkivaren (1994): *Noark 3. Standardsystem for edb-basert journalføring i statsforvaltningen*. Riksarkivet, Oslo
- Riksarkivaren (1999a): *Noark 4. Del 1: Funksjonrettet beskrivelse og kravspesifikasjon*. Kommuneforlaget, Oslo
- Riksarkivaren (1999b): Riksarkivarens forskrift om behandling av arkiv. Lokalisert på <http://www.lovdatab.no/cgi-wift/ldles?doc=/sf/sf/sf-19991201-1566.html#map038>
- Riksarkivaren (2002): *Rapport fra Bevaringsutvalget*. Oslo
- Riksarkivaren (2004): *Årsmelding for Arkivverket 2003*. Riksarkivet, Oslo
- Riksarkivaren (2005a): *Årsmelding for Arkivverket 2004*. Riksarkivet, Oslo
- Riksarkivaren (2005b): *Retningslinjer for arbeidet med privatarkiv*. Riksarkivet, Oslo
- Riksarkivaren (2006): *Årsmelding for Arkivverket 2005*. Riksarkivet, Oslo
- Riksarkivaren (2007): *Årsmelding for Arkivverket 2006*. Riksarkivet, Oslo
- Riksarkivaren (2008): *Årsmelding for Arkivverket 2007*. Riksarkivet, Oslo
- Riksarkivaren (2009): *Årsmelding for Arkivverket 2008*. Riksarkivet, Oslo
- Riksarkivaren (2010): *Årsmelding for Arkivverket 2009*. Riksarkivet, Oslo
- Riksarkivaren (2009b): *Noark 5. Standard for elektronisk arkiv*. Riksarkivet, Oslo
- Riksrevisjonen (2009): *Riksrevisjonens undersøkelse av arbeidet med å sikre og tilgjengeliggjøre arkivene i kommunal sektor*. Dokument 3:13 (2009–2010), Oslo. Lokalisert 10.03.2010 på http://www.riksrevisjonen.no/SiteCollectionDocuments/Dokumentbasen/Dokument3/2009-2010/Dokumentbase_Dok_3_13_2009_2010.pdf
- Rødland, M (2007): *Gjennomgang av arkivretten. Complex 5/07*. Lokalisert 11.05.08 på <http://wo.uio.no/as/WebObjects/theses.woa/wa/these?WORKID=49185>
- Røsjø, E (2004): Formidling i Oslo byarkiv. I: *Arkheion nr 2 2004*
- Røsjø, E (2006): Multikulturell representasjon i byens hukommelse. I: *Lokalhistorisk Magasin 3/2006*. Landslaget for lokalhistorie, Trondheim
- Sabourin, P (2001): Constructing a Function-Based Records Classification System: Business Activity Structure Classification System. I: *Archivaria 51*, Association of Canadian Archivists, Ottawa

- Samuels, H (1986): Who controls the Past? I: *The American Archivist*, vol 49 no 2, Society of American Archivists, Chicago
- Samuels, H (1991): Improving Our Disposition: Documentation Strategy. I: *Archivaria* 33. Association of Canadian Archivists, Ottawa
- Sandaaker, O (1980): Mellomalderen i norske arkiv. I: *Norsk arkivforum* 1978. Arkivarforeningen, Oslo
- Schellenberg, T R (2003): *Modern Archives: Principles and Techniques*. SAA Archival Classics Series. Society of American Archivists, Chicago
- Schellenberg, T R (1956): *The Appraisal of Modern Public Records* (1956), upaginert nettversjon. Lokalisert 17.01.07 frå <http://www.archives.gov/research/alic/reference/archives-resources/appraisal-of-records.html>
- Scott, P (1966): The record group concept: A case for abandonment, I: *American Archivist* Vol.29, No.4, Society of American Archivists, Chicago
- Sirevåg, T (1985): Edb-journalføring i statsforvaltningen. I: *Norsk arkivforum* 1985, Arkivaforeningen, Oslo
- Sirevåg, T (2002): De elektroniske arkivene – Hva har vært Arkivverkets strategi? Resultater og utfordringer fremover. I: Bråstad, Kjell J; Johannessen; Knut, Sirevåg, Trond (red): *Med Clio til Kringsjø. Festskrift til riksarkivar John Herstad. Riksarkivarens skriftserie 13*. Novus forlag, Oslo
- Sjögren, E og Lundström, K (2001): *Historia på riktigt! - arkivpedagogik i praktiken*. Skånes arkivförbund, Lund
- Skivenes, Arne (2001): *Informasjonssamfunnet og Arkivenes Dao*. Innledning på Norsk Arkivråds 40-års jubileumsseminar, Oslo 31.10.2001. Lokalisert 16.05.07 på https://www.bergen.kommune.no/bk/multimedia/archive/00014/Informasjonssamfunne_14627a.pdf
- Skivenes, A (2003): Arkivene er for folk flest. Debattinnlegg i *Bok og bibliotek* 7-8/2003, Oslo
- Skivenes, A (2006): Arkiv og samfunn – det som har vært og det som skal bli. I: *Arkiv, samhälle och forskning* 2006:2, Svenska Arkivsamfundet, Stockholm. Lokalisert 15.07.2010 på <https://www.bergen.kommune.no/organisasjonsenhet/byarkivet?sectionId=2049&articleId=15905&artSectionId=2049>
- Skivenes, A (2009): Arkivbeskrivelse – hvorfor og hvordan? I Aune, A og Valderhaug, G (red): *Undervegs. Festskrift til Egil Nysæter*. ABM-media, Oslo

- Spurkland, T (2001): *I begynnelsen var fubark. Norske runer og runeinnskrifter*. LNU/Cappelen 2005 2. opplag
- Stapleton, A (2005): Continuum in Context: Post-Eighteenth Century Archival Theory and the Records Continuum Model. I: *Archifacts, April 2005*, Archives and Records association of New Zealand. Lokalisert 6.06.2009 på http://www.aranz.org.nz/Site/library/continuum_article.aspx
- Stapleton, R (1983): Jenkinson and Schellenberg: A Comparison. I: *Archivaria 17*. Association of Canadian Archivists, Ottawa
- Stiftelsen Asta (2003): *Asta 3.3. Brukermanual. Koder og kategorier*. Stiftelsen Asta, Oslo. Lokalisert 13.11.08 på <http://www.stiftelsen-asta.no/ASTA3/brukerdokumentasjon.htm>
- St.meld. 22 (1999-2000). *Kjelder til kunnskap og oppleving. Om arkiv, biubliotek og museum i ei IKT-tid*, Oslo
- St.meld. 44 (2003-04). *Erstatningsordning for krigsbarn og erstatningsordninger for romanifolk/tatere og eldre utdanningsskadelidende samer og kvener*, Oslo
- St.meld. 24 (2008-09). *Nasjonal strategi for digital bevaring og formidling av kulturarv*, Oslo
- Strand, I (2003): Er ålmenta i stand til å tileigne seg arkivdokument? Debattinnlegg i *Bok og bibliotek 7-8/2003*, Oslo
- Sundt, E (1859): *Harham: Et eksempel fra fiskeridistriktene*. Christiania. Lokalisert som upaginert utgåve på verdsveven juli 2008: http://www.rhd.uit.no/sundt/bind3/eilert_sundt_bd3c.html
- Svalestuen, A (1985): Proviensprinsippets gjennombrudd i Norge og litt om ordningen av Kirkedepartementets arkiv fram til 1960. I: *Norsk arkivforum nr 5*. Arkivarforeningen, Oslo
- Tafjord, B G (1994): *Forvaltning og rettssikkerhet. Forvaltningskomiteens etablering, arbeid og innstilling 1947-1958*. Hovedoppgåve i historie. Universitetet i Bergen/Bergen Lærerhøgskole. Våren 1994. Lokalisert som upaginert utgåve på 19.12.2008: <http://www.ub.uib.no/elpub/1994/h/506001/tafjord/>
- Terjesen, H M (2011): Dokumentfangst! I: *Tidsskriftet Arkiv 26.06.11*. www.tidsskriftetarkiv.no. ABM-media, Oslo
- Thime, T (1999): *Utkast til retningslinjer for arkivbevaring i kommunale og fylkeskommunale arkiv*. (Thime-utvalets innstilling). Upublisert manus
- Thomassen, T (1999a): *The Development of Archival Science and its European Dimension*. Lokalisert 29.08.2005 på <http://www.daz.hr/arhol/thomassen.htm>

- Thomassen, T (1999b): *Archivists between knowledge and power. On the independence and autonomy of archival science and the archival profession*. Lokalisert 6.02.2008 på <http://www.archiefschool.nl/docs/thomarch.pdf>
- Thomassen, T (2001): A First Introduction to Archival Science. I: *Archival Science, no 4 vol 1*, Kluwer Academic Publishers, Dordrecht
- Upward, F (1996): Structuring the Records Continuum - Part One: Postcustodial principles and properties. I: *Archives and Manuscripts, 24 (2)*, Australian Association of Archivists. Lokalisert på verdensveven juli 2009 på <http://www.infotech.monash.edu.au/research/groups/rcrg/publications/recordscontinuum-fupp1.html>
- Valderhaug, G (2001): Arkivplan som prosess og produkt. I *Norsk Arkivråd nr 3/2001*. Norsk arkivråd, Oslo
- Valderhaug, G (2001b): *Lokalt arkivarbeid*. Landslaget for lokal- og privatarkiv, Oslo
- Valderhaug, G (2002): Eit hamskifte i arkiva. Kommunal arkivdanning 1950-2000. I: Bråstad, K J; Johannessen, K og Sirevåg, T (red): *Med Clio til Kringsjø. Festskrift til riksarkivar John Herstad*. Novus forlag, Oslo
- Valderhaug, G (2003): Ut av skapet. Intervju ved Chris Erichsen i *Bok og bibliotek 6/2003*, Oslo
- Valderhaug, G (2004): *Arkiv – ein garanti for rettferd?*. Lokalisert 7.05.08 på <http://depotdrenge.wordpress.com/>
- Valderhaug, G (2006) Det gjestfrie arkivet? I: *Arkiv, demokrati og rettferd, ABM-skrift 28*. ABM-utvikling, Oslo
- Valderhaug (2008): *Bevaringsstrategiar og utvalsprinsipp for privatarkiv*. Upublisert prosjektrapport.
- Valderhaug, G (2009): Arkiv frå alle, for alle og til alle? Statleg arkivpolitikk og arkivlandskapet. . I: Aune, A og Valderhaug, G (red): *Undervegs. Festskrift til Egil Nysæter*. ABM-media, Oslo.
- Vistdal, O (2011): Forvaltnings- og arkivrutiner i historisk perspektiv — brudd eller sammenheng? I: *Tidsskriftet Arkiv 30.03.11*, www.tidsskriftetarkiv.no. ABM-media, Oslo
- Wallace, David (2006): Historical and contemporary justice and the role of Archivists, i *Arkiv, demokrati og rettferd, ABM-skrift 28*. ABM-utvikling, Oslo.
- Yakel, E og Torres, D (2003): AI: Archival Intelligence and User Expertise. I: *The American Archivist, vol 66 no 1*, Society of American Archivists, Chicago

Gudmund Valderhaug har undervist i arkiv ved Institutt for arkiv-, bibliotek- og informasjonsfag ved Høgskolen i Oslo og Akershus sidan 2004. Han er cand. philol. med historie hovudfag frå Universitetet i Bergen. Han har arbeidd som arkivar ved Bergen byarkiv (1983-86), Interkommunalt arkiv i Hordaland (1987-2003; arkivsjef 1991-2003) og Hordaland fylkesarkiv (2006-10) og var leiar for Landslaget for lokal- og privatarkiv frå 1997 til 2003. Han var avdelingsdirektør i ABM-utvikling 2003-06 med ansvar for arkivfeltet. Han har publisert ei rekkje arkivfaglege artiklar i norske og utanlandske fagtidsskrift. Han er redaktør for Tidsskriftet Arkiv og står bak bloggen depotdrenge.wordpress.com.

ISBN 978-82-997932-4-7

 ABM-media as